



**VOLDA KOMMUNE**

## MØTEINNKALLING

**Utvalg:** Formannskapet  
**Møtestad:** Voldsfjord, Rådhuset  
**Dato:** 17.11.2015  
**Tid:** 12:00

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unnatekne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unnatak når b-saker vert handsama. Saksdokumenta er lagt ut til gjennomsyn på servicekontoret.

Jørgen Amdam  
ordfører



## SAKLISTE

<b>Saksnr.</b>	<b>Sak</b>
PS 168/15	<b>Godkjenning av innkalling og sakliste</b>
PS 169/15	<b>Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte</b>
PS 170/15	<b>Plan Id 1519 -2012011: Reguleringsplan område B60 Strand</b>
PS 171/15	<b>Bruk av vertskommunetilskotet for asylmottak</b>
PS 172/15	<b>Førespurnad om kjøp av areal ved rundkøyringa i Storgata - gbr 19/711</b>
PS 173/15	<b>Utkjøp av brakker nytta til undervisning</b>
PS 174/15	<b>Justering av innkjøpsreglementet</b>
PS 175/15	<b>Kommunestyresak 114/15 - Spørsmål knytt til funksjon som ordførar</b>
PS 176/15	<b>Årsbudsjett og økonomiplan 2016-2019</b>
PS 177/15	<b>Orienteringssaker</b>
OS 126/15	<b>Referat frå fellesmøte i prosjektgruppene i Ørsta og Volda om kommunereform 05.11.2015</b>
OS 127/15	<b>Alternative løysingar for Søre Sunnmøre tingrett</b>



PS 168/15 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 169/15 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Per Heltne

Arkivsak nr.: 2012/2636

Arkivkode: 2012011

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
170/15	Formannskapet Kommunestyret	17.11.2015

### PLAN ID 1519 -2012011: REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND

#### Administrasjonen si tilråding:

*Reguleringsplan for "Område B60 -Strand- gnr 15/2 m.fl." slik det går fram av planomtale, reguleringskart og føresegner datert 10.11.2015 vert godkjent i samsvar med Plan og bygningslova §12 -12.*

*Med fylgjande endring:*

*Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f\_SKV\_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.*

#### Vedleggsliste:

Reguleringsplan datert 10.11.2015. (Planomtale, plankart og føresegner)

Formannskapssak PS 75/15

Innspele ved offentleg ettersyn

#### Uprenta saksvedlegg:

Kommunedelplan for Volda sentrum

#### Samandrag av saka:

Framlegg til privat reguleringsplan for ein del av eigeiendomen Strand, gnr 15 bnr 2 m.fl, som i kommunedelplan Volda sentrum, Mork-Furene og Vikebygda er kalla område B60 Strand vart handsama av Volda Formannskap i møte den Framlegg til reguleringsplan for "Strand-gnr 15/2 m.fl." vart handsama av Volda formannskapet den 19.05.2015, som sak PS 75/15, der det vart gjort vedtak om utlegging av plan, med visse endringar, til offentleg ettersyn.

Offentleg ettersyn er no gjennomført i samsvar med reglane i PBL §12-10.

I saka nedanfor vert gitt ein gjennomgang av innspela og kommentar til desse.

Det låg føre motsegn til plan frå Fylkesmannen og frå Fylkeskommunen etter offentleg ettersyn.

Det er etablert dialog med desse instansane av kommunen og tiltakshavar med sikte på avklaring av motsegner. Motsegnene var knytt til omsyn til barn og unge (Fylkesmannen),

der ein kravde naudsynte leikområde avsett i områda Bk1 og Bk2, og omsynet til kulturminne (Fylkeskommunen) der ein kravde særleg merking ved omsynssoner i plankart og omtale/spesifisering i føresegner til plan som sikra desse.

Etter omfattande dialog har tiltakshavar imøtekome desse krava og har justert plankart og føresegner slik at motsegnene er trekt.

Framlegg til justert plan er no datert 10.11.2015 og kan eigengodkjennast.

I justert plan er det framleis vist eiga direkte avkøyring frå Gamlevegen til planlagt bygg ved austgrensa av Bk2. Dette samsvarar ikkje med føresetnader gitt i vedtak i sak 75/15 der det var lagt til grunn at heile område Bk2 skulle ha tilkomst over internveg f\_SKV\_1.

Administrasjonen finn det rett framleis å halde fast ved denne tilrådinga ut frå omsyn til ta avkøyrslar i området og ut frå terrengtilhøva.

Spørsmål om utviding av planområdet til også å omfatte E39 på strekninga og kryss mellom E39 og Gamlevegen med sikte på oppgradering/ending av krysset var tema ved planoppstart og i høve fremjing av plan for offentleg ettersyn. Dette vart då valt å halde utanfor då heller ikkje St.Vegvesen sette vilkår om dette, Statens vegvesen fann sikt-tilhøva tilfredsstillande, og det heller ikkje er sett av midlar til eventuell vegutbetring innanfor NTP.

Rådmannen ser betenkelegheitene med problematikken knytt til denne avkøyringa og det press utbygginga vil gje på eksisterande vegnett, men med bakgrunn i at dette allereie er vurdert både i administrasjonen og politisk ved utlegging til offentleg ettersyn, og det ved høyringa ikkje har kome avgjerande nye innvendingar, finn rådmannen det ikkje rett å tilrå ei slik ending i rekkefylgjebestemmelsane no.

Eit vilkår om inkludering av dette veganlegget i plan no, og eventuelle nye rekkefylgjebestemmelsar om opprusting av dette overordna vegnettet før utbygging på området Strand vil skuve utbygging på området ut i ei usikker og fjern framtid.

Sjølv om ein framleis er skeptisk til planlagt utnytting på deler av utbyggingsområdet, finn ein ut frå vedtak i sak 75/15 om fremjing av plan, gitt av eit samla Formannskap, å kunne tilrå planen fremja for slutthandsaming. Jf tilråding i saka.

Kopi av sak 75/15 ligg som vedlegg til saka.

### **Saksopplysningar:**

Framlegg til privat reguleringsplan for ein del av egedomen Strand, gnr 15 bnr 2 m.fl, som i kommunedelplan Volda sentrum, Mork-Furene og Vikebygda er kalla område B60 Strand vart handsama av Volda Formannskap i møte den Framlegg til reguleringsplan for ”Strand-gnr 15/2 m.fl.” vart handsama av Volda formannskapet den 19.05.2015, som sak PS 75/15, der det vart gjort vedtak om utlegging av plan, med visse endringar, til offentleg ettersyn.

Vedtak i sak 75/15 lydde slik:

*”Formannskapet viser til motteke privat reguleringsframlegg for område B60 i kommunedelplan for Volda sentrum - ”Strand-gnr 15/2 m.fl”. og rår til at denne vert fremja for utlegging til offentleg ettersyn, jf Plan og bygningslova §12-12, på fylgjande vilkår:*

- 1. Reguleringsføresegnene vert justert i samsvar med utgreiinga i saka og slik det går fram av framlegg til justerte føresegner datert 27.04.2015.*
- 2. Plankartet vert justert slik:  
Byggeområde BK\_2 vert redusert mot vest med 4m og grøntdraget f\_GT vert tilsvarande utvida. Byggegrense vert flytt tilsvarande mot aust.  
Støyvoll må visast i plankartet. Manglande juridiske linjer i tekstfelt- må påførast.*
- 3. Byggehøgda vert justert i samsvar med utbyggjar sin plan.*
- 4. Plantittel må rettast opp i alle plandokumenta til rett bruksnr gnr 15 bnr 2 m.fl.*
- 5. Planomtalen vert å oppdaterte tilsvarande endringane i pkt 1,2 og 3*
- 6. Formannskapet ber om at trafikale forhold i Gamlevegen vert tatt særskilt omsyn til.*

Justeringane etter pkt 1-5 vart innarbeidd i plan før utlegging til offentleg ettersyn. Pkt. 6 har ikkje medført endringar i planframlegg, men eg finn grunn til å nemne dei føresetnader som ligg i plan om opprusting av Gamlevegen i planområdet si utstrekning, med breiddeutviding og fortau, og rekkefylgjekrav tilknytt dette.

Offentleg ettersyn vart gjennomført i perioden 8.06.2015 til 25.07.2015, etter kunngjering i Møre og på kommunen si heimeside og ved tilskrivning av høyringsinstansar og partar.

### **Innspel ved offentleg ettersyn, vidare handsaming:**

Desse har kome med innspel:

Off organ	
1	M&R Fylkeskommune
2	Fylkesmannen i Møre- og Romsdal
3	Statens vegvesen
4	NVE
5	VØR
private	
6	Inge lid
7	Ola Andreas Hauge / Sara Fuierer Hauge
8	Christopher og Therese Berg Zetterstrøm
9	Hake AS v Øyvind Eidså
10	Thomas Busker Larsen m underskriftsliste
11	Ola A Rangsæter

### **Fylkesmannen i Møre- og Romsdal**

Støy: Resultata av støyrapporten må nedfellast i føresegnene og konkretiserast – t.d med høgde på støyvollen og tiltak på bygningsmassen. Det er ikkje nok å krevje dette i byggesaka. Reiser difor **motsegn** mot planen.

Samfunnstryggleik:

Etterlyser geofagleg vurdering av skredfaren i planomtalen. Ser at slik vurdering er gjort ut av Føresegnene. Planomtalen må oppdaterast på dette punktet.

Meiner vidare at andre avsnitt av §7.3 må vere ei rekkefølgjeføresegn under §8.

Barn og unge:

Nærleikeplassane i BK1 og BK2 må kartfestas, og funksjonskrava må inn i føresegnene.

Fylkesmannen reiser **motsegn** på dette punktet.

Vil også ha klarare utformings- og funksjonskrav på leikeplassane Leik\_1 og 2, samt at ferdigstilling av desse plassane må inn som rekkefølgjekrav i §8

### **Kommentar:**

Støy:

Som grunnlag for støyrapporten som er utarbeidd av Sweco (Kilde Akustikk) er det lagt inn høgde over noverande terreng på støyvollen. Dette går fram på s 9 i den vedlagte støyrapporten. Horisontal plassering av støyvollen går fram av reguleringskartet, og i planomtalen er vertikal plassering synt på snitta. Støysonene er omtala i planomtalen under §7.3-4. Krava til inne- og utandørs støynivå for BK og FS-områda er spesifisert i §4.1-h og §4.2-g Tiltak på bygningsmassen skal utarbeidast av fagkunnige og det er i føresegnene sett vilkår om etterfylgjande støyavklaring tilknytt detaljert byggeplan for dei ulike områda.

Etter etterfylgjande dialog er desse tilhøva avklara og motsegn til plan i høve støy er trekt. Jf fylkesmannen sitt brev av 9.11.2015 og justert planframlegg som no blir tilrådd godkjent. Støyskjerm er teikna inn i plankartet, og krav om etablering inngår i føresegnene pkt 4.4

#### Samfunnstryggleik:

I tilknytning til planutarbeidinga er det utarbeidd geofagleg vurdering av området ved ekstern geolog. Denne vurderinga er vedlagt saksdokumenta. Konklusjonen frå den geofaglege vurderinga er med i planomtalen i §§7.3-1 og 7.10 samt at resultatane er innvevd med krav i føresegnene. Viser elles til NVE sin merknad der dei peiker på skredfare- og steinsprangvurderingane som er utført, og at krav om tiltak er ivareteke gjennom føresegnene til planen. NVE har ut frå dette ingen merknad til planen

#### Barn- og unge:

Etter varsla motsegn er det i dialog med fylkesmannen avklara endringar i plankart og føresegner som gjer at motsegn no vert trekt. Jf fylkesmannen sitt brev av ??11.2015. Det er no innarbeidd område for leik tilknytt områda Bk1 og Bk2, område f\_leik3 og f\_leik4. Det er gitt klare føresegner om utforming og minimum innhald i desse plassane, og sett rekkefylgjekrav som sikrar opparbeiding før bustadane kan takast i bruk. Leik\_1 og 2 skal vere naturleikeplassar utan vesentleg tilordning. Dette går klart fram av planomtalen §7.3-3 og føresegnene §4.3.

#### **Møre- og Romsdal Fylkeskommune.**

#### Kulturavdelinga v/ Øyunn Kleiva:

1: **Har motsegn til planen** – pga føremålet o\_AFr - nærmiljøanlegg der det kan byggast t.d. ballbinge. På området er det registrert eit automatisk freda kulturminne id nr 177066 der området ikkje kan bebyggast eller tildekkast. Krev at arealbruken her vert endra og at omsynssonene vert innteikna på plankartet

2: Arealbruken på BK1 kan vere uendra. Føresegnsområde (RpBo) skal vere nummerert i planen, og nummereringa skal finnast igjen i føresegna: "RpBo nr 1 - ID 177067".

Føresegnene til RpBo skal ikkje ligge under omsyns-sonene, men under hovud-føremålet som her er BK\_1. Dvs at §7.4 i føresegnene går ut, og at bestemmelsane der vert lagt inn i §4.4 pkt. a: o\_Leik og respektive §4.1 pkt. i (RpBo på BK1).

3: Planomtalen må ha med eit avsnitt om automatisk freda kulturminne.

#### Kommentar:

Arealbruken på Nærmiljøtomta (o\_AFr – sosi 1440) er i justert plan endra til off. leikeplass (o\_Leik - sosi1610). Begge desse føremåla er leikeområde. Forskjellen er at på o\_AFr kunne det byggast t.d ballbinge, medan det på o\_Leik ikkje kan gravast, overdekkast eller byggast. (Ut frå omsyn til fornminne).

Med det nye føremålet får tomta same funksjon som ho har i dag, og vert liggande utan andre inngrep enn eventuell sikring /støyskjerming mot E39. RpBo-markeringa på dette arealet er erstatta med omsynssone D (H\_730), og ikring denne er det avsett omsynsone C (H\_570). Desse løysingane er i ettertid akseptert av Fylkeskommunen i brev av 4.11.2015 der motsegn er trekt. Føresegnene i plan slik denne no vert fremja for slutthandsaming er i samsvar med vilkåra i dette brevet. Planomtalen er justert tilsvarende.

#### Barn og unge

Det vert varsla **motsegn** til plan ut frå omsyn til barn og unge sine interesser. Konkret knytt til manglande avsett areal for leik tilknytt Bk1 og Bk2. Aksepterer ikkje at dette skal utsettast

*og kome som del av samla byggeplan for desse områda slik utbygger har lagt til grunn. Heller ikkje krav til kvalitet på desse areala er tilfredsstillande avklara i plan.*

**Kommentar:**

I justert plan datert 10.11.2015 er det no avsett slike areal for leik.

Det er gitt endra føresegner til plan som sikrar krav til utforming og innhald for desse leikeareala, og rekkefylgjebestemmelsar som sikrar samtidig opparbeiding.

Den varsla **motsegn** til plan ut frå omsyn til barn og unge, er ut frå dette trekt etter justering av plan slik den no er fremja for slutthandsaming.

**Statens vegvesen**

*1: Støyproblematikken er tilfredsstillande ivareteke.*

*2: Ynskjer 15m byggegrense frå CL E39*

**Kommentar:**

Byggegrensa er i justert plan endra til samsvar med tilråding frå Statens vegvesen.

Spørsmål om utviding av planområdet til også å omfatte E39 på strekninga og kryss mellom E39 og Gamlevegen med sikte på oppgradering/ending av krysset var tema ved planoppstart og i høve fremjing av plan for offentlig ettersyn. Dette vart då valt å halde utanfor då ma St.Vegvesen ikkje sette vilkår om dette, St.vv fann sikt-tilhøva tilfredsstillande, og det heller ikkje er sett av midlar til eventuell vegutbetring innanfor NTP.

Skal tilhøva i dette krysset betrast må linjeføringa for hovudvegen på strekninga endrast. Vegen må hevast forbi krysset, og bakketoppen aust for krysset må skjerast ned for å oppnå betre sikt mot sentrum. Ved heving av hovudvegen kan stigninga i krysset bli noko betre. Vidare må/bør det då vurderast etablering av avsvingefelt før krysset frå nord for å unngå opphoping i kryssområdet og dei mulegheiter dette gir for påkøyringar bakfrå i dette området. Alternativt forbikøyringslomme og betre skilting/forvarsling av farleg kryss, og redusert fartsgrense i området. Td kan 50km-sona flyttast til vest om krysset/svingen nord for krysset.

Slike endringar vil i stor grad også påverke tilhøva på sørsida av vegen, m.a avkøyrslar og er eit prosjekt som må sjåast samla som del av utbetring av E39 i samråd med Statens vegvesen.

Eit vilkår om inkludering av dette veganlegget i plan no, og eventuelle rekkefylgjebestemmelsar om opprusting av dette overordna vegnettet før utbygging på området Strand vil skuve utbygging på området ut i ei usikker og fjern framtid. Vi finn det ikkje rett å tilrå ei slik løysing no.

**NVE**

*Peiker på skredfare- og steinsprangvurderingane som er utført, og at krav om tiltak er ivareteke gjennom føresegnene til planen. Har difor ingen merknad til planen.*

**VØR :**

*Ynskjer avsett felles returpunkt for renovasjon for bustadane i FS1og2*

*Snuplassen for SKV\_2 må vere dimensjonert for renovasjonsbil («L» = Lastebil)*

*Felles returpunkt for renovasjon for BK\_1 og BK\_2*

**Kommentar:**

Felles returpunkt for FS-områda vil bli plassert oppe ved kommunevegen. Renovasjonsbilen slepp då å snu på sin veg opp til Nordalsfeltet.

Jf. Elles krav i reguleringsføresegnene om lokalisering av slike returpunkt som del av detaljert byggeplan for kvart byggeområde, føresegnene §3 i og §4.1 –a og b.

### **Inge Lid:**

Leik 2: Flott at den gamle steingarden vert teken vare på. Her må ein også sikre mot leikeplassen slik at barn ikkje klatrar og får stein over seg. Eit godt gjerde er truleg beste løysinga.

Køyreveg: Tilkomst til FS1 og FS2. Før utbygging av disse områda kan skje må vegen frå enden av den opparbeidde Nordalsvegen i dag og til SKV 2 opprustast til dagens standard for bilvegar.

### Kommentar:

*Oppgradering av forlenging av kommunevegen (30-40m) bort til SKV\_2 må takast inn i utbyggingsavtalen med kommunen. Utbyggingsavtalen skal etablerast for å sikre deltaking og kostnadsdeling for utbygging /oppgradering av veganlegga i samsvar med plan. Sjå føresegnene §5.2 pkt. c.*

*Krav om opprusting av vegar vert også sett som rekkefylgjebestemmelsar i føresegnene §8.*

### **Ola Andreas Hauge / Sara Fuierer Hauge**

*Er usamd i at det skal etablerast fortau langs Gamlevegen – vil heller ha sperring for gjennomgåande biltrafikk. Meiner at etablering av fortau vil generere ny auka trafikk. Ber kommunen om å **beskytte etablerte stiar /ferdselsårer** samt nye potensielle ferdselsårer og naturen i området. Desse kan med fordel rustast opp og få «..ei meir universal utforming og ikkje være ein salderingspost for utbyggjar.»*

### **Kommentar**

Overordna trafikkstruktur i området er vurdert i kommunedelplan.

Når det gjeld etablerte stiar og ferdselsårer kan vi ikkje sjå at nokon slike vert råka av planframlegget.

Ein legg i staden opp til ny turtrasé opp frå Gamlevegen til utmarka i Nordalen, samt at det er lagt inn stort samanhengande friluftsområde opp mot E/Klepp og vidare til fjells. Sjå elles kommentar til innspel Hauge/Busker-Larsen nedanfor.

### **Christopher og Therese Berg Zetterstrøm**

*Del av området mellom Strand og Skjønberg er eigd av Zetterstrøm. Det vert peika på at dette er ein del av hagen som dei benyttar dagleg.*

### **Kommentar:**

*Det går ein sti langs høgste ryggen inntil Zetterstrøm si grense. Nedre delen av Zetterstrøm sitt område er nokså overgrodd og er ikkje opparbeidd eller nytta som hage.*

*Grøntstrukturføremålet i planen f\_GT er justert slik som synt på denne skissa. Eigedomen 15/52 vert då berre røyrt heilt nede ved Gamlevegen*



### **Hake AS v Øyvind Eidså**

(Hake AS er det firmaet som p.t bygg ut firemannsbustadane på nabotomta, Gamlevegen 48)

*Finn det umogleg å ta stilling til planen då her ikkje er med plassering av hus,*

*parkeringsplassar, avkøyrslar eller internveggar.*

*Dersom planen vert vedteken i om lag ei slik form som den no ligg føre må det stillast krav om bebyggelsesplan i ettertid.*

*Meiner at byggehøgda(12m) er for stor i høve avstand til nabogrense (4m), og at vi med utnyttingsgrad på 40% bør ha minst 5-6m byggegrense frå naboeigedom*

#### **Kommentar:**

Sjå føresegnene §4.1-a og b der det er sett vilkår om samla byggeplan for området før utbygging. Dette vil då også verte framlagt som del av nabovarsling og vi då også gi høve til innspel og merknader og ev klage.

Spørsmål om byggegrense kontra byggeavstand nabo er reell. Byggehøgda for område Bk2 er såleis justert i føresegnene til maks 10.5 m målt i front av bygg. Med terrenghellinga som er i området vil dette gi høgde i høve til gjennomsnittleg terreng på ca 8m, som tilseier min. 4 m frå nabogrense.

**Thomas Busker Larsen**, med fleire i Gamlevegen, jf underskriftsliste.

*Ønskjer at infrastrukturen knytt til heile Gamlevegen blir utbetra/gjennomført før ein gir løyve til fleire nybygg.*

*Ønskjer at Gamle Engesetveg og innkjøyringa ved Fjordsyn må bli fysisk stengt, slik at trafikken blir leda heilt ned i sentrum.*

*Krysset ved E39 og Frøholmfeltet må bli utbetra.*

*Alternativt ønskjer dei at Gamlevegen blir stengt med bom slik som det er gjort i Uravegen og Brenslene. På den måten vil ein avgrense trafikken, og unngå gjennomkøyringa som er i dag.*

#### **Kommentar**

Innspela frå Larsen gjeld i hovudsak eksterne tilhøve og ikkje konkrete tilhøve i planområdet. Dei ytre rammene og trafikksituasjonen langs Gamlevegen er i plan handsama i samsvar med intensjon i overordna plan.

Kommunedelplanen frå 2009 fastset at Strandområdet kan leggest ut som bustadfelt.

Trafikktilhøva i Gamlevegen er vurderte både i kommunedelplan, og ved utforming av detaljplanen for Strand. Vegutforminga er i samsvar med intensjon i kommuneplan og har med vegutviding og fortau-løysing gjennom området.

Stenging for gjennomgåande biltrafikk i Gamlevegen må eventuelt gjerast som del av framtidig revisjon av trafikktryggingsplan/skiltplan for området.

Tilhøvet til Krysset mellom Gamlevegen og E39 er ikkje teke inn som vilkår i planen.

Statens vegvesen har kome med innspel til planen. Planområdet for Strand-planen omfattar ikkje dette krysset, og Statens vegvesen har heller ingen kommentar til løysinga i høve krysset.

Jf omtale om dette tidlegare i saka (Statens vegvesen og samandrag).

Dei andre løysingane knytt til skilting i Gamlevegen og tilhøyrande kryss (mot G.Engesetv. og ved Fjordsyn m.fl) er tiltak som bør vurderast i trafikktryggingsplan uavhengig av dette planprosjektet.

#### **Ola A Rangsæter**

*Positivt at det ser ut til å bli mindre gjennomgangstrafikk opp Frøholmfeltet enn frykta*

*Peiker på krysset Gamlevegen/E39 og gjer framlegg om tiltak som kan forbetre situasjonen.*

*Ynskjer gjennomskøyringsforbod i Gamlevegen, men føreset at dette vert gjort med skilting (Ikkje bom?) i krysset Gamlevegen/E39 slik at Frøholm/Norrdalen kan få tilkomst også via Gamlevegen.*

*Er totalt sett positiv til utbygginga av Strand-feltet*



**Kommentar:**

Innspela frå Rangseter og framlegg til løysing for eksisterande kryss/trafikkfarlege punkt (jf pkt 2 i merknaden) er ein samd i, og er tiltak som ut frå dagens situasjon bør kunne spelast inn mot Statens vegvesen som reine trafikktryggingstiltak uavhengig av reguleringsplanen for Strand.

Jf. Omtale ovanfor om dette.

Spørsmål om å gjere planen for Strand-området avhengig av vegutbetringar her var tema ved planoppstart og ved utlegging av plan til off ettersyn. Ut frå m.a innspel frå Statens vegvesen vart det valt å halde dette utanfor.

Statens vegvesen har kome med innspel til planen. Planområdet for Strand-planen omfattar ikkje kryssområdet E39/ Gamlevegen, og Statens vegvesen har ingen kommentar til løysinga i høve krysset – dei berre konstaterer at støyproblematikken for nye bustadar i Strandfeltet er løyst på akseptabelt vis. Eventuell løysing av eksisterande siktproblem langs vegen er ei sak for Statens vegvesen knytt til E39. I tillegg til dei tiltaka Rangseter peiker på i pkt 2 i innspelet kan ei løysing vere å forlenge 50 km/t – sona utover forbi pleieheimen til Klippa. Ei skilting som skissert i innspelet vil truleg gje auka trafikk i Gamlevegen noko som ein ikkje ynskjer.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Vert avklara gjennom planprosessen.

Opprusting av veg med fortau vil vere positivt. Auka trafikk vil vere eit minus.

For Volda kommune er leik og aktivitetsområde for born og unge ekstra viktig. Dei avsette områda f\_leik1 og 2 og O\_leik gir saman med turvegdraget f\_GT eit samla godt tilbod til naturoppleving og leik. Jf også krav i føresegnene til internleikeplassar i byggeområda.

Krav om sikring mot støy frå E39 og etablering av støyvoll vil også ha positiv effekt for deler av eksisterande bebyggelse.

Rekkefylgjebestemmelsar som sikrar opparbeiding av veg, leikeplassar mv før bustader kan takast i bruk er positive helse og miljøtiltak.

**Økonomiske konsekvensar:**

Kommunal deltaking vert avklara gjennom utbyggingsavtale basert på godkjent plan. Her skal det og sikrast at dei deler av teknisk infrastruktur som kommunen skal overta vert tilfredsstillande løyst og ferdigstilt før overtaking.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Er avklara gjennom planprosessen.

Jf vedlagde utfylt skjema for risiko og sårbarheitsvurdering og gjennomført geoteknisk vurdering og krav til vidare avklaring gjennom detaljplan og innlagde omsynssoner.

Jf også gjennomført støyvurdering av reguleringsføresegner tilknytt sikring mot støy.

**Vurdering-Konklusjon:**

Innspela ved offentleg ettersyn er gjennomgått ovanfor.

Det er gjort endringar i plan som imøtekjem ein del av desse, og varsla motsegner er trekte. Gjennom justert plan slik den no vert fremja har vi også fått ein tydelegare avklaring i høve til dei registrerte kulturminne i området, det er definert klare område for leik/friområde knytt til kvart utbyggingsområde.

Vidare er planlagt utbyggingsmønster klarare definert, jf illustrasjonar i planomtale.

Det er sett klarare krav til utforming og innhald i etterfylgjande byggeplan for dei einskilde utbyggingsområda og for leikeområda.

Vidare er det gitt rekkefylgjebestemmelsar som sikrar opparbeiding av vegar og leikeplassar i samsvar med plan før bustadane vert tekne i bruk.

Omsynet til sikring mot steinsprang mv og omsyn til å ivareta støytilhøva for nye bustader er ivareteke gjennom planløyising/føresegner.

I dialog med tiltakshavar har ein også justert føresegnene knytt til planlagt byggehøgder i området. I området Bk2 er såleis no byggehøgde justert til maksimal byggehøgde (gesims og mønehøgde) til 10.5m, målt i høgste fasade på bygget. Dette gir rom for ein utbyggingsmodell med inntil tre etg. pluss eventuell kjellar/underetasje under terreng med garasje/bodplass.

For byggeområde BK\_1 var det i planframlegget tidlegare lagt til grunn maksimal gesims og mønehøgde på 9m. I illustrasjon som fylgjer planen er det vist bygg med inntil 2 etg.

Kommunen tilrår å redusere byggehøgde til maks gesimshøgde 8m og maks mønehøgde 9m slik at det er samsvar mellom planomtale og føresegner. jf justerte føresegner datert 10.11.2015.

I kommunen si tilråding ved offentleg ettersyn vart det rådd til at område FS\_2 blei tatt ut av plan. Dette ut frå at området er svært bratt og eksponert og planlagt plassering av bustad her, både tilkomstveg, naudsynt utsprenning av tomt og byggplassering vil vere svært uheldig landskapsmessig. Ved nærmare synfaring av området, vart det ut i frå ei vurdering frå formannskapet tilrådd å behalde FS\_2 til bustadformål, då området vart sett på som ein kvalitet.

Dette gjer det naudsynt med nærare avklaringar og dokumentasjon kring sikring/skredfare i høve utbygging av FS\_2. Det må difor gjennom nye berekningar og vurderingar knytt til utbyggingsplan for området dokumenterast at tilhøva vert tilfredsstillande sikra for bustadformål, dette er sikra i føresegnene til plan.

Administrasjonen er likevel framleis skeptisk til at denne tomte vert lagt ut som byggeområde, ut frå dei aktuelle og uavklara sikringsbehov og dei store terrengmessige utfordringane som ei utbygging her vil medføre.

At dette området vert liggande som ei naturleg vidareføring av natur/friområdet langs åsryggen ville vere ei betre løysing for heile området.

Og med den sterke utnytting som elles er lagt opp til med kanskje 30-40 bustader samla i Bk1 og Bk2 kunne gjerne eit slikt marginalt areal i bustadsamanheng, men eit unikt areal i friluftssamanheng, få ligge urørt.

I lojalitet til politisk vedtak om aksept av planløyisinga ved utlegging til offentleg ettersyn har vi likevel ikkje tilrådd endringar i plan på dette punktet no.

I justert plan er det framleis vist eiga direkte avkøyring frå Gamlevegen til planlagt bygg ved austgrensa av Bk2. Dette samsvarar ikkje med føresetnader gitt i vedtak i sak 75/15 der det var lagt til grunn at heile område Bk2 skulle ha tilkomst over internveg f\_SKV\_1.

Administrasjonen finn det rett framleis å halde fast ved denne tilrådinga ut frå omsyn til ta avkøyrslar i området og ut frå terrengtilhøva.

Justert plan datert 1.11.2015 vert tilrådd fremja med sikte på eigengodkjenning i samsvar med reglane i plan og bygningslova §12-12, men med fylgjande endring:

Tilkomst til bygg på område Bk2 skal vere frå veg f\_SKV\_1. Vist avkøyringspunkt frå Gamlevegen i austre kant av Bk2 skal såleis gå ut.

.....  
Rune Sjørgard  
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Går som melding til sektor Utvikling, planseksjonen for kunngjering av plan etter vedtak i kommunestyret.

**Kopi:**

Strand Utvikling v/Trond Klepp  
Svein Holmen Planlegging

Reguleringsplan

# STRAND

Gnr:15, brnr: 2 m.fl i Volda sentrum

Volda, 20.feb 2015

Svein Holmen

**Revideringar:**

- 1) Revidert: 19.mars 2015 S.H.
- 2) Revidert 3.juni -15 etter vedtak i Volda formannskap 19.05 –15 sak PS 75/15 S.H
- 3) Revidert 8.okt 2015 etter off. ettersyn SH
- 4) Revidert 30.okt 2015 etter motsegn SH



Plankonsulent:



Tiltakshavar:  
Trond Klepp  
Fransvegen 17  
6100 Volda

## Innhald

<b>1 - Samandrag</b> .....	s2	<b>6 - Beskrivelse av planframlegget</b> .....	s23
<b>2 - Bakgrunn</b> .....	s3	6.1 Grunngeving for reguleringa	
2.1 Sentrale opplysningar		6.2 Reguleringsføremål	
2.2 Føremålet med planen		6.3 Gjennomgang av føremåla	
2.3 Tidlegare vedtak i saka		6.4 Tilknytning til infrastruktur	
2.4 Utbyggingsavtalar		6.5 Planlagde offentlege anlegg	
2.5 Planprogram –konsekvensutgreiing?		6.6 Universell utforming	
<b>3 – Planprosessen</b> .....	s4	6.7 Skog-og landbruksaktivitet	
3.1 Medverknadsprosess, oppstartmøte og varsling		6.8 Kulturminne	
<b>4 - Planstatus og rammebetingelsar</b> .....	s13	6.9 Sosial infrastruktur	
4.1 Overordna planar		6.10 Avbøtande tiltak / løysingar ROS	
4.2 Gjeldande reguleringsplanar		<b>7 - Verknader av planframlegget</b> .....	s34
4.3 Tilgrensande planar		7.1 Overordnaplanar	
4.4 Statlege planretningslinjer / rammer / føringar		7.2 Landskap, bygningsmiljø og estetikk	
<b>5 - Beskrivelse av planområdet, eksisterande tilhøve</b> .....	s15	7.3 Konsekvensar for naboar	
5.1 Beliggenheit		7.4 Kulturminne og kulturmiljø	
5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk		7.5 Uteområde, rekreasjonsinteresser og barn- og unge sine interesser	
5.3 Landskap og stadskarakter		7.6 Trafikktilhøve	
5.4 Kulturminne og kulturmiljø		7.7 Sosial infrastruktur	
5.5 Naturverdiar		7.8 ROS	
5.6 Rekreasjonsverdi / rekreasjonsbruk, uteområde, barn-og unge sine interesser		7.9 Teknisk infrastruktur Universell tilgjengelegheit	
5.7 Trafikktilhøve		7.10 Jordbruk / skogbruk	
5.8 Sosial infrastruktur		7.11 Økonomiske konsekvensar for kommunen	
5.9 Universell tilgjengelegheit		<b>8 Innspel etter forvarslinga</b> .....	s37
5.10 Teknisk infrastruktur		8.1 Gjennomgang og kommentar til innspela	
5.11 Risiko-ogsårbarheit (eksisterande situasjon)		8.2 Kopi av alle merknadane.	
		<b>9 - Plankart og føresegner</b> .....	s45
		9.1 Plankart m tittelfelt	
		9.2 Føresegner	

## 1 Samandrag.

### Oppstart / Forvarsling:

Saka begynte med oppstartkonferanse 12.12.2012 der Per Heltne møtte for Volda kommune, Halvard Rusten som tiltakshavar og Svein Holmen som plankonsulent. Saka vart forvarsla i samsvar med reglane PBL med annonsering i lokalavisa 31.01.13 og på kommunen si heimeside, samt at alle rørde partar fekk skriftleg varsel. Vi fekk inn 13 innspel ved forvarslinga, og desse ligg som vedlegg til rapporten.

### Planinnhald:

Planen samsvarer med kommunedelplanen(2011)for Volda der Strand er lagt ut til bustadområde (B60) og LNF-områder. Vi legg opp til konsentrert bebyggelse i nedre delen av området, medan øvre delane vert utnytta til meir klassisk bustadbebyggelse. Det vert avsett ein grøn korridor mellom dei eksisterande bustadane i Frøholmfeltet og vår nye bebyggelse. Denne korridoren skal dels fungere som buffer mellom gamal og ny bebyggelse og dels som turdrag. Utvidelsane (lommene) i korridoren skal fungere som leikeplassar i feltet.

Ovanfor busetnaden mot Kleppåsen er det foreslått eit offentleg friområde som heng saman med- og er vidareføring og utviding av friområda i reguleringsplanane for Gamlevegen 48 og Engeset / Klepp.

### Flateplan – Illustrasjonar bebyggelse:

Reguleringsframlegget er i utgangspunktet ein flateplan der tiltakshavar skal regulere til bustadføremål i samband med utskifting av buet. Vi har likevel teke med ein god del detaljar som framstår som illustrasjonar i planomtalen – dette er gjort for å synleggjere og kunne vurdere volum av bebyggelse som her er plass til. Arealane er bratte og smale, og både tilkomst og husplassering kan bli krevjande pga høgdeskilnadane. Detaljane på illustrasjonane er ikkje juridisk bindande.

### Restriksjonar – Arkeologi / Rasfare / vegtrafikkstøy:

Det er gjort arkeologisk registrering på området, og der vart det avdekket gamle (bronsealder) fossile dyrkingslag med ei rydningsrøys. Dette er automatisk freda kulturminne, men Fylkeskommunen kan godta at det vert gjeve lokal dispensasjon til bygging utan vidare vilkår i og med at dyrkingslaga og rydningsrøysa er avdekket og registrerte. Områda går fram av plankartet som bestemmelsesområder med tilhøyrande bestemmelser i føresegnene.

Det er også gjort geologisk vurdering (skredfare) for området. Fareområda er innteikna på reguleringskartet med bestemmelser i føresegnene for dei byggeområda som kjem i konflikt med fareområda.

Delar av arealet har litt for mykje vegtrafikkstøy (gul farge) i høve krava. Desse sonene er innteikna som omsynssoner med eigne føresegner.

## 2 Bakgrunn.

### 2.1 Sentrale opplysningar

<b>Lokalitet</b>	
Stad	Strand, Volda sentrum
Kommune	Volda kommune
Gnr/brnr:	Delar av: 15/2,7,18,30,52 samt liten bit av16/2
Gjeldande planstatus:	Kommunedelplan: 2011: Bustadområde B60, LNF-områder. Krav om detaljregulering – uregulert no
<b>Formalia</b>	
Tiltakshavar	Trond Klepp
Grunneigar	Strands dødsbu v Hallvard Rusten
Plankonsulent	Svein Holmen Arealplanlegging
<b>Omfang</b>	
Areal heile planområdet	18,15da
Byggeomfang:	K-felt 9,8da Frittliggande småhus: 5,3da
<b>Oppstart / Kunngjering</b>	
Oppstartkonferanse	12.12 -12: H. Rusten, S. Holmen, P.Heltne
Kunngjering av forvarsling	31.01-13 - «Møre» + Komm.si heimeside
Varsling rørde partar	Eige brev 31.01 -13

### 2.2- Føremålet med planen

Hovudføremålet med planarbeidet er å tilrettelegge for bustadbygging i samsvar med kommuneplanen sin arealbruk. Vårt reguleringsområde har nemninga B60 i kommuneplanen

### 2.3 - Tidlegare vedtak i saka

Det einaste kommunale planvedtaket som gjeld området som vi kjenner til er kommuneplanvedtaket frå 2011.

### 2.4 - Utbyggingsavtalar

Dersom utbetring av del av Gamlevegen med fortau skal inngå i gjennomføringa av planen må utbygger forhandle med kommunen om utbyggingsavtale.

Det same gjeld evt. opprusting / bygging på ball-løkkka ytst i Gamlevegen

### 2.5 -Planprogram – konsekvensutgreiing?

Det er ikkje krav om planprogram og konsekvensutgreiing for planarbeidet. Arealdisponeringa samsvarer med kommuneplanen frå 2011.



## 3 Planprosessen

### 3.1 - Medverknadsprosess, oppstartmøte og varsling.

Utsendingsdokumenta og referatet frå oppstartsmøtet er synt på dei neste 9 sidene.

---

#### Kunngjering

Til alle  
høyringspartane



#### VARSEL OM REGULERINGSARBEID:

Reguleringsplan (detaljplan) for:

Strand, Gnr/br.nr 15/1,2,7,18,30,52 og 54 i Volda kommune.

I samsvar med reglane i PBL§12-3 og §12-8 vil vi med dette gjere kjent at det vert sett i gang arbeid med detaljregulering for Strand (15/2) i Volda sentrum. Eigedomen inngår som bustadfelt B60 i den nye kommunedelplanen for Volda sentrum. Avgrensinga er synt på skissa på neste side. Planområdet berører desse eigedomane: 15 / 1,2,7,18,30,52 og 54

Området skal – i samsvar med kommuneplanen - regulerast til bustadføremål med tilhøyrande infrastruktur samt til grøntdrag langs vestskrenten av Kleppåsen. Gamlevegen på strekninga frå kryssing m E39 og gjennom planområdet inngår i planen.

Planområdet skal tilkøblast eksisterende kommunale tekniske anlegg i området.

Tilkømt til dei nedre delane av feltet skal takast frå Gamlevegen, og til øvste delen frå Nordalsvegen.

Tiltakshavar for prosjektet er eigarane v/ Hallvard Rusten.

Svein Holmen Arealplanlegging er plankonsulent.

#### **Innspel i saka skal sendast skriftleg til:**

**Svein Holmen Arealplanlegging, Postboks 319, 6101 Volda innan 15.mars 2013.**

Meir informasjon kan ein få hos:

Svein Holmen, Hamnegata 10, 6100 Volda tlf. 90844415 e-post: [sv-holm@online.no](mailto:sv-holm@online.no)

eller på Volda kommune si heimeside.

Volda, 31.jan. 2013.

Mvh



Svein Holmen



**VARSEL OM REGULERING SARBEID:**

Reguleringsplan (detaljplan) for:

Strand, Gnr/br.nr 15/1,2,7,18,30,52 og 54 i Volda kommune.

**UTBYGGINGSTYPER:**

På dei areala som ligg nedanfor Gamlevegen (der Løda står) ynskjer vi å planlegge konsentrert utbygging medan areala ovanfor Gamlevegen vil bli planlagt med frittliggande småhusbebyggelse.

Tilkomt til nedre del av feltet vil bli teke frå Gamlevegen, og til øvste delen frå svingen på Nordals-vegen ovanfor Inge Lid si tomt.

## OVERSIKT OVER ARBEID OG FRAMDRIFT: Enkelt program for arbeidet

Reguleringsplan (detaljplan) for: **Strand**,  
Gnr/br.nr 15/1,2,7,18,30,52 og 54 i Volda kommune.  
Bustadfelt B60 i kommunedelplanen for Volda sentrum

### Innhald:

- 1: Bakgrunn
- 2: Lovgrunnlag og føremål
- 3: Planprosess, organisering og framdrift :
- 4: Tilhøvet til eksisterande planar
- 5: Utbyggingstype:
- 6: Nødvendige utgreiingar

### 1: Bakgrunn


Strand er i den nye kommunedelplanen for Volda sentrum teke inn som bustadområde B60. Eigarane ynskjer no å utarbeide detaljplan for bustadbygging på eigedomen i samsvar med kommunedelplanen

### 2: Lovgrunnlag og føremål

Planen for B60 skal utarbeidast som detaljregulering i samsvar med reglane i PBL § 12-3. Planen utløyser ikkje krav om planprogram eller KU (Jf PBL § 4-2 samt forskrift om KU)

### Føremål / utbyggingstype

Planområdet skal nyttast til bustadføremål med tilhøyrande infrastruktur samt grøntdrag og leikeareal. På den delen som ligg nedanfor Gamlevegen (der løda står) ynskjer vi å planlegge konsentrert utbygging , medan arealet ovanfor Gamlevegen vil bli planlagt med frittliggande småhusbebyggelse. Tilkomst til nedre del av feltet vil bli teke frå Gamlevegen, og til øvste delen frå Nordalsvegen.



**3: Planprosess og medverknad:**

PROSESS, Detaljplan (PBL§12-3)	Forum / Deltakarar / Kunnskapsbase	Framdrift
<b>Forarbeid:</b> Registrering, avgrensing av planområde, framskaffing av bakgrunnsmateriale	Tiltakshavar, Plankonsulent, Kommune	Veke 48-49 - 2012
<b>Oppstartkonferanse:</b> Kommunale føringar og føresetnader	Tiltakshavar, Plankonsulent, Kommune	12.12. -12
<b>Utarbeiding av forvarslingsdokument</b>	Plankonsulent / tiltakshavar – kontroll: Volda kommune	Veke 3 - 2013
<b>Forvarsling:</b> Annonsering. Utsending til røde partar: <b>Høringsperiode:</b> Høyring på plandokument og planprogram - 6 vekers frist for innspel <b>Merknadshandsaming – Konfliktavklaring:</b> Gjennomgang av innkomne merknadar. Avklaring av motsegner / protestar <b>Konklusjon etter forvarslinga.</b> <b>RAPPORT</b>	Lokalavisa "Møre" og Volda kommune si heimeside Eigarar, fagutval, off.organ og lag / organisasjonar  Alle høyringspartane  Plankonsulent - merknadsorgan. Plankonsulent / Volda kommune.	31.jan 2013 31.jan 2013  1.feb - 15.mars -13  Mars-apr -13  April 2013.
<b>Utarbeiding av planframlegg</b> <b>Utgreiingar:</b> A: Natur og landskap B: Friluftsliv. C: ROS-analyse D: Universell utforming E: Arkeologisk registrering <b>Plandokumenta:</b> -Plankart SOSI 4.5 -Føresegner, -Planomtale m utgreiingane <b>Korrigering etter kvalitetskontroll i kommunen:</b> Kontroll før innsending av planframlegg	Plankonsulent - Kommune Fylket sine naturbaser Kommunale fagorgan.  Plankonsulent Plankonsulent(korrigeringsarbeid). – kommuneadm. kontroll	
<b>Kommunalt plangebyr:</b> Fakturerast direkte til tiltakshavar	kommuneadministrasjonen	
<b>Kommunal slutthandsaming</b> : Vedtak om off. ettersyn Off. ettersyn i 6 veker Planvedtak – innstilling til K.styret Eigengodkjenning Utlysing av vedtaket med klagefrist	Formannskapet  Formannskapet Kommunestyret: Kommuneadministrasjonen	



#### **4: Tilhøvet til eksisterende planar**

Planavgrensing og føremål er i samsvar med den nye kommunedelplanen for Volda sentrum. Vår plangrense er samordna med dei nyare reguleringsplanane i området. På to gamle planar (Nedre Klepp og Frøholmfeltet) overlappar vi litt – dette fordi desse planane har løysingar som ikkje er aktuelle no eller at vegsystema er underdimensjonerte eller ikkje tilpassa dagens situasjon

#### **5: Utbyggingstype:**

Planområdet skal nyttast til bustadføremål med tilhøyrande infrastruktur samt grøntdrag og leikeareal. På den delen som ligg nedanfor Gamlevegen (der løda står) ynskjer vi å planlegge konsentrert utbygging, medan arealet ovanfor Gamlevegen vil bli planlagt med frittliggande småhusbebyggelse. Tilkomt til nedre del av feltet vil bli teke frå Gamlevegen, og til øvste delen frå Nordalsvegen.

#### **6: Nødvendige utgreiingar**

I Planomtalen vil vi ta med desse utgreiingstema:

##### a: Natur- og landskap:

Området ligg synleg og bratt ved inngangen til Volda frå vest. Vi vil gjere ei vurdering av topografi og landskap samt ei registrering av eksisterande byggestil i området som ei grunngeving for det regelverket vi velger m.o.t høgde- og utforming av bygga. Dette skal innlemmast i planomtalen.

##### c: Friluftsliv/gjennomfart:

Planområdet er lite nytta til gjennomfart og friluftsliv no. Skrenten ned frå Kleppåsen til vårt areal er svært bratt, men vi vil prøve å legge inn enkle stiar / korridorar som kan sikre samband til fots frå Nordalen og opp på Kleppåsen.

Sjølve grøntdraget mellom Kleppåsen og B60 vil også kunne vere eit attraktivt og utfordrande leikeområde for ungane i felta – både på Kleppåsen og i Nordalen/Frøholmfeltet. Vi vil sjå på desse mulegheitane til utforming av spennande leikeområde på denne trafikktrygge sida av feltet.

##### d: Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS-analyse):

Det skal utarbeidast ei enkel ROS-analyse for området etter fylkeskommunen sin standard. Framlegg til ROS-analyse er utarbeidd og ligg ved.

Deler av området er så bratt at her er fare for ras / Steinsprang. Det er utarbeidd rasrapport for delar av området – denne rapporten må evt. utvidast til å omfatte resten av planområdet.

##### e: Universell utforming:

Området er nokså bratt, så det vil krevje store terrenginngrep å tilrettelegge t.d. friområda og grøntdraga med universell standard. Vi vil difor ikkje gå inn for dette. Nedre delen av planområdet skal som nemnd leggest ut med meir konsentrert bebyggelse. Her kan vi få til universell standard frå parkeringsplass til inngang husvære. Uteareala er også her sopass bratte at vi ikkje med rimelege terrenginngrep greier å få laga tilkomststiar i U.S.

##### f: Arkeologisk registrering:

Vi rekner med at det vert aktuelt med arkeologisk registrering og at dette må gjerast etter forvarslinga i planutarbeidingsfasen. Rapport skal innarbeidast i planomtalen.

**ROS-analyse**

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i samfunnsplanlegginga

Emne		Er det knytt <b>uakseptabel risiko</b> tilfølgjande forhold?	Nei	Ja
Naturgejevne forhold	a	Er området utsett for snø- eller steinskred eller større fjellskred?	1	
	b	Er det fare for flodbølger som følgje av fjellskred i vatn/sjø?	X	
	c	Er det fare for utgliding av området (ustabile grunnforhold)?	2	
	d	Er området utsett for flaum / flaumskred?	X	
	e	Er det registrert radon i grunnen?	3	
	f	Vil skogbrann / lyngbrann i området vere ein fare for bustader / hus?	X	
	g	Er området sårbart for ekstremvær / stormflo?	X	
	h	Anna (spesifiser)?		
Omgivnad	a	Regulerte vassmagasin i nærleiken, med spesiell fare for usikker is?	X	
	b	Naturlege terrengformasjonar som utgjere spesiell fare (stup etc.)?	X	
	c	Vil drenering kunne føre til oversymjing i lågareliggande område?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Verksemdsrisiko	a	Omfattar området spesielt farlege anlegg?	X	
	b	Vil utilsikta / ukontrollerte hendingar som kan inntreffe i nærliggande Verksemdar (industriføretaketc.), utgjere ein risiko for området?	X	
Brann-/ulukkesberedskap	a	Har området tilstrekkeleg sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		X
	b	Har området gode tilkomststruter for utrykkingskjørety?		X
Infrastruktur	a	Er det kjende ulukkespunkt på transportnettet i området?	X	
	b	Vil utilsikta / ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande Transportårar inkl. sjø-og luftfart utgjere ein risiko for området:	X	
	c	Er det spesiell risiko knytt til bruk av transportnett i området: - til skule / barnehage? - til nærmiljøanlegg (idrett etc.)?	X X	
	d	Er det transport av farleg gods til / gjennom området?	X	
Kraftforsyning	a	Er området påverka av magnetfelt frå høgspenlinjer?	X	
	b	Er det spesiell klatrefare i høgspenmaster?	X	
	c	Vil tiltaket endre (styrke / svekke) forsyningstryggleiken i området?	X	
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av følgjande tenester spesielle ulemper for området: -elektrisitet? -teletenester? -vassforsyning? -renovasjon / snillvatn?	X X X X	
	b	Er det vassforsyning / drikkevatt i området?		X
	c	Er det spesielle brannobjekt i området?	X	
	d	Er det omsorgs- og oppvekstinstitusjonar i området?	X	
Er området påverka/ Forureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?	X	
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggrådsperringar etc.?	X	
	c	Industriverksemd som t.d. avfallsdeponering?	X	
	d	Anna (spesifiser)?		
Ulovleg verksemd	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje- / terrormål?	X	
	b	Finst det potensielle sabotasje- / terrormål i nærleiken?	X	

**Punkt som må undersøkast nærare:****1: Skredfare:**

Området er bratt med fare for steinsprang på utsette stadar. I samband med bygging av nye hus på Gamlevegen 42-48 vart det utarbeidd ein skredrapport som i nokon grad omfattar vårt areal. Denne rapporten må utvidast til også å omfatte resten av planområdet.

**2: Lausmasseavsetning / Utglidningsfare:**

Pga. bratt terreng har vi underdsøkt utglidningsfaren.

Her er ikkje registrert marine avsetningar i området. I følge NGU sine lausmassekart består grunnen av "tynn morenemasse" som er stabil.

**3: Radongass.**

Vi veit ikkje om her finst Radon-gass i grunnen. Radon er knytt til forekomst av alun-skifer, men vi veit ikkje om det er alun-skifer i grunnen her. Høge verdiar av Radongass (over 400 Bq/m<sup>3</sup> inneluft) kan gi overhyppigheit av lungekreft. Det er ingen kjende forekomster av slik overhyppigheit her, men dette kan forekomme svært lokalt – så det er omtrent umogleg å vite sikkert

Frå Statens strålevern saksar vi:

*...."Statens strålevern anbefaler ikke undersøkelser av tomtegrunnen før boliger bygges. Årsaken er at slike undersøkelser både er kostbare og vanskelige å tolke. Det påpekes at man istedenfor kan gjennomføre enkle tiltak i byggeprosessen. En tett sålekonstruksjon med membran og god ventilasjon av inneluften er i de fleste tilfeller nok....."*

Vi legg ikkje opp til å undersøke forekomst av Radongass, men satser i staden på tett sålekonstruksjon og god ventilasjon som preventivt avbøtande tiltak. Krav omtett sålekonstruksjon er teke inn i føresegnene §3e



# VOLDA KOMMUNE

## Samordnings- og utviklingsstaben

Svein Holmen Arealplanlegging  
postboks 319

6101 VOLDA

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/2636	11755/2012	2012011	SAM/ PH	12.12.2012

### **PLAN ID 1519 -2012011: REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND FØREHANDSKONFERANSE**

Det vart i dag 12.12.2012 gjennomført oppstartmøte vedkomande aktuelt detaljplanarbeid for område B60 i kommunedelplan for Volda sentrum, del av gnr 16 bnr 2.

Desse møtte:

Frå tiltakshavar: Halvard Rusten (Bustyrar 16/2)

Plankonsulent- Svein Holmen

Volda kommune: Planleggar Per Heltne

**Tiltakshavar/plankonsulent** gjorde kort greie for dei tankar dei har om oppstart av planlegging for område B60 utlagt til byggeformål bustad i kommunedelplan for Volda sentrum. Grunneigar har intensjonsavtale med aktuell utbyggar om planlegging/utvikling av området.

**Kommunen** skisserer følgjande utgangspunkt for ev. planoppstart:

Kommunedelplanen er utgangspunkt for arbeidet. Bustadformål med krav om detaljreguleringsplan før bygging/deling. Planlegging vil bli å gjennomføre etter reglar og føresetnader nedfelt i ny planlov.

Kommuneplan legg ikkje klare føringar for opprusting/utvikling av vegsystem til dei nye områda. Det må såleis leggest til grunn at eksisterande vegnett skal kunne nyttast, og at ein i planprosessen fastset dimensjoneringskrav og behov/krav til opprusting. For område Gamlevegen 48 er fylgjande dimensjonering lagt til grunn – og ein føreset dette vidareført- 1.5m annavegområde-4m gatebreidde-3mfortau og 1.5 m gjerdeavstand. Samla 10m vegområde. Det bør vurderast behov for møteplassar på strekninga.

Krav om opprusting/kostnadsdeltaking i naudsynt oppgradering av vegnett må fastsettast gjennom utbyggingsavtale.

#### **Status kommunaltekniske anlegg:**

Volda kommune har planar om opprusting av hovudleidningar for vatn og avløp i Gamlevegen. Kommunaltekniske anlegg elles er dimensjonert slik at dei nye områda kan tilknytast utan vesentlege nye eksterne kostnader. Dimensjonerande kapasitet vil vere krav til brannvatn.

**Byggegrense** mot E39 i utgangspkt. 50 m frå senterline. Avvik /reduksjon etter konkret vurdering/avbøtande tiltak gjennom reguleringsplan etter samråd/avklaring med Statens Vegvesen/M.R.Fylke.

Byggegrense langs kommunal veg min.10m frå senterline veg.

---

Postadresse:  
Stormyra 2  
6100 Volda

postmottak@volda.kommune.no  
Telefon: 70058717  
Telefaks: 70058701

www.volda.kommune.no  
Org. nr: 939 760 946  
Bankgiro: 3991.07.81727

**Andre stikkord for planarbeidet:**

Avgrensingar av område. Planavgrensing vist på vedlagt kartutsnitt. Mindre vesentlege justeringar av yttergrenser ut frå konkret vurdering av terrenghøve/arrondering kan vere aktuelt ut frå omsyn til ras-avklaring-, omsyn til natur og friluftsliv og terrenghøve. Vegområdet i Gamlevegen skal vere med i planområdet. For å sikre full opparbeiding av Gamlevegen må også eigedomen 15/7 og areal mellom gamlevegen og utbyggingsområdet inkluderast i planområdet.

Tilkomst og bebyggelse bør planleggast ut frå ønske om minst mogeleg sjenanse og konflikt med eksisterande bebyggelse/bumiljø. Som utgangspunkt bør utbygging baserast på tilkomst frå Gamlevegen.

Grøntareal/fellesareal til leik etter konkret vurdering, med min 50m<sup>2</sup> pr bueining som utgangspunkt.

Dette bør ivareta både småbarnleikeplassar nær bustad og større felles aktivitetsareal.

Mogeleg behov for rasvurdering og avgrensing av byggeareal i høve til dette må avklarast gjennom prosessen. Jf. rapport for Gamlevegen 42-48.

**Tiltakshavar** bestiller nytt kartgrunnlag frå kommunen. Dette inkluderer oversyn tekniske anlegg og eigedomsoversyn.

**Kommunen** sender over sosifil for plan for Gamlevegen 48 mv, og for Nordalen B59, samt PDF-fil plan Frøholmfeltet.

Som utgangspunkt for varsel om planoppstart bør ein vurdere utarbeiding av idéskisse for utvikling av området.

Aktuelle kontaktpersonar i kommunen:

Planleggingsprosess/plangrunnlag : Per Heltne/Harald Berstad

Kartgrunnlag: Torgeir Stensø

Kommunaltekniske anlegg/utbyggingsavtale: Asbjørn Aasebø

Landbruksspørsmål: Steinar Drabløs

Barnerepresentant i planutvalet: Berit Koen

Med helsing

Samordning og Utviklingsstaben

Per Heltne

planleggar

Kopi:

Halvard Rusten

Harald Berstad

Torgeir Stensø

Asbjørn Aasebø


Steinar Drabløs

Berit Koen



## 4 Planstatus og Rammebetingelsar

### 4.1 - Overordna planar – kommuneplanen 2011




Vårt planframlegg omfemner bustadfelt B60 der det er krav om regulering i kommuneplanen.

### 4.2 - Gjeldande reguleringsplanar

Vårt planområde er ikkje tidlegare regulert. Kommunedelplanen for Volda (2011) krev regulering før bygging her. (sjå ovanfor)


### 4.3 - Tilgrensande reguleringsplanar:

Mot søraust grensar vår plan til "Gamlevegen 48 – PlanID 1995001", i nordaust til Reguleringsplan for Engeset – Klepp – 1990002, i nord mot «Nordals-planen – 15192011008» og i vest mot den gamle planen for Frøholmfeltet. Desse planområda går fram av skissa nedanfor






### Avgrensing mot Nedre klepp



### Avgrensing mot Frøholmfeltet



#### 4.4 Statlege planretningsliner.

- RPR for barn og unge sine interesser i planlegginga
- RPR for samordna areal- og transportplanlegging




## 5 Beskrivelse av planområdet, eksisterende tilhøve

### 5.1 Beliggenheit


Planområdet ligg i Gamlevegen i området Nedre Klepp på grensa til Nordalen i Volda sentrum.

Gamlevegen går parallelt med E39 gjennom vårt felt og kryssar ned på E39 rett vest for vår plangrense



#### Avgrensing og størrelse på planområdet

Den opprinnelege avgrensinga av området er justert etter forvarslinga pga feil i den kommunale eigedomsbasen (nord-aust-enden av området) samt at vi har gjort div tilpassingar ettersom tilhøva har blitt avklara i området. På skissa nedanfor er den opprinnelege avgrensinga teikna med raud strek og den endelege med svart strek.



## 5.2 Dagens arealbruk og tilstøytande arealbruk

Strand er eit gammalt småbruk med bratt og tungdriva innmark. Det har ikkje vore jordbruksdrift her på mange år, og både innmark og beiteområder er dels attgrodde. Det meste av areala er omkransa av bustadområder.

På sørsida av feltet - mellom feltet og fjorden, krysser E39 med høg ÅDT. Det er planlagt omlegging av E39 til tunnelsamband mellom Volda sentrum og Furene, og då vil noverande E39 forbi Strand bli nedklassifisert til kommunal veg med mykje mindre trafikk. Ei slik omlegging kan ventast ferdigstilt tidlegast innan år 2022.


Våningshuset og løda på Strand ligg på kvar si side av «Gamlevegen» som er ein kommunal samleveg med lav standard. I kommuneplanen frå 2011 er det lagt inn gangveg/fortau langs Gamlevegen inn til Klokkarvegen

## 5.3 Landskap og lokalklima

### Landskap

Planområdet ligg i ei nokså bratt og skogkledd sør/vest-helling. Området utgjer vestsikanten av Kleppåsen heilt ned mot det flatare landskapet på Strand og i Frøholm/Nordalen. Både Kleppåsen og Frøholm er etter kvart nokså tett bebygd.

Den brattaste delen av denne skrenten opp mot bebyggelsen på Kleppåsen er LNF-område i kommuneplanen. Pga. at området er faresoneområde vert tradisjonell sogsdrift med flatehogst ikkje tillatt, og området går ut som produksjonsareal i landbruket. Vi omdisponerer og legg området inn i ein overordna grønstruktur som startar nede ved Gamlevegen og skal gå heilt til fjells. Friområdet er brattlendt, dels rasfarleg og tett skogkledd så her er vanskeleg å ferdast, men området utgjer ein god buffer mellom byggefelt, og det er samstundes viktig å behalde skogen av omsyn til rasfaren.



### Solforhold

Planområdet ligg fritt og sør-vest vendt med gode soltilhøve og flott fjordutsikt.

### Lokalklima

Pga fri og solvendt lokalisering kan sjølvsagt også vind og vér ta litt hardt – både sørvesten og lavtrykka kan herje meir her enn inne ved Volda sentrum, og utrøna kan vel også vere litt lei på fine dagar. Men ikkje noko utanom det vanlege for ein sør-vest vendt fjordlokaltet.

Sjå ellers bilde på neste side.





### Eksisterande bebyggelse

På nord- og vestsida av planområdet ligg Frøholmfeltet - eit einbustadfelt frå 60/70-talet. Langs Gamlevegen finn vi i stor grad eldre bustadhus med store hagar, men også ein del einbustader typisk etablert på 70/80-talet. Nordaust for planområdet ligg dei nye byggefelta i Engeset / Klepp med nyare konsentrert busetnad, også som terrassehus



## 5.4 Kulturminne og kulturmiljø

Automatisk freda kulturminne:

Rapport etter ARKEOLOGISK REGISTRERING PÅ STRAND - dato:12.juni 2014

### 1.0. Sammendrag

Denne arkeologiske undersøkelsen ble foretatt på Strand (gnr. 15) i Volda kommune, i forbindelse med en ny reguleringsplan som berører brukene 1, 2, 7, 18, 30, 52 og 54.

Feltarbeidet ble utført innenfor perioden 20.05. – 04.06.14 av undertegnede, og rapporten ble ferdigstilt den 12.06.14. Totalt ble det benyttet 15 dagsverk på saken.

De feltarkeologiske metodene som ble benyttet var visuell overflateregistrering, manuell prøvestikking og maskinell sjakting.

Totalt ble det funnet 2 lokaliteter som er definert som automatisk fredete kulturminner innenfor planområdet:

- ID 177066, Strand1: Dyrkningsspor
- ID 177067, Strand2: Dyrkningsspor

**ID 177066** er tolket som en lokalitet bestående av en fossil dyrkningsflate. Dyrkningsflaten, som ble påvist under den forstyrrede matjorda, har en utbredelse på ca. 330 m<sup>2</sup> og en tykkelse på opptil ca. 20 cm.

Én kullprøve ble sendt inn til analyse fra denne lokaliteten:

- KP #JSPE3, fossilt dyrkningslag (lag 2–1, sjakt 2)

**ID 177067** er tolket som en lokalitet bestående av et større område med en sammenhengende fossil dyrkningsflate samt en struktur som er tolket som en liten rydningsrøys. Dyrkningsflaten, som ble påvist under den forstyrrede matjorda, har en utbredelse på ca 1,610 m<sup>2</sup> og en tykkelse på opptil ca. 20 cm.

To kullprøver ble sendt inn til analyse fra denne lokaliteten:

- KP #JSPE4, rydningsrøys (str. 6–1, sjakt 6)
- KP #JSPE5, fossilt dyrkningslag (lag 7–1, sjakt 7)

## 8.0. Konklusjon

Hele området som ble berørt av reguleringen av Strand i Volda kommune, er undersøkt, jf. Kulturminne-loven § 9.

Av metoder ble det benyttet visuell overflateregistrering, manuell prøvestikking og maskinell sjakting.

Undersøkelsen resulterte i funn av 2 lokaliteter som er tolket som automatisk fredete kulturminner:

- ID 177066, Strand1: Dyrkningsspor
- ID 177067, Strand2: Dyrkningsspor

Kulturminnet ID 177066 er markert som omsynssoener «H 730 og H570» på plankartet i området o\_Leik. Kulturminnet ID 177067 er markert med RpBestemmelseGrense og påskrift «RpBo nr 1 - ID 177067» Bestemmelser om kulturminna er tekne inn i føresegnene i §4.1-j , §4.4-a,b samt §7.4 samt i reg.kartet

Strandløda vart bygd i 1899 som driftsbygning på 15/2 av Anders Pedersson Strand. Løda vart SEFRAK-registrert i 1988 med objekt-ID 1519373. Det er ikkje gjort vurderingar av verneverdi i samband med registreringa. Fleire opplysningar om bygningshistorie etc ligg altså i SEFRAK-registeret som diverre er rekna som sensitiv informasjon og ikkje er ålment tilgjengeleg på nettet. Til dokumentasjon og opplysning av saka har vi teke med utklipp frå SEFRAK-registreringa her:



OBJEKT	Løe Øggarden Strand		
EIGAR (tittel, namn, postadresse)	per sj trykkesjet Anders P. Strand, Gamleengen 54, Volda		
BRUKAR (tittel, namn, postadresse)			
ARKIV/KARTREF.	1 KORTARKIV-NUMMER	Kommunenummer 1519	Registreringskrins nummer 003
	2 FOTOARKIV-NUMMER	Filnummer 063	Biletnummer, lågaste 10
	3 ØKONOMISK KARTVERK BLAD-NEMNING	Sone A	Aust-vest i sone 0
	4 KOORDINATAR (skal ikkje fyllast ut)	System	Akse/sone
5 KOMMUNE	Kommune, namn	Volda	
6 TOPOGR.NEMNING	Topogr. nemning, namn og nummer	Volda 319	
7 MATRIKEL- NEMNING	Gardsnummer 115	Brukanummer 12	Undernummer (tekte- m.m.)

REGISTRERING AV FASTE KULTURMINNE  
I NOREG  
**REGISTRERING AV HUS**

Plass for fotografi


BYGGEMÅTE M. M.	17 KONSTRUKSJON AV UNDERBYGNINGEN	1. Grunnmur	2. Pilars, lafstein e. l.	Merknad Skild i s.v. kjellare med 1950
	18 UTNYTTING M.M. AV KJELLAR/UNDERETASJE	1. Opplytt	2. Ganghøg	3. Kryperom
	19 KONSTRUKSJON AV YTTERVEGGEN	1. Tre	2. Mur	3. Steipt
	20 FASADEKLEDDING	1. Ingen	2. Jord, torv	3. Tre
	21 TAKFORM	1. Saltak	2. Valm m.m.	3. Pull, flatt
	22 TAKTEKKINGS- MATERIAL	1. Never, torv	2. Tre	3. Naturstein
	23 ETASJETAL	1et. 1 1/2	2et.	2 1/2
	24 HOVDUMÅL I PLAN TAL PÅ SKORSTEINAR	Langd 1350	Breidd 980	Skorsteinar 1
	25 PLANFORM (skal ikkje fyllast ut)			
	26 STILREG (skal ikkje fyllast ut)			
28 TIDFESTING/ BYGGJEÅR	Tidkode 1899	Merknad 1898		

36	KARTEFEST PÅ ØKONOMISK KARTVERK?	Ja	Nei
37	REGISTRERT/OPPMÅLT FØR?	Ja	Nei
38	ELDRE FOTOGRAFI/TEIKNINGAR? Foto kanskje hos Solveig Strand Ryite, Rystem, Ørsta	Ja	Nei
39	BRANNTRYGDELAG Volda brannlag / Uai		
40	INNSKRIFTER, DEKOR M. M. "1898" malt på bakside av låvedør		
41	BYGGHERRE Anders Pedersson Strand 1853-1939		
42	BYGGMEISTER/ARKITEKT		
43	ANDRE OPPLYSNINGAR 18. fjesgolv oppr. jord/tre, steipt 1950 års		



Steingardar:

Vi har registrert ein steingard som ligg i bytet mellom 15/2 og 16/2 i nord-vestre grensa av planområdet. Dette er ein bytegard som er både godt og stabilt lødd og fin å sjå til, men den ligg dels innpå 16/2 og er soleis dels utanfor vårt planområde. Vår arealbruk inn mot steingarden er Turdrag (f\_GT) og leikeområde (f\_Leik\_2), og vi vil svært gjerne ta vare på steingarden som innramming av desse grønne funksjonane.





## 5.5 Naturverdiar

I Direktoratet sin naturbase er det ikkje registrert spesielle dyre- eller planteartar. Fauna og flora innanfor planområdet er prega av stadtypisk vestnorsk vegetasjon og ditto fugle-/dyreliv.

## 5.6 Rekreasjonsverdi / rekreasjonsbruk, uteområde, barn- og unge sine interesser

Planområdet grensar i nord og aust til eit samanhengande natur- og friluftsområde, med samband til populært turvegnett opp i lidene og dei nære fjellområda bak Volda sentrum.

Fjorden med naust og populære badeplassar («Strandfjæra») ligg ca 150m nedanfor feltet.

Her er altså lett og kort tilkomst både til fjellet og til sjø- og fjøre.

Frå gamalt har her vore ei ball-løkke på den kommunale eigedomen vest for BK\_1 mellom Gamlevegen og E39. Denne ballplassen ligg svært utsett til m.o.t vegtrafikk og støy, og den er langt frå flat.

Barnerepresentanten i kommunen krev at ball-løkka vert oppretthalda som ballplass

## 5.7 Trafikktilhøve

Gamlevegen er kommunal samleveg med mange direkte-avkøyrslar og med lav horisontal og vertikal standard og dårleg sikt. Det er etablert fartshumpar, og fartsgrensa er 30 km/t.

Stenging for gjennomgangstrafikk har vore aktuelt politisk tema i kommunen pga svært lav standard, stor gjennomgangstrafikk og stort innslag av mjuke trafikantar (gåavstand til sentrum) men ikkje fortau/gangveg. Den nye kommuneplanen legg ikkje opp til stenging, men har i staden teke med gangveg/fortau langs Gamlevegen inn til krysset med Klokkarvegen.

Det er ikkje registrert spesielle ulukkespunkt på vegsystemet i området. Det er ikkje kollektivtilbod langs Gamlevegen, men frå Strandfeltet er det kort avstand til E39 med godt busstilbod.

## 5.8 Sosial infrastruktur

Planområdet er sentrumsnært, og det er gangavstand til det meste av privat- og offentleg tenestetilbod. Avstanden til næraste barneskule - Øyra skule, er om lag 1,6 km, og til Volda ungdomsskule noko lengre alt etter kva rute ein vel.

Det er generelt god barnehagedekning i Volda, og næraste barnehage ligg 0,7km unna


## 5.9 Universell tilgjengelegheit

Den eksisterande busetnaden både langs Gamlevegen og i Frøholmfeltet vart bygd før regelverket om universell utforming vart innført, og husa er soleis ikkje opprinneleg tilrettelagt for universell standard. Inni husa har vel dei som treng det tilordna bustaden etter eventuelle behov.

## 5.10 Teknisk infrastruktur

### Vatn og avløp

Vassleidning og spillvassleidning går over eigedomen langs Gamlevegen / E39.



### Renovasjon:

VØR henter i dag avfall ved off. veg.

## 5.11 Risiko- og sårbarheit (eksisterande situasjon)

Vi har gått gjennom og fylt ut Sjekkliste utarbeidd av Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Delar av planområdet er definert som aksomhetsområde (NGU) for snøskred og steinsprang. Dvs at vi må ha inn geofagleg vurdering av rastryggleiken i området.

GIS-link Plansjekk syner at her er mykje vegtrafikkstøy. E39 skal framleis gå her fram til ca 2020 då Ørstatunellen etter planen skal vere i drift, og vi må difor ta høgde for dette i vårt planarbeid.

Vi vil hyre inn kompetanse (Sweco / Kilde akustikk) for å få fastlagt trafikkstøynivåa og få vurdert aktuelle avbøtande tiltak.

## 6 BESKRIVELSE AV PLANFRAMLEGGET

### 6.1 Grunngeving for reguleringa

Arealet på Strand er i kommuneplanen avsett til bustadområde – B60, og eigarane meiner no at tida er moden for – i samsvar med kommuneplanen, å realisere ei omdisponering av desse areala som har vore ute av produksjon i lang tid. Dette vil gi mynt i kassa og bustader til den lokale marknaden

### 6.2 Reguleringsformål

Vi viser til reguleringskart på s45 samt reguleringsføresegner på ss46-50

Føremål – PBL§12-5	Nemning	Sosi-koding	Areal da	Utnyttingsgrad
<b>Bebyggelse og anlegg (A)</b>				
Frittliggende småhus	FS_1,2	1111	5,3da	BYAmax 30%
Konsentrert bustadbygging	BK_1-2	1112	9,5da	BYAmax 40%
Offentleg Leikeplass	o_Leik	1610	0,97da	
Felles leikeplass	f_Leik_1,2,3 og 4	1610	4,1da	
<b>Samferdsleanlegg (S)</b>				
Gamlevegen	o_SKV_Gamlevegen	2011		
Tilkomstvegar m P-plassar,	f_SKV_1-2	2011		
Gang- og sykkelveg	o_SG/S	2015		
Annan Veggrunn (Kantareal langs o_SKV)	o_SAv_1-2	2018		
Felles parkeringsanlegg	f_SP_1-2	2080		
<b>Grønstruktur (G)</b>				
Grønstruktur - friområde	o_GFr_1	3040		
Grønstruktur – Turdrag	f_GT_1	3030	1,2da	
<b>Omsynssoner</b>				
RpSikringSone (Frisikt)	H140_1,2			
RpSikringSone (Restriksjon på hogst)	H190_1			
RpStøySone (Støy <1,5m o bakken – gul sone)	H_220_1,2			
RpFareSone (Skred/steinsprang-fare)	H310_1			
RpBandleggingSone (Kulturminne ID177066)	H730			
RpAngittHensynSone (buffer)	H570			
<b>RpJur.liner</b>				
RpBestemmelseGrense (kult.minne ID177067)	RpBo nr1			

## 6.3 Gjennomgang av reguleringsformåla

### **Plassering og utforming av husa.**

Tiltakshavar har enno ikkje inngått nokon avtale med utbyggingsfirma, og vi har soleis ikkje noko konkret «program» for kva typer hus som skal byggast. Vi tenkte i utgangspunktet berre å lage ein flate-reguleringsplan utan for mykje detaljar, men pga. marginale tilhøve med bratt terreng og nokså smal arrondering på tomte der vi berre kan ta tilkomst heilt nede (Gamlevegen) og heilt oppe (Nordalsvegen) har vi sett nærare på nokre detaljar for å vere sikker på at vi kjem oss opp på tomtene utan alt for høge kostnader og store inngrep, og at vi får plassert hus der. Nokre av desse detaljane er synt på dei neste sidene der reguleringsføremlåa vert gjennomgått. Der har vi også lagt inn døme (m.«vanlege» hustyper) på korleis vi kan utnytte tomtene.

### Utnyttingsgrad:

Vi legg opp til BYAmax=40% for den konsentrerte delen av feltet og BYAmax=30% for frittliggande småhus. Dette er i samsvar med utnyttinga i naboområdet (Gamlevegen 48) som er regulert i nyare tid.

### Høgde og volum

Bustadbygningane si høgde skal vere innafor dei generelle reglane i plan- og bygningslova på maksimal gesimshøg på 8 meter og maksimal mønehøgde på 9 meter. Pga bratt terreng vil vi akseptere noko friare bygningsform, t.d terassering, og møne- og rafftehøgder vert soleis ikkje så eintydige her som ved bygging på flat mark. Det kan t.d vere aktuelt med lavblokker eller terrassehus der vi kanskje må avvike frå generelle raffte- og mønehøgder. Dette må takast stilling til i byggeplanane for dei ulike felte.

### **Uteareala**

Vi legg opp til fleire samlande lekeplassar i feltet:

### Offentlege friområde

I vestenden av planområdet ligg ei gammal «ball-løkke» (kommunal eigeendom) som vart mykje brukt då «Frøholmfeltet» var nytt. Då var trafikkmengda på Gamlevegen og E39 mykje mindre enn no, og det var dessutan ikkje stilt krav til støydemping og trafikktrygging. Standardkrava var heilt annaleis på den tida. Det har kome krav frå kommunen om at denne ball-løkka må takast inn i planen.

Vi har teke området inn i planen som kommunal leikeplass (o\_Leik) Dersom denne staden skal kunne nyttast til leikeplass med dagens krav må det her gjerast både støydempings- og sikringstiltak. Dette er ein kommunal ballplass som skal tene all bebyggelsen i området – både Frøholmfeltet, Strand og Gamlevegen 48, og det vert då kommunen som må stå for evt støy- og sikringstiltak. Vi har teke dette inn i føresegnene.

Skrenten opp mot Kleppåsen er LNF-område i kommunedelplanen for Volda sentrum. For ikkje å auke rasfaren er det lagt restriksjonar på skogsdrift med flatehogst i området, og det vil soleis ikkje vere mogleg å drive tradisjonell skogsdrift her. Området (3,7da) er tatt inn i planen og endra til friområde (o\_GFr\_1). Dette vil då – saman med arealbruken i tilgrensande planane for E/Klepp og Gamlevegen 48, utgjere ein gjennomgåande grøntkorridor som går vidare oppover til turområda ovanfor bebyggelsen i Volda sentrum.

### Felles grøntområder:

Vi har lagt inn ein gjennomgåande grøn korridor (f\_GT) mellom vårt byggefelt og Frøholmfeltet. Denne går samanhengande frå Gamlevegen og heilt opp i Nordalsvegen og skal fungere som turdrag og som buffersone mellom eksisterande og ny bebyggelse. Langs turdraget, mellom småhusbebyggelsen og konsentrert felt, har vi lagt inn to felles leikeplassar (f\_Leik\_1-2) som også kan benyttast av eksisterande bebyggelse i Frøholmfeltet. Desse to plassane er hhv 0,6da og 1,2da, men dei er bratte og oppfyller ikkje krava til US utan store terrenginngrep. Vi vil ha desse to plassane som naturtomter utan inngrep.

### Nærleikeplassar på byggetomtene

I føresegnene har vi kravd at det skal innpassast nærleikeplassar på 50m<sup>2</sup>/husvære innanforBK\_1og2, og at desse plassane skal ha universell standard.Husplassering, høgder, internvegar, parkering og nærleikeplassar skal innarbeidast i byggeplanane for kvart einskild byggeområde.

Vi har utarbeidd døme på korleis dette kan utformast – sjå illustrasjonar på ss 28-29. Desse skissene er ikkje juridisk bindande. Etter motsegn frå Fylkesmannen har vi lagt inn desse nærleikeplassane som eigne reguleringsføremål med nemningane f\_Leik\_3 i BK\_1, og f\_Leik\_4 i BK\_2.

### Offentleg Leikeplass (o\_Leik)


Kommunen krev at vi må ta med den kommunale ball-løkka ved vestenden av Gamlevegen i planen. Dersom vi velger å nytte dette arealet til andre føremål må vi stille erstatningsareal til tilsvarande ballplass i området. Pga det automatisk freda kulturminnet «Dyrkingsspor ID 177066» kan vi ikkje gjere inngrep ved bygging på- eller skjæring / fylling i dette arealet, og vi må difor beholde noverande utforming på området. Ball-løkka er soleis teke inn i planen som kommunal frileikeplass o\_Leik med uendra utforming.

Dette er ein kommunal ballplass som skal nyttast av alle som bur i området – både Frøholmfeltet, Nordalen, Strand og Gamlevegen 48, og det vert då kommunen som må stå for evt utbygging av skjermings /sikrings-tiltak. Vi har teke dette inn i føresegnene.

Nedanfor syner vi eit snitt gjennom tomta.

Her er som vi ser ei stigning på 1:8 på sentrale delar av tomta. For at dette skal bli ein brukbar, støydempa og sikker ballplass etter dagens krav må det som minimum støydempast med støyskjerm mot E39.

### Snitt gjennom ball-løkka






## 6.3.1 - Bebyggelse og anlegg (A)

### Frittliggende småhus (FS\_1,2)

Områda for frittliggende småhus ligg øvst i feltet og skal ha tilkomst via den kommunale vegen opp gjennom Frøholmfeltet. Terrenget er soppass bratt at det er utfordrande å få på plass ein intern tilkomstveg ned i denne delen av området. Den austre delen av området (inn mot skrenten) er omsynssone – steinsprangfare. Med bakgrunn i ovanstående har vi fått plass til 3 frittliggende småhus i denne delen av området. Dette er vel ogspå tilstrekkeleg m.o.t. trafikkauke gjennom Frøholmfeltet. Skissa nedanfor syner veg med lengdeprofil, felles garasjeplassing samt områda FS\_1 og 2



Øvre bustadgate

### FS\_1,2

#### Makebyte m Inge Lid:

Eigarane (Strands dødsbu) har avtalt eit makebyte med naboen i vest (Inge Lid) for å få til ei betre nedkørsle til vårt felt. Vi har flytta avkøyrsla ca 20m vestover andsynes Nordals-planen.

#### Tilkomst – garasjeplassing:

For å forenkle tilkomsten på bustadhusa på FS\_1 har vi lagt opp til felles garasjeplassing ovanfor tilkomstvegen. Dette vil frigjere formgjeving og tilkomst på tomtene.


#### Mønehøgder og byggutforming:

Tomtene er bratte, og vi har gitt opning for ei noko friare utforming, evt terrassering av husa. Utforming med høgde og husplassing må godkjennast av kommunen. Pga bratt terreng vil vi ikkje dele FS\_1 i tomter, men vi legg opp til 2 bustadhus på dette arealet, og så får vi dele FS\_1 i to tomter ut frå tilkomstproblematikk og husform. Vi krev samla byggeplan for FS\_1 før bygging på dette området. Vi har lagt opp til BYAmax=30% for FS\_1 og 2

#### Steinsprangfare

I følge skredrapporten frå Breiteig Fjordsenter (geolog Arne Sandnes) er her ikkje steinsprangfare på bustadtomtene. Omsynssona går ned til tilkomstvegen (f\_SKV\_2).

Vertikalnivå – tilkomstvegen: Vi meiner at veglina bør leggst nokså tungt i terrenget for å redusere fyllinga på bustadsida av vegen og soleis lette tilkomsten.




## Konsentrert bebyggelse (BK\_1-2)

På områda BK\_1 og 2 er det høve til oppføring av fleirmannsbustader / lavblokker / terrassehus.


### BK\_1:

#### Oppfylling av tomta for BK\_1:

Tomta fell nokså mykje av ned mot søraustre hjørnet. Her tenker vi å fylla opp arealet med overskottsmasse frå bygginga i feltet. Kartet og snittet nedanfor syner korleis vi tenker denne oppfyllinga. Støyvollen skal leggast oppå fyllinga. Sjå skisse og snitt nedanfor.



#### Oppfylling av terrenget i sør-austre hjørnet av tomta







Utnytting av BK 1:

Døme på korleis vi kan utnytte areala på BK 1. Her har vi plassert 3 små firemannsbustadar med garasjer og P-plassar på tomta. Løda skal rivast. Bak støyvollen tenker vi å utnytte arealet til felles uteområde for desse tre firemannsbustadane – her er plass til små kjøkkenhagar, skjerma småbarnsleikeplassar etc. Tiltakshavar har førebels ikkje inngått avtale med nokon utbygger, og vi krev difor samla byggeplan og prosjektering av BK\_1 og 2 før bygging. Illustrasjonane i planomtalen er ikkje juridisk bindande. Dei er berre døme på korleis vi tenker oss utbygging her


Snitt gjennom tomta. Snittplassering synt på skissa ovanfor





Utnytting av BK 2

Døme på korleis vi tenker oss utnytting av areala på BK 2. Her har vi plassert 3 små firemannsbustadar og to lavblokker med parkering i kjellaren pluss utvendige P-plassar på tomte. Den austlege lavblokka kan få parkering i underetasjen og tilkomst direkte frå Gamlevegen  
Tiltakshavar har førebels ikkje inngått avtale med nokon utbygger, og vi krev difor samla byggeplan og prosjektering av BK\_1 og 2 før bygging. Illustrasjonane i planomtalen er ikkje juridisk bindande. Dei er berre døme på korleis vi kan tenke oss utbygging her




## 6.3.2 - Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur (S)

### Offentleg veg (o\_SKV\_Gamlevegen)

Den kommunale samlevegen (o\_SKV\_Gamlevegen) er teken inn i planen tvers gjennom vårt planområde. Vegen er planlagt med den standard som vart bestemt i førehandskonferansen: 4m køyrebane, 3m gangveg / fortau, samt 1,5m kantareal på begge sider av vegen. Samla 10m breidde på veganlegget Lineføringa for CL Gamlevegen er identisk med eksisterande senterline, og geometrien er knytt saman med lineføring / geometri i reguleringsplanen for Gamlevegen 48 aust for vårt planområde. Vertikalgeometrien er også i samsvar med noverande.

### Offentleg gang-/sykkelveg(o\_SG/S)

Langs o\_SKV\_Gamlevegen er det lagt inn fortau m 3m breidde



### Interne tilkomstveggar:

Dei interne tilkomstvegane på BK\_1 og 2 må planleggast og prosjekterast saman med bygningane. Det må leggast fram samla byggeplan for kvart område før bygging kan godkjennast. Byggeplanen skal innehalde horisontal- og vertikal husplassering samt detaljert utomhusplan med vegtilkomst, parkeringsanlegg og nærleikeplassar / uteplassar.

### Gang- og sykkelveg

Det er planlagt (kommunedelplanen) nytt fortau langs Gamlevegen. Vi har teke inn dette fortauet gjennom vårt planområde. Inntil utbygging av gangvegen er gjennomført vil Gamlevegen heilt inn til sentrum ha blanda trafikk.

### 6.3.3 - Grøntstruktur (G)

#### Off. grøntområder:

Skrenten opp mot Kleppåsen er LNF-område i kommunedelplanen for Volda sentrum. For å dempe rasfaren er det lagt restriksjonar på skogsdrift med flatehogst i området, og det vil soleis ikkje vere mogleg å drive tradisjonell skogsdrift her. Området (3,7da) er i staden tatt inn i planen og endra til friområde (o\_GFr\_1). Dette vil då – saman med arealbruken i tilgrensande planane for E/Klepp og Gamlevegen 48, utgjere ein gjennomgåande grøntkorridor som går vidare oppover til turområda ovanfor bebyggelsen i Volda sentrum.

#### Felles grøntområder:

Vi har lagt inn ein gjennomgåande grøn korridor (f\_GT) mellom vårt byggefelt og Frøholmfeltet. Denne går samanhengande frå Gamlevegen og heilt opp i Nordalsvegen og skal fungere som turdrag og som buffersone mellom eksisterande og ny bebyggelse. Langs turdraget, mellom småhusbebyggelsen og konsentrert felt, har vi lagt inn to felles leikeplassar (f\_Leik\_1-2) som også kan benyttast av eksisterande bebyggelse i Frøholmfeltet.

Desse to plassane er hhv. 0,6da og 1,2da, men dei er bratte og oppfyller ikkje krava til US utan store terrenginngrep. Vi vil ha desse to plassane som naturtomter utan inngrep.

### 6.3.4 - Omsynssoner

#### Sikringssoner:

Skogen på **H190** inngår som del av *skredsikring* av området o\_GFR\_1 og det er forbod mot flatehogst i dette området. Vanleg skogskjøtsel kan tillast.

**H140\_1,2** er frisktsonene i hovudkryssa. Dei internvegane som ikkje er inne på plankartet må ha med frisktsoner i byggeplanen som skal følge byggemeldinga. Som hovudregel skal det vere fri sikt i ei høgd på max 0.5m over planet for dei tilstøytande vegane. Høgstamma tre, trafikkskilt ol. som er lite sikhindrande kan godtakast i desse sonene.

#### Støysoner:

**H220\_1,2** utgjør *støysoner- trafikkstøy gul sone 1,5m over terreng*. For støytala ved terrengnivå (uteområda) er det stort sett claro – dvs akseptabelt nivå overalt. For nivå 4m over terreng, altså andre etasje på husa, er det ein del gule soner oppover i planområdet – dette er områder som har litt for høgt støynivå. I samband med byggeplanen for dei husa som ligg innanfor denne sona må det leggest fram plan for støytiltak, og fagkunnige skal dokumentere at tilstrekkelege støytiltak er gjennomført før desse husa kan takast i bruk. Støyrapporten i sin heilskap er lagt ved som vedlegg til denne planrapporten.

#### Faresoner:

Innafor **H310** er det registrert skredfare. Det kan ikkje ferdigstillast bustadbygg innafor faresona før tilstrekkeleg skredsikring er gjennomført og kontrollert / godkjend av geolog.

#### Automatisk freda kulturminner

Ved den arkeologiske registreringa vart det funne to automatisk freda kulturminner m ID177066 og 177067. Fylkeskommunen vil nytte forenkla dispensasjon, og tiltak i samsvar med planen er tillatt. ID177067 er allereide undersøkt og dokumentert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår knytt til dispensasjon der. ID177067 er markert på reguleringskartet med Juridisk line RpBestemmelsGrense og nemninga «RpBo nr 1.» Kulturminnet ID 177066 er markert som omsynssoner «H 730 og H570» på plankartet i området o\_Leik.

## 6.4 Tilknytning til infrastruktur

### Plan for vatn og avløp samt tilknytning til offentleg nett

Planforslaget legg til grunn tilknytning til eksisterande offentleg nett for vatn og avlaup i Gamlevegen. Sjå skisse s21

### Avfallshandtering/

På byggeplanen skal det visast plass for felles returpunkt for renovasjon på kvart av byggeområda. Plassen må lokaliserast slik at VØR sine bilar lett kan kome til utan for mykje snuing og bauting. VØR skal godkjenne plasseringa.

## 6.5 Planlagde offentlege anlegg

Planframlegget omfattar

- Bygging / utbetring av offentleg veg og gang-/sykkelveg. (Gamlevegen m nytt fortau) samt
- Tilordning av kommunal ball-løkke – friområde med støydemplings- og sikringstiltak.

Det må inngåast utbyggingsavtale med kommunen for desse anlegga.

## 6.6 Universell utforming

Innafor BK\_1og2 legg planen til rette for oppføring av fleirmannsbustadar. Bygningane i BK\_2 vil ha parkering i underetasje. Frå parkeringskjellar til bustadetasjane vil det vere krav om heis. Bustadbygning med krav om heis har også krav om universelt utforma uteareal. Dette gjeld tilkomst, parkering og uteopphaldsareal. Nærleikeplassane på BK\_2 skal også ha US – sjå døme på s29 der slikt leikeareal er illustrert I BK\_1 vil vi legge opp til universelt tilgjenge på 2.etasje-planet som kan leggast på same nivå som parkeringsanlegget. Underetasjen her vil ikkje få US. Nærleikeplassane på BK\_1 skal ha US, men pga plasseringa nedom husa vil dette krevje noko tilpassing / inngrep.

Dei felles leikeområda f\_Leik\_1og2 vil ikkje få universell standard (bratte naturtomter) og den off.leikeplassen o\_Leik kan nåast frå Gamlevegen av rørslehemma, men sjølve området er så bratt at det kan vere vanskeleg å bevege seg der med rullestol då vi ikkje kan gjere tilpassingar eller inngrep pga ID177066.

## 6.7 Skog- og landbruksaktivitet

Skrenten opp mot Kleppåsen er LNF-område i kommunedelplanen for Volda sentrum. For å dempe rasfaren er det lagt restriksjonar på skogsdrift med flatehogst i området, og det vil soleis ikkje vere mogleg å drive tradisjonell skogsdrift her. Vanleg skogskjøtsel er OK

Området (3,7da) er tatt inn i planen og endra til friområde (o\_GFr\_1). Dette vil då – saman med arealbruken i tilgrensande planane for E/Klepp og Gamlevegen 48, utgjere ein gjennomgåande grøntkorridor som går vidare oppover til turområda ovanfor bebyggelsen i Volda sentrum.



## 6.8 Kulturminne

### Automatisk freda kulturminne:

Av automatisk freda kulturminne er det avdekka to lokalitetar med fossile dyrkingslag (ID177066 og ID177067) som i vart tolka som dyrkingsspor frå brosealderene etter at prøver vart sendte til karbon-datering (C14) i USA. Etter nærare gjennomgang av funna og avklaring mellom registrator, fylkeskonservator og riksantikvar har dei vorte samde om at det kan nyttast lokal dispensasjonsheimel på dette – dvs at MR Fylkeskommune (i staden for Riksantikvaren) kan gi dispensasjon for bygging i alle fall på eine lokaliteten (ID177067). Kulturminnet ID 177067 er markert med RpBestemmelseGrense og påskrift «RpBo nr 1 - ID 177067» på plankartet. Fylkeskommunen (Kleiva) konkluderer med at... «Tiltak i samsvar med planen er tillatt. Kulturminnet ID 177067 er allereide avdekka og registrert, og det vert ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med dispensasjonen.»

Kulturminnet ID 177066 er markert som omsynssoner «H 730 og H570» på plankartet i området o\_Leik og kan ikkje bebyggast eller fyllast opp / planerast.

### Steingardar:

Det er berre ein synleg steingard i området. Den ligg langs grensa til bustaden til Inge Lid og er både godt og stabilt lødd og fin å sjå til. Denne steingarden som ligg i grensa mot naboen skal bevarast, i alle fall på vår side, og det vert ikkje gjort noko tiltak som kan røyve denne garden på vår side. Steingarden er dokumentert på s.20 i kap.5 om eksisterande tilhøve

### Løda:

Løda skal rivast. Informasjon om bygningshistorie etc går fram på s19 i kap. 5.4 om eksisterande tilhøve.

## 6.9 Sosial infrastruktur

Planområdet er sentrumsnært, og det er gangavstand til det meste av privat- og offentleg tenestetilbod.

Avstanden til næraste barneskule- Øyra skule, er om lag 1,6 km og til Volda ungdomsskule noko lengre alt etter kva rute ein vel.

Det er generelt god barnehagedekning i Volda, og næraste barnehage ligg 0,7km unna

## 6.10 Avbøtande tiltak/løysingar ROS

NGU sine aktsemdskart viser aktsemdsområde her vest i Kleppåsen. Vi fekk difor gjennomført skredfarevurdering av Breiteig Fjordsenter v geolog Arne Sandnes (sjå vedlagt rapport).

Rasrapporten omfatter vurdering av Strand-feltet ut fra massestabilitet, fare for steinsprang og fare for snøskred.

### *Konklusjon:*

... «Konklusjonen bygger på vurdering av aktsomhetskart steinsprang, snøskred, løsmassekart, topografiske kart, flybilder, geologiske vurdering i felt og til sist historisk informasjon som inkluderer samtale med kjentmann Trond Klepp.

*Fra en geofaglig vurdering er nominell sannsynlighet for at en eller flere av de nevnte geofarar skal inntreffe mot byggverk i det definerte planområdet med tilhørende uteareal tilfredsstillende relatert til TEK 10 § 7-3.*

*Fra et geofaglig ståsted kan planarealet, med ivaretagelse av de bemerkninger som er gjort, anbefales for tiltenkte formål....»*

## 7 Verknader av planframlegget

### 7.1 Overordna planar

Planforslaget er i samordna med følgende vedtekne planar:

Kommuneplanen:

Reguleringsframlegget for Strand er i samsvar med kommunedelplan for Volda sentrum.

Reguleringsplanar:

Vi har tilpassa oss desse vedtekne reguleringsplanane:

-Gamlevegen 48, -Nordalsplanen, -Engeset og Klepp, -Frøholmplanen.

### 7.2 Landskap, bygningsmiljø og estetikk (Sjå bilde på s 16 og 17)

Strandeigedomen framstår no som ein noko attgrodd landbrukseigedom med gammal kulturmark og eit gammalt, fragmentert tun med ein kommunal samleveg forbi mellom våningshuset og løda. Områda både på aust-, nord- og vestsida har preg som bustadområder frå litt ulike tidsepokar men klart som ein del av bygdebyen Volda sitt sentrumsområde. Det avgrensa området som utgjør dette smale bruket vil endre karakter frå å vere landbrukseigedom med eit frittliggende bustadhus, ei løde, ein gammal garasje og stor hage, til å bli eit nokså tett bustadområde med opparbeidde vegar og bearbeidd terreng der det før har vore kulturlandskap og hage. Ei slik fortetting tek vekk eit lita grøn lunge mellom byggefelt, men dette er bestemt i kommunedelplanen og vil samstundes vere i tråd med den utviklinga vi ser i tilgrensande område.

### 7.3 Konsekvensar for naboar

Våre byggefelt vil nok merkast mest for naboane i vest i Frøholmfeltet som er eit tradisjonelt villaområde med ein bustadar og store hagar. Vegsystemet i feltet er ganske bratt, særleg den gjennomgåande Øggardsvegen som er den gamle gardsvegen til bruket Nordal som ligg ovanfor Frøholmfeltet.

Bebuarane i Frøholmfeltet fryktar for at det vil bli mykje gjennomgangstrafikk då Nordalsvegen som er ei rein bustadgate vil verte det naturlege vegvalet når ein skal køyre heilt opp gjennom feltet.

Vi har difor lagt det opp slik at det berre er dei 3 tomtene i FS som må ha tilkomst via Frøholmfeltet. Dette skulle vere til å leve med.

Elles ligg det ein markert rygg mellom Frøholmfeltet og våre nye bustadfelt, så våre hus vert lite synlege frå dei næraste villaene. Soltilhøve og utsikt vil ikkje forringast for naboane.

### 7.4 Kulturminne og kulturmiljø

Utbygginga vil ikkje ha negativ verknad for automatisk freda kulturminne i og med at den avdekka rydningsrøysa kan handsamast som bestemmelsesområde med høve til lokal dispensasjon. Tiltak i samsvar med planen er tillatt. Kulturminnet ID 177067 er allereide avdekka og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med dispensasjonen. Kulturminnet ID 177066 er markert som omsynssoener «H 730 og H570» på plankartet i området o\_Leik.

Løda er eit koseleg innslag og eit minne om Volda si tidlegare historie. Det er synd å rive denne, men det er ikkje hensiktsmessig – korkje vedlikehaldsmessig, bruksmessig eller arronderingsmessig for arealet å ta vare på denne. Nokre knuste egg for ein omelett.

Steingardane vil ikkje bli røyvde men skal i utgangspunktet inkorporerast som kulturlandskapsminner i frikorridorane / leikeområda. Dette er teke inn i Føresegnene §§ 4.3 b og 6 b.

### 7.5 Uteområde, rekreasjonsinteresser og barn og unge sine interesser

Den gamle ball-løkka ved enden av Gamlevegen vart tidlegare mykje nytta av ungane i området.

Vi har teke inn denne lokaliteten i planen som offentlig leikeplass, dvs at vi ikkje endrar føremålet i høve noverande bruk. Leikeplassen må ha tilfredsstillande støyskjerming ned mot noverande E39.

Høvet til å kome seg frå Gamlevegen og til fjells via Nordalen vert ikkje forringa andsynes nosituasjonen. I dag går folk opp gjennom Frøholmfeltet - i framtida kan dei alternativt velje å gå langs turdraget i vestgrensa av vårt felt.

Stien frå Nordalen opp til Kleppåsen er brukt av mange – den kjem ned ovanfor vårt byggefelt og vil ikkje bli berørt av vår utbygging.

### 7.6 Trafikktilhøve

Planen vil medføre auka biltrafikk i Gamlevegen. Naboane er skeptiske til auka trafikk både i Gamlevegen og gjennom bustadgatene i Frøholmfeltet.

Med den avkøyrslpolitikken som kommunen har praktisert i Gamlevegen dei senaste åra vil all ny bygging i området aktualisere stenging for gjennomkøyring av Gamlevegen. Alle dei 4 nye husa (2 stk 4-m-bustadar + 2 einebustadar) som er under bygging i Gamlevegen 48 får direkteavkøyrslar til Gamlevegen, og med alle andre direkteavkøyrslar i tillegg til svært lav horisontal og vertikal standard er det vel berre stenging som er forsvarleg. Dette vart vurdert ved utarbeiding av den nye (2011) kommunedelplanen for Volda sentrum der konklusjonen var å ikkje stenge gata, men bygge gangveg mellom Frøholmfeltet og krysset til Klokkarvegen. Vi legg difor inn i planen «vår del» av denne gangvegen forbi Strandfeltet.

### 7.7 Sosial infrastruktur

#### Skulekapasitet

Næraste barneskule er Øyra skule (1,6km). Vår utbygging vil sjølvstapt legge press på skulekapasiteten i Volda sentrum. Det er sannsynleg at skulen vert opprusta og/eller utvida dei næraste åra.

#### Barnehagekapasitet

Det er fleire barnehagar i nærområdet med tilstrekkeleg barnehagekapasitet og planforslaget vil neppe utfordre barnehagedekninga.

### 7.8 ROS

Planforslaget vil ikkje gi ein endra situasjon i forhold til ROS.

#### Rasfare

Skredfaren i området er vurdert og nødvendige sikringstiltak synleggjort i planen.

### 7.9 Teknisk infrastruktur

Planforslaget legg opp til tilkopling til eksisterande V/A-anlegg, og det er (etter det vi forstår) god nok kapasitet på dette nettet.

## 7.10 Jordbruk / skogbruk

Skrenten opp mot Kleppåsen er endra frå LNF-område til friområde med forbod mot flatehogst. Dette arealet går dermed ut som skogproduksjonsområde for landbrukseigedomen.

## 7.11 Økonomiske konsekvensar

Opparbeiding av tekniske anlegg i feltet til samsvar med plan er vilkår for utbygging i området. Jf Plan og bygningsova kap. 18.

Vilkår for utbygging av området er fastlagt i reguleringsplan og føresegner, jf rekkefølgekrav.

Eventuell kommunal medverknad i utbygging/tilrettelegging av infrastruktur etter plan vil bli avklara gjennom utbyggingsavtale. Jf. Reguleringsføresegnene §8.



# REGULERINGSPLAN FOR STRAND - Volda sentrum

Volda kommune

## ENDRINGAR

### TEIKNFORKLARING PBL. § 12-5

#### 1: BEBYGGELSE OG ANLEGG (PBL. § 12-5 .1)

FS_1,2	FRITTLIGGANDE SMÅHUS
BK_1,2	KONSENTRERT BUSTADBYGGING
o_Leik	OFF. LEIKEPLASS
f_Leik_1,2	FELLES LEIKEPLASS

#### 2: SAMFERDSELSANLEGG OG TEKNISK INFRASTRUKTUR (PBL § 12-5.2)

f_SKV_1,2	FELLES KØYREVEG
o_SKV	OFFENTLEG KØYREVEG
f_SP_1,2	FELLES PARKERING/GRASJER
o_SG/S_1,2	OFF GANG-/SYKKELVEG
o_SaV_1,2,3	ANNA TRAFIKKAREAL

#### 3: GRØNNSTRUKTUR (PBL. § 12-5 .3)

f_GT	TURDRAG
o_GFr	OFFENTLEG FROMRÅDE

#### OMSYNSSONER


H140_1,2	RpSikringSone H140_1,2 (Frisikt)
H220_1,2	RpStøySone H220_1,2 (støy gul sone 1,5m o terr.)
H190	RpSikringsone H190 (restriksjonar på hogst)
H310_1	RpFareSone H310_1 (skred / steinsprang-fare)
H730	RpBandleggingSone (Automatisk freda kulturminne)
H570	RpAngittHensynSone (Buffer)

#### JURIDISKE LINER OG PUNKT


	Plangrense
	Føremålsgrænse
	Regulert tomtegrænse
	Byggegrænse
	Regulert senterline
	Bestemmelsesgrænse kulturminne
	CL støyvoll / støyskjerm

#### KARTOPPLYSNIGAR

Koordinatsystem: UTM sone 32 / Euref89



Basiskart er teikna med svak gråfarge



M 1:1000

#### SAKSHANDSAMING ETTER PBL

Oppstartkonferanse

Forvarsling i tida 1.feb - 15.mars 2013

1. gangs handsaming i planutvalet


off. ettersyn i tida frå \_\_\_\_\_ til \_\_\_\_\_

2. gangs handsaming i planutvalet


Handsaming i kommunestyret

Kunngjering med klagefrist

#### PLANEN ER UTARBEIDD AV:



DATO  
Utarbeidd 20.feb -15  
Just 3.mai -15 sh  
Just 8.okt -15 sh  
Just 21.okt -15 sh  
Just 10.nov -15 sh



Side 51

X 6894800

X 6894700

X 6894600

**REGULERINGSFØRESEGNER**

Detaljregulering for Strand

PlanID: 15192012011

Revidert 1.11.2015, 10.11.2015

Eigengodkjenningdato: \_\_\_\_\_

Eigengodkjend av: \_\_\_\_\_

**REGULERINGSFØRESEGNER**

tilknytt detaljreguleringsplan for Strand

Reguleringsplan: B-60 STRAND -gnr 15 bnr 2 m.fl.

Utarbeidd av: Svein Holmen Planlegging – for Strand Utvikling as

**§ 1 -GENERELT**

1.1 Reguleringsplanen er utarbeidd som detaljplan i samsvar med PBL 2008. Reguleringsføresegnene gjeld innanfor det området som er synt med reguleringsgrense på plankartet

1.2 Etter at denne reguleringsplanen med tilhøyrande føresegner er gjort gjeldande, kan det ikkje gjerast privatrettslege avtalar som er i strid med planen.

1.3 Det er ikkje høve til, med private servituttar, å skipe tilhøve som er i strid med desse føresegnene. Ved sida av desse reguleringsføresegnene gjeld vedtekter i Plan-og bygningslova og bygningsvedtektene for Volda kommune. Når særlege grunnar talar for det kan kommunen tillate mindre vesentlege endringar frå reguleringsplanen innanfor ramma av bygningslovgevinga og dei kommunale vedtektene.

**§2 – REGULERINGSFØREMÅL:**Området er regulert til følgande føremål etter PBL § 12-5:

Bebyggelse og anlegg (A)	Frittliggende småhus (1111) <b>FS_1,2</b> Konsentrert bustadbygging (1112) <b>BK_1,2</b> Offentleg leieplass (1610) <b>o_Leik</b> Felles leikeplass (1610) <b>f_Leik_1,2,3 og 4</b>
Samferdsleanlegg (S)	Off. Køyreveg (2011) <b>o_SKV_Gamleveg</b> Felles køyreveg (2011) <b>f_SKV_1-2</b> Gang og sykkelveg (2015) <b>o_G/S_1,2</b> Annan veggrunn (2018) <b>o_SaV_1,2</b> (kantareal langs Gamleveg)
Grønstruktur (G)	Felles parkeringsanlegg(2080) <b>f_SP_1,2</b> Friområde (3040) <b>o_GFr_1</b> Turdrag(3030) <b>f_GT</b>
Omsynssoner (Pbl §12-6)	RpSikringSone <b>H140_1,2</b> (Frisikt) RpSikringSone <b>H190</b> (Restriksjon på hogst) RpFareSone <b>H310</b> (Skred/steinsprang-fare ) RpStøySone <b>H220_1og2</b> (Støysone<1,5m o terreng) RpBestemmelseGrense (RpJuridiskLinje 1235 - kulturminne)



## §3 FELLESEFØRESEGNER

- a Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggegrensene som er vist på plankartet.
- b Ved handsaming av søknad om byggeløyve skal kommunen sjå til at bygningane får god form og materialbruk, og at bygningar i same område får ei harmonisk utforming i høve terrenget og i høve eksisterande bebyggelse.  
Det skal ikkje nyttast reflekterande materialar eller skjemmande fargar på bygningar / anlegg.
- c Høgde og utforming av gjerde mot veg skal godkjennast av kommunen. Gjerde mot nabo / fellesareal / veg / friområde må ikkje vere over 80cm. høgt inklusive sokkel.
- d Der terrenget etter opparbeiding gjer det naudsynt med støttemur mot grannetomt eller veg, kan kommunen gje påbod om at planeringshøgder skal løftast eller gjerast lågare, eller at det vert nytta skråningar som gjer høgda på støttemurane lågare. Det tillatast oppført støttemurar i eigedomsgrensene
- e Alle bustadbygg skal oppførast med tett sålekonstruksjon (radonsperre) i grunnmur.
- f Det skal leggast vekt på å opparbeide gode uteareal. Eksisterande trevegetasjon skal så langt som råd takast vare på. Ny vegetasjon skal haldast så lav at den ikkje tek utsikt frå bakanforliggande hus.
- g Overskottsmasse skal køyrast vekk.
- h Utbyggar har meldeplikt etter § 8.2 i lov om kulturminne dersom det vert avdekkja automatisk freda kulturminne innanfor plangrensene. Kulturminneforvaltninga avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsette og vilkåra for det. Fristen kan under gitte forhold forlengast.
- i Detaljert byggeplan før byggeløyve kan gjevast.  
Før det kan gjevast løyve til utbygging på dei einskild byggeområde, BK1 og 2, og Fs1 skal det utarbeidast detaljert byggeplan for kvart område. Horisontal og vertikal husplassering, interne trafikkøysingar og parkeringsplassar på tomte samt utforming og innhald på leikeareal skal visast på byggeplanen. Det skal utarbeidast 3D-illustrasjonar av husa som del av byggeplanen.  
Leikareal:  
Innanfor byggeområda skal det settast av min. 50m<sup>2</sup> pr bueining til leikeareal med universell standard. Plassert som vist i reguleringskartet.  
Områda skal planleggast ut frå fylgjande retningslinjer:
- leikeplassane skal utformast i samsvar med reglane i Rikspolitiske retningslinjer om barn og unge og rettleiar til denne.
  - areala skal/bør lokaliserast på sør-vest for husa /med gode sol og vindtilhøve
  - areala skal vere flate (areal brattare enn 1:3vert ikkje rekna som del av arealkravet) med tilrettelagte soner/stiar som kan trafikkerast med rullestol
  - areal smalare enn 10 m skal ikkje reknast inn i leikearealet
  - areal sett av til køyreveg, parkering, fareområde, areal lagt med restriksjonar som hindrar barn sin frie leik skal ikkje reknast med.
  - nærleikeplassane kan møblerast etter bebruarane sine ynskjer, men skal minimum vere opparbeidd med sandkasse, benk og eit leikeapparat
  - nærleikeplassane skal vere opparbeidd før første bustadeining i eit område kan takast i bruk.

---

**REGULERINGSFRAMLEGG STRAND Gnr: 15, Bnr: 2 m.fl. VOLDA SENTRUM**


---

Vidareført støyvurdering –dokumentasjon i høve til vilkår i T-1442 :

Støyskjerming mot E39 skal etablerast ved støyvoll mot byggeområda og ved støyskjerm mot område til off. leikeplass (o\_Leik - sosi1610) i samsvar med beskrivelse gitt i Støyrapport datert 29.07.2014 utarbeidd av Sweco Norge/Vest Akustikk.

Som del av utarbeiding av detaljert byggeplan for dei ulike byggeområda skal det gjennomførast vidareført støyvurdering og det skal ligge føre dokumentasjon utarbeidd av sakkunnig, som sikrar at alle deler av bygg og uteareal er sikra støytilhøve innan for gjeldande retningsliner i T-1442.

Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:

- Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
- Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom dersom det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
- Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.

- J Bestemmelsesområdet på BK\_1 og f\_leik 3 er markert med RpBestemmelse Grense (juridisk line) og påskrift "RpBo nr 1 - ID 177067". på plankartet. Tiltak i samsvar med planen er tillatt. Kulturminnet ID 177067 er allereie avdekket og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med utbygging etter plan. Gjennom godkjenning av plan er det gitt dispensasjon frå Kulturminnelova §§ 3 og 4, jf. Kulturminnelova §8 fjerde lekk.
- K Ved utbygging /anleggsarbeid på område Bk1 og f\_leik 3 skal det oppsettast lettgjerd som markerer grensa mellom utbyggingsområda og omsynssone H\_730/H\_570, som ei fysisk synleg påminning om at dette er område der ein ikkje skal gå inn, ut frå omsynet til automatisk freda kulturminne ldnr 177066.

#### §4 BEBYGGELSE OG ANLEGG, PBL. §§12-5 nr.1 og 12-7

##### 4.1 Konsentrert bustadbygging (BK\_1og2)

- a Det skal utarbeidast detaljert, samla byggeplan for områda BK\_1 før det kan gjevast løyve til bygging i dette området. Horisontal og vertikal husplassering, interne trafikk-løysingar og parkeringsplassar på tomta samt leikeareal og felles returpunkt for renovasjon skal visast på byggeplanen. Det skal leggest fram 3D-illustrasjonar av husa i byggeplanen. Evt avbøtande tiltak mot støy for alle delar av bygga og uteareal skal vere dokumentert av fagkunnig som del av byggeplan. (jf pkt 3 g) Det må som del av teknisk avklaring før utbygging dokumenterast at støyvoll/skjerming kan etablerast utan fare for utgliding og med tilfredsstillande stabile skråningar mot framtidig veg/veggrøft langs E39.
- b Det skal utarbeidast detaljert, samla byggeplan for område BK\_2 før det kan gjevast løyve til bygging i dette området. Horisontal og vertikal husplassering, interne trafikk-løysingar og parkeringsplassar på tomta samt leikeareal og felles returpunkt for renovasjon skal visast på byggeplanen. Det skal leggest fram 3D-illustrasjonar av husa i byggeplanen. Evt avbøtande tiltak mot støy i 2.høgda skal dokumenterast og godkjennast av fagkunnig i byggeplanen. (jf pkt 3 g)
- c I BK\_1 og BK\_2 kan det først opp konsentrert bebyggelse med tilhøyrande anlegg som garasje bud ol.
- d Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegransene som er vist på plankartet. Bygningar på BK\_1 kan oppførast med møne-/gesimshøgde inntil 8 m og mønehøgde inntil 9 m.

**REGULERINGSFRAMLEGG STRAND Gnr: 15, Bnr: 2 m.fl. VOLDA SENTRUM**

På BK\_2 kan gesimshøgde på inntil 10.5 m (lavblokker) godtakast. (gesimshøgde målt frå lågaste terrengnivå i front av bygget/hovudfasade).

- e Innanfor BK\_1 og BK\_2 kan maksimal utnyttingsgrad vere 40% BYA.  
BK\_1 og BK\_2 skal ha avkøyrslane frå o\_SKV\_Gamlevegen.  
Avkøyrslane skal plasserast i samsvar med plankartet og utformast i samsvar med reglane i Statens vegvesen si handbok 017.
- f Innafor BK\_1 og BK\_2 skal det opparbeidast 2 parkeringsplassar pr. bueining – minst ein av desse skal vere i garasje, carport eller parkeringskjellar
- g Vidareført støyvurdering vert kravd som del av byggeplan, der plassering og utforming av bygg er klarlagt for å sikra at vilkår i T-1442 vert tilfredsstillt. Ved byggemelding for dei husa i BK\_1 og BK\_2 som ligg innanfor omsynszone H220- (trafikkstøy) må det leggjast ved plan for støytiltak utarbeidd av fagkunnige.  
Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:  
-Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.  
-Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom dersom det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».  
-Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.
- h Bestemmelsesområdet på BK\_1 og f\_leik 3 er markert med RpBestemmelse Grense (juridisk line) og påskrift "RpBo nr 1 - ID 177067". på plankartet. Tiltak i samsvar med planen er tillatt.  
Kulturminnet ID 177067 er allereie avdekket og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med utbygging etter plan. Gjennom godkjenning av plan er det gitt dispensasjon frå Kulturminnelova §§ 3 og 4, jf. Kulturminnelova §8 fjerde lekk.
- i I dei områda av BK\_2 som omfattast av faresone ras skal det etablerast avbøtande tiltak.  
Skredsikringstiltaka skal planleggast og gjennomføring av tiltak kontrollerast av geolog før bustadbygg kan takast i bruk.

**4.2 Frittliggende småhus (FS\_1 og 2)**

- a På områda FS\_1 og 2 kan det førast opp frittliggende småhus med tilhøyrande anlegg som garasje, bud ol.
- b For området FS\_1 skal det utarbeidast samla plan som syner plassering med høgder, avkøyrslar og tomtedeling for bustadhusa før bygging. Bebyggelsen skal plasserast innanfor dei byggjegransene som er vist på plankartet. I område merka FS\_1 og 2 skal bygningar ha gesimshøgde og mønehøgde innanfor rammene i PBL og byggeforskriftene. Ei friare form som er tilpassa bratt terreng kan også godtakast her.
- c Innanfor FS\_1 og 2 kan det tillatast utnyttingsgrad på inntil 30% BYA.
- d Bustadhusa i FS\_1 skal ha garasjer på trafikkareala f\_SP\_1 og 2.  
FS\_2 skal ha min 2 P-plassar evt i garasje på eigen grunn.
- e I område FS\_1,2 skal garasjar ikkje byggjast større enn 50 m<sup>2</sup> BYA og då berre i ei høgd. Garasjar skal ikkje ha større gesimshøgde enn 3 m og mønehøgde ikkje over 4,5 m. Det er ikkje tillate med ark eller takglas på garasje.

- f Innafor FS\_1,2 skal det etablerast naudsynt drenering for overvatn og grunnvatn
- g I samband med byggemelding for hus på FS\_2 må det leggest fram plan for støydempingstiltak, og fagkunnige skal dokumentere at desse støytiltaka er tilstrekkelege før hus på FS\_2 kan takast i bruk. Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:
- Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
  - Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom *dersom* det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
  - Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia Lden = 55 dB.

#### 4.3 Felles leikeplass (f\_Leik\_1-2-3 og 4)

- a f\_Leik\_1-2 skal vere felles leikeplassar for heile feltet. Terrenget kan berre i moderat grad bearbeidast, men det kan plasserast leikeutstyr/anlegg på f\_Leik\_1 og 2 som er knytt til bruken av området. Kommunen skal godkjenne utforminga.
- b Det kan ikkje gjerast tiltak på f\_Leik\_2 som kan skade steingarden som ligg i bytet mot nabo i nord
- c f\_Leik 3-4 skal vere felles nærleikeplassar for h.h.v BK\_1 og BK\_2 Områda skal ha Universell Standard og avgrensast slik som vist i plankartet med minimum 50 m<sup>2</sup> pr. bueining. Areal skal inngå i byggeplanen for BK\_1og2 – sjå pkt 4.1.a. Leikeplass / støyvoll i Bk1 må sikrast med gjerde mot E39.
- d Bestemmelsesområdet på BK\_1og f\_leik 3 er markert med RpBestemmelse Grense (juridisk line) og påskrift "RpBo nr 1 - ID 177067". på plankartet. Tiltak i samsvar med planen er tillatt. Kulturminnet ID 177067 er allereie avdekket og registrert, og det er ikkje stilt ytterlegare vilkår i samband med utbygging etter plan. Gjennom godkjenning av plan er det gitt dispensasjon frå Kultuminnelova §§ 3 og 4, jf. Kultuminnelova §8 fjerde lekk.

#### 4.4 Off. leikeplass - o\_Leik (sosi1610)

- a o\_Leik skal oppretthaldast som offentleg leikeplass. Det kan ikkje gravast, overdekkast, byggast eller gjerast inngrep på plassen innanfor området som er markert som omsynssone H 730/570. Omsynssona markerer automatisk freda kulturminne med id nr 177066.
- b Det må gjennomførast nødvendige avbøtande tiltak mot vegtrafikkstøy for området slik vist i reguleringskart og beskrive i planomtalen. Tiltaka skal tilfredsstillere vilkår i RP-retningsliner T-1442 og skal vere dokumentertgodkjennast av fagkunnige. Støy- og sikringstiltak må tilpassast omsynssone H 730/570.

## §5 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur, pbl. §§12-5 nr.2 og 12-7

### 5.1 Gang-og sykkelveg.

Innafor o\_G/S\_1 og 2 skal det etablerast gang- og sykkelveg / fortau med utforming som vist på plankartet.

### 5.2 Køyreveg

- a o\_SKV\_Gamlevegen er offentleg samleveg i området og skal ha utforming som vist på plankartet med køyrebane 4m, gangvegbreidde 3m og kantareal 1,5m på begge sider.

**REGULERINGSFRAMLEGG STRAND Gnr: 15, Bnr: 2 m.fl. VOLDA SENTRUM**

- b **f\_SKV 1 og 2** er internvegar i byggefeltet og skal vere felles for dei tomtene som grensar til vegen
- c Før utbygging i områda BK\_1-2 kan skje skal det vere utarbeidd detaljplan for veg og fortau (**o\_SKV** og **o\_G/S**) forbi utbyggingsområdet, og etablert utbyggingsavtale som sikrar deltaking og kostnadsdeling for utbygging / oppgradering samt kommunal overtaking av veganlegget.

**5.3 Parkering (f\_SP\_1og2)**

**f\_SP\_1 og 2** skal nyttast som felles garasjetomter for bustadhusa i FS\_1. Det kan byggast vanlege dobbeltgarasjer på **f\_SP\_1** og **2**

**§ 6 Grønstruktur, pbl. §§12-5 nr.3 og 12-7**

- a **o\_GFR\_1** er planlagt som offentlig friområde som inngår i gjennomgåande grønstruktur opp mot Kleppåsen.  
Friområdet inngår som del av skredsikring (H190), og eksisterande vegetasjon skal takast vare på. Det er ikkje tillatt med flatehogst, men vanleg skogskjøtsel kan godtakast. Innanfor området kan det berre tillatast tiltak som har naturleg tilknytning til området sin funksjon som friområde.
- b **f\_GT** utgjer eit grønt turdrag opp gjennom feltet. Trevegetasjonen skal i størst mogleg grad bevarast på **f\_GT**. Det kan ikkje gjerast tiltak på **f\_GT** som kan skade steingarden som ligg i bytet mot nabo i vest

**§ 7 Omsynssoner, pbl. § 12-6**7.1 RP SikringSone

- a H190\_1 inngår som del av skredsikring av området **o\_GFR\_1** og det er forbod mot flatehogst i dette området. Vanleg skogskjøtsel kan tillatast.
- b H 140\_1,2 utgjer frisktsonene i kryssa. Innanfor frisktsonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5m over planum for dei tilstøytande vegane.

7.2 RP StøySone

H220 utgjer støysone (gul sone 1,5m o terreng) for trafikkstøy. I samband med byggeplanen for dei husa som ligg innanfor denne sona må det leggest fram plan for støytiltak utarbeidd av fagkunnige, og fagkunnige skal dokumentere at tilstrekkelege støytiltak er gjennomført før desse husa kan takast i bruk

Krava til maksimalt akseptabelt støynivå er:

- Krav til innandørs døgnekvivalent støynivå høgst 30 dBA i opphaldsrom i bustad.
- Krav til innandørs maksimalt støynivå 45 dBA i soverom *dersom* det er «mer enn 10 hendelser over dette nivået om natta».
- Krav til støynivå på uteplass (privat og felles uteplass) skal ikkje overstiga nedre grenseverdi for gul sone i T-1442, det vil seia  $L_{den} = 55$  dB.

7.3 RP FareSone (Rasfare)

Innanfor H310\_1 er det registrert skredfare. Som del av byggeplan for dette området må det gjennomførast naudsynt detaljert skredvurdering av fagkunnig. Bustadbygg eller uteområde for opphald innanfor faresona kan ikkje takast i bruk før tilstrekkeleg skredsikring er gjennomført og kontrollert av geolog.  
Sikring av steinar på topp fjellskråning må gjennomførast før utbygging på områdeFS1 og FS2 og **f\_SP1** og **2** vert sett i gang. Jf geologisk rapport pkt 9, (fig 18).



## § 8 Rekkefølge, Pbl. §12-7 nr.10

- a Støyvoll langs E39 skal være bygd før noko bustdbygg kan takast i bruk i feltet.  
Det må som del av teknisk avklaring før utbygging dokumenterast at støyvoll/skjerming kan etablerast utan fare for utgliding og med tilfredsstillande stabile skrånningar mot framtidig veg/veggroft langs E39.
- b Tilstrekkeleg skredsikring både i byggeperioden og før bygningane blir tekne i bruk må ivaretakast for utbygging innanfor H310\_1 i BK2 . Sikringstiltaka skal dokumenterast av fagkunnige.
- c Gamlevegen med fortau skal vere ferdigstilt gjennom feltet før noko bustdbygg kan takast i bruk
- d Internveggar i feltet med tilhøyrande parkeringsareal og garasjeplassar skal vere ferdigstilte før noko bustdbygg kan takast i bruk i tilhøyrande byggeområder.
- e Før bygging kan ta til i område Fs1 og 2 må Nordalsvegen vere opparbeidd til kommunal standard i samsvar med reguleringsplan for Nordalen (planID 1519 2011008) til forbi kryssområdet med f\_SKV 2.
- f Nærleikeplassane f\_Leik\_1,2,3 og 4 skal vere ferdigstilte før noko bustdbygg kan takast i bruk i tilhøyrande byggeområder.
- g Utbyggingsavtale mellom Utbygger og kommunen som avklarar ansvarsfordeling og kostnadsdeling knytt til opparbeiding av veg/fortau og annan infrastruktur, og eventuelt grunnlag for kommunal overtaking av slike anlegg skal vere på plass før utbygging på området skal kunne setjast i gang.  
I utbyggingsavtale skal også avklarast korleis dokumentasjon for gjennomført skredsikring, og tiltak mot støy er ivareteke gjennom prosjektering og utbygging.  
Vilkår for utforming og opparbeiding av friområder/areal for leik skal vere avklara.



Utviklingssektoren

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/2636	5169/2015	2012011	SVK/ SOH	20.05.2015

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - PLAN ID 1519 -2012011: FRAMLEGG TIL  
REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND**

Vi melder med dette frå at formannskapet den 19.05.2015, hadde føre ovannemnde som sak PS 75/15, der det vart gjort slikt vedtak:

*Formannskapet viser til motteke privat reguleringsframlegg for område B60 i kommunedelplan for Volda sentrum -"Strand"- gnr 15/2 m.fl. og rår til at denne vert fremja for utlegging til offentlig ettersyn, jf Plan og bygningslova §12-12, på fylgjande vilkår:*

- 1. Reguleringsføresegnene vert justert i samsvar med utgreiinga i saka og slik det går fram av framlegg til justerte føresegner datert 27.04.2015.*
- 2. Plankartet vert justert slik:  
Bygeområde BK\_2 vert redusert mot vest med 4m og grøntdraget f\_GT vert tilsvarande utvida. Byggegrense vert flytt tilsvarande mot aust.  
Støyvoll må visast i plankartet.  
Manglande juridiske linjer i tekstfelt- må påførast.*
- 3. Byggehøgda vert justert i samsvar med utbyggar sin plan.*
- 4. Plantittel må rettast opp i alle plandokumenta til rett bruksnr gnr 15 bnr 2 m.fl.*
- 5. Planomtalen vert å oppdaterte tilsvarande endringane i pkt 1,2 og 3*
- 6. Formannskapet ber om at trafikale forhold i Gamlevegen vert tatt særskilt omsyn til.*

Sakutgreiinga følgjer vedlagt.

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik  
konsulent

Kopi til:  
Svein Holmen Arealplanlegging

# SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Per Heltne	Arkivsak nr.:	2012/2636
		Arkivkode:	2012011

---

<b>Utvalsaksnr</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
75/15	Formannskapet	19.05.2015

## **PLAN ID 1519 -2012011: FRAMLEGG TIL REGULERINGSPLAN OMRÅDE B60 STRAND**

### **Handsaming:**

Barn og unge sin representant i plansaker, Berit Koen, var til stades under handsaminga av saka.

Arealplanleggar Per Heltne orienterte om reguleringsplanen.

Det vart halde synfaring i planområdet.

Dan Bjørneset kom med framlegg om å stryke andre og tredje periode i pkt. 2:

*~~Byggområde FS\_2 går ut. Og blir del av O\_GFr1 og H190.~~*

Gunnar Strøm, SV, kom med slikt framlegg:

*Formannskapet ber om at trafikale forhold i Gamlevegen vert tatt særskilt omsyn til.*

Ordføraren kom med slikt framlegg til nytt pkt. 3:

*Byggehøgda vert justert i samsvar med utbygger sin plan.*

### **Røysting:**

Pkt. 1 i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Dan Bjørneset om å stryke delar av pkt. 2, fekk 6 røyster og vart vedteke, to røysta mot (Margrete Bjerkvik og Gunnar Strøm).

Pkt. 2 – resterande av framlegget frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå ordføraren (nytt pkt. 3) fekk sju røyster og vart vedteke. Gunnar Strøm røysta mot.

Pkt. 3 og 4 (nytt pkt. 4 og 5) i tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Gunnar Strøm (nytt pkt. 6) vart samrøystes vedteke.

### ***Vedtak i formannskapet - 19.05.2015:***

***Formannskapet viser til motteke privat reguleringsframlegg for område B60 i kommunedelplan for Volda sentrum - "Strand"- gnr 15/2 m.fl. og rår til at denne vert fremja for utlegging til offentlig ettersyn, jf Plan og bygningslova §12-12, på fylgjande vilkår:***

- 1. Reguleringsføresegnene vert justert i samsvar med utgreiinga i saka og slik det går fram av framlegg til justerte føresegner datert 27.04.2015.***
- 2. Plankartet vert justert slik:  
Byggeområde BK\_2 vert redusert mot vest med 4m og grøntdraget f\_GT vert tilsvarande utvida. Byggegrense vert flytt tilsvarande mot aust.  
Støyvoll må visast i plankartet.  
Manglande juridiske linjer i tekstfelt- må påførast.***
- 3. Byggehøgda vert justert i samsvar med utbyggjar sin plan.***
- 4. Plantittel må rettast opp i alle plandokumenta til rett bruksnr gnr 15 bnr 2 m.fl.***
- 5. Planomtalen vert å oppdaterte tilsvarande endringane i pkt 1,2 og 3***
- 6. Formannskapet ber om at trafikale forhold i Gamlevegen vert tatt særskilt omsyn til.***

### **Administrasjonen si tilråding:**

***Formannskapet viser til motteke privat reguleringsframlegg for område B60 i kommunedelplan for Volda sentrum - "Strand"- gnr 15/2 m.fl. og rår til at denne vert fremja for utlegging til offentlig ettersyn, jf Plan og bygningslova §12-12, på fylgjande vilkår:***

- 1. Reguleringsføresegnene vert justert i samsvar med utgreiinga i saka og slik det går fram av framlegg til justerte føresegner datert 27.04.2015.***
- 2. Plankartet vert justert slik:  
Byggeområde FS\_2 går ut. Og blir del av O\_GFr\_1 og H190.  
Byggeområde BK\_2 vert redusert mot vest med 4m og grøntdraget f\_GT vert tilsvarande utvida. Byggegrense vert flytt tilsvarande mot aust.  
Støyvoll må visast i plankartet.  
Manglande juridiske linjer i tekstfelt- må påførast.***
- 3. Plantittel må rettast opp i alle plandokumenta til rett bruksnr gnr 15 bnr 2 m.fl.***
- 4. Planomtalen vert å oppdaterte tilsvarande endringane i pkt 1,2 og 3***

### **Uprenta saksvedlegg:**

Kommunedelplan Volda sentrum.



### **Samandrag av saka:**

Det er fremja privat reguleringsplan for eit område utlagt til bustadformål i kommunedelplan Volda sentrum, område B60 – Strand del av 15/2 m.fl.

Planframlegget er utarbeidd i samsvar med reglane i plan og bygningslova kap. 12.

Ein legg til grunn at det vert gjennomført synfaring i samband med handsaming av saka. Etter gjennomgang har ein funne at plan kan fremjast for politisk handsaming sjølv om det er registrert behov for endringar av planframlegget.

Desse endringane kan justerast inn før utlegging av plan til offentleg ettersyn. Jf tilrådinga i saka.

Nærare utgreiing av planframlegget går fram av Planomtale. Kopi av innspel ved oppstartvarsling ligg også ved her.

### **Saksopplysningar:**

Kommunen har motteke framlegg til reguleringsplan for ein del av eigedomen Strand, gnr 15 bnr 1, eit areal som i kommunedelplan Volda sentrum-, Mork-Furene og Vikebygda er kalla område B60.

I kommunedelplan, plan godkjent 18.06.2009, er arealet avsett til bustadformål.

Med grunnlag i Kommunedelplan har grunneigar i samarbeid med plankonsulent teke initiativ til utarbeiding av reguleringsplan for området.

Oppstartmøte vart gjennomført den 12.12.2012. Kopi av referat frå møtet ligg ved.

Her vart fylgjande føresetnader lagt til grunn:

*”Kommunedelplanen er utgangspunkt for arbeidet. Eksisterande vegnett skal kunne nyttast, og at ein i planprosessen fastset dimensjoneringskrav og behov/krav til opprusting tilsvarende som for naboeigedomen Gamlevegen 48. (4m gatebreidde-, 3m fortau-, 1.5m anna vegområde- og 1.5 m gjerdeavstand. Samla 10m vegområde. Det bør vurderast behov for møteplassar på strekninga.)*

*Krav om opprusting/kostnadsdeltaking i naudsynt oppgradering av vegnett må fastsettast gjennom utbyggingsavtale.*

#### **Kommunaltekniske anlegg:**

*Volda kommune har planar om opprusting av hovudleidningar for vatn og avløp i Gamlevegen. Kommunaltekniske anlegg elles er dimensjonert slik at dei nye områda kan tilknytast utan vesentlege nye eksterne kostnader. Dimensjonerande kapasitet vil vere krav til brannvatn.*

***Byggegrense** mot E39 i utgangspkt. 50 m frå senterline. Avvik /reduksjon etter konkret vurdering/avbøtande tiltak gjennom reguleringsplan etter samråd/avklaring med Statens Vegvesen/M.R.Fylke. Byggegrense langs kommunal veg min.10m frå senterline veg.*

*Tilkomst og bebyggelse bør planleggast ut frå ønskje om minst mogleg sjenanse og konflikt med eksisterande bebyggelse/bumiljø. Som utgangspunkt bør utbygging baserast på tilkomst frå Gamlevegen.*

*Grøntareal/fellesareal til leik etter konkret vurdering, med min 50m<sup>2</sup> pr bueining som utgangspunkt. Dette bør ivareta både småbarnleikeplassar nær bustad og større felles aktivitetsareal.*

*Mogeleg behov for rasvurdering og avgrensing av byggeareal i høve til dette må avklarast gjennom prosessen.”*

I tekstdelen til kommunedelplan Volda sentrum er det sagt fylgjande som gjeld også dette området:

### **”5.2 Nye utbyggingsområde til bustader**

*Planframlegget legg opp til at Volda sentrum skal utviklast til å verte meir attraktiv for busetting. I planframlegget er det foreslått nye område for bustadbygging som opnar for å kunne tilby ulike typar bustader (einebustader, rekkehus, leilegheiter m.m.), både sentrumsnære og typiske sentrumsbustader, samt tette og varierte bustadområde. Desse ligg ved Andaneset, i Heltne/Brattebergområdet, i Midttun/Myraneområdet, ovanfor Solhøgda, på Rotset, ved Frøholmfeltet og på Mork. I tillegg til desse er det foreslått sentrumsområde med kombinasjon av bustadføremål, industri og forretningsverksemd og i Drivekleppområdet er det opna for spreidd bustadbygging.*

*Alle bustadområda må utviklast på grunnlag av reguleringsplan.*

**B60:** *Utviding av Strandeigedomen. Området har ein del utfordringar når det gjeld landskapet. I tillegg vil auka utbygging i området auke trafikken på Gamlevegen. Planforslaget vil vere positivt ved at ein får etablert fleire bustader i nærleiken til sentrum samtidig som det ikkje har særleg negative konsekvensar for landbruket.”*

I KU knytt til plan er det her sagt fylgjande om B-60 - området:

### **”Område nr. 13 B60: Strandeigedomen**

*Planstatus/gjeldande arealbruk: LNF - Planlagt ny arealbruk: Bustader, Areal: 18 daa*

#### **Tema: Helse:**

*Realisering av forslaget vil medføre at bustader kan etablerast som utviding av eksisterande bustadområde. Med variasjon av ulike type bustader og universelt utforma uteområde, med tilstrekkelege areal for barn og unge kan ein få til eit godt bumiljø i området. Tilrettelegging av meir areal til bustader vil avhjelpe ein stram bustadmarknad.*

#### **Friluftsliv og tilgjenge til uteområde:**

*Området har ingen registrert verdi som friluftsområde, men ligg inntil friområde. Det er gode mulegheiter for friluftsliv i området.*

#### **Tilgjenge til bygningar og tenester:**

*Store delar av området er svært bratt, noko som kan medføre utfordringar i høve til å innfri kravet om universelt utforma uteområde, tilkomst til og innan bustadområdet.*

*Bustadområdet vert liggande nokså nær sentrum, sjølv om avstanden kan opplevast som såpass stor at dei fleste vil velje bil til dei daglege gjeremåla.*

#### **Dyr- og planteliv:**

*Det er ikkje registrert verdifullt dyre- og planteliv i området.*

#### **Jordbotn, vatn og luft:**

*Det er lite sannsynleg at utbygging av bustader i området vil medføre negative konsekvensar for jordbotn, vatn og luft. Avløp må koplast til godkjent off. avløpsanlegg.*

#### **Klima og energi:**

*Avstanden til sentrumsområdet og mange kvardagsaktivitetar kan medføra auka grad av privatbilisme sjølv om området ligg nær nok til at mange finn det aktuelt å gå/sykle.*

#### **Landskap:**

*Utvidingsområdet er ein del av grønstrukturen og er ein del av de skogkledde li-sidene som kryp ned mellom busetnaden og ned mot sjøen. Terrenget stig bratt mot ein rygg mot aust som*

*er grensa mellom Klepp og Nordalen. Inntrykket av landskapselementet som ei markert grense mellom to byggeområde vil verte redusert ved ei større utbygging av området. Terrenget opp mot ryggen vil vere vanskeleg å utnytte og dette vil truleg avgrense utbygginga opp mot dette landskapselementet.*

*Landbruk:*

*Området har liten verdi som landbruksareal.*

*Kulturminne og kulturmiljø:*

*Det er ikkje kjende kulturminne eller kulturmiljø i området.*

*Transport og trafikk:*

*Det bør etablerast ny avkøyring frå Gamlevegen til området. Gamlevegen har funksjon som samleveg, men har ikkje e fortau/ gangveg.*

*Støy:*

*Beredskap og ulukkesrisiko:*

*Grovanalysen av risiko og sårbarheit har ikkje avdekt spesielle risikofaktorar. Ved reguleringsplan eller byggesøknad må risiko og sårbarheit vurderast etter gjeldande lovverk og forskrifter.*

***Vurdering:***

*Området har ein del utfordringar når det gjeld landskapet. I tillegg vil auka utbygging i området auke trafikken på Gamlevegen. Planforslaget vil vere positivt ved at ein får etablert fleire bustader i nærleiken til sentrum samtidig som det ikkje har særleg negative konsekvensar for landbruket.*

***Konklusjon:*** *Delar av området kan leggest ut til bustadføremål. Det må settast krav om reguleringsplan, der det vert lagt vekt på å finne gode løysingar når det gjeld tilkomst til området."*

Planoppstart vart varsla ved kunngjering i Møre og på kommunen si heimeside og ved tilskrivning av partar og aktuelle høyringsorgan ved brev av 31.01.2013.

Planprosessen har så langt vore gjennomført i samsvar med gjeldande reglar i PBL.

Kopi av innspel ved førehandsvarsling ligg ved planomtalen.

### **Vurdering og konklusjon:**

Det er gjennomført støyvurdering ut frå trafikksituasjonen på E39 som går forbi området.

Støyberekninga er gjennomført av Sweco as. Eg viser til vedlagde rapport datert 29.07.2014.

Konklusjonen her er at ved planlagt bygging av støyskjerming ved voll mot E39 vil området kunne bebyggast. Deler av området vil likevel ligge innanfor gul sone. Det må difor gjennom nye berekningar og vurderingar knytt til utbyggingsplan (detaljplan med eksakt byggutforming/plassering og plassering av uteareal/leik mv.) dokumenterast at tilhøva vert tilfredsstillande sett i høve til krava i T-1442.

Krav om dette er lagt inn i reguleringsføresegnene, jf tilråding i saka.

Vist støyvoll i plan er plassert heilt inn mot avsett areal til utviding av E39 med gangveg.

Støyvollen ligg langs deler av området på fylling.

Det må som del av teknisk avklaring før utbygging dokumenterast at dette tiltaket kan etablerast utan fare for utgliding og med tilfredsstillande stabile skråningar mot framtidig veg/veggrøft langs E39. Jf. Framlegg til justering i reguleringsføresegnene i tilrådinga i saka.

Det er i planprosessen også gjennomført geologisk vurdering av området, og rasvurdering. Dette er utført av firma Breiteig Fjordsenter, og er beskrive i rapport frå november 2013, datert 6.12.2013.

Planframlegget er justert og tilpassa ut frå konklusjonane i denne rapporten.

I kommunen si tilråding i saka vert reguleringsføresegnene justerte for ytterlegare å sikre farlege områder i/ved planområdet både før og under utbygging og før bygningar/areal kan takast i bruk.

Både uttaler frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, Fylkesmannen og kommunen sin barnerepresentant peikar i sine innspel på omsyn til barn og unge, med omsyn til eigna leikeareal for ulike aldersgrupper, gode trafikkløysingar.

Det er dels lagt til rette for dette gjennom avsette areal i plan og gjennom føresegner til plan. Dei avsette områda f\_leik 1 og 2 og o-AFr gir saman med turvegdraget f\_GT eit samla godt tilbod til naturoppleving og leik. Jf også krav i føresegnene til internleikeplassar i byggeområda.

Planlagt turdrag/grøntområde langs vestkanten av området er forma av eit markert høgdedrag, eit fint avgrensande naturområde mellom eksisterande bebyggelse og planlagt utbygging. Ein føresetnad for at både turdraget og leikeområda skal fungere etter intensjon er at byggeområda ikkje vert pressa så langt inn mot dette høgdedraget at det mister sin tiltenkte funksjon. Vi rår difor til at grensa mellom grøntdraget og byggeområdet vert justert mot aust om lag til vist byggelinje i planframlegget, og at denne vert justert tilsvarande (+4m). jf. Kartskisse.

Eksisterande balløkke på nedsida av Gamlevegen, har tidlegare vore mykje nytta av barna i Frøholmfeltet og Nordalen. Denne er lagt inn i planen med slikt formål, men det bør også gjennom føresegner til plan (rekkefølgebestemmelse) sikrast at denne vert tilgjengeleg for ein ny generasjon barn og unge, og at den vert skjerma mot støy frå vegen nedanfor. Jf tilrådinga i saka med framlegg til endringar i føresegnene til plan.

Område FS\_2 er eit markert høgdedrag (Ås-rygg). Området ligg også innanfor sikringsone for skred (jf restriksjonar hogst).

Området er svært bratt og eksponert og planlagt plassering av bustad her, både tilkomstveg, naudsynt utsprenning av tomt og byggplassering her vil vere uheldig landskapsmessig, og vert ikkje tilrådd. Vi rår til at planområde FS\_2 vert teke ut av plan.

Område BK\_2 vert som nemnt ovanfor tilrådd justert med områdeavgrensing mot grøntdrag i vest. I tillegg vert det presisert at tilkomst til heile området skal skje frå vist avkøyrsløse mot Gamlevegen f\_SKV1. Også for eventuelt terrassebygg på området.

Føresegnene vert foreslått justert for å sikre dette. Vidare vert føresegnene foreslått endra når det gjeld planlagt byggehøgder i dette området. Det er her lagt opp til inn til 4 etg. Bygg, med maksimal byggehøgde 12m.

Dette vert justert til maksimal byggehøgde (gesims og mønehøgde) 10.5m, målt frå plan kjellargolv (garasjekjellar). Dette gir rom for utbyggingsmodell med to etg pluss kjellar/underetg med garasje/bodplass. (Om lag tilsvarande som er tenkt t.d i Håmyra-området).

Føresegnene er også foreslått justert i høve til rassikringsområde H310, der det er klarare presisert at dokumentasjon for sikring både i høve til utbyggingsperiode og før bustader blir tatt i bruk er inkludert.

Føresegnene knytt til dokumentasjon for støyskjerming er justert, slik at dette vert sikra som del av detaljplan for dei ulike byggeområda.

For Byggeområde BK\_1 er det i planframlegget lagt til grunn maksimal gesims og mønehøgde på 9m. I illustrasjon som fylgjer planen er det vist bygg med inntil 2 etg.



Tillate byggehøgde kan ut frå dette reduserast til maks gesimshøgde 6 m og maks mønehøgde 9m. Vi tilrår slik endring.

Elles er planlagt opprusting av Gamlevegen med fortau gjennom planområdet tilfredstillande vist i plan, og det er i føresegnene gitt rekkefølgebestemmelse knytt til detaljplanlegging av denne, utbyggingsavtale og krav om ferdigstilling før bygg i området kan takast i bruk.

Vi har med grunnlag i vurderingane/konklusjonane ovanfor utarbeidd justert framlegg til reguleringsføresegner for området. Jf. Framlegg til justerte føresegner datert 27.04.2015. Vi rår til at planen vert fremja for offentleg ettersyn med grunnlag i desse endringane og fylgjande justering i plankartet:

Byggeområde FS\_2 går ut. Og blir del av O\_GFr\_1 og H190.

Byggeområde BK\_2 vert redusert mot vest med 4m og grøntdraget f\_GT vert tilsvarande utvida. Byggegrense vert flytt tilsvarande mot aust.

Støyvoll må visast i plankartet.

I teksfelt manglar ein del juridiske linjer – desse må på plass.

I plantittel er nytta betegnelsen Strand gnr15 bnr 30 m.fl. Dette må rettast opp i alle plandokumenta då rett bruksnr er gnr 15 bnr 2 m.fl.

#### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Vert avklara gjennom planprosessen.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Kommunal deltaking vert avklara gjennom utbyggingsavtale basert på godkjent plan.

Det er sendt ut gebyrkrav for handsaming av privat reguleringsplan i samsvar med gjeldande vedtekter, slik varsla ved førehandskonferanse.

Gebyr er ikkje registrert betalt og ein føreset at dette er gjort før utlegging av plan til offentleg ettersyn.

#### **Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen vesentlege.

.....

Rune Sjurgard

Rådmann

#### **Utskrift av endeleg vedtak:**

Går til sektor Utvikling for utlegging av plan etter oppdaterring i samsvar med vedtaket i saka.

#### **Kopi:**

Svein Holmen Arealplanlegging, postboks 319 , 6101 Volda



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr: 2012/2636	Avd: UTV
Løpenr.	SFS PH
15 JUL 2015	
Arkivdel:	Planid
Klassering P:	2012011
Klassering S:	

## Volda kommune Reguleringsplan område B60 Strand - gnr15 bnr2 m.fl. - detaljplan - Offentleg ettersyn

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Støy

Resultatet av utarbeidd støyrapport må nedfellast i føresegnene, slik at nødvendige tiltak mot støy blir konkretisert. Dette gjeld til dømes høgde på støyvoll og støydempingstiltak i bygningsmassen. Det er ikkje tilstrekkeleg at dette blir utsett til byggesaka, slik det er gjort i dei føresegnene som no ligg føre. Inntil dette er gjort, har vi **motsegn** mot planen.

### Samfunnstryggleik

ROS-analysen peiker på at området kan vere utsett for skredfare, og det blir vist til at det må utførast ei geofagleg vurdering av faren. Det kjem ikkje fram i planomtalen at ei slik vurdering er gjennomført, eller resultatet av denne. Først under planføresegnene blir det vist til at ein geofagleg rapport er gjennomført for planområdet. Kommunen bør oppdatere planomtalen slik at planen meir eintydig viser at geofagleg vurdering er gjennomført, og korleis planen tek omsyn til den potensielle skredfaren.

Paragraf 7.3 i føresegnene omhandlar faresone for skred. Vi meiner at andre avsnitt som seier: «*Sikring av steinar på topp fjellskråning må gjennomførast for utbygging på område FS1 og FS2 og f\_SP1 og 2 vert sett i gang*», bør vere ei rekkefølgjeføresegn, og soleis flyttast til § 8.

### Barn og unge

I reguleringsføresegnene punkt 4.1 h, står det at det innanfor BK 1 og BK 2 skal setjast av minimum 50 m<sup>2</sup> pr. bueining til leikeareal med universell standard, og at dette skal visast på byggeplanen. Det er viktig at nærleikeplassane BK 1 og BK 2 er plasserte på plankartet allereie no, slik at eigna areal blir sikra til nettopp denne bruken. Vidare skal opparbeiding vere sikra gjennom rekkjefølge- og funksjonskrav i føresegnene. Medan rekkjefølge er sikra i føresegnene som ligg føre, er ikkje funksjonskrava tilstrekkelege. Nærleikeplass skal opparbeidast med minimum sandkasse, benk og eit leikeapparat. Dette er i tråd med krav i Rikspolitiske retningslinjer og fylkesmannens satsing for å sikre gode oppvekstvilkår for born og unge. Vi har **motsegn** mot planen inntil leikeplassane BK1 og BK 2 er kartfesta og føresegnene endra.

Når det gjeld felles leikeplassar, Leik 1 og leik 2, står det i punkt 4.3 a i føresegnene at terrenget berre i moderat grad kan bearbeidast, men at det kan plasserast leikeutstyr/anlegg her som er knytt til bruken av området. Vi rår til at føresegnene også her blir klårare m.o.t. utforming og funksjonskrav. Vi rår også til at ferdigstillinga av desse areala blir sikra i rekkefølgekrava for området, noko som også gjeld nærmiljøanlegget o\_AFr.

### **Konklusjon**

Vi har motsegn mot planen inntil føresegnene er endra m.o.t. støysikring og funksjonskrav for leikeplassar, i tillegg til at egna areal til leikeplassane BK 1 og BK 2 er sikra i plankartet.

Med helsing

Sveinung Dimmen (e.f.)  
samordnar

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

### **Fagsaksbehandlar**

Samfunnstryggleik: Renate Frøyen tlf.: 71 25 84 15

### **Kopi:**

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde  
Statens vegvesen, Region midt

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

## **Volda kommune** **Reguleringsplan Strand gnr15 bnr2 m.fl – detaljplan** **Trekking av motsegn**

### **Bakgrunn for saka**

Fylkesmannen opprettheldt i sitt brev av 23.10.2015 motsegn på bakgrunn av at nærleikeplassane framleis ikkje var vist på plankartet og at nødvendige støytiltak for o\_Leik ikkje var sikra i føresegnene.

### **Barn og unge**

Nærleikeplassane f\_Leik 3 og f\_Leik 4 er no kartfesta og Reguleringsføresegnene §3 punkt i stiller opp krava som gjeld med høve til utforming, funksjon og rekkefølge.

### **Støy**

Når det gjeld o\_Leik skal det ifølgje føresegnene §3 punkt i) skjermast mot støy frå E39 ved å setje opp støyskjerm i samsvar med skildring gitt i utarbeidd støyrapport.

### **Konklusjon**

Planen kan eigengodkjennast når føresegnene sikrar konkrete støytiltak som skal gjennomførast for o\_Leik og at støyskjermen er vist på plankartet.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)  
fagsjef - plansamordning

Kari Bjørnøy  
seniorrådgivar

### **Kopi:**

Svein Holmen	Posteboks 319	6100	VOLDA
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	Molde
Statens vegvesen Region midt	Postboks 2525	6404	MOLDE



*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

FYLKESRÅDMANNEN

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/2636	10.06.2015	41202/2015/REGULERINGSPLAN/1519	Johnny Loen, 71 25 82 88	08.07.2015

## Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan Strand, Volda sentrum gbnr 15/1 m.fl. - offentlig ettersyn - motsegn

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Automatisk freda kulturminne

Det vart utført ei arkeologisk registrering i planområdet i 2014. Det vart då gjort funn av to automatisk freda kulturminne idnr 177066 og 177067. Dette er rester etter eldre dyrkningslag som for idnr 177066 i vest er frå yngre bronsealder, medan i aust er funna frå eldre bronsealder. Det er ikkje gjort funn av gravrøys slik planomtalen er inne på, men ei nyare rydningsrøys opp på fossilt dyrkningslag i 177067.

Desse funna ligg i planen i område som er tiltenkt utbygging. Det er av den grunn nødvendig med frigiving etter kulturminnelova § 8, fjerde ledd. For å kunne gjere slikt vedtak, og for dermed å kunne eigengodkjenne planen, må visse endringar gjerast.

Planen slik han er lagt ut ved offentlig høyring legg opp til forenkla frigjeving knytt til offentlig høyring av begge dei lokalitetane. Vern av idnr 177066 kan sameinast med grøntføremål der leik/friluftsføremål er tillate utan inngrep i marka. I planforslaget ligg lokaliteten i o\_AFR - nærmiljøanlegg/ballplass. Dette inneber inngrep som er motstridande i forhold til vern. Vi har derfor **motsegn**. Vi ber kommunen/tilakshavar sjå på andre løysingar som kan ivareta både fornminnet og frileik. RpBo-markeringa må i tilfelle erstattast med omsynssone D (H\_730), og ikring denne må det også gjerne vere noko omsynssone C (H\_570). Av føresegnene må det framgå at dette er automatisk freda kulturminne som det ikkje er lov å skade ved inngrep i grunnen eller dekke til.

For idnr 177067 i BK\_1 vil vi kunne gi forenkla dispensasjon når planen samla er tilfredstillande. Vi her merksam på at føresegnsområde (RpBo) skal vere nummererte i planen, og nummereringa skal finnast igjen i føresegna, til dømes slik: "RpBo#1 ID 177067". Føresegnene til RpBo skal ikkje ligge under omsynsonene, men under hovudføremålet som her er BK\_1. Dette må rettast opp i plan før planen kan eigengodkjennast og før ein kan fatte vedtak etter kulturminnelova § 8 fjerde ledd.

Inntil desse momenta er tekne omsyn til pliktar vi å reise motsegn til planframlegget. Vi ber om eit avgrensa ettersyn av planforslag som tilfredstiller desse formalia, og der idnr 177066 vonleg er omsynssone. Vi vil då kunne tilrå frigjeving av idnr 177067. Planomtalen må oppdaterast tilsvarande.

I den samanheng peikar vi også på at kap 5.4 i planomtalen heilt manglar informasjon om dei funna av automatisk freda kulturminne som faktisk er gjort i området. Det er også konkludert i verknadskapitlet 8.4 med at utbygging ikkje vil ha negativ verknad for automatisk freda kulturminne. Sjølv om lovleg gitt dispensasjon ligg til grunn, må det vel vere openbart at fjerning av fornminne er negativt for fornminnet.

### **Barn og unge**

Planen legg opp til tre store leikeareal, det eine offentleg som ballplass (o\_AFr), dei andre felles (f\_Leik 1 og 2). Som påpeikt i planomtalen er alle i hellande terreng, noko som fordrar terrenginngrep dersom det skal tilretteleggast. Når det gjeld ballpassen, vil dette bli vanskeleg ut frå kulturminneomsyn. Når det gjeld f\_Leik 1 og 2 er det positivt med areal til frileik, til dømes aking om vinteren. Liklevel bør det nok stillast krav til at noko av arealet skal tilretteleggast, gitt til dømes at det ikkje er tilrettelagt småbarns-leikeareal for einebustadene i planen.

Det er stilt krav om situasjonsplanar for BK1 og BK2, der ytterlegare leikeareal skal vere eitt av elementa som er pålagt. Primært vil vi kreve at leikeareal vert fastsett som eige føremål i planen. Dette vil gjere arbeidet med å dokumentere eigna kvalitet mykje lettare. Under visse føresetnader kan vi likevel akseptere ei løysing som i planframlegget, men ikkje slik som det ligg føre no. Vi har derfor **motsegn**. Det er ein hovudgrunn til dette. Arealkravet på 50 kvm per bustadeining er godt, men det er ikkje stilt noko krav om kvalitet på desse areala utover at det skal vere "universell standard". Universell standard betyr berre at her skal vere tilgjenge for alle. Det er med andre ord uklart kva som ligg i kravet om ferdigstilling, slik det er formulert i § 8 d. Det er eit faktum at illustrasjonane i planomtalen berre representerer ei av mange moglege løysingar for området. Utan krav til kvalitet i føresegnene, har kommunen liten moglegheit til å gå inn i situasjonsplanane og krevje kvalitet. Dette gjeld solinnfall, storleik, tryggleik, topografi mv.

Illustrasjonane viser ein situasjon for BK\_2 som synest å vere godt innanfor rammene av akseptabelt. Det er likevel ikkje sagt noko om kva tal på bustader ein utnyttingsgrad på BYA 40 % kan innebere, eller om illustrasjonen utnyttar potensialet i så måte. Leikearealet som er teikna kan etter føresegnene dekkje inntil 50 bustader, men det er neppe 50 bustader i skissa og planen kan kanskje opne for meir (sjå planfagleg vurdering). Når det gjeld BK\_1 er tomta meir trengt. Her gjeld det same som for BK\_2. I tillegg kan det ut frå snitteikning sjå ut som at den innteikna leikeplassen, trass eit stort bruttoareal, er betydeleg smalare enn dei ti metrane som skal til for å kunne reknast som leikeareal, jamfør Rikspolitiske retningsliner om barn og unge og rettleiar til denne.

Verknadskapitlet har eit avsnitt om uteområde og barn og unge. Vi har ikkje merknader til det som kjem fram her, men saknar som nemnt ei betre synleggjering av korleis rammene i planen påverkar barn og unge som skal flytte inn i området. Ein må her dokumentere at planen sine rammer er tilstrekkelege, jamfør også motsegnspunktet ovanfor. Det kunne i tillegg vere sagt noko om skuleveg.

### **Planfagleg vurdering**

Plankart og føresegner "dukkar opp" midt i planomtalen (punkt 6). Vi tek for ordens skuld til vitande at vi har fått oversendt kart og føresegner som eigne dokument i tillegg. Kart, føresegner og planomtale er tre separate element i planen. Kartet og føresegnene høyrer dermed ikkje heime i planomtalen og må takast ut.

Kapitlet om planprosess bør også kortast betydeleg. Premiss som vart gitt i oppstartmøtet med kommunen kan like gjerne inngå i hovudkapittel 2 og øvrige opplysingar om innhald kjem like gjerne fram som del av eksisterande situasjon eller om planforslaget.

Planomtalen er elles godt strukturert og gjer godt greie for tilstøtande reguleringsplanar. Det er også gjort godt greie for eksisterande status innanfor planområdet med kart og illustrasjonar (kapittel 4 og 5). Kapittel 5.4 manglar likevel opplysningar om dei funna som vart gjort ved kulturminnegranskningane (sjå fagmerknad ovanfor). Desse må tilføyast.

Det manglar også opplysningar om talet på bueningar planen opnar for. Dette talet er vesentleg for vurderinga av verknader, både på skule- og barnehagekapasitet, trafikk-situasjon, barn og unge og nabokonsekvensar. Utnyttingsgrad BYA 40 % i BK2 vil til dømes innebere 5,4 x 0,4 daa i fotavtrykk, parkering innrekna. Det er opna for minst tre høgder, og sjølv med eit solid fråtrekk for andre føremål enn sjølve bygga, vil det vere 5-6000 kvm buflate. Dette kan potensielt romme mange bueningar; fleire enn dei femti som leikeplassen skal dekke.

### **Konklusjon**

Planen er i all hovudsak godt gjennomarbeidd og gir eit godt utgangspunkt for endeleg løysing. Vi har motsegn på to punkt

- utifrå omsynet til dei to automatisk freda kulturminne i planen, fordi det er konflikt mellom fornminne og utbygging inntil eventuelt dispensasjonsvedtak frå kulturminnelova § 8, fjerde ledd ligg føre. Planen er ikkje tilstrekkeleg tilrettelagt for eit slikt vedtak, dels på grunn av formalia i planen, men også fordi vi i utgangspunktet ikkje vil tilrå frigiving av den vestlege lokaliteten og det er motstrid mellom føremål og kulturminneomsyn.

- ut frå omsynet til barn og unge, jamfør rikspolitiske retningsliner om barn og unge, punkt 5 b. Sjå nærare detaljar ovanfor.

Planomtalen må oppdaterast tilsvarande.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ottar Brage Guttelvik

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Øyunn Kleiva tlf. 71 25 88 67 / 959 45 835

Kopi:

Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 Volda

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
2012/2636	03.11.2015	71027/2015/REGULERINGSPLAN/1519	Johnny Loen, 71 25 82 88	04.11.2015

## **Volda kommune - detaljregulering - reguleringsplan Strand, Volda sentrum gbnr 15/1 m.fl. - fråsegn ved avgrensa ettersyn.**

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### **Automatisk freda kulturminne. Løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne idnr 177067 etter kml § 8 fjerde ledd.**

Vi viser til dykkar oversending av justert plankart og føresegner dagsett 3.11.2015.

Innafor reguleringsområdet er det registrert automatisk freda kulturminne i form av fossile dyrkingslag Strand 1 idnr 177066 og Strand 2 idnr 177067. Disse er freda i samsvar med lov om kulturminne av 9. juni 1978 nr. 50 (kml) § 4 første ledd pkt. c Etter kml § 8 fjerde ledd skal ein i samband med handsaminga av reguleringsplan ta stilling til om det kan gjevast løyve til inngrep i automatisk freda kulturminne som blir berørt av planen. Møre og Romsdal fylkeskommune er rette mynde til å avgjere dispensasjonsspørsmålet i denne saka, i samsvar med Miljøverndepartementet sitt delegasjonsvedtak av 24.3.2011.

Møre og Romsdal fylkeskommune finn etter ei samla vurdering å kunne tillate at reguleringsplan for Strand i Volda kommune blir vedtatt utan vilkår om vidare arkeologisk undersøking av fossilt dyrkingslag idnr 177067 før tiltak etter planen blir realisert. Tilstrekkeleg dokumentasjon er allereie gjennomført i samband med registrering utført av Møre og Romsdal fylkeskommune.

Idnr 177067 er i plan avmerka som RpbO nr 1 – ID177067. Vi gjer merksam på følgjande. Føresegna står under føresegn til BK1 som pkt h. I justert plankart ligg området no både i BK1 og f\_Leik\_3. Føresegna må difor enten stå begge stadar, eller som generell føresegn. Vi ber dykk justere føresegna før vedtak i samsvar med dette. Det vil og gje ei klårare førsegn om de oppgjev i det er gjeve dispensasjon for freding etter kml §§ 3 og 4, gjennom godkjenning av plan, jfr kulturminnelova § 8 fjerde ledd. Slik føresegna står no er det nemnt dispensasjon, utan at ein forstår kva det er dispensasjon for, sidan freding etter kulturminnelova eller fornminne ikkje er nemnt.

Idnr 177066 er regulert til omsynsone H\_730. Utanfor denne skal det helst vere H570. Vi har akseptert at dette fall bort mot BK\_1, pga dei vanskar det ga å få dette inn. Sidan førre plankart har altså f\_Leik\_3 kome inn som del av granneareal mot aust, på kostnad av BK\_1. Vi ber om at ei mindre omsynsone c) med H\_570 vert lagt inn mot f\_Leik 3.



Vi ynskjer også eit lettgjerdje oppsett under utbygginga mellom BK\_1/F\_Leik 3 på eine sida og O\_Leik/ omsynsona jfr vårt svar på førre henvendelse dagsett 21.10.15. Dette kan vi ikkje sjå har kome inn i føresegn. Dette gjerdet vil minske risikoen for at det skjer inngrep i fornminnet under arbeidet, då det utgjør ei fysisk synleg påminning for dei som bygg at her kan dei ikkje gå inn. Dette har ofte vist seg naudsynt, det er i alle si interesse og vi tilrår på det sterkaste at de tek eit slikt moderat krav inn i føresegn.

Motsegn er etter dette å forstå som trekt.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Ole Helge Haugen  
Fylkesplansjef

Johnny Loen  
Plansamordnar

Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: Arkeolog Øyunn Kleiva tlf. 71 25 88 67

Vedlegg:

-Kart stempla Møre og Romsdal fylkeskommune og datert 4.11.2015.



Kopi:

Statens vegvesen, Region midt  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, her  
Fornminneseksjonen, Universitetsmuseet i Bergen, Postboks 7800, 5020 Bergen  
Riksantikvaren, Postboks 8196 Dep, 0034 Oslo



## Oversiktsplan omsøkt tiltak:

Gard:	Strand
Gardsnummer:	15
Bruksnummer:	2
Kommune:	Volda
Fylke:	Møre og Romsdal
Kulturminneid:	177067
Kulturminnetype:	Fossilt dyrkningslag
Dispensasjonsdato:	04.11.2015



Molde, 04.11.2015

*O. Kleve*



Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Vår dato: 13.07.2015  
Vår ref.: 201301004-5  
Arkiv: 323  
Dykkar dato: 08.06.2015  
Dykkar ref.: 2012/2636

Sakshandsamar:  
Terje Systad

## Uttale til offentlig ettersyn av reguleringsplan område B60 Strand - Volda kommune

Vi syner til Dykkar brev dagsett 8.6.2015. Saka gjeld offentlig ettersyn av reguleringsplan for B60 Strand. Føremålet med reguleringsplanen er å legge til rette for bustader.

I samband med planarbeidet har Breiteig Fjordsenter gjennomført ei skredfarevurdering og identifisert skråningar som er utsett for steinsprang. Ei skråning er markert som ei omsynssone i plankartet. Til omsynssona er det krav om at det ikkje kan ferdigstillast bustadbygg innanfor faresona før tilstrekkeleg skredsikring er gjennomført og kontrollert av geolog. Eit skogsområde i den meir skredutsette delen av planområdet er regulert som lagt inn som sikringssone med forbod mot flatehogst for ikkje å auke skredfaren.

NVE har ingen merknad til planen.

Med helsing

Brigt Samdal  
regionsjef

Terje Systad  
overingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*



## Statens vegvesen

Volda kommune  
Stormyra 2  
6100 VOLDA

Behandlande eining:  
Region midt

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Per Norvald Walderhaug -

Vår referanse:  
2013/031724-003

Dykkar referanse:  
2012/2636

Vår dato:  
29.06.2015

### **E39 - Volda kommune - Detaljplan - Strand gnr. 15 bnr. 2 m fl. - Offentleg ettersyn - Uttale**

Vi viser til e-post datert 10.6.2015 med oversending av dokument til offentlig ettersyn for reguleringsplan Strand gnr. 15 bnr. 2 m. fl.

Statens vegvesen registrerer at trafikkstøy er behandla i reguleringsføresegnene §4, og at eit avbøtande tiltak er bygging av ein kontinuerleg støyvoll langs etter europaveg 39. Tiltaket er og eit rekkjefølgjekrav i §8, som seier at støyvollen skal vere bygd før noko bustadbygg kan takast i bruk. Elles vert vidareført støyvurdering kravd som del av byggeplan der plassering og utforming av bygg er klarlagt for å sikre at vilkår i Miljøverndepartementets Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging (T-1442) for å sikre at grenseverdier for innan- og utandørs trafikkstøy vert teke i vare.

Statens vegvesen meiner at forholdet vedrørande vegtrafikkstøy er tilfredsstillande teke i vare i framlagt reguleringsføresegner og at vidare støyvurdering vert kravd ved seinare byggesaks-behandling.

Byggegrense mot europavegen er satt til 12m. Avstand til vegmidte E39 bør settast til 15m då lina likevel ser ut til å verte liggjande i planlagt støyvoll.

Statens vegvesen har utifrå sitt ansvarsområde ingen andre merknader enn dei som er nemnd ovanfor.

Plan- og trafikkseksjonen  
Med helsing

*for* *Gitte Brereman*  
Lisbeth Smørholm  
seksjonssjef

Kopi: Fylkesmannen  
Fylkeskommunen

*Per N. Walderhaug*  
Per Norvald Walderhaug

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region midt  
Postboks 2525  
6404 Molde

Telefon: 02030  
Telefaks: 71 27 41 01  
firmapost-midt@vegvesen.no

Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Vestre Olsvikveg 13  
6022 ÅLESUND

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:







**VOLDA KOMMUNE**  
**Servicekontoret**

Siv.ing. Svein Holmen AREALPLANLEGGING

Boks 319  
6101 Volda

<i>Arkivsak nr.</i>	<i>Løpenr.</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sakshandsamar</i>	<i>Dato</i>
2012/2636	1746/2013	2012011	SVK/ SOH	12.02.2013

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - REGULERNIGSPLAN FOR STRAND  
GNR/BR.NR 15/1, 2, 7, 18, 30, 52 OG 54 I VOLDA KOMMUNE**

Vi melder med dette frå at Eldrerådet den 11.02.2013, hadde føre ovannemnde som sak PS 4/13, der det vart gjort slikt vedtak:

*Eldrerådet ser positivt på at Strandfeltet vert utbygd.*

*Eldrerådet ser likevel store utfordringar i manglande standard på tilkomst til feltet, eks. Gamlevegen.*

*Eldrerådet ber kommunen sjå på dei to reguleringsplanane for Norddal og Strand i samanheng når det gjeld trafikale tilhøve.*

Volda kommune, servicekontoret

Sonja Håvik  
konsulent

Volda og Ørsta Reinholdsverk IKS  
Torvmyrane 29  
6160 Hovdebygda

Postmottak Volda Kommune  
Stormyra 2  
6101 Volda

Dykkar saksnr: 2012/2636 Vår ref: Petter Bjørdal

Dato: 15.07.15

**Sak: Reguleringsplan for STRAND i Volda Kommune.**

Vi vil vise til reguleringsplan for Strand i Volda Kommune som no er ute på høyring.

I det vidare reguleringsarbeidet ber vi om følgjande:

1. At det vert sett av plass og opparbeida felles oppstillingsplass for renovasjonsbeholdarar i tilknytning til fSP1 for bustadane i FS1 og FS2.
2. At snuplass for SKV 2 er stor nok for lastebil til å snu på også vinterstid.
3. Det må setjast av felles plass til avfallsbeholdarar ved innkøyrslene til BK1 og BK2. Vi minner i den samanheng om at renovasjonsforskriftene § 7c krev at avfallsbeholdarar skal stå lett tilgjengeleg på fast og flatt underlag fritt for portstolpar og liknande 1-3 meter frå vegkant på hentedag med fri løftehøgde for innhenting med mekanisk arm.

MVH

Petter Bjørdal  
Dagleg leiar



Ola A. Rangsæter  
Nordalsvegen 13  
6102 VOLDA  
olarang@gmail.com



postmottak@volda.kommune.no

#### MERKNAD TIL PLANFRAMLEGG - PLAN 1519-2012011, B60 STRAND

Viser til utsende plandokument, og til innspel i forvarslinga. Etter å ha sett gjennom reguleringsframlegget, har eg følgjande innspel:

1. Gjennomgangstrafikken gjennom Frøholmfeltet ser ut til å verte mindre enn frykta ut frå Strand-utbygginga. Med kun 3 hus i øvre del av planområdet, vert det ikkje nokon dramatisk auke i talet på bilar gjennom Nordalsvegen og Øggardsvegen. Her vil ei eventuell realisering av Nordals-reguleringa medføre ei mykje større ulempe for Frøholmfeltet.
2. Pleieheimskrysset er eit svært farleg kryss, sikt- og reaksjonsområdet på Gamlevegen og E39 er kort og trangt, og dette gjeld sjøl om stamvegstatus på Ørstavegen forhåpentleg fell bort om nokre år. Særleg i utbyggingsperioden med tungbiltrafikk i krysset, vert det skapt ei stor trafikkfare når storbilar som skal svinge av Ørstavegen opp i Gamlevegen ofte må stanse for motgåande trafikk. Faren for kjedekollisjon mot svingen ved Klippa er dramatisk! Mine framlegg vil vere at Volda kommune søkjer Vegvesenet om å få sette opp skilting med forvarsling av kryss/farleg avkøyrslø utanfor svingen ved Klippa, slik at trafikk i retning Volda vert varsla om potensiell stillestående kø rett bak svingen. Likeeins bør ein få Vegvesenet/fylket til å prioritere ei forbikøyringslomme i krysset ved å få hand om delar av parkeringsplassen/innkøyringa til Pleieheimen.
3. Med bakgrunn i punkt 2, og med visning til planomtale av gjennomkøyringsforbod i Gamlevegen, vil eg presisere at det er viktig at eit slikt gjennomkøyringsforbod vert gjeldande frå krysset Ørstavegen/E39-Gamlevegen, slik at trafikken frå Frøholmfeltet ikkje vert tvungen ned i Pleieheimskrysset. Særleg i rushtrafikken og rundt tidene med ferjekøer er det viktig at trafikken frå Frøholmfeltet/Nordalen kan gå via Gamlevegen. Volda kommune kan umogleg tvinge trafikk ned i dette livsfarlege krysset i større grad enn i dag. Ei utbygging av Strandfeltet vil også gje ei større belastning og større risiko i dette krysset, men den totale risikoen kan reduserast ved å gjennomføre tiltak som eg nemner i pkt. 2.
4. Ser ein vekk frå det trafikkproblematiske Pleieheimskrysset, ser utbygginga på Strand ut til å kunne verte ein fin tilvekst i busetnaden i denne delen av Volda. Ei opprusting av Gamlevegen vil vere ein fordel også for eksisterande busetnad i området.

Dette innspelet bygger på argumentasjon kring det trafikale i området, som eg har fått medhald i frå dei fleste av naboane i Frøholmfeltet ved tidlegare innspel. Utover dette, står eg sjøl for innhaldet i innspelet til denne planen, og ønskjer lukke til med realiseringa.

Nordalsvegen, 21.6.15

Beste helsing  
Ola A. Rangsæter

Viser til høyringsdokumenta som er datert 08.06.15., med frist til 25.7.

Reguleringsplankartet som er utsendt utan at planlagt bebyggelse eller internvegar i i BK 1 eller BK 2 er vist, men i framlegget side 33 og 34 er det skiserte utkast som ikkje er juridisk bindande. Grunna dette er det umuleg å ta stilling til planen, då heller ikkje avkøyringspunkt er vist på det juridisk bindande kartgrunnlaget.

om planen skulle verte vedteken omlag som plankartet no ligg føre legg vi til grunn at det vert stilt krav om at det vert utarbeidd ein detaljert bebyggelseplan for felta innafor BK1 og BK 2, med høyringar, og seinare politisk vedtak på bebyggelseplanen for dei enkelte områda.

**Byggehøgder/ avstandar-** I framlegget er det i i BK2 området gjort framlegg om at gesimshøgde på 12 m kan godtakast og med byggjegrense på 4 m frå nabogrense. 12 m gesimshøgde betyr 4 etasjers bygg som kan plasserast tett inntil nabogrense. Ei gesimshøgde på 9 m som for BK 1 , vil vere meir itråd med dei praksis som er etablert i område og også med tanke på branntryggleik. Vi forutset at krav til byggjehøgde og avstand til nasbogrense vil vert kravd spesifisert i ein detalj bebyggelseplan for BK- områda, slik at berørte partar får anledning til å kommentere konkrete planar der bebyggelse, vegar, avkøyrsløp, avstandar og høgder er spesifisert. Om ikkje bør planen utsetjast slik at dette kan taskast inn i det reguleringskartet.

Ved så høg utnyttingsgrad som 40 % for BK areala og byggjehøgde som skisert bør byggeastanden til nabo vere minst 5-6 m, og spesielt vest for eksiterande bebyggelse.

Ei skilting med gjennomkøyring forbudt av Gamlevegen, vil vi som sist det var reguleringsframlegg i Gamlevegen, vere positiv til.

Vi forutset ei positiv vurdering av våre kommentarar.

Med helsing

Hake AS- Vikebygdvegen 4- 6103 Volda

Øyvind Eidså



Denne e-posten har blitt sjekket for virus av antivirusprogramvare fra Avast  
[www.avast.com](http://www.avast.com)

## Sonja Håvik

---

**Fra:** ingelid [ingelid@tussa.com]  
**Sendt:** 25. juli 2015 17:01  
**Til:** Postmottak@volda.kommune.no  
**Emne:** Sak-nr 2012/2636 Strand reguleringsplan

Merknader til reguleringsplan område B60 Strand, sak nr 2012/2636.

Leik 2:

Flott at den gamle steingarden vert teken vare på. Her må ein også sikre mot leikeplassen slik at barn ikkje klatrar og får stein over seg. Eit godt gjerde er truleg beste løysinga.

Køyreveg:

Tilkomst til FS1 og FS2.

Før utbygging av disse områda kan skje må vegen SKV 1 frå enden av Nordalsvegen og til SKV 2 opprustast til dagens standard for bilvegar.

Mvh  
Inge Lid



**Merknad til sak 2012/2636.**

Har ikkje noko i mot utbygging av bustader i volda sentrum slik planlagt her, men foreslår følgjande føresetnader før godkjenning.

**Reguler trafikken gjennom Gamlevegen med bom.**


Bommen bør settast utanfor Gamlevegen 48. Sykkel etc må kunne passere på utsida. Dette vil løyse problemet med for stor trafikk i Gamlevegen og spare kommunen og innbygarane store kostnader. Er kjend med at krysset ved pleieheimen er farleg og at ein ikkje vil sluse meir trafikk inn på her, men i samarbeid med utbyggar / byggherre ev. fylke må dette kunne la seg løyse. Det er viktig å bevare Gamlevegen som ei trygg ferdselåre for mjuke trafikantar. Vegen er mykje bruk av syklistar og gåande. Å ruste opp og utvide med fortau etc er oppskrifta på meir trafikk. Dette er svært kostbart og gje mindre nytte, då trafikken vil auke. Hugs ! Gamlevegen stort sett ein veg for dei som bur der, - og få andre. Ei opprusting og utviding av vegen med fortau vil bli dyrt og krevjande.

**Ferdselsårer, stiar med tilkomst til naturen skal bevarast ev. sikrast for framtida.**


Eg bed kommunen om beskytte etablerte stiar / ferdselsårer og ev. potensielle ferdselåre til fjellet og naturen i området. Desse kan med fordel rustast opp og få ei meir universal utforming og ikkje være ein salderingspost for utbyggar. Særskilte krav til utforming, bredde og stigning, samt fundamentering bær gjelde for utbyggar. Dette er og i deira interesse. nteresser.


Volda 25 / 7 – 2015.

Har og signert motsegna til Thomas Busker Larsen ettersom våre syn i prinsippet er dei same.

Ola Andreas Hauge  


Sara Fuierer Hauge  


 <b>VOLDA KOMMUNE</b>	
Saksnr. 2012/2636	Avd. utv
Løpenr.	Shs. PH
27 JUL 2015	
Arkivdel:	Planid
Klassering P:	2012041
Klassering S:	

 VOLDA KOMMUNE	
Saksnr. 2012/2634	Avd. 410
Løpenr.	Shs. PH
27 JUL 2015	
Arkivdel:	Planid
Klassering P:	201201
Klassering S:	

## Merknad til utbygging av Strandeiendommen

Innbyggere i Gamlevegen vil med dette melde inn merknad til utbygging av Strandeieendommen. I lang tid har vi som bor i Gamlevegen sett på den økende trafikken med bekymring. I dag fungerer Gamlevegen som samlevei for:

- Gjennomkjøring for beboere i Frøholmfeltet.
- En del beboere på Klepp som bruker Gamlevegen som "snarvei" til E39.
- Bilister fra Ørsta som arbeider ved omsorgssenteret og sykehuset.

I forbindelse med utbyggingen av Gamlevegen 48 var formannskapet på befarung for å blant annet se på infrastrukturen. Den gang konkluderte man med at det ikke var tilrådelig med en økende trafikkmengde i Gamlevegen. Man tillot likevel bygging av to firemannsboliger i Gamlevegen 48. For å motvirke gjennomkjøring fra andre byggefelt ble det satt opp gjennomkjøring forbudt skilt ved Gamle Engesetveg. Dette har ført mindre trafikk for Gamle Engesetveg, men det er liten eller ingen endring i Gamlevegen, da bilistene kjører inn ved Fjordsyn og svinger opp ved Øyra barnehage.

De senere årene har det skjedd et generasjonsskifte i Seljebakken og Gamlevegen. Det har flyttet inn mange unge mennesker, og det har blitt mange flere barn. Med høy fart og økende trafikk, så er vi redde for at det skal skje en ulykke. Det er mange syklistar og gående som bruker Gamlevegen. Flere steder er veien så smal at to biler ikke kan passere, i tillegg er den stedvis svært uoversiktlig.

I saksdokumentene for Strand eiendommen blir det flere steder pekt på de trafikale utfordringene. I punkt 5.7 og 8,6 står det.

### 5.7 Trafikktilhøve

Gamlevegen er kommunal samleveg med mange direkte-avkøyrslar og med lav horisontal og vertikal standard og dårleg sikt. Det er etablert fartshumpar, og fartsgrensa er 30 km/t. Stenging for gjennomgangstrafikk har vore aktuelt politisk tema i kommunen pga svært lav standard, stor gjennomgangstrafikk og stort innslag av mjuke trafikantar (gåavstand til sentrum) men ikkje fortau/gangveg. Den nye kommuneplanen legg ikkje opp til stenging, men har i staden teke med gangveg/fortau langs Gamlevegen inn til krysset med Klokkarvegen.

### 8.6 Trafikktilhøve

Planen vil medføre auka biltrafikk i Gamlevegen. Naboane er skeptiske til auka trafikk både i Gamlevegen og gjennom bustadgatene i Frøholmfeltet.

Med den avkøyrslpolitikken som kommunen har praktisert i Gamlevegen dei senaste åra vil all ny bygging i området aktualisere stenging for gjennomkjøring av Gamlevegen. Alle dei 4 nye husa (2 stk 4-m-bustadar + 2 einebustadar) som er under bygging i Gamlevegen 48 får direkteavkøyrslar til Gamlevegen, og med alle andre direkteavkøyrslar i tillegg til svært lav horisontal og vertikal standard er det vel berre stenging som er forsvarleg. Dette vart vurdert

ved utarbeiding av den nye (2011) kommunedelplanen for Volda sentrum der konklusjonen var å ikkje stenge gata men bygge gangveg mellom Frøholmfeltet og krysset til Klokkarvegen. Vi legg difor inn i planen «vår del» av denne gangvegen forbi Strandfeltet.

Med strandeiendommen og Gamlevegen 48 vil det komme fortau fram til Korsavegen. I kommunedelplanen er det planlagt fortau vidare til Klokkarvegen. Dette løser kun en mindre del av de trafikale utfordringene, og det foreligger ingen tidsplan om når dette vil bli gjennomført. Fra Klokkarvegen og ut Gamlevegen er det ikke planlagt fortau, men også her er veien stedvis smal og uoversiktlig.

I reguleringsplanen til Strandeieendommen står det:

#### Utnytting av BK2 s. 34

Tilkomst til BK\_2 frå Gamlevegen er teke frå vest. Då vert den naturlege trafikketninga vestover og ned mot E39. Vi ynskjer minst mogleg trafikk mot sentrum på Gamlevegen.

Dette er godt nytt for oss som bor i Gamlevegen men vi vet av erfaring at utkjøringen fra Frøholmfeltet ut til E39 har lenge vært omtalt som farlig og uoversiktlig. Derfor velger mange å bruke Gamlevegen som innfartsåre til sentrum. Etter Kvivsvegen har det blitt en økning i trafikken. Utfordringen med krysset er at sikten mot Volda er dårlig, da man ikke kan se over bakkekammen mot Volda. Sikten mot Ørsta er heller ikke god da avstanden til svingen mot nord er relativ kort. Dette er et kryss som har stort behov for utbedring slik at man kan avlaste Gamlevegen som samlevei.

#### Tiltak

- Vi ønsker at infrastrukturen knyttet til hele Gamlevegen blir utbedret/gjennomført før man gir tillatelse til flere nybygg.
- Vi ønsker at Gamle Engesetveg og innkjøringen ved Fjordsyn må bli fysisk stengt, slik at trafikken blir ledet helt ned i sentrum.
- Krysset ved E39 og Frøholmfeltet må bli utbedret.
- Alternativt ønsker vi at Gamlevegen blir stengt med bom slik som det er gjort i Uravegen og Brenslene. På den måten vil man begrense trafikken, og unngå gjennomkjøringen som er i dag.

På grunn av at innmeldingsfristen for merknader er satt til 25 juli, var mange av beboerne på ferie. Jeg ber å få sende en utvidet liste med underskrifter til 10 august slik alle naboene får mulighet til å skrive under.

Mvh:



Thomas Busker Larsen



Gamberg 4	Ingvar Rusten Dye
Gamberg 14	Roye Boyten
Gamberg 17	Burt A. Halldmark
Gamberg 19	Tor Alsten
Gamberg 23	Dan Sande
Gamberg 23	May-Anette Sande
Kollmorgen 2	Kent Kiperberg
Kollmorgen 2	Joel Munnich
Gamberg 6, 6102, Valda	Bjerg Olsen Eikrem
Gamberg 6	General Eikrem
Gamberg 2	Ann-Sofie Egset
Gamberg 2	Jacob Hoff
Gamberg 27, 610	Hanna Seut
Gamberg 31, 6102	Frank Johnson
Gamberg 33B, 6102	Shig Wada
GAMBERG 33A, 6102	Julius Sobe
Gamberg 31	Ann Bengedal Johnson
---	Elias Johnson
Gamberg-n. 35	Marion Mark Bjedal
Gamberg 36	Dag Mar
Gamberg v. 37F	Jan Arvid Althelm
Gamberg 37B	Singer Pannest
Gamberg 41	Mart G. Ryste





Som det fremgår av listene har så nær som alle i Gamlevegen og Korsavegen skrevet under på merknaden. Noen husstander mangler, men det har ikke vært mulig å komme i kontakt med eierne da det fremdeles er ferietid.

Som en tilleggskommentar vil jeg nevne, at med oppføringen av to firemannsboliger i Gamlevegen 48 vil det komme til 16 ekstra parkeringsplasser/biler. I tillegg har gårdbruker Skarstein i Norddalen lagt ut et felt med flere ferdig regulerte tomter for salg, til et utbyggings firma. Totalt sett vil dette, i tillegg til en regulering Strandeieendommen føre til en betydelig trafikkøkning for Gamlevegen.

Med vennlig hilsen



Thomas Busker Larsen

Aed Bjak Breis	Gamlevegen 7
Inger Anne d. Breik	— " —
Toodis Baastad	— " — 20
Ida Orstvik	Gamlevegen 25
Linda Håshjold	Gamlevegen 25A
Palmy Fløtu	Gamlevegen 29
Liliskaland	Gamlevegen 3
Olav Rotvath	Gamlevegen 42
Ber Hauken	Gamlevegen 42
Sigmund Nordahl	Korsveg. 4 (Gamleveg. 38)
Svein Nordahl	Korsvegen. 6.
Fred Bjørneseth	Korsvegen. 3.
Jan Olav Brakk	Korsveg. 8.
Hildegunn Homberget	— " —
Marius Haugstad	Gamlevegen 39
Hildegunn Homberget	Gamlevegen 39
Jostein Ruud	Gamleveg 9
Abel Jan Sværre	Orstveien 42
M. H. Hauken	Korsvegen 2



## SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Nina Kvalen

Arkivsak nr.: 2015/2293

Arkivkode: F31

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
171/15	Formannskapet Kommunestyret	17.11.2015

### BRUK AV VERTSKOMMUNETILSKOTET FOR ASYLMOTTAK

#### Administrasjonen si tilråding:

- 1. Frå 01.10.15 får helsestasjonen auka stillingsressurs på 50% som helsesøster knytt til helseoppfølging overfor bebuarar ved EMA-avdelinga på Volda mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.*
- 2. Frå 01.10.15 får legesenteret auka stillingsressurs på 30% som helsesekretær og 10% som lege knytt til helsetenestilbod overfor auka tal bebuarar i mottak. Kostnaden finansierast av vertskommunetilskotet.*
- 3. Kommunestyret gir rådmannen mynde til å styrke kommunal tenester overfor bebuarar i mottak innanfor ramma av vertskommunetilskotet.*
- 4. Kommunestyret tek til vitende at det vert oppretta eit tverrfagleg team for minoritetshelse i Volda kommune.*

#### Vedleggsliste:

1. Notat frå helsestasjonen av 09.11.15 om behov for auka stillingsressursar knytt til arbeidet med minoritetshelse.
2. Mandat, målsetting og samansetting av tverrfagleg team for minoritetshelse, revidert 10.11.15.
3. Rapport til fylkesmannen 09.11.15 om helseforhold ved mottak og oppfølging av asylsøkerer i Volda kommune.
4. Brev til Volda kommune frå LINK AS datert 22.10.15, om konvertering til ordinær driftsavtale av EMA-avdeling på Volda statlige mottak.
5. UDI-rundskriv 2011-025: Tilskudd til vertskommuner for asylmottak eller omsorgssenter.

#### Uprenta saksvedlegg:

- K-sak 23/15 handsama i k-styret 26.03.15: Asylhelseteneste – auke av stillingsressurs.

#### Samandrag av saka:

Volda statlige mottak vart etablert i 2008 med 120 faste plassar. Talet plassar har auka gradvis og frå november 2014 vart talet auka til 160 faste plassar, med opsjon på ytterlegare 30 plassar. Opsjonsplassane vart første gong utløynt i mars 2015 for fem månader, og på nytt

utløyst frå oktober 2015, slik at kapasiteten på det ordinære mottaket no er på 190 plassar. I slutten av oktober 2015 vart det i tillegg oppretta ei EMA-avdeling ved Volda mottak, med 40 plassar for einslege mindreårige i alderen 15-18 år. Avtalen om drift av EMA-avdeling vart inngått for 6 månader med høve til lenging i 3 + 3 månader gjennom direktekjøp mellom UDI/LINK AS. No har LINK AS varsla at dei deltek i anbodskonkurranse for konvertering til ordinær driftsavtale av EMA-avdelinga på Volda mottak i 3 + 3 år, sjå vedlegg 4.

Vertskommunetilskot skal dekke kommunen sine gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon. Det er særleg helsestasjonen og legesenteret som har merkbart press knytt til auka tal bebuarar. For å gjennomføre lovpålagde tenester og eit helsetenestetilbod i samsvar med nasjonale føringar og Volda kommune sine prosedyrar, ser rådmannen det som naudsynt at helsestasjonen og legesenteret får styrka sine tenester. Rådmannen ser det vil vere nyttig å få fullmakt til å disponere vertskommunetilskotet og gjere naudsynte prioriteringar innafor kva tilskotet er meint å dekke for raskt å setje kommunale tenester i stand til å yte lovpålagde tenester overfor bebuarar i mottaket.

### Saksopplysningar:

#### *Tal plassar på Volda mottak*

Volda Statlige Mottak er eit desentralisert mottak og fekk sine første bebuarar i november 2008. Ved oppstarten hadde mottaket 120 faste plassar, men tidvis har opsjonsplassar blitt utløyst og det har vore opp til 145 bebuarar i mottaket. Medio november 2014 vart kapasiteten auka til 160 faste plassar, med ein opsjon på ytterlegare 30 plassar. Opsjonsplassane vart utløyst i mars 2015 for fem månader, og på nytt utløyst frå oktober 2015, slik at kapasiteten i mottaket i dag er på 190 plassar. I slutten av oktober 2015 vart det i tillegg etablert eiga EMA-avdeling ved mottaket, med 40 plassar for einslege mindreårige i alderen 15-18 år. Dvs. at det pr. i dag totalt er 230 plassar i Volda mottak.

#### *Vertskommunetilskotet og andre tilskot til vertskommunar for asylmottak*

Kommunar med asylmottak har ansvar for lovpålagde tenester overfor bebuarar i mottak. Til dette mottek kommunen eit *vertskommunetilskot* som skal dekke gjennomsnittlege utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon. Tilskotet er samansett av ein grunnsats og ein sats pr. type plass. I 2015 gjeld følgjande satsar:

<b>Vertskommunetilskotet 2015</b>	<b>Pr. år</b>	<b>Faktor</b>	<b>Budsjett år</b>
Grunnsats	492 592	1	492 592
Sats pr. ordinær plass	7 560	190	1 436 400
Sats pr. EMA-plass	13 965	40	558 600
<i>Årleg tilskot ved 100% belegg</i>			<i>2 487 592</i>

Vertskommunetilskotet for 2015 vil utgjere **kr 1 974 884** for Volda kommune. For 2016 er det varsla om lag 2,9% auke i vertskommunetilskotet. Med 100% belegg gjennom året på 230 plassar, vil vertskommunetilskotet til Volda kommune utgjere om lag 2,6 mill. i 2016. Tilskotet vert utbetalt kvartalsvis, for det tal plassar LINK AS/Volda mottak og UDI til ei kvar tid har avtale om. I 2015 vart det utløyst tilskot for dei 30 opsjonsplassane i om lag åtte månader. Satsane for EMA-plassane vart først utløyst frå slutten av oktober, dvs. i litt over to månader.

Utover vertskommunetilskotet mottek kommunen:

- *Barnehagetilskot* for asylsøkjjarbarn i alderen 4-5 år som vert tilbydd barnehageplass, inkluderer også foreldrebetalinga.
- *Grunnskuletilskot* for barn (6-15 år) og ungdom (16-18 år).
- *Norsktilskot* for vaksne knytt til norskopplæringa.

- *Innbyggartilskot* - Når bebuarar i mottak har fått opphaldsløyve blir dei folkeregistrert i kommunen og tel med i berekninga av innbyggartilskotet.
- *Særtilskot ved omsorgsovertaking* - Vertskommunar *kan søke* tilskotet ved urimelege store barnevernsutgifter ved omsorgsovertaking.

#### *Bruk av vertskommunetilskotet i Volda kommune*

I samband med etableringa av mottaket i 2008 vart det frå 01.01.2009 tilsett helsesøster i 60% stilling og helsesekretær i 8% stilling ved helsestasjonen, og 20% stilling som helsesekretær på legesenteret. Frå 01.03.15 fekk helsestasjonen auka den samla personalressursen på inntil 40%. Leiar på helsestasjonen fekk mynde til å avgjere korleis best mogleg utnytte ressursen, som vart fordelt slik: 25% helsesøster og 15% jordmorteneste. Dvs. at helsestasjonen totalt har 108% stillingsressurs finansiert av vertskommunetilskotet; 85% helsesøster, 15% jordmor, 8% helsesekretær, og legesenteret har 20% stillingsressurs som helsesekretær finansiert av vertskommunetilskotet.

Bruken av vertskommunetilskotet er pr. i dag bunden til:

- *108% stillingsressurs på helsestasjonen*
  - 85% helsesøster
  - 15% jordmor
  - 8% helsesekretær
- *20% stillingsressurs på legesenteret*
  - 20% helsesekretær
- Kostnader til *bruk av tolk* overfor bebuarar i mottaket

Helsestasjonen og legesenteret har særleg fått auka press på helsetenester overfor bebuarar i mottaket, og siste halvåret har det vore lang ventetid på helsesamtalar. Dette er uholdbart i høve smitteoppsporing og kartlegging av behov for helsehjelp. I november 2013 kom det nye nasjonale anbefalingar for vaksinerings av asylsøkjjarar, noko som har ført til at det blir brukt meir tid på vaksinerings enn tidlegare. Det går alltid ekstra tid på konsultasjonane då ein nyttar telefontolk og det skal gjerast grundig kartlegging av fysisk og psykisk helse samt smitteoppsporing.

Auken i tal flyktningar ved asylmottaket i haust medførte auka behov for tenester frå kommunen. Det er særleg viktig at flyktningane får nødvendige helsetenester ved ankomst. I eit internt møte om helsetenestetilbodet den 12.10.15 gav rådmannen løyve til ei midlertid ekstra styrking av helsestasjonen og legetenesta ut året 2015, som følgje av auka lovpålagde oppgåver knytt til auka tal bebuarar i Volda mottak og etableringa av EMA-avdeling slik:

- Helsestasjonen
  - 50% helsesøster
- Legesenteret:
  - 30% helsesekretær
  - 10% lege

Både helsestasjonen og legetenesta ønskjer at styrkinga vert vidareført i 2016 og gjort om til faste stillingar. Dvs. *slik samla disponering av vertskommunetilskotet frå 2016:*

- *158% stillingsressurs på helsestasjonen*
  - 135% helsesøster
  - 15% jordmor
  - 8% helsesekretær
- *60% stillingsressurs på legesenteret*
  - 50% helsesekretær
  - 10% lege



- Kostnader til *bruk av tolk* overfor bebuarar i mottaket

I notat til saka ber helsestasjonen om ytterlegare auka stillingsressurs på 50% for å ivareta oppfølging av *psykisk helse for barn og unge med minoritetsbakgrunn*, sjå vedlegg 1. Helsestasjonen meiner det er viktig å få på plass eit system for oppfølging av psykisk helse for gruppa. Eit slikt tilbod vil vere førebyggjande både for personane sjølve og for samfunnet. Rus- og psykisk helseteneste tek imot henvisningar på personar over 18 år. Helsestasjonen har helsesøstre med vidareutdanning innan psykisk helse for barn og unge. Dei jobbar i dag innanfor skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom. Dersom helsestasjonen skal kunne tilby eit lavterskeltilbod innan psykisk helse for målgruppa, må ressursane omdisponerast, og dei treng difor ei ytterlegare 50% stillingsressurs til dette arbeidet. Rådmannen ønskjer å sjå nærare på denne saka etter nyttår og sjå dette i samanheng med tilsetting av kommunepsykolog og korleis kapasiteten og ressursituasjonen utviklar seg i arbeidet med minoritetshelse i kommunen.

Barnevernstenesta har til no ikkje hatt trong for auka ressursar knytt til arbeidet med bebuarar i mottaket. Dette kan endre seg som følgje av etableringa av EMA-avdelinga og ev. fleire barnefamiliar i Volda mottak.

#### *Styrking av kommunale tenester knytt til busetjing av flyktingar*

Barnevernet fekk imidlertid auka stillingsressurs med 100% barnevernspedagog i 2010, som følgje av auka busetjing av flyktingar. Rus- og psykisk helseteneste fekk same året 50% auka stillingsressurs og helsestasjonen har 60% stillingsressurs knytt til arbeidet med busetjing av flyktingar.

#### *Framtidig disponering av vertskommunetilskotet*

Rådmannen ser det vil vere nyttig å få fullmakt til å disponere vertskommunetilskotet og gjere naudsynte prioriteringar innafor ramma av vertskommunetilskotet og gjeldande regelverk av kva tilskotet er meint å dekke, sjå vedlegg 5. Dette for raskt å imøtekomme behov for ressursar og setje det kommunale tenesteapparatet i stand til å yte lovpålagde tenester overfor bebuarar i mottaket.

#### *Oppretting av tverrfagleg team for minoritetshelse*

I samsvar med tilråding frå helsedirektoratet ser vi behov for å etablere eit tverrfagleg team for kvalitetssikring og koordinering av minoritetshelseteneste på ein god måte. Vedlagt følgjer mandat, målsetting og samansetting av tverrfagleg team for minoritetshelse i Volda kommune.

### **Vurdering og konklusjon:**

Rådmannen er uroa over den formidable utfordringa knytt til å vere vertskommune for eit stadig større asylmottak, som på få år og kort varsel har auka frå 120 til 230 plassar. Dette har utløyst store utfordringar med raskt å etablere kommunale tenester knytt til utviding av lokala til Volda læringscenter til norsk- og grunnskuleopplæring, og kapasitetsmessige utfordringar i legetenesta og på helsestasjonen. Det er viktig at dei kommunale tenestene vert styrka, for å yte lovpålagde kommunale oppgåver på ein fagleg forsvarleg måte.

### **Helse og miljøkonsekvensar:**

Behovet for psykisk helseteneste er svært undervurdert, og spesialisthelsetenesta i helseforetaka må tungt inn. Rådmannen har via fleire kanalar, m.a. gjennom KS, sterkt oppmoda om at myndigheitene snarast må kartleggje utfordringane, sjå på arbeidsfordelinga og finansieringa av utgiftene til tenestene som må ytast for at flyktingane snarast kan verte integrerte.

Styrkinga av det kommunale helsetenestetilbodet og etableringa av eit tverrfagleg team for minoritetshelse, vil gi rom for å vere betre rusta til å yte lovpålagde kommunale oppgåver, betre samarbeid og samordning av kommunale helsetenester overfor målgruppa, og sikre gode rutinar for mottak og oppfølging av personar som har krav på lovpålagde helsetenester av kommunen.

**Økonomiske konsekvensar:**

Med auke i talet på bebuarar i Volda mottak vil vertskommunetilskotet auke. Innafor ramma av tilskotet er det rom for å gjennomføre framlegget om auka stillingsressursar til helsestasjonen (158%) og legesenteret (60%). Grovt rekna vil dei samla kostnadene til stillingsressursar utgjere om lag kr 1,2 mill. på årsbasis. I 2015 vil vertskommunetilskotet utgjere i underkant av 2 mill. For 2016 er det forventa at vertskommunetilskotet vil utgjere om lag 2,6 mill.

Det er stor usikkerheit til om vertskommunar for asylmottak får finansiert sine utgifter gjennom vertskommunetilskotet og andre tilskot som følgjer med. Rambøll har i rapport dokumentert at vertskommunen sine utgifter er underfinansiert.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ikkje vurdert utover det som kjem fram av saksutgreiinga.

Rune Sjugard  
rådmann

Nina Kvalen  
spesialrådgjevar innvandring og integrering

**Utskrift av endeleg vedtak:**

spesialrådgjevar Nina Kvalen  
oppvekstsjef Per Ivar Kongsvik  
leiar helsestasjon Anne Årsnes Skrede  
helsesøster Ann-Elin Lillebø  
helse- og omsorgssjef Jorunn Anne Tomasgard  
kommuneoverlege Arne Gotteberg  
leiar førebygging, rehabilitering og legeteneste Synnøve Ringset Fuglehaug  
leiar Volda legesenter Oddvar Alfsvåg  
leiar hjelpepersonell Volda legesenter Ingeborg Alsaker  
leiar rus- og psykisk helseteneste Elin Høydal Vatne  
barnevernsleiar Brynhild Solvang  
konst. personalsjef Oddny Vatnehol  
økonomisjef Henrik Skovly  
leiar rekneskap Gunnar L. Lillebø  
økonomikonsulent Andreea Beleuta



**VOLDA KOMMUNE**  
Helsestasjon i Volda  
Opplæring og oppvekst  
6100 Volda

## **Helsestasjonen sitt arbeid med minoritetshelse.**

### **Helsekartlegging.**

For oppfølging av asylsøkjere er det veileder IS-1022: «Helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og familiegjenforendte» frå Helsedirektoratet (rev -2015) som blir følgt. Alle nye som kjem til kommunen får mottakssamtale hos helsesøster.

Her blir helsestatus kartlagt m.h.t. psykisk og fysisk helse, tuberkulose- og vaksinasjonsstatus, tannhelse, ernæring, nettverk og bakgrunn. Tema som kjønnslemlesting og vald blir tatt opp. Helsesøster bestiller legetime på Volda legesenter for smitteoppsporingsprøver og naudsynt helseoppfølging. Med bakgrunn i smitteoppsporingsprøver og helsekartlegging vil helsesøster følge opp i forhold til vaksinasjon, informasjon, samtaler og henvisning til andre samarbeidspartar.

Hausten-13 kom det ny anbefaling frå Folkehelseinstituttet om vaksinerings av asylsøkjere og tilsette ved asylmottak pga. epidemi av polio og meslingar m.a. i Syria og Somalia. Alle nye asylsøkjere får tilbod om desse vaksine, i tillegg til hepatitt B vaksine av alle under 25 år. Born og ungdom får kartlagt sin vaksinestatus og får oppdatert vaksiner tilsvarande norsk vaksineprogram. Hepatitt B vaksine består av 3 doser, dermed er det mange som har mange konsultasjonar ved helsestasjonen. Tidvis vert det oppdaga smittsam sjukdom som krev ekstra oppfølging av den som er ramma, samt miljøundersøking med kartlegging av nærkontakter og evt. Vaksinerings av desse. Sidan mange deler kjøkken og bad kan miljøundersøkingane ofte bli omfattande.

Helsesøster får tilsendt helsepapir frå helsetenesta i transittmottak når nye personar kjem til Volda. Helsepapira blir etter samtykke sendt til ny helsestasjon for dei som får opphald i andre kommunar.

Gravide får oppfølging av jordmor ved helsestasjonen.

Vi brukar tolk til konsultasjonane der det er behov, konsultasjonane tar då dobbel så lang tid.

### **Vurdering av kapasitet ved helsestasjonen.**

Det har vore ei stor auke i tilflytting til Volda av personar som treng helsetenester etter veileder IS-1022.

Det aktuelle no er eit asylmottak for einslege mindreårige flyktningar med 40 ungdomar.

For å kunne gjennomføre arbeid med helsekartlegging, oppfølging av vaksiner, smittevern, helseinformasjon, administrering, som t.d. helsepapirer til og frå helsestasjonen og bestilling av tolk, er det behov for ein 50% helsesøsterressurs.

Det er viktig at Volda kommune får på plass eit system for oppfølging av psykisk helse for denne gruppa. Å ha eit tilbod om oppfølging av den psykiske helsa er viktig førebyggjande arbeid både for personane dette gjeld og for samfunnet elles.

Rus- og psykisk helseteneste tek imot henvisingar på personer over 18 år. Helsestasjonen har helsesøstre med vidareutdanning innan psykisk helse for barn og unge. Pr. dags dato jobbar dei innan skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom. Dersom helsestasjonen skal kunne tilby eit lavterskeltilbod innan psykisk helse, må ressursane omdisponerast og vi ser behov for ei ytterlegare 50% stilling.

Dersom ikkje helsestasjonen får naudsynte ressursar må barn og unge som slit med psykisk helse bli henvist til fastlege. Alle barn over 16 år må betale for legeteneste.

Vi ser behov for å få sett ned eit tverrfagleg team som skal arbeide med minoritetshelse. Dette er i samsvar med tilråding frå helsedirektoratet.

**Helsestasjonen treng 50% stillingsressurs til helsesøster for helsekartlegging og oppfølging. I tillegg er det trong om 50% for å ivareta oppfølging av psykisk helse for barn og unge med minoritetsbakgrunn.**

**Eit tverrfagleg team for minoritetshelse er viktig å få på plass for kvalitetssikring og koordinering av tenestene på ein god måte.**

Volda, 09.11.15

Mvh

Anne Årsnes Skrede  
Leiar helsestasjonen



## **Tverrfagleg team for minoritetshelse**

### Mandat

Volda kommune oppretter eit tverrfagleg team for minoritetshelse. Teamet skal arbeide med rutinar, prosedyrar for oppfølging av fysisk og psykisk helse, smittevernutfordringar, drøfte behov for oppfølging og iverksetjing av tiltak, derav førebyggjande lavterskeltiltak, og best mogleg utnytting av tildelte ressursar.

Møtefrekvens ca 4-6 gongar pr år, eller når nokon finn det er naudsynt å diskutere utfordringar.

Teamet skal halde seg orientert om lovverk og gi informasjon til samarbeidspartar.

### Målsetting

Sikre gode rutinar for mottak og oppfølging av personar som har krav på lovbestemte helsetenester i kommunen.

### Teamet si samansetting

Rus- og psykisk helseteneste, helsesøsterteneste, jordmorteneste, lege / kommuneoverlege og barnevernstenesta.

Kommunepsykolog bør nyttast som rettleiar for identifisering av traumatiske tilstander.

Andre samarbeidspartar kan verte invitert som t.d. rådmannen, Volda læringscenter, BUP, politi, psykolog og Volda mottak.



Rapportering om helseforhold ved mottak og oppfølging av asylsøkere 09.11.15.docx - Melding (HTML)


Melding

Svar Svar Videresend til alle Slett Overfør til mappe Lag regel Andre handlinger Blokker avsender Sikker-lister Ikke søppelpost Kategoriser Følg opp Marker som ulest Søker Relatert Velg Søker

Fra: Anne Skrede  
Til: 'sverre.veiset@fylkesmannen.no'  
Kopi: Rune Sjurgard; Arne Gotteberg; Nina Kvalen  
Emne: Rapportering om helseforhold ved mottak og oppfølging av asylsøkere 09.11.15.docx

Sendt: ma 09.11.2015 14:07

Melding Rapportering om helseforhold ved mottak og oppfølging av asylsøkere 09.11.15.docx (23 kB)

 **Anne Årsnes Skrede**  
leiar helsestasjonen/kommunejordmor  
Opplæring og oppvekst  
Tlf 70 05 88 20  
[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)

Start NO 12:11 11.11.2015

## Rapportering om helseforhold ved mottak og oppfølging av asylsøkere 09.11.2015

Økt tilstrømning av asylsøkere har gitt økte utfordringer for mange deler av samfunnet. Helsetjenesten har en rolle, både i forbindelse med obligatorisk screening for tuberkulose, helsetilbud til asylsøkere i ulike faser og i oppfølging av barna, som har rett til helsehjelp på linje med norske barn. Vi viser til veileder for helseundersøkelse av asylsøkere og flyktninger IS 1-1022. Fylkesmannen er av Helsedirektoratet gitt i oppdrag å beskrive status på forholdene i Møre og Romsdal.

Vennligst gi en kort vurdering i din kommune;

<b>Volda kommune</b>	<b>Rapport:</b>
<p><b>Situasjonsbildet</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• samarbeid mellom UDI og samordning internt i kommunen</li><li>• gjennomføring av tuberkulose screening</li><li>• annen helsetjeneste til asylsøkerne, vurdering rundt kommunenes kompetanse</li><li>• tilgang til helsestasjon og vaksinasjonsprogram for barn</li><li>• andre forhold</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Helsestasjonen har blitt kalla inn til enkelte møter med UDI i samband med tilsyn ved Volda Statlige Mottak, oppretting av EMA (einslege mindreårige asylsøkjalar) avdeling m.m.</li><li>• Tuberkulose screening er høgt prioritert, ein går igjennom helsepapira frå transitt på alle som kjem. Dersom Rtg-thorax og IGRA (på dei under 35 år) ikkje er tatt, vert dette tatt i Volda.</li><li>• Volda kommune har utarbeidd prosedyre for mottaking av asylsøkjalar og flyktningar. Alle får tilbod om kartleggingssamtale på helsestasjonen og ein gratis legetime (der det m.a. vert tatt smitteoppsporingsprøver som HIV, Hepatitt B og C og treponema). Vidare får alle tilbod om vaksinerer etter gjeldande prosedyre i vår kommune.</li><li>• Barn får same tilbod som norske barn i høve til vaksinerer og helsestasjonskontrollar.</li><li>• Vi erfarer at behovet for foreldre-vegleiing er stort, vi ønskjer</li></ul>

	<p>oss tilbod om dette i kommunen, t.d. Marte-Meo veileder.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Tolk: vi nyttar telefontolk. Sju kommunar på Søre Sunnmøre har gått saman om felles tolkeavtale med firmaet Tolkenett.</li> </ul>
<p><b>Tiltak som er iverksatt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• tiltak i kommunen ut over det som er forventet etter IS 1-1022</li> <li>• ev. andre tiltak, herunder vurdering/gjennomgang av smittevernplan, tilgang på relevant helsepersonell</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• BraMat kurs for innvandrarakar. Dette er ei vidareutvikling av konseptet BraMat frå helsedirektoratet. Kurset går over 8 kursøkte, fire gongar teori og fire gongar praktisk matlaging på skulekjøkken. Kurset går over åtte veker. Vi har to kurs pr. år. Dette er eit samarbeid mellom helsestasjonen, Volda læringsssenter og innvandrarkontoret i Volda.</li> <li>• Vi har ikkje hatt gjennomgang av smittevernplan, men ein revisjon av denne hadde vore ønskjeleg. Vi har samarbeid mellom helsestasjon og smittevernlege vedrørande miljøundersøkingar og informasjonsoppfølging i høve til smittsame sjukdommar. Vi har kvalifisert personell, t.d. helsesøstre med lang erfaring og vidareutdanning innan «psykisk helse for barn og unge» og «flerkulturell forståelse». Ser behov for ytterlegare kompetanseheving i høve til auka asylstrøm og deira utfordringar.</li> </ul>
<p><b>Forventet utvikling</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• kommunens vurdering av behov for utsyr og tjenester ved vedvarende eller økt tilstrømning av asylsøkere</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi erfarer at rammeoverføringane frå staten og vertskommunetilskotet til kommunen ikkje er tilstrekkelege for å dekkje dei helseutfordringane vi står overfor innan asylhelsetenesta.</li> <li>• Vi ønskjer oss styrking av stillingsressursar for helsepersonell for å møte utfordringane knytta til auka tilstrømning av asylsøkkjarar. Vi ser eit auka antal smitteførande sjukdommar som krev miljøundersøkingar og auka fokus på informasjon og reinhald. Vi ser behov for auka fokus på sikkerheit med rømmingsvegar, låserutiner og valdsalarmar, og ikkje minst auka fokus på psykisk helse.</li> </ul>
<p><b>Tiltak som vurderes iverksatt ut i fra de aktuelle forhold:</b></p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Volda kommune førebur sak til kommunestyret vedrørande</li> </ul>

	<p>auka ressursar til minoritetshelse.</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kommunen har behov for eit betre system for oppfølging av psykisk helse</li><li>• Vi jobbar for å opprette eit tverrfagleg helseteam for minoritetshelse.</li></ul>
--	--

**Vi fekk beskjed om å gi ei tilbakemelding frå Volda helsestasjon to timar før innleveringsfristen. Vi har raskt skreve ned nokre punkt som vi håper kan vere til hjelp for Dykk. Ta gjerne kontakt i ettertid om De ønskjer meir informasjon frå oss.**

**Mvh: Volda helsestasjon v/ Ann-Elin Overvoll Lillebø (helsesøster) og Anne Skrede (leiar).**

Kopi:  
Ordf.  
Runeju  
Perkon

VOLDA KOMMUNE	
Saksnr	2014/1339
Løpnr	
26 OKT 2015	
Arkivnr	Emne2
Klassering P	F31
Klassering S	

LINK

Link AS  
Postboks 527  
4665 Kristiansand  
Norge  
Tlf. +47 48 89 85 48  
Org. nr. 880 403 982  
[linkmottak.no](http://linkmottak.no)

Volda kommune  
v/ Rådmann  
Stormyra 2  
6100 Volda

Kopi: Ordfører

Ulsteinvik, 22.oktober 2015

## Volda statlige mottak, avdeling for enslige mindreårige asylsøkere. Konvertering til ordinær driftsavtale.

På bakgrunn av den store økningen i ankomster av asylsøkere i sommer og høst, gikk Utlendingsdirektoratet til hurtiganskaffelse av ny mottakskapasitet. Dette ble gjort ved opprettelse av mottak gjennom direktekjøp der avtaler ble inngått for 6 måneder med mulig forlengelse i 3+3 måneder.

Gjennom ordinær anbudsutlysning ønsker nå Utlendingsdirektoratet å konvertere korte midlertidige driftsavtaler for enslig mindreårig mottak / avdelinger til ordinære avtaler på 3 + 3 år.

LINK meddeler med dette at vi deltar i anbudskonkurranse for drift av enslig mindreårig mottak gjennom en videreføring av Volda EMA-avdeling slik den er etablert i dag. Dette gjelder både bygningsmasse og antall plasser. Skulle vi vinne frem i anbudskonkurransen vil nåværende driftsavtale konverteres i ny avtale fra 01.januar 2016 med en varighet på 3 år med opsjon på ytterligere 3 års drift.

Som i nåværende drift vil vertskapskommunen ha ansvar for å gi norskopplæring / tilpasset grunnskoleopplæring i tillegg til helsetilbud. Fylkesmannen vil være ansvarlig for oppnevning av representanter (verger). Vertskapskommunekompensasjonen pr plass pr år er kr 13 965,- (vedlegg RS 2011-025 og RS 2011-025V1)

Volda statlige mottak har etablert et godt og langvarig samarbeid med Volda kommune. Vi vil medvirke til at dette videreføres i drift av EMA-avdelingen med beboere i en sårbar og utfordrende livssituasjon.

Kontaktpersoner:  
Hallstein Saunes 48898548  
Andre Eiksund 47928318



Med vennlig hilsen

*H. Saunes*

Hallstein Saunes

Daglig leder

[hallstein@linkmottak.no](mailto:hallstein@linkmottak.no)

+47 48898548

[www.linkmottak.no](http://www.linkmottak.no)

**UDI rundskriv**[📎 Snarvei til vedlegg](#)

**Dokument-ID :** RS 2011-025  
**Saksnummer :** 10/4235-74  
**Sist endret :** 25.02.2015  
**Dokumentdato :** 09.05.2011  
**Mottakere :** Asylmottakene  
Driftsoperatører for asylmottak  
Kommunene  
Region- og mottaksavdelingen

**UDI****Tilskudd til vertskommuner for asylmottak eller omsorgssenter**

1. Innledning
2. Målsetting
3. Vertskommunens ansvar
4. Tilskudd til vertskommuner for asylmottak
5. Tilskudd til vertskommuner for barnevernets omsorgssentre
6. Helsetjenester
  - 6.1 Personer under 18 år
7. Barnevernstjenester
  - 7.1 Særtilskudd til vertskommuner ved omsorgsovertakelse
    - 7.1.1 Hvem kan søke
    - 7.1.2 Hva kan det søkes om
    - 7.1.3 Søknadens utforming
    - 7.1.4 Tilskuddsbeløp
    - 7.1.5 Søknadsfrist
    - 7.1.6 Behandlingsinstans
8. Tolketjenester
9. Skoletilbud
10. Barnehagetilbud og foreldrebetaling
  - 10.1 Utbetaling og rapportering
11. Administrasjon
12. Klageadgang

**1. Innledning**

Utlendinger som søker asyl i Norge har lovfestet rett til et statlig innkvarteringstilbud, jf. lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven) § 95. Utlendinger som har fått endelig avslag på søknad om beskyttelse, kan gis tilbud om innkvartering i påvente av utreise, jf. utlendingsloven § 95 første ledd, 2. punktum.

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har ansvar for å gi enslige mindreårige asylsøkere under 15 år et tilbud om opphold i omsorgssenter for mindreårige.

Utlendingsdirektoratet (UDI) har ansvar for alle andre grupper som innkvarteres i statlige mottak for asylsøkere.

**2. Målsetting**

Dette rundskrivet fastsetter kriteriene for virkeområde og beregning av vertskommunetilskuddet, herunder tilskudd til barnehagetilbud til barn av asylsøkere, og skal sikre et enhetlig og forutsigbart tjenestetilbud til beboere i asylmottak og omsorgssentre.

**3. Vertskommunens ansvar**

Kommuner med asylmottak og omsorgssentre har ansvar for lovpålagte tjenester til beboerne. For å sikre beboere de tjenester de har krav på, er det nødvendig med et tett og strukturert samarbeid mellom vertskommune og innkvarteringstilbudet. Vertskommunene vil motta et tilskudd som skal dekke kommunenes gjennomsnittlige utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon i forbindelse med at det drives et asylmottak eller omsorgssenter i kommunen.

Fra 1. januar 2011 vil kommunene også motta barnehagetilskudd for asylsøkerbarn i alderen 4-5 år som tilbys barnehageplass. Tilskuddet inkluderer foreldrebetalingen.

Vertskommunetilskuddet skal sette kommunene i stand til å dimensjonere tjenesteapparatet i tråd med oppgavene som skal løses. I tillegg til vertskommunetilskuddet kan et asylmottak ha innvirkning på rammetilskuddet til kommunen. Beboere som har fått oppholdstillatelse kan bli folkeregistrert i kommunen og vil da telle med ved beregning av innbyggertilskuddet.

#### 4. Tilskudd til vertskommuner for asylmottak

Ordinært vertskommunetilskudd består av en grunnsats for kommunen og en sats per plass og type plass. For satser, se [vedlegg 1](#).

Det foretas egne beregninger for kommunenes gjennomsnittlige utgifter som vertskommuner for statlige mottak. Denne beregningen dokumenterer kommunenes gjennomsnittlige utgifter til helse, barnevern, tolk og administrasjon og er tilstrekkelig bakgrunnsmateriale for fastsettelse av de ulike satsene som inngår i vertskommunetilskuddet. UDI setter ikke krav til rapportering fra vertskommuner på det ordinære vertskommunetilskuddet.

Kommunen trenger ikke søke om utbetaling av det ordinære vertskommunetilskuddet. Tilskuddet utbetales kvartalsvis av UDI når det er inngått kontrakt med asylmottakets driftsoperatør. Tilskudd beregnes etter asylmottakets kapasitet og utbetales først når mottaket har fysisk startet opp. I en eventuell oppstartsfasen beregnes det etter antall tilgjengelige plasser.

#### 5. Tilskudd til vertskommuner for barnevernets omsorgssentre

Fordi barnevernet har små institusjoner samt at det på grunn av plassmangel har vært nødvendig å plassere mindre grupper beboere i flere kommuner, beregnes tilskuddet etter en sats per plass. For sats, se [vedlegg 1](#).

Bufdir sender melding om tidspunkt for oppstart og størrelse av omsorgssentre til UDI som utbetaler tilskuddet kvartalsvis. I en oppstartsfasen beregnes tilskuddet etter antall tilgjengelige plasser inntil senteret er i full drift. For enkeltplassering utenfor omsorgssenter, vil UDI utbetale tilskuddet basert på kvartalsvise oversiktslister fra Bufdir. Tilskuddet beregnes per person per nærmeste hele måned.

#### 6. Helsetjenester

Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m., lov om spesialisthelsetjenesten m.m. av 2. juni 1999 nr. 61 og lov om pasient- og brukerrettigheter av 2. juli 1999 nr.63 gjelder for beboere i statlig asylmottak og omsorgssentre.

Vertskommunetilskuddet skal bidra til at kommunen kan legge til rette for at beboere i statlige asylmottak også gis et tilbud innen forebyggende helsetjeneste, spesielt når det gjelder psykososiale lidelser, oppfølging av vaksinasjonsprogrammer, rådgivning innen kosthold og ernæring, samt mor/barn kontroll.

Utførlig informasjon om retningslinjer for helsetjenestetilbudet til innvandrere og asylsøkere er beskrevet i [Helsedirektoratets veileder for helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og familiegjenforente IS-1022 \(2010\)](#). Utførlig informasjon om tannhelsetjeneste er å finne i daværende Sosial- og helsedepartementets (nåværende Helse- og Omsorgsdepartementet) rundskriv I-23/99 [Retningslinjer for tannhelsetjenester til flyktninger og asylsøkere i statlig mottak ansvar, tjenestens faglige innhold og betalingsordninger](#).

##### 6.1 Personer under 18 år

Forskrift om rett til helse- og omsorgstjenester til personer uten fast opphold i riket (FOR 2011-12-16 nr 1255) § 4 gir barn under 18 år rett til nødvendige helse- og omsorgstjenester fra vertskommunen selv om barna bor i eller har tilbud om opphold i statlige mottak (§6).

I henhold til lov om kommunale helse- og omsorgstjenester § 3-2 nr. 6 har asylsøkende barn under 18 år krav på følgende tjenester:

- helsetjenester i hjemmet
- personlig assistanse, herunder praktisk bistand og opplæring og støttekontakt,
- plass i institusjon, herunder sykehjem og
- avlastningstiltak

#### 7. Barnevernstjenester

Lov om barneverntjenester gjelder for alle barn i Norge uavhengig av asylsøkerstatus. Asylsøkerbarn

har, som alle andre barn i Norge, rett til å motta tjenester og tiltak etter lov om barneverntjenester, dersom barnet har et særlig behov for hjelp. Utlendingsmyndighetene vil fortsatt ha ansvar for behandlingen av barnets asylsak, selv om det fattes vedtak etter lov om barneverntjenester. Utførlig informasjon om dette er å finne i Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementets rundskriv Q-06/2010 Barneverntjenestens ansvar for enslige mindreårige asylsøkere og andre mindreårige personer i mottak, omsorgssentre og kommuner.

Dersom barnevernet tar over omsorgen blir utgiftene refundert av fylkeskommunen på vanlig måte. Det gis statsrefusjon for kommunale utgifter til barneverntiltak for enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger, se Barne-, ungdoms- og familiedirektoratets rundskriv [Q-05/2004 Om statsrefusjon for kommunale barnevernutgifter for enslige mindreårige asylsøkere og flyktninger](#).

Ekstraordinære utgifter i forbindelse med omsorgsovertakelse kan utløse særtilskudd til vertskommuner, se punkt 7.1

## **7.1 Særtilskudd til vertskommuner ved omsorgsovertakelse**

### **7.1.1 Hvem kan søke**

Vertskommuner som blir påført urimelig store kostnader til barnevern i forbindelse med omsorgsovertakelse kan søke om tilskuddet. Dette tilskuddet erstatter tidligere ordning for etterskuddsvis og delvis dekning av vertskommuners ekstraordinære utgifter knyttet til barnevern. Kostnadene må være av en viss størrelse for at kommunen skal kunne søke om tilskudd. Særtilskuddet skal ikke være en utjevningsordning for et eventuelt avvik mellom vertskommunetilskuddet og kommunens faktiske kostnader.

Kommunene kan ikke søke om dette særtilskuddet fra UDI for saker som kvalifiserer for "særskilt tilskudd ved omsorgsovertakelse" fra Integrerings og mangfoldsdirektoratet (IMDI), se IMDIs rundskriv 03/15: Særskilt tilskudd ved bosetting av enslige mindreårige. Kommunene kan heller ikke søke om særtilskuddet fra UDI dersom kostnadene kan dekkes av andre offentlige refusjonsordninger, jf. punkt 7.

### **7.1.2 Hva kan det søkes om**

Tilskuddsordningen omfatter kun plasseringer utenfor hjemmet etter Lov om barneverntjenester §§ 4-4, 4. ledd, 4-6, 4-24, 4-25 og 4-26.

Plasseringer under tre måneder kvalifiserer ikke til tilskudd, med unntak for søskengrupper, mor og barnplassering, eller dersom tiltaket gjelder grupper av barn i transittmottak. Det skal regnes fra vedtaksdato.

### **7.1.3 Søknadens utforming**

Kommunen skal sende inn søknad på fastsatt skjema (vedlegg 2), vedlagt kopi av barnevernsvedtak og grunnlag for dette (se søknadsskjema for detaljer). Søknader uten vedlegg vil bli avslått.

Merk: økonomi og kostnadsoversikter skal IKKE legges ved søknad.

Dersom kommunen søker på feil grunnlag vil kommunen få to måneders frist til å utforme søknaden på nytt.

### **7.1.4 Tilskuddsbeløp**

Satsene er per barn per måned. I forhold til enslig mindreårige er satsen lavere enn for medfølgende barn. Årsaken til differensieringen av er at kommunene betaler halv egenandel ved omsorgsovertakelse av enslig mindreårige asylsøkere. For satser, se vedlegg 1.

### **7.1.5 Søknadsfrist**

Tilskuddsbeløpet utbetales løpende etter søknad. Søknadsfrist for det enkelte år er 1. mars det påfølgende år. Søknader mottatt etter denne søknadsfristen vil bli avslått, med unntak for søknader ved avsluttet tiltak.

### **7.1.6 Behandlingsinstans**

Vertskommuner for statlige mottak skal sende søknad til mottaksansvarlig regionkontor/enhet. Vertskommuner for barnevernets omsorgssentre skal sende søknad til UDI sentralt.

## **8. Tolketjenester**

Bruk av tolk er en nødvendig forutsetning for å sikre at beboere i statlig mottak får reell nytte av kommunale tjenester. Kommunene har alminnelig rettlednings- og informasjonsplikt, og må benytte kvalifisert tolk når det er nødvendig. Den instansen som trenger tolk, bestiller og betaler for tjenesten. Ansvarsforhold vedrørende tolkeutgifter i forbindelse med helsetjenester omtales i Helsedirektoratets veileder for helsetjenestetilbudet til asylsøkere, flyktninger og familiegjennforente IS-1022 (2010).

## **9. Skoletilbud**

Barn og unge i grunnskolealder (6-15 år) i ordinære asylmottak og omsorgssentre har rett og plikt til grunnskoleopplæring. Kommunen kan søke om tilskudd til ordinær grunnskoleopplæring, jf. [UDIR-5-2008 Rett til grunnskoleopplæring for barn og unge i asylmottak](#).

Tilskuddet skal også dekke særskilt norskundervisning, tospråklig fagopplæring og morsmålsopplæring. Disse elevene har også rett til spesialundervisning og tilrettelagt undervisning jf. opplæringsloven § 1-3, jf. § 5-1. Tilskuddene administreres av Utdanningsdirektoratet.

Mindreårige asylsøkere i alderen 16-18 år har rett til 250 timers norskopplæring på linje med voksne asylsøkere, jf. Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementets rundskriv [A-20/2007 Gjennomføring av norskopplæring for asylsøkere i mottak](#). I henhold til rundskrivet er det asylmottakene som er ansvarlig for å organisere skyss til og fra opplæringen. Se også IMDIs rundskriv 4/2015: Tilskudd til opplæring i norsk og samfunnskunnskap for voksne innvandrere og norskopplæring for asylsøkere i mottak.

Asylmottakene får skyssutgiftene refundert i henhold til pengereglementets punkt 5.6 når reiseavstanden er minst 6 km hver vei.

Rett og plikt til grunnskoleopplæring i henhold til opplæringslovens § 2-1 gjelder barn i skolepliktig alder. Asylsøkere som er over 16 år, men under 18 år, og som har lovlig opphold i landet, har etter opplæringslovens § 4A-1 også rett til grunnskoleopplæring. Det må være sannsynlig at de skal oppholde seg i landet i mer enn tre måneder. De som oppholder seg lovlig i landet i påvente av å få avgjort søknad om oppholdstillatelse, og fyller 18 år i løpet av skoleåret, har rett til å fullføre påbegynt skoleår. Rett til grunnskoleopplæring etter opplæringslovens § 4A-1 faller bort fra den dato søknad om oppholdstillatelse blir endelig avslått av utlendingsforvaltningen.

Kommunen søker Fylkesmannen om tilskudd til dette. For nærmere om tilskuddsordningen, se Kunnskapsdepartementets retningslinjer for Tilskudd til opplæring til barn og unge som søker opphold i Norge

## 10. Barnehagetilbud og foreldrebetaling

Barnehagetilskudd til barnehager som tilbyr barnehageplass til asylsøkerbarn i alderen 4-5 år blir administrert av UDI. Tilskuddet inkluderer foreldrebetalingen og gjelder alle godkjente barnehager. Alle asylsøkerbarn i alderen 4-5 år i asylmottak skal, så langt det er mulig, gis tilbud om heldags barnehageplass etter søknad fra asylmottakene. Asylmottakene må i søknad om barnehageplass spesifisere at søknaden gjelder et asylsøkerbarn.

Barn som fyller 4 år i løpet av første del av barnehageåret (august – desember) kan tilbys barnehageplass fra august måned og inntil skolestart.

Barn som fyller 4 år i andre del av barnehageåret (januar – juli) kan tilbys barnehageplass fra den dagen barnet fyller 4 år og inntil skolestart.

### 10.1 Utbetaling og rapportering

Utbetaling av barnehagetilskuddet baseres på rapportering fra asylmottakene til UDIs respektive regionkontor. Rapporteringen skal inneholde opplysninger om antall asylsøkerbarn i alderen 4-5 år som er tildelt barnehageplass, og om det er heltids- eller deltidsplass. Se vedlagt rapporteringsskjema for rapporteringsfrister og utbetalingsdatoer.

Barnehagetilskuddet utbetales i 11 måneder (et barnehageår er 11 måneder). Barnehagetilskuddet for asylsøkerbarn i alderen 4-5 år utbetales hvert kvartal.

Kommuner som tilbyr mindre enn heltidsplass, vil få redusert tilskuddet forholdsmessig.

Kommunene har ikke rapporteringsplikt.

## 11. Administrasjon

Statlige mottak og omsorgssentre vil medføre en viss belastning på kommunens sentrale administrasjon i forbindelse med vertskommunale oppgaver.

Overformyndieret i kommunen har ansvar for å oppnevne representant til enslige mindreårige asylsøkere. Representanten skal påse at ungdommens rettigheter blir ivarettatt i behandlingen av asylsaken og at andre rettigheter oppfylles, eksempelvis i forbindelse med skoletilbudet og omsorgen på mottaket. Vertskommunen har ansvar for rekruttering, oppnevning og oppfølging av representantene. For transitffasen er det opprettet en representantvaktordning som administreres av UDI.

UDI anmoder vertskommunen om oppnevning av representant. UDI tilstreber i størst mulig grad at søker bor i samme kommune gjennom hele den innledende saksbehandlingen. Kommunen har ansvar for å ha nok tilgjengelige representanter til enhver tid slik at innledende asylsaksbehandling kan gjennomføres uten unødig opphold.

## 12. Klageadgang

Tildeling av tilskudd til vertskommuner er ikke et enkeltvedtak etter forvaltningsloven og kan ikke påklages.

Christine Wilberg  
avdelingsdirektør



Kontakt: Region- og mottaksavdelingen, RMA Fagstab

**Vedlegg**

RS 2011-025V1 Satser for tilskudd til kommuner som har statlig mottak eller omsorgssenter for enslige mindreårige asylsøkere

RS 2011-025V2 Søknadsskjema, særtilskudd for vertskommuners utgifter ved omsorgsplassering av barn av asylsøkere

RS 2011-025V3 Rapportering på bruk av barnehageplass for asylsøkerbarn i alderen 4-5 år



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Per Ernst Lundberg

Arkivsak nr.: 2015/1972

Arkivkode: 611

---

**Utvalsaksnr**

**Utval**

**Møtedato**

172/15

Formannskapet

17.11.2015

### FØRESPURNAD OM KJØP AV AREAL VED RUNDKØYRINGA I STORGATA - GBR 19/711

#### Administrasjonen si tilråding:

1. Helga Vasbotn får kjøpe eit areal frå gnr. 19 bnr. 711 slik det går fram av vedlegg 4 i denne saka.
2. Prisen for arealet vert til kr. 1350,- pr. m<sup>2</sup>, med unntak at arealet for tidlegare gategrunn som vert overdrege vederlagsfritt, og kjøpar må dekkje alle kostnader md overdraginga.

#### Vedleggsliste:

1. Brev frå Helga Agathe Vasbotn, motteke her 9.0.15
2. Bilete frå sør
3. Bilete frå nord
4. Kartskisse omsøkt areal
5. Ortofoto

#### Uprenta saksvedlegg:

#### Samandrag av saka:

I brev motteke 9.9.15 ber eigar av gnr. 19 bnr.119 Helga Agathe Vasbotn om å få kjøpe areal ved den nye rundkøyringa. Det vert rådd til slikt sal.

#### Saksopplysningar:

I brev motteke 9.9.15 ber eigar av gnr. 19 bnr.119 Helga Agathe Vasbotn om å få kjøpe areal ved den nye rundkøyringa Lerkane/Storgata, jfr. **vedlegg 1**.

Arealet ligg vest for hennar tomt, jfr. **vedlegg 2**, og blir eit "ingemannsland" i og med at det langs fortauskanten i rundkøyringa blir sett opp støyskjerm, og der blir ingen gjennomgang nord/sør på det som tidlegare var Gymnasvegen på strekninga (merka med XXX på vedlagde kart).

**Vurdering og konklusjon:**

Søknaden har vore drøfta i det administrative planmøtet, og det er semje om at det er betre at det vert overdratt søkjar til utviding av hennar tomt, enn at det vert liggande og gror att.

Arealet har inga nytte for trafikkareal/-avvikling. Det vert her vist til at tilsvarande vart gjort på vestsida av rundkøyringa, då areal vart overdratt gnr. 19 bnr. 826, jfr. f-sak 145/15

Kommunen har løyst inn hageareal om området for kr. 1350,- pr. m<sup>2</sup> (med tillegg for endring av konsumprisindeksen frå nov. 2010 til oppgjer). Prisen for arealet vert forselått sett til kr. 1350,- pr. m<sup>2</sup>, med unntak at arealet for tidlegare gategrunn som vert overdrege vederlagsfritt. I tillegg må kjøpar bere alle kostnader med overdraginga (frådeling/oppmåling/tinglysing osv).

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen.

**Økonomiske konsekvensar:**

Salssum tilførast prosjektet

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen.

Rune Sjurgard  
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Helga Vabotn  
Halkjelsgate 7  
6100 Volda

Administrasjonen for vidare oppfølging.

Helga Agathe Vasbotn

Halkjelsgata 7,

6100 Volda

Volda kommune

6100 Volda

### **SØKNAD OM OVERTAKING AV AREAL.**

I samband med rundkøyringa i Storgata blir det liggande eit unyttta areal mellom min eigedom gnr. 19 bnr. 119 og støttemur/støyskjerm mot sør og vest. Dette arealet vil ikkje tene noko føremål for ålmenta, i og med at det, av naturlege årsaker, ikkje vert tilgjenge til arealet grunna nemnde støttemur/støyskjerm. Arealet vert såleis liggande som eit ”ingenmannsland”, og det er vel eit spørsmål om kommunen vil kunne halde arealet i stand for framtida.....

Eg er såleis så fri og be om å få overta arealet, med føremål å legge det til mi tomt, og ber om å få opplyst kommunen sine vilkår for slik overtaking.

Med helsing

Helga Agathe Vasbotn

Vedlegg: Bilete














Side 116

**Tegnforklaring**

- Henvisning til tegnmodell
- Betonmur
- Kalkstein
- Eiendomsgrænse

**Skala**

A1: 1:200

0 4 8 12 16 20 m

Versjon		Prosjekt / Fase / Hverdt	
Dato	Beskrivelse	Nr.	TS
2022/23	Arbeidsversjon	01	TS

**Prosjekt:** VOLDA KOMMUNE  
**Titel:** Rundkjøring og Sambindingsveg  
**Temapost:** Geometri

**Prosjekt:** 1.500.002      **Utskrift:** 1:200      **Fase:** A1  
**Dokument:** C112

**MANNVIT**  
 Geoteknikk og Bygging  
 Mannvit AS  
 Postboks 100, 4001 Kvernberget  
 Tlf: +47 52 92 20 00  
 E-post: mannvit@mannvit.no



Oppdragsgiver: Volda kommune  
Oppdrag: Rundkjøring og  
Sambindingsveg  
Rapport type: Byggeplan  
Prosjekt nr: Nordplan 13031  
Mannvit 1.900.002  
Dato: 23.05.2013

**nordplan**  
arkitektur  
konstruksjon  
landskap

 **MANNVIT**

**VOLDA KOMMUNE**





## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Per Ivar Kongsvik

Arkivsak nr.: 2015/2311

Arkivkode: 614

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
173/15	Formannskapet	17.11.2015
	Kommunestyret	26.11.2015

### KJØP AV BRAKKER NYTTA TIL UNDERVISNING

#### Administrasjonen si tilråding:

**Kommunestyret godkjenner at det vert inngått forhandlingar for kjøp av brakkene ved Øyra skule med dekning innanfor finansieringsramma for ny Øyra skule.**

#### Samandrag av saka:

På grusbana sør-aust for Øyra skule står det i dag fire innleigde brakker som vert nytta til klasserom for elevar i 6. og 7. klasse ved Øyra skule. Skulen vurderer brakkene som godt eigna til sitt formål. Når ny Øyra skule står ferdig vinteren 2017, vil Øyra skule ikkje lenger ha behov for desse brakkene.

Skulebrakkene det er tale om leiger Volda kommune frå Cramo Adapteo, og dei er tilpassa Øyra skule sine behov for undervisningslokale. Fram til ny Øyra skule står ferdig er det sett av kr 5 000 000 til leige og avhending av brakkene. Dette er innarbeidd i finansieringsplanen for Øyra skule. Kostnaden med avhending er berekna ut frå erfaringstal.

Volda kommune har vore i dialog med Cramo Adapteo om moglege kjøp av brakkene. Sjølv om utleigar til vanleg ikkje gir tilbod om kjøp av utleigeobjekta sine, har Volda kommune på førespurnad fått eit tilbod om dette. Eit kjøp evt kjøp kan tidlegast skje 01.01.2016, med ein kostnad på kr 5 200 000 eks mva. Kostnaden ligg nært opp til det Volda kommune har sett av i budsjettet til leige og avhending. Ved kjøp vil Volda kommune ha full råderett, og kan nytte brakkene i mange år framover. Viser det seg at kommunen på eit seinare tidspunkt ikkje har behov for brakkene, vil dei ha ein restverdi som kommunen kan realisere ved sal.

### Saksopplysningar:

Slik brakkene er plasserte i dag ligg dei ikkje inne på skuleområdet til Volda ungdomsskule, men det er likevel kort avstand mellom. Volda ungdomsskule har meldt frå om at romsituasjonen ved skulen er vanskeleg, og med tanke på den korte avstanden mellom skulen og brakkene er det naturleg å vurdere om brakkene kan stette behov Volda ungdomsskule har.

Etter ein intern prosess ved Volda ungdomsskule, der også verneombod og tillitsvald har vore involvert, vert rombehova og skulen sine vurderingar kring evt bruk av brakkene oppsummert i eit notat til oppvekstsjefen.

I dette notatet kjem det fram at skulen ser fram til at den planlagde ombygginga ved skulen vert sett i gong, og at denne ombygginga vil betre nokre av dei tilhøva som er utfordrande på skulen. Likevel ser ein at skulen både på kort og lengre sikt vil ha behov for større og meir tenleg areal.

- Hausten 2018 vil der vere 12 klasser ved skulen, mot 11 i dag. Det kan løysast ved å gjere om eit datarom til ordinært klasserom. Datarom kan ei erstatte ved overgang til berbare datamaskiner. Det set krav til eit stabilt trådløst nettverk med god kapasitet som må vere på plass før overgang til berbare maskiner.
- Hausten 2014 vart valfag innført på alle tre årsstega på ungdomsskulen. Dette utfordra ein allereie pressa romsituasjon. I valfaga vert klassene delte i mindre grupper, som gjer at ein treng fleire klasserom/grupperom.
- Dei seinare åra har Volda ungdomsskule fått eit auka tal elevar med rett til særskilt norskopplæring, som også krev eigna grupperom.
- Skulen har fleire elevar som krev eigne og spesielt tilpassa rom.
- Spesialundervisning krev oftast eigne grupperom.
- Volda ungdomsskule er også praksisskule for studentar, og i praksisperiodane er det eit særleg stort behov for grupperom. Dei fysiske rammevilkåra på skulen er ein avgrensande faktor for kor mange studentar skulen kan ta mot.

I notatet frå skulen heiter det mellom anna:

*Visjonen til Volda ungdomsskule er "Der alle er med". Det å legge ein plan for at vi skal bruke brakkene, vil bryte med den heilskapen og den pedagogiske plattformen vi står for. Vi ynskjer å ha eit samlande og framtidsretta skulebygg, der det er rom for det som er kjerneoppgåva vår, nemleg opplæring av elevane våre."*

På nokre område er det gjort utbetringar på skulen. Likevel er det oppvekstsjefen si vurdering av Volda ungdomsskule på fleire område ikkje stettar dei krava ein set til standard i dag. Personalflyta, og særleg dei sanitære tilhøva for dei tilsette, har stort behov for rehabilitering. Skulen har skildra eit reelt behov for større og meir tenleg areal, og dette behovet vil kome endå tydelegare til syne når skulen får ein klasse meir hausten 2018.

På den eine sida ser oppvekstsjefen skulen sine argument som talar mot å ta i bruk brakkene for å stette behovet for meir areal. Skulen står stødig på sin pedagogiske plattform og arbeider samla mot visjonen "Der alle er med", og det er forståing for frykta for at bruk av brakkene kan splitte opp elevmiljøet og vere til hinder i arbeidet med å nå visjonen. Dei fysiske rammevilkåra for ein skule bør verke samlande for å kunne bidra til eit godt elev- og læringsmiljø.



På den andre sida har brakkene potensiale i seg til å avhjelpe skulen sine behov særleg med tanke på grupperom og klasserom til valfaga, men det kan ikkje vere meint som ei langsiktig løysing på dei utfordringane skulen har og ser kome.

Skulebrakkene kan også stette kommunen sitt behov for å ha ein buffer mot evt uventa auke i elevtalet. Særleg i sentrum og på Mork er det planlagt større byggefelt som kan utfordre kapasiteten til nokre av skulane. Brakkene kan fungere som ei mellombels løysing viss det planlagt utbygging skulle føre til ein uventa høg auke i elevtalet i Lid/Mork skulekring og/eller ved ein av nærskulane i sentrum.

### **Vurdering og konklusjon:**

Spørsmålet om kommunen skal kjøpe ut brakkene bør vurderast ut frå to hovudomsyn. Det eine er det økonomiske. Kommunen kan sitje att med ein verdi for om lag same sum ved å gjere dette til ei investering i staden for å betale leige for eit bygg som vert fjerna. Brakkene har 4 klasserom til god standard, og det er etter rådmannen si vurdering dårleg økonomi å betale 5 millionar berre til leige.

Det andre hovudomsynet er at Volda kommune faktisk vil ha bruk for desse undervisningslokala. Når det gjeld ungdomsskulen er rådmannen samd i at brakkene ikkje må verte ei kvilepute for ikkje å gjere nødvendige utbyggingstiltak. Skulen vil kunne ha behov for brakkene uansett, i alle høve som avlastningslokale under utbygging, men også i ein periode fram til utbygging vert sett i verk. Bustadområde under planlegging vil utløyse om lag 250 nye bueiningar i Volda sentrum i løpet av dei næraste 10 åra. Det vil vere naturleg å sjå sentrumsskulane i samanheng, og at i åra framover vil verte eit press på desse slik at behovet for ein buffer vil aktualisere seg.

Når det vart brakt på bane at brakkene kunne kjøpast ut ved forhandling, så såg rådmannen dette som ei så viktig sak at spørsmålet må leggjast fram for kommunestyret for avgjerd. Rådmannen rår ut frå vurderinga ovanfor at kommunen inngår forhandlingar med sikte på kjøp av brakkene innanfor finansieringsramma for Øyra skule.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Føresetnaden for kjøp av brakkene er at det kan gjerast innafor finansieringsramma for Øyra skule.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Per Ivar Kongsvik  
oppvekstsjef

### **Utskrift av endeleg vedtak:**

### **Klageinstans:**



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar:	Jarle B. Krumsvik	Arkivsak nr.:	2015/2015
		Arkivkode:	614

---

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
174/15	Formannskapet Kommunestyret	17.11.2015

### OPPHEVING AV INNKJØPSREGLEMENTET

#### Administrasjonen si tilråding:

**Volda kommune sitt reglement for innkjøp frå 1998 vert oppheva.**

#### Vedleggsliste:

Lov om offentlege anskaffingar  
Forskrift om offentlege anskaffingar m/vedlegg  
Innkjøpsreglement for Volda kommune

#### Samandrag av saka:

Det er gjort nokre små endringar i lova og vesentlege endringar i forskrifta om offentlege anskaffingar. Særleg gjeld dette terskelverdiane. Vi foreslår å oppheve det lokale reglementet og presisere at det er forskrifta som gjeld.

#### Saksopplysningar:

I 1997 tok KS initiativ til å betre innkjøpsrutinane i kommunal sektor. I rundskriv 22/97 Vart det opplyst at KS hadde utarbeidd eit nytt forslag til innkjøpsreglement som omfatta alle innkjøp i kommunal sektor. Kommunane vart oppfordra til å vedta eigne reglement med utgangspunkt i dette.

Vold kommune handsama saka i møte den 26.02.98, og vedtok at KS sitt forslag skulle gjelde for Volda kommune. Så kom staten på banen.

Den noverande lov og forskrift om offentlege innkjøp vart fyrste gongen sett i verk i 1999. Vi fekk detaljerte – og kompliserte reglar for korleis innkjøpa skulle gjerast, og det vart etablert kontrollorgan som skulle passe på at reglane vart følgde. Det var ikkje få kommunar som fekk strenge sanksjonar for relativt små overtramp. Omsynet til desse reglane var at ein skulle sikre at offentlege midlar vart nytta best mogleg og at ein skulle hindre for tette band mellom innkjøpar og leverandørar. Vidare måtte ein tilpasse seg EØS og EU- direktiv. For å oppnå dette vart det nærast skipa eit mantra: Konkurrans og dokumentasjon. Alle offentlege innkjøp skulle konkurranseutsettast, og alt ein gjorde skulle dokumenterast. Reglane har no virka lenge og det offentlege har tilpassa seg reglane godt. Både lova og forskrifta har vore endra mange gonger sidan 1999.

Denne gongen er det i lova gjort berre ei prosessuell endring i §7.

Når det gjeld forskrifta er endringane omfattande, særleg redaksjonelt. Det viktigaste her er at Del II og Del III har bytta plass, slik at Del II no gjeld anskaffingar under EØS – terskelverdiane og uprioriterte tenester, medan Del III gjeld anskaffingar over EØS- terskelverdiane.

Vidare er lista over prioriterte og uprioriterte tenester overført til vedlegg til forskrifta og ikkje som eigne §§. Dei viktigaste endringane er endringane i terskelverdiane i §2-2 og bruksområdet for forskrifta sine ulike delar i §2-1.

Reglane er no slik å forstå:

Verdi under kr. 100.000	Forskrifta gjeld ikkje. Fritt kjøp.
Verdi mellom kr. 100.000 og 500.000	Forskrifta Del I gjeld. Reglane om konkurranse gjeld, og ein skal føre protokoll. Vedlegg 3.
Verdi mellom kr.500.000 og 1,55 mill og bygg/anlegg under 39mill.	Forskrifta del I og del II gjeld. Full konkurranse med konkurransegrunnlag og utlysing. Protokoll i samsvar med vedlegg 4.
Verdi over 1.55mill (varer/tenester) og over 39mil (bygg/anlegg)	Forskrifta del III gjeld. Full konkurranse med konkurransegrunnlag og utlysing nasjonalt og internasjonalt. Krav til protokoll og dokumentasjon.

Unntaksreglane i §3-1 er og utvida. Den viktigaste endringa er i litra l, der kontraktar med ein verdi på under kr. 100.000 er unnateke forskrifta.

### **Vurdering og konklusjon:**

Vårt reglement har ikkje vore endra sidan det vart vedteke i 1998. I etterkant har vi fått både Lov om innkjøp og ikkje minst ei nasjonal forskrift om offentlege innkjøp. Eg kan ikkje sjå at det lenger er trong for lokalt reglement på området no når vi har fått nasjonale reglar som vi uansett må forhalde oss til. Det måtte i tilfelle vere å lage eit reglement for innkjøp under terskelverdiane og for unntakstilfella, men også her har vi prosedyrer ved innføring av protokollar for slike kjøp. Her har vi malar som vart utarbeidd medan vi hadde innkjøpssamarbeidet for Søre Sunnmøre. I dag er vi medlem av innkjøpssamarbeidet for Sunnmøre med Ålesund som vertskommune, og kommunen kan også nytte seg av prosedyrene som fagmiljøet for innkjøp har etablert der.

Rådmannen foreslår ar det lokale reglement frå 1998 vert oppheva.

**Helse og miljøkonsekvensar:**

Ingen

**Økonomiske konsekvensar:**

Ingen direkte. Det effektiviserer arbeidsrutinene å forhalde seg til berre den nasjonale lovgjevinga, som i seg sjølv er svært detaljerte, om ein ikkje i tillegg skal ha egne detaljerte reglar. Avskaffing av lokale tilleggsreglement er i samsvar med regjeringa sin intensjon om forenkling og mindre byråkrati.

**Beredskapsmessige konsekvensar:**

Ingen

Rune Sjurgard  
Rådmann

**Utskrift av endeleg vedtak:**

Sektorane



**INNKJØPSINSTRUKS**

**FOR**

**VOLDA KOMMUNE**

**Vedteke i Volda kommunestyre**

**den 26.02.98, sak 30/98**

# INNHALD

## **Kapittel 1 - Alminnelege vedtekter**

- § 1 Bruksområde
- § 2 Innkjøp som vert gjort på vegner av kommunen
- § 3 Kommunale selskap o.a.
- § 4 Definisjonar
- § 5 Etiske reglar
- § 6 Likehandsaming av leverandørar
- § 7 Miljø
- § 8 Svart Arbeid
- § 9 Habilitet
- § 10 Rett til offentleg innsyn
- § 11 Teieplikt

## **Kapittel 2 - Fellesrelar for konkurransar**

- § 12 Val av innkjøpsform
- § 13 Møte og synfaringar
- § 14 Oppbevaring av anbod/tilbod
- § 15 Grunngevingsplikt
- § 16 Fristar
- § 17 Krav til innkjøpsprotokoll
- § 18 Krav til kontraktsemnet
- § 19 Tekniske spesifikasjonar
- § 20 Rammeavtalar
- § 21 Prosjektkonkurrans

## **Kapittel 3 - Krav til kvalifikasjonar**

- § 22 Krav til kvalifikasjonar
- § 23 Prekvalifisering
- § 24 Krav til skatteattest
- § 25 Avvisingsgrunnar

## **Kapittel 4 - Open og avgrensa anbodskonkurrans**

- § 26 Krav til open og avgrensa anbodskonkurrans
- § 27 Kunngjering
- § 28 Krav til anbodsgrunnlaget
- § 29 Retting, supplerings eller endring av anbodsgrunnlaget
- § 30 Alternative anbod
- § 31 Anbod som er komne inn for seint
- § 32 Forbod om å endre og rette i anbod
- § 33 Anbodsopning
- § 34 Avvising av anbod
- § 35 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

## **Kapittel 5 - Innkjøp etter forhandling**

- § 36 Invitasjon til å ta del - kunngjering
- § 37 Tilbudsgrunnlaget
- § 38 Høve til forhandlingar
- § 39 Avvising
- § 40 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

## **Kapittel 6 - Direkte innkjøp**

- § 41 Definisjon av direkte innkjøp
- § 42 Villkår for direkte innkjøp
- § 43 Terskelverdiar
- § 44 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

## **Kapittel 7 - Tildeling av kontrakt**

- § 45 Avlysing av konkurranse
- § 46 Kriterium for tildeling av kontrakter
- § 47 Bruk av prisanalyse
- § 48 Aksept av anbud / tildeling av kontrakt
- § 49 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

## **Kapittel 8 - FoU-kontrakter**

- § 50 Reglar for tildeling
- § 51 Kontraktsvilkår ved FoU-kontrakter
- § 52 Rettar til kontraktsemnet og resultatet av FoU-arbeida

## **Kapittel 9 - Kontraktsvilkår**

- § 53 Alminnelege kontraktsreglar for kjøp av varer og tenester
- § 54 Alminnelege kontraktsreglar for kontrahering av bygg og anlegg
- § 55 Betalingsvilkår
- § 56 Forskotsbetaling
- § 57 Framdriftsbetaling
- § 58 Trygd
- § 59 Mulkt - konvensjonalbot
- § 60 Kvalitetskontroll
- § 61 Garantiar
- § 62 Kostnadskontrakter
- § 63 Endring av kontrakt
- § 64 Tvisteløysing

# KAPITTEL 1

## ALMINNELEGE VEDTEKTER

### § 1 Bruksområde

- (1) Denne instruksjonen gjeld innkjøp av varer, tenester, bygg og anlegg som vert gjorde av kommunen.
- (2) Med unntak for §§ 5-11 omfattar reglane i denne instruksjonen ikkje:
  - a) innkjøp som skal gjerast i medhald av forskrifter til gjennomføring av reglane i EØS-avtalen og WTO-avtalen om offentlege innkjøp.
  - b) innkjøp som vert gjorde av organ eller verksemder som er kontrollerte av kommunen aleine eller saman med andre kommunar/fylkeskommunar, og som er sjølvstendige rettssubjekt.
  - c) tilsetjingar
  - d) kjøp, leige eller annan rett til fast eigedom
  - e) varer eller tenester som vert kjøpte på børs/råvarebørs eller annan tilsvarende marknad
  - f) delleveransar i medhald av rammeavtalar som er gjorde etter reglane i denne forskrifta, jfr. § 20.
- (3) Instruksjonen går inn som ein del av kontrakten berre i den grad dette går uttrykkjeleg fram av kontraktsdokumenta.
- (4) Dersom særlege tilhøve gjer det naudsynt, kan kommunen eller den som er gjeven fullmakt, i kvart einskilt tilfelle halde delar av verksemda til eller innkjøp i kommunen utanfor instruksjonen. Det skal fastsetjast eigne retningsliner for innkjøp for verksemder som vert haldne utanfor instruksjonen.

### § 2 Innkjøp som vert gjort på vegner av kommunen

- (1) Dersom nokon skal gjere innkjøp på vegner av kommunen, vert den det gjeld pålagd å nytte reglane i denne instruksjonen.

### § 3 Kommunale selskap o.a.

- (1) Dei som representerer kommunen i styrande organ i verksemder etter § 1 andre leddet bokstav b), skal medverke til at det vert fastsett reglar for korleis innkjøpa til verksemda skal gjennomførast.



## § 4 Definisjonar

- (1) I denne instruksen har desse omgrepa følgjande tyding:
- a) innkjøp: kjøp, kontrahering, leige eller leasing av varer, tenester eller bygg og anlegg. Leige og leasing vert omfatta utan omsyn til om oppdragsgjevaren skal ha rett til å kjøpe kontraktsemnet når kontraktperioden går ut
  - b) leverandør: leverandør, tenesteytar eller entreprenør
  - c) open anbodskonkurranse: innkjøpsprosedyre der alle interesserte leverandørar som tilfredsstillir minimumskrava i anbodsgrunnlaget, kan kome med anbod innan same frist og på same grunnlag, og der det skal gjerast avtale utan at det vert ført forhandlingar
  - d) avgrensa anbodskonkurranse: innkjøpsprosedyre der berre dei leverandørane som er innbedne av oppdragsgjevaren, kan kome med anbod innan same frist og på same grunnlag og der det skal gjerast avtale utan at det vert ført forhandlingar
  - e) innkjøp etter forhandling: innkjøp som vert gjort etter innhenting av tilbod hjå leverandørar som oppdragsgjevaren har bede om å gje tilbod, og der vilkåra for innkjøpet, under dette også spesifikasjonane for kontraktsemnet, kan drøftast eller forhandlast om
  - f) anbydar: leverandør som gjev anbod i open eller avgrensa anbodskonkurranse
  - g) tilbydar: leverandør som gjev tilbod ved innkjøp etter forhandling
  - h) kandidat: leverandør som har bede om å få ta del i ein avgrensa anbodskonkurranse eller innkjøp etter forhandling.
  - i) tilbod: bindande skriftleg lovnad frå ein tilbydar til ein oppdragsgjevar om å levere varer og/eller ytingar etter nærare fastlagde vilkår ved innkjøp etter forhandling, jfr. kapittel 5 og avtalelova §§ 2 flg.
  - j) anbod: bindande skriftleg lovnad frå anbydar til oppdragsgjevar i open eller avgrensa anbodskonkurranse etter anbodsgrunnlag med tilhøyrande anbodsinnbyding etter reglane i §§ 26 flg.
  - k) anbods- og tilbodsinnbyding: skriftleg oppmoding til ein bestemt eller ubestemt krins av leverandørar om å gje anbod/tilbod på ei vare, ei teneste eller eit bygg- og anleggsoppdrag innan same tidsfristen og på same grunnlaget.
  - l) anbods- og tilbodsgrunnlag: anbods- eller tilbodsinnbydinga og dei dokumenta o.a. som syner omfanget og spesifikasjonane til leveransen, vilkåra for konkurransen og kontraktsvilkåra.

## § 5 Ethiske reglar

- (1) Folkevalde og tenestemenn som arbeider med saker etter denne instruksen, skal setje strenge krav til integritet og etikk for verksemda si. Dei skal auke respekten for anbodsarbeidet ved å ta avstand frå og kjempe mot alle former for uetisk forretningspraksis.
- (2) Høg forretningsetisk standard skal også prege dei interne tilhøva. Rapportering, framlegg og informasjon skal gå føre seg på ein ærleg og open måte.

- (3) Ein skal søkje etter ordningar og avtalar som sikrar både ein effektiv konkurranse og naudsynt kontinuitet. Det er også viktig å sikre fridomen til å kunne skifte leverandør når tilhøva er slik at dette bør gjerast.
- (4) Ingen leverandør skal gjevast ugrunna fordelar framfor andre. Ingen medarbeidarar skal kunne oppnå personlege fordelar av innkjøpa til kommunen.
- (5) Det skal gjevast korrekt og objektiv informasjon om kommunen si verksemd.

## **§ 6 Likehandsaming av leverandørar**

- (1) Ulik handsaming av anbydarar eller tilbydarar direkte eller indirekte på grunn av nasjonaliteten eller den geografiske tilknyttinga deira skal ikkje finne stad.
- (2) Alle anbydarar og tilbydarar skal gjevast like vilkår til å ta del i anbodskonkurranse, innkjøp etter forhandling og direkte innkjøp.

## **§ 7 Miljø**

- (1) Oppdragsgjevaren skal ta omsyn til miljømessige konsekvensar i samband med behovsavklaringa, planlegginga og utarbeidinga av spesifikasjonar for kvart einskilt innkjøp. Dette omfattar m.a. miljømessige konsekvensar ved bruk, vilkår for attvinning av materiale ved kassasjon og eigenskapane til materiala med omsyn til nedbryting.

## **§ 8 Svart arbeid**

- (1) Oppdragsgjevaren skal stille slike krav til kvalifikasjonane til kandidatane at berre kandidatar som har betalt skattane og avgiftene sine, og som driv verksemda si i samsvar med lovene i landet, kan ta del i konkurransen om oppdraget.

## **§ 9 Habilitet**

- (1) Ved handsaming av saker som denne instruksjonen omfattar, gjeld reglane om habilitet i forvaltningslova (Fvl), jfr. Fvl §§ 6-10 og kommunelova § 40.
- (2) Ein tenestemann kan ikkje ta del i konkurransen om leveransar til den administrasjonen der han gjer teneste. Det same gjeld firma som heilt eller i hovudsak er eigde av ein slik tenestemann, og personar som står i eit slikt forhold til vedkomande tenestemann, slik det er nemnt i Fvl § 6.
- (3) Ein tenestemann kan ikkje opptre som konsulent og heller ikkje som representant for ein kandidat, anbydar eller tilbydar overfor den administrasjonen der han gjer teneste.
- (4) Ingen kan få løyve til å ta del i anbodskonkurranse dersom vedkomande er knytt til oppdragsgjevaren eller medhjelparane hans på ein slik måte at det er eigna til å svekkje tilliten til at konkurransen vil verte gjennomført på ein upartisk måte. Det same gjeld den som har medverka på ein slik måte i utarbeidinga av anbods-/tilbodsgrunnlaget at

det vil gje vedkomande ein konkurransefordel. Denne regelen gjeld ikkje kontrakter som vert gjorde etter fullførde forskings- eller utviklingsoppdrag.

- (5) Oppdragsgjevaren skal ikkje søkje eller ta imot råd som kan verte nytta ved utarbeiding av spesifikasjonar for eit særskilt innkjøp, frå nokon som kan ha økonomisk interesse i innkjøpet, når dette går føre seg på ein måte som vil kunne hindre konkurranse.

## **§ 10 Rett til offentleg innsyn**

- (1) Dersom det er naudsynt, kan anbod, tilbod og innkjøpsprotokollane haldast utanfor offentleg innsyn.

## **§ 11 Teieplikt**

- (1) Reglane om teieplikt i forvaltningslova gjeld ved innkjøp som vert gjort etter denne instruksen, jfr. Fvl §§ 13 flg. og kommunelova § 31.

## KAPITTEL 2

### FELLESREGLAR FOR KONKURRANSER

#### § 12 Val av innkjøpsform

- (1) Så langt det er råd skal alle innkjøp baserast på konkurranse.
- (2) Innkjøp skal gjerast anten:
  - a) ved open anbodskonkurranse, jfr. kapittel 4
  - b) ved avgrensa anbodskonkurranse, jfr. kapittel 4
  - c) ved innkjøp etter forhandling, jfr. kapittel 5
  - d) ved prosjektkonkurranse etter § 21, eller
  - e) ved direkte innkjøp, jfr. kapittel 6
- (3) direkte innkjøp kan berre nyttast når vilkåra i kapittel 6 er oppfylte.

#### § 13 Møte og synfaringar

- (1) Oppdragsgjevaren kan halde møte eller synfaring med anbydarane/tilbydarane for å gje nærare opplysningar og for å klarleggje forhold som måtte vere uklare. Møtet vert i tilfelle halde etter at det er sendt ut innkalling til alle som har fått utlevert anbods-tilbodsgrunnlaget, og i god tid før anbods-/tilbodsfristen er ute.
- (2) Oppdragsgjevaren skal setje opp eit referat frå synfaringa eller konferansen, og sende det utan ugrunna opphald til alle som har motteke anbods-/tilbodsgrunnlaget.

#### § 14 Oppbevaring av anbod/tilbod

- (1) Mottekne anbod/tilbod skal forvarast på forsvarleg vis og slik at uvedkomande ikkje får tilgang til dei. Anbod/tilbod skal registrerast etter kvart som dei kjem inn.

#### § 15 Grunngevingsplikt

- (1) Oppdragsgjevaren skal grunnkje overfor alle kandidatar, anbydarar eller tilbydarar som ber om det og som ikkje er vortne valde ut eller ikkje har fått kontrakten, kvifor førespurnaden deira om å ta del, eller anbodet/tilbodet deira, er avvist eller forkasta. Dersom ein kontrakt er tildelt, skal det opplysast om namnet på den som fekk kontrakten og om eigenskapane og dei relevante fordelane til det anbodet/tilbodet som vart valt. Grunngevinga skal gjevast innan rimeleg tid.
- (2) Dersom det er vedteke at det ikkje skal gjerast kontrakt for eit innkjøp som har vore kunngjort, eller dersom oppdragsgjevaren har vedteke å gjennomføre innkjøpsprosedyren på nytt, skal oppdragsgjevaren varsle alle kandidatar, anbydarar eller tilbydarar skriftleg om vedtaket og om grunngevinga for dette.



## **§ 16 Fristar**

- (1) Fristen for levering av anbud/tilbod må ikkje vere kortare enn at det vert tilstrekkeleg tid til å utarbeide dei, og til at det vert sikra tilstrekkeleg konkurranse. Når fristane vert fastsette, bør det så langt som råd takast omsyn til leverandørane sine eventuelle behov for å kontakte underleverandørar o.a. Fristen kan forlengjast dersom det viser seg at den opphavlege fristen er for kort til at det er mogleg å utarbeide anbud/tilbod.
- (2) Fristen for å stadfeste tilbod må ikkje setjast lenger enn naudsynt.

## **§ 17 Krav til innkjøpsprotokoll**

- (1) Ved innkjøp etter denne instruksjonen skal det først innkjøpsprotokoll. Innkjøpsprotokollen skal ordnast etter lausbladsystemet eller på annan tenleg måte. I Innkjøpsprotokollen skal dei opplysningane først som er nemnde i §§ 35, 40, 44 og 49.
- (2) Innkjøpsprotokollen skal underskrivast av to representantar frå oppdragsgjevaren. Ulike personar kan underskrive for dei ulike fasane av konkurransen.

## **§ 18 Krav til kontraktsemnet**

- (1) Spesifikasjonane for det som skal skaffast, skal ikkje stille strengare krav til kvantum, kvalitet, utføring, yteevne e.l. enn det som er naudsynt for formålet. Når krava vert utforma, skal det også leggast vekt på kostnader ved bruk, vedlikehald o.a., og på miljømessige konsekvensar, jfr. § 7. Krava skal utformast på ein slik måte at flest mogleg kan konkurrere om leveransen.

## **§ 19 Tekniske spesifikasjonar**

- (1) Kontraktsemnet skal helst spesifiserast ved at det vert opplyst om funksjonelle krav. Dersom oppdragsgjevar krev at tekniske spesifikasjonar vert oppfylte, skal det meldast frå om desse i anbuds-/tilbudsgrunnlaget.
- (2) Det skal helst seiast frå om tekniske spesifikasjonar anten ved å vise til relevante norske standardar som stemmer overeins med europeiske standardar, ved å vise til europeiske tekniske godkjenningar eller ved å vise til felles tekniske spesifikasjonar. Der slike ikkje finst, skal det nyttast andre standardar som er allment brukte eller aksepterte.
- (3) Det kan gjerast unntak frå reglane i første og andre leddet dersom det ligg føre særlege grunnar. Unntak frå første og andre leddet må ikkje i noko tilfelle gjerast for å gje ein leverandør ein fordel framfor andre.
- (4) Det skal ikkje nyttast tekniske spesifikasjonar som omtalar varer av eit visst fabrikkat eller av eit visst opphav eller særlege produksjonsmetodar dersom dette favoriserer eller stengjer ute visse føretak eller varer/tenester, med mindre kontraktsemnet gjer det rimeleg med slike spesifikasjonar. Det er heller ikkje høve til å føre opp varemerke,

patent eller typer, eller å føre opp eit visst opphav eller fabrikat. Ei slik oppføring følgd av orda "eller tilsvarande" er likevel tillate når det ikkje kan gjerast tilfredsstillande greie for kontrakten på annan måte.

## § 20 Rammeavtalar

- (1) I denne instruksjonen tyder rammeavtalar avtalar som bind oppdragsgjevaren til å kjøpe og leverandøren på førespurnad til å levere ein eller fleire typer varer eller tenester over eit avgrensa tidsrom på vilkår som er fastsette i rammeavtalen.
- (2) Rammeavtalen bør føre opp eit minste kvantum som vert kjøpt inn frå vedkomande leverandør eller tenesteytar, anten ved å føre opp ein verdi eller ein del av oppdragsgjevaren sitt totale behov. Det pårekna behovet skal førast opp i anbuds-/tilbudsgrunnlaget. Det kan gjevast rammeavtale til fleire leverandørar/tenesteytarar for same type varer eller tenester.
- (3) Dersom ein rammeavtale omfattar fleire oppdragsgjevarar, bør det gå fram av anbuds-/tilbudsgrunnlaget kva for oppdragsgjevarar som er omfatta av rammeavtalen. Dersom oppdragsgjevaren i kontraktsperioden skal kunne gjere innkjøp som kjem inn under rammeavtalen frå andre enn den/dei som har fått kontrakt, skal det gå fram av anbuds-/tilbudsgrunnlaget når dette kan gjerast.

## § 21 Prosjektkonkurranse

- (1) Når det vert nytta prosjektkonkurranse, skal reglane for prosjektkonkurransen setjast opp i samsvar med krava i denne paragrafen, og leverast til dei som er interesserte i å ta del i konkurransen.
- (2) I prosjektkonkurranse med ei avgrensa mengd deltakarar skal oppdragsgjevaren fastsetje klare og ikkje-diskriminerande kriterium for utveljing. Talet på kandidatar som vert inviterte til å ta del, skal i alle høve vere stort nok til å sikre ein reell konkurranse.
- (3) Konkurransen skal avgjerast av ein jury som er sett saman einast av fysiske personar som er uavhengige av konkurransedeltakarane. Dersom det vert kravd ein særskilt yrkeskvalifikasjon for å ta del i prosjektkonkurransen, skal minst ein tredejedel av juryen ha same eller tilsvarande kvalifikasjon.
- (4) Juryen skal vere uavhengig i vedtaka og utsegnene sine. Grunnlaget for vedtaka og utsegnene til juryen skal vere prosjekt som juryen har fått til vurdering anonymt, og berre dei kriteria som er nemnde i reglane for prosjektkonkurransen etter § 46 er relevante.

## KAPITTEL 3

### KRAV TIL KVALIFIKASJONAR

#### § 22 Krav til kvalifikasjonar

- (1) Oppdragsgjevaren skal utan omsyn til konkurranseform sjå til at anbydarane / tilbydarane har gode nok kvalifikasjonar til å fullføre leveransen på ein tilfredsstillande måte.
- (2) Krav til kvalifikasjonar kan stillast opp både ved open og avgrensa anbodskonkurranse og ved innkjøp etter forhandlingar.

#### § 23 Prekvalifisering

- (1) Ved avgrensa anbodskonkurranse og ved innkjøp etter forhandling kan oppdragsgjevar vurdere kvalifikasjonane til kandidatane før invitasjon til å gje anbod/tilbod vert gjort kjent. Oppdragsgjevaren vel ut dei kandidatane som skal inviterast til å levere anbod/tilbod, blant dei som tilfredsstillar eventuelle minstekrav til økonomiske og tekniske kvalifikasjonar.
- (2) Dersom det er opplyst i anbods- eller tilbudsgrunnlaget, kan oppdragsgjevaren setje ei grense for kor mange anbydarar/tilbydarar som vil verte inviterte. Normalt bør talet på anbydarar/tilbydarar som vert inviterte, ikkje setjast lågare enn fem.
- (3) Oppdragsgjevaren kan også ha generelle prekvalifiseringsordningar der leverandørar kan søkje om godkjenning, uavhengig av det einskilde innkjøpet. Slike ordningar skal kunngjerast offentleg ein gong i året. Av kunngjeringa skal det minst gå fram kva slags innkjøp ordninga gjeld, kor lang tid avgjerda om godkjenning tek, og kvar ein kan få utlevert opplysningar om kriteria for opptak og krav til dokumentasjon. Når oppdragsgjevaren nyttar ei prekvalifiseringsordning etter denne regelen, er det ikkje naudsynt å kunngjere innkjøp som vert omfatta av ordninga.
- (4) Prekvalifiseringsordningar må ikkje praktiserast slik at leverandørar urimeleg vert stengde ute frå å ta del i konkurransar.

#### § 24 Krav til skatteattest

- (1) Oppdragsgjevaren pliktar å hente inn skatteattest frå anbydar/tilbydar ved innkjøp der den pårekna verdien er større enn kr. 50.000,-. Skatteattest må ligge føre seinast når kontrakten vert underskriven.

## § 25 Avvisingsgrunnar

- (1) Utan omsyn til kva som står i anbuds- eller tilbudsgrunnlaget, kan oppdragsgjevaren ved utveljing av kandidatar og ved tildeling av kontrakt avvise ein leverandør som:
- a) er insolvent
  - b) ved ein rettskraftig dom er kjend skuldig i lovbrøt som har med den yrkesmessige vandelen å gjere
  - c) i yrket sitt har gjort seg skuldig i alvorleg aktløyse mot faglege og etiske krav i den bransjen det gjeld, som er påvist ved metodar som oppdragsgjevaren kan forsvare
  - d) ikkje har oppfylt plikter om å betale inn trygdeavgifter i samsvar med lovene i den staten der han er etablert, eller i Noreg
  - e) ikkje har oppfylt plikter om å betale inn skattar og avgifter i samsvar med lovene i den staten der han er etablert, eller i Noreg
  - f) har gjeve grovt misvisande opplysningar som svar på den informasjonen som har vore kravd i samband med konkurransen eller tidlegare konkurransar.



## KAPITTEL 4

### OPEN OG AVGRENSA ANBODSKONKURRANSE

#### § 26 Krav til open og avgrensa anbodskonkurranse

- (1) Ved open og avgrensa anbodskonkurranse vert det kravd:
  - a) anbodsgrunnlag med tilhøyrande anbodsinnbyding og eventuell kunngjering
  - b) anbod gjeve i samsvar med vilkåra i anbodsgrunnlaget
  - c) at leverandøren vert vald ut på grunnlag av dei anboda som er mottokne, utan at det vert forhandla med nokon anbydar om anbudet.
- (2) Det vert ikkje rekna som forhandlingar at oppdragsgjevar hentar inn nærare opplysningar hjå anbydarane for å få klarlagt uklare punkt ved anboda, såframt dei klare punkta ikkje er slik at anboda skal avvisast etter § 34 andre leddet. Oppdragsgjevar kan også hente inn nærare opplysningar om kapasiteten til anbydarane og om tekniske, økonomiske eller administrative kvalifikasjonar i samsvar med dei kriteria som er førde opp i anbodsgrunnlaget. Når det gjeld løysingar, arbeidsmetodar eller materiale som anbydaren sjølv gjer framlegg om, kan oppdragsgjevaren be anbydaren greie ut om og klargjere korleis krava i anbodsgrunnlaget vert møtte. Forhandlingar om pris er ikkje tillate i noko høve.

#### § 27 Kunngjering

- (1) Innbyding til å kome med anbod i open anbodskonkurranse eller deltaking i avgrensa anbodskonkurranse skal kunngjerast offentleg, men slik at ein kan sjå bort frå kunngjering når vilkåra i § 23 er oppfylte. Kunngjeringa skal minst innehalde dei opplysningane som er nemnde i § 28 andre leddet bokstav a)-f).
- (2) Oppdragsgjevaren vel ut kandidatar som skal inviterast til å gje anbod etter reglane i kapittel 3, blant dei som har bede om å få ta del i ein avgrensa anbodskonkurranse.
- (3) Dersom det er klart at kunngjering ikkje tener noko føremål, kan førespurnader om å ta del i konkurransen rettast direkte til den eller dei aktuelle leverandørane utan offentleg kunngjering.

#### § 28 Krav til anbodsgrunnlaget

- (1) Anbodsgrunnlaget skal vere så klart og uttømmmande at det saman med eit anbod og ein aksept av dette vil utgjere ein fullstendig avtale.
- (2) Anbodsgrunnlaget skal som regel innehalde opplysningar om:
  - a) namnet og adressa til oppdragsgjevaren
  - b) kvar ein kan rette spørsmål om konkurransen
  - c) kva for konkurranseform som vil verte nytta
  - d) kva for innkjøp og kva for mengd ein ønskjer anbod på

- e) anbudsfrist (dato og klokkeslett) og namnet og adressa til mottakar som anboda skal leverast til
  - f) kva for krav som vil verte stilte til anbydarane sine kvalifikasjonar, og krav til dokumentasjon
  - g) kvar dokument, utgreiingar, prøver, modellar, planar o.a. som høyrer til ligg til ettersyn, eller kvar ein kan få dei levert ut, og storleiken på eit eventuelt depositum som vert kravd
  - h) at anbodet skal vere underskrive og lagt i lukka konvolutt som skal merkjast på ein særskild måte
  - i) stad og tid (dato og klokkeslett) for anbodsopninga, og om anbydarane har rett til å vere til stades ved anbodsopninga
  - j) at anbod som kjem inn for seint, vert avviste
  - k) kor lenge anboda skal vere bindande
  - l) korleis betaling skal finne stad (ved levering, ved framdriftsbetaling, ved forskot o.a.), jfr. kapittel 9
  - m) at anbod som ikkje er i samsvar med minstekrava i anbodsgrunnlaget, vert forkasta
  - n) når og kvar levering skal finne stad eller arbeidet utførast
  - o) korleis vederlaget skal førast opp (fast pris, fast pris med prisjustering, etter rekning e.l.). Dersom anbodsgrunnlaget inneheld ein føresetnad om atterhald om justering av prisen som følgje av løns- og prisstiging, eller dersom det opnar for eit slikt atterhald, skal dette nemnast særskilt, og det skal i tilfelle også gjerast greie for på kva måte prisjusteringa skal reknast ut
  - p) kriteria for tildeling av kontrakt, jfr. § 46
  - q) oppdragsgjevaren tek atterhald om retten til å forkaste alle anboda
  - r) at reglane i denne instruksjonen skal nyttast i samband med innkjøpet, og det skal opplysast om eventuelle avvik frå reglane i instruksjonen
- (3) I den grad det er aktuelt, skal anbodsgrunnlaget elles innehalde opplysningar om:
- a) i kva grad det kan gjevast anbod på delar av leveransen
  - b) i kva grad det kan gjevast alternative anbod, og eventuelle minstekrav som alternative anbod må oppfylle
  - c) prøver, modellar, planar, teikningar o.a. som anbydarane skal sende inn, og korleis desse skal merkjast
  - d) eventuelle krav til kvalifikasjonane til anbydarane
  - e) eventuelle atterhald om at forkasta anbod ikkje vert returnerte
  - f) storleiken på den trygda som vert kravd, jfr. § 58
  - g) mulkt for for sein levering eller fullføring, jfr. § 59
  - h) kontroll under tilverkinga og ved mottakinga, jfr. § 60
  - i) garanti, jfr. § 61
  - j) andre opplysningar som er viktige for utarbeidinga av anbodet

## § 29 Retting, supplering eller endring av anbodsgrunnlaget

- (1) Oppdragsgjevar har rett til å rette, supplere og gjere endringar som ikkje er vesentlege i anbodsgrunnlaget før anbudsfristen går ut. Alle rettingar, suppleringar eller endringar skal straks sendast alle som har motteke anbodsgrunnlaget. Opplysningar

som oppdragsgjevaren gjev på førespurnad frå ein av anbydarane, skal på same måten meldast frå om til alle.

- (2) Dersom rettingar, suppleringar eller endringar av anbodsgrunnlaget kjem så seint at det er vanskeleg for anbydarane å ta omsyn til dette før anbodsfristen går ut, skal fristen utvidast tilsvarende.

### **§ 30 Alternative anbod**

- (1) Det er tillate med alternative anbod dersom det ikkje er sagt anna i anbodsgrunnlaget og dei alternative anboda oppfyller dei minstekrava som er oppførde i anbodsgrunnlaget. Alternative anbod må vere av ein slik art at kontrakten kan tildelast utan forhandlingar.
- (2) Oppdragsgjevaren skal føre opp i anbodsgrunnlaget dei minstekrava som alternative anbod må oppfylle, saman med eventuelle krav til presentasjonen av anboda.

### **§ 31 Anbod som er komne inn for seint**

- (1) Eit anbod er kome inn for seint dersom det ikkje er kome fram til leveringsstaden før anbodsfristen går ut.
- (2) Når eit anbod vert motteke for seint, skal anbydaren straks gjerast kjend med dette.
- (3) Anbod som er mottekne for seint, skal returnerast uopna etter anbodsopninga. Dersom det er naudsynt for å få slått fast identiteten til anbydaren, kan eit anbod som kjem inn for seint, opnast straks det er motteke.

### **§ 32 Forbod mot å endre og rette i anbod**

- (1) Etter at anbodsfristen er gått ut, kan anbydaren ikkje gjere endringar i anbodet eller kalle det tilbake. Vert oppdragsgjevaren merksam på openberre feil i anbodet, skal han rette feilane dersom det ikkje er tvil om korleis dei kan rettast opp.

### **§ 33 Anbodsopning**

- (1) Anbod som er mottekne til rett tid, skal opnast på det tidspunktet og på den staden som står i anbodsgrunnlaget. Ved anbodsopninga skal oppdragsgjevaren vere representert med minst to personar, og minst ein av desse bør vere frå den ansvarlege administrasjonen.
- (2) Anboda skal påførast løpenummer i same rekkjefølgje som dei vert opna.
- (3) Anbydarane bør få høve til å vere til stades ved anbodsopninga. Anbodsprisane skal i så fall lesast opp, men ikkje namnet til anbydarne. Oppdragsgjevaren må heller ikkje seinare gje opplysningar om kven som har gjeve anbod, bortsett frå namnet til den som får leveransen/oppdraget og prisen for denne/dette.
- (4) Innkjøpsprotokollen skal underskrivast av to av dei representantane for oppdragsgjevaren som er til stades.

## § 34 Avvising av anbud

- (1) Eit anbud skal avvisast når:
  - a) det er gjeve av ein person som ikkje har rett til å ta del i konkurransen når anbudsfristen går ut, jfr. §§ 9 og 28
  - b) det er kome inn for seint, jfr. § 31
  - c) det fører opp så låg pris at han står i eit openbert mishøve til det som skal leverast, og anbydaren ikkje kan gje fullgode grunnar til den låge prisen
  - d) anbydaren ikkje tilfredsstillir dei oppstilte minstekrava
- (2) Ved vurdering skal det i kvart einskilt tilfelle avgjerast om eit anbud skal avvisast fordi:
  - a) det ikkje inneheld alle dei opplysningane, oppgåvene, prøvene o.a. som vert kravde
  - b) det ikkje fører opp prisen slik det er sett som føresetnad i anbodsinnbydinga, jfr. § 28 første leddet bokstav o)
  - c) det inneheld openberre feil som ikkje kan rettast etter § 32, eller er uklart eller ufullstendig på andre måtar, og dette kan føre til tvil om korleis anbudet skal vurderast i høve til dei andre anboda
  - d) anbudet avvik frå anbodsinnbydinga på ein slik måte at det vil få innverknad på konkurransetilhøvet mellom anbydarane
- (3) Dersom eit anbud vert avvist, skal den anbydaren det gjeld, gjerast kjent med avvisinga og få ei grunngjeving så snart som råd.

## § 35 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

- (1) Ved open og avgrensa anbuds konkurranse skal følgjande gå fram av innkjøpsprotokollen:
  - a) namnet og adresse til oppdragsgjevaren
  - b) namna på dei kandidatane og anbydarane/tilbydarane som eventuelt er valde ut til å ta del i ein avgrensa anbuds konkurranse, og grunngjevinga for utveljinga
  - c) namna på dei kandidatane som ikkje vart valde ut til å ta del i ein avgrensa anbuds konkurranse, eller som ikkje fekk tildelt oppdraget ved slik konkurranse, og grunngjevinga for at førespurnaden om å ta del eller for at anbudet/tilbudet vart avvist / forkasta
  - d) kva for innkjøp anbodsinnbydinga omfattar
  - e) dato og klokkeslett for anbodsopninga
  - f) kven som var til stades ved anbodsopninga
  - g) løpenummer, anbudspris og eventuell leveringstid for kvart anbud, og namnet til anbydaren
  - h) oppgåve over anbud som er komne inn for seint
  - i) kva for anbud som er avviste, og grunnen til det
  - j) namnet på den som fekk kontrakten, og grunngjevinga for at anbudet vart godteke
  - k) dei opplysningane som følgjer av § 49 når det gjeld tildeling av kontrakt



## KAPITTEL 5

### INNKJØP ETTER FORHANDLING

#### § 36 Invitasjon til å ta del - kunngjering

- (1) Ved innkjøp etter forhandling vert interesserte leverandørar oppmoda om å melde si interesse for å ta del i konkurransen gjennom offentleg kunngjering, men slik at ein kan unnlate å kome med kunngjering når vilkåra i § 23 er oppfylte. Kunngjeringa skal minst innehalde dei opplysningane som er nemnde i § 37 første leddet bokstav a)-f).
- (2) Blant dei kandidatane som har bede om å få ta del, vel oppdragsgjevaren ut dei som skal inviterast til å gje tilbod i samsvar med reglane i kapittel 3.
- (3) Ved forskings- eller utviklingsarbeid der ein eller fleire leverandørar peikar seg ut som særleg kvalifiserte i høve til dei krava som vert stilte, eller ved innkjøp der kunngjering openbert ikkje tener noko føremål, kan den eller dei aktuelle leverandørane få direkte førespurnad om å ta del i konkurransen utan at det vert kunngjort. Elles er det ikkje påkravd å kome med kunngjering i dei tilfella som vert omfatta av § 42.

#### § 37 Tilbodsgrunnlaget

- (1) Tilbodsgrunnlaget skal som regel innehalde opplysningar om:
  - a) namnet og adressa til oppdragsgjevaren
  - b) kvar ein kan rette spørsmål i samband med konkurransen
  - c) at det vert nytta innkjøp etter forhandling
  - d) kva for innkjøp og kva for mengd ein ønskjer tilbod på
  - e) mottakar, adresse og tid (dato og klokkeslett) for innlevering av førespurnad om å få ta del
  - f) kva for krav som vert stilte til kvalifikasjonane til tilbydarane, og kva for krav som vert stilte til dokumentasjon
  - g) at oppdragsgjevaren tek atterhald om retten til å forhandle nærare om vilkåra for innkjøpet, og at ei offentleg opning av innkomne tilbod ikkje vil finne stad.
- (2) Når det er aktuelt, skal det også takast inn føresegner om:
  - a) kontraktstype
  - b) førehandskalkyle, jfr. § 37 tredje leddet
  - c) kostnadsprøving, jfr. § 62
  - d) rekneskapsføringa til leverandøren, jfr. § 62
  - e) spesielle vilkår for forskings- og utviklingsarbeid, jfr. kapittel 8
  - f) kontraktstype
  - g) andre opplysningar som er naudsynte for utarbeidinga av tilbod.
- (3) Når oppdragsgjevaren finn det naudsynt for å kunne vurdere tilboda, kan det setjast som vilkår i tilbodsgrunnlaget at det vert lagt fram ein kalkyle over dei kostnadane som ein reknar med vil kome i samband med tilverkinga av varene eller tenestene. I

- førespurnaden kan oppdragsgjevar i så fall ta atterhald om retten til å sjå rekneskapsdata, vedlegg o.a. som grunnlag for eventuelle prisanalysar, jfr. § 47.
- (4) Ingen tilbydar må få opplysningar som gjev han fordelar i høve til dei andre tilbydarane.
  - (5) Dersom oppdragsgjevaren skal kunne gje kontrakt på grunnlag av innkomne tilbod utan at det vert gjennomført forhandlingar, bør tilbodsgrunnlaget tilfredsstillende krava i § 28 så langt det er mogleg.

### **§ 38 Høve til forhandlingar**

- (1) Dersom tilboda som er komne inn, ikkje gjev tilstrekkeleg grunnlag for å slutte avtale, skal det i den grad ein finn det naudsynt, forhandlast/haldast drøftingar med ein eller fleire tilbydarar. Forhandlingane eller drøftingane kan omfatte både forretningsmessige vilkår og tekniske spesifikasjonar, medrekna endringar i den tekniske løysinga som det er lagt inn tilbod om.
- (2) Ved slike forhandlingar skal tilbydarane ha like vilkår og opplysningar.

### **§ 39 Avvising**

- (1) Oppdragsgjevar kan sjå bort frå tilbod som kjem inn etter at fristen har gått ut. Dersom ein tilbydar som leverer for seint såleis vert stilt betre enn dei andre tilbydarane, skal tilbodet avvisast.
- (2) Tilbod som vert leverte inn av tilbydarar som ikkje er inviterte til å ta del i konkurransen, skal alltid avvisast.
- (3) Dersom eit tilbod vert avvist, skal den tilbydaren det gjeld, straks gjerast kjent med avvisinga og gjevast ei grunngjeving.

### **§ 40 Krav til føring av innkjøpsprotokoll**

- (1) I samband med innkjøp etter forhandling skal følgjande gå fram av innkjøpsprotokollen:
  - a) namnet og adressa til oppdragsgjevaren
  - b) kva innkjøpet gjeld
  - c) kva for leverandørar som er spurde
  - d) namnet til tilbydaren, tilbodspris og eventuell leveringstid
  - e) ei oppgåve over tilbod som er komne inn for seint
  - f) ei grunngjeving for valet av leverandør
  - g) kva for tilbod som vert avvist, og grunnen til det
  - h) grunnen til at tilbod eventuelt er henta inn frå berre ein leverandør
  - i) dei opplysningane som følgjer av § 49 med omsyn til tildeling av kontrakt.

## KAPITTEL 6

### DIREKTE INNKJØP

#### § 41 Definisjon av direkte innkjøp

- (1) Direkte innkjøp tyder innkjøp som vert gjorde ved direkte førespurnad til ein eller fleire leverandørar utan at det vert henta inn anbod etter kapittel 4 eller tilbod etter kapittel 5. Direkte innkjøp kan gjerast ved munnleg førespurnad. Også ved direkte innkjøp bør innkjøpet gjerast etter konkurranse.

#### § 42 Villkår for direkte innkjøp

- (1) Direkte innkjøp kan nyttast når:
- prisen ikkje går over kr. 50.000,-.
  - berre ein leverandør kan levere, og vara eller tenesta er av ein slik art at det ikkje vert sett på som naudsynt å forhandle om vilkåra
  - det gjeld tilleggstingingar som skal dekkje uventa behov
  - innkjøpet på grunn av uventa omstende ikkje kan utsetjast
  - særlege gunstige tilbod ikkje vil kunne nyttast dersom ein nyttar open eller avgrensa anbodskonkurranse eller innkjøp etter forhandling

#### § 43 Terskelverdiar

- (1) Når prisen vert rekna ut etter § 42 første leddet bokstav a), skal ein leggje til grunn den berekna verdien eksklusiv meirverdiavgift. Elles gjeld følgjande:
- Ved kontrakter om leasing, leige eller sal av varer på avbetaling skal utrekningsgrunnlaget vere den totale berekna verdien for kontrakten for heile kontraktsperioden.
  - Grunnlaget for å nytte det første leddet i denne paragrafen for varekontrakter som vert slutta regelmessig i ein bestemt periode, eller som skal fornyast innan ei viss tid, skal vere den totale kostnaden for liknande kontraktar som vart slutta i det føregåande rekneskapsåret, eventuelt for dei siste tolv månadane, eller den samla berekna verdien av dei faste ytingane som vil finne stad i kontraktsperioden.
  - Dersom eit planlagt innkjøp av einsarta varer kan føre til at fleire einskildkontrakter vert tildelte samstundes, skal den samla berekna verdien av desse einskildkontraktene leggjast til grunn.
  - Dersom ein planlagt kontrakt inneheld opsjonsklausular, skal utrekningsgrunnlaget også omfatte verdien av innkjøp som kan gjerast etter opsjonsklausulen.

#### **§ 44 Krav til føring av innkjøpsprotokoll**

- (1) Dersom direkte innkjøp vert nytta ved innkjøp som er større enn summen etter § 42 første leddet bokstav a), skal grunnen til at det vert nytta direkte innkjøp, registrerast i innkjøpsprotokollen.

## KAPITTEL 7

### TILDELING AV KONTRAKT

#### § 45 Avlysing av konkurranse

- (1) Oppdragsgjevaren pliktar ikkje å godta noko anbod/tilbod dersom ingen av dei anboda /tilboda som er komne inn, kan godtakast når dei vert vurderte i høve til kva oppdragsgjevaren kunne vente.
- (2) Konkurransen kan også avlysast når det har kome til tilhøve som gjer at innkjøpet ikkje lenger er aktuelt, eller at spesifikasjonane må endrast etter at invitasjonen til å leggje inn anbod/tilbod er sendt ut.
- (3) Vedtak om avlysing skal grunngjevast i samsvar med § 15.

#### § 46 Kriterium for tildeling av kontrakter

- (1) Oppdragsgjevaren skal basere tildelinga av kontrakter anten berre på den lågaste prisen eller på det økonomisk mest gunstige anbudet/tilbudet.  
Ved tildeling av kontrakt basert på det økonomisk mest gunstige anbudet/tilbudet, kan det mellom anna leggjast vekt på pris, leveringstid, drifts- og vedlikehaldskostnader, lønsemd, kvalitet, etiske og funksjonsmessige eigenskapar, teknisk verdi, service og teknisk hjelp.
- (2) Ved fastsetjing av kriterium og vurdering av det økonomisk mest gunstige anbudet/tilbudet skal det leggjast vekt både på innkjøpskostnadane og på andre kostnader som heng saman med bruk, drift og vedlikehald av den vara eller tenesta innkjøpet gjeld (livssyklus-kostnader).
- (3) Dersom oppdragsgjevaren baserer tildelinga av kontrakter på det økonomisk mest gunstige anbudet/tilbudet, skal alle kriterium som vert lagde til grunn for tildelinga, takast med i anbods-/tilbodsgrunnlaget eller i kunngjeringa, om mogleg i prioritert rekkjefølgje.
- (4) Dersom det for ein kontrakt ligg føre eit anbod/tilbod som verkar unormalt lågt i høve til ytinga, skal oppdragsgjevaren forlange dei opplysningane som er relevante om dei einskilde delane av anbudet/tilbudet før dette kan avvisast, og etterprøve anbudet/tilbudet på grunnlag av dei forklaringane som vert gjevne. Oppdragsgjevaren kan ta omsyn til forklaringar som kan forsvarast ut frå objektive grunnar, som til dømes innsparingar ved framstillingsmåten, tekniske løysingar, uvanleg gunstige vilkår for leveransen eller den nyskapande karakteren til vara.



## § 47 Bruk av prisanalyse

- (1) Dersom ein går ut frå at den tilbodne prisen eller dei oppførde kostnadsoverslaga i hovudsak er baserte på usikre kostnadselement, eller dersom konkurransen er liten, bør det ved større leveransar gjerast prisanalyser før det vert delt ut kontrakt.
- (2) Ved prisanalysen bør oppdragsgjevareren i den grad det er naudsynt gå gjennom budsjettdata, rekneskapsdata, vedlegg o.a. som ligg til grunn for prisen eller kostnadsutrekninga.

## § 48 Aksept av anbod / tildeling av kontrakt

- (1) Anbodet/tilbodet skal veljast snarast mogleg etter anbodsopninga eller etter at forhandlingane er avslutta, og seinast slik at den som får bestillinga/oppdraget, kan gjerast kjend med det innan den fristen som er sett for stadfesting av anbodet/tilbodet. Dei anbydarane/tilbydarane som ikkje har fått godteke sine anbod/tilbod, skal gjerast kjende med dette.
- (2) Når eit anbod/tilbod er valt, vert innkjøpet gjort ved skriftleg aksept av anbodet / tilbodet eller ved at det vert utarbeidd kontrakt.
- (3) Når det av omsyn til leveringstida er naudsynt at arbeidet med leveransen startar så snart som råd, kan det teiknast ein mellombels kontrakt om innkjøpet.
- (4) I den mellombels kontrakten skal alle hovudvilkåra for innkjøpet takast med slik at berre fastlegging av detaljvilkåra står att til den endelege kontrakten.

## § 49 Krav til føring av innkjøpsprotokoll

- (1) I innkjøpsprotokollen skal følgjande takast med i samband med tildeling av kontrakt:
  - a) når avgjerda vart teken
  - b) tilvising til registrert anbods- eller tilbodsopning
  - c) kva for anbydar/tilbydar som er vald
  - d) grunnen til at det økonomisk mest gunstige / billegaste anbodet / tilbodet eventuelt ikkje er valt.

## KAPITTEL 8

### FoU-KONTRAKTER

#### § 50 Reglar for tildeling

- (1) Innkjøp av forskings- og utviklingsarbeid skal gjerast etter reglane i kapittel 1-7 med dei særreglane som er fastsette i dette kapitlet.

#### § 51 Kontraktsvilkår ved FoU-kontrakter

- (1) Når særlege grunnar talar for det, kan ein kontrakt om forskings- og utviklingsarbeid også omfatte etterfølgjande produksjon.
- (2) Leverandørar som har fullført forskings- og utviklingsoppdrag, kan også konkurrere om den etterfølgjande produksjonen.
- (3) Kontrakter om forskings- og utviklingsarbeid skal innehalde følgjande spesielle kontraktsvilkår:
  - a) utgreiing om forskings- og utviklingsoppdraget
  - b) opplysningar om kor langt utviklinga skal førast, eventuelt reglar om førproduksjon og utvikling av verktøy
  - c) oppgåver over kva for ressursar i form av personell, utstyr, tidlegare resultat, patent o.a. som skal stillast til rådvelde
  - d) oppgåve over kva for rapportar, tekniske data, teikningar o.a. som skal leverast
  - e) reglar om rapportering og kontroll
  - f) tidsramme for gjennomføringa av oppdraget
  - g) reglar om kva for hjelp oppdragsgjevaren eventuelt skal yte, for eksempel på det teknologiske området og på brukarområdet
  - h) avgrensing av oppdragsgjevaren sine økonomiske plikter
  - i) reglar om betalingsordning. Ein kan gjere unntak frå reglane i kapittel 9 om forskot, framdriftsbetaling og trygdgjeving etter vedtak i den ansvarlege administrasjonen
  - j) reglar om rettar til resultatata av forskings- og utviklingsarbeidet, jfr. § 52
  - k) reglar om at oppdragsgjevaren til ei kvar tid har rett til å avbryte prosjektet dersom han finn at leverandøren ikkje maktar å gjennomføre forskings- og utviklingsoppdraget på ein måte som fører til tilfredsstillande resultat innan tids- og prisrammene for kontrakten.

## § 52 Rettar til kontraktsemnet og resultatet av FoU-arbeida

- (1) Når ein leverandør i samsvar med forskings- og utviklingskontrakt skal utvikle ei oppfinning eller ein konstruksjon som ligg innafor leverandøren sitt naturlege produktområde, slik at leverandøren kan utnytte oppfinninga/konstruksjonen, bør det i regelen avtalast i kontrakten at eigedomsretten eller retten til framtidig utnytting av oppfinninga eller konstruksjonen vert gjeven over til leverandøren dersom ikkje spesielle tilhøve talar for noko anna.
- (2) Sjølv om eigedomsretten eller retten til framtidig utnytting av oppfinninga eller konstruksjonen vert gjeven over til leverandøren, skal kommunen sikrast ein vederlagsfri bruks- og disposisjonsrett til dekking av eige behov og til å oppfylle dei pliktene som kommunen måtte ta på seg. Leverandøren skal vidare forplikte seg til ikkje å overføre eigedomsrett på annan måte utan godkjenning frå kommunen.

## KAPITTEL 9

### KONTRAKTSVILKÅR

#### § 53 Alminnelege kontraktsreglar for kjøp av varer og tenester

- (1) Reglane i §§ 55-64 skal leggjast til grunn ved utforminga av avtalar om kjøp av varer og tenester for kommunen si rekning som vert gjorde etter kapittel 4-7.
- (2) Kommunen kan gje meir inngåande reglar for bruk av ulike kontraktstyper og innhaldet av desse.
- (3) Innafor ramma av reglane i §§ 28 og 37 skal følgjande vilkår, som skal gjelde spesielt for det einskilde kjøpet, avtalast i den grad det er naudsynt:
  - a) leveringsomfang, medrekna eventuelle tilleggssytingar som teknisk dokumentasjon, handbøker, utgreiingar, opplæring, service o.a.
  - b) krav til utføring, medrekna kvalitetskrav, krav til yteevne, dimensjonar o.a. med tilvising til tekniske underlag, teikningar, arbeidsspesifikasjon, modellar o.l.
  - c) leveringsvilkår (tid, stad, emballasje, sendemåte, forsikringsspørsmål o.a.)
  - d) pris, eventuelt reglar for prisfastsetjinga dersom fast pris ikkje er avtalt
  - e) betalingsvilkår

#### § 54 Alminnelege kontraktsreglar for kontrahering av bygg og anlegg

- (1) NS 3430 av 1991, *Alminnelige kontraktsbestemmelser om utførelse av bygg- og anleggsarbeider*,  
NS 3408 av 1992, *Alminnelige kontraktsbestemmelser med formular om utførelse av enkle bygg og anlegg*, eller  
NS 3431 av 1992, *Alminnelige kontraktsbestemmelser for totalentrepriser*,  
skal gjerast gjeldande når byggje- og anleggsarbeid som kjem under denne instruksen vert sette bort, med følgjande unntak:
  - a) I høve til pkt. 13.1, 13.3 og 28.3.5 i NS 3430 og pkt. 8.1, 8.3, 8.4, 18.1 og 18.3 i NS 3431 skal oppdragsgjevaren ikkje gje trygd.
  - b) I høve til pkt. 40 i NS 3430 og pkt. 20.1 i 3408 og pkt. 45 i NS 3431 skal tvistar som følgjer av kontraktsforholdet, avgjerast ved rettargang for dei ordinære domstolane dersom ikkje anna vert avtalt eller er avtalt. Dersom partane finn det tenleg, kan dei likevel verte samde om at reglane i NS 3430, NS 3408 eller NS 3431 skal følgjast.
  - c) Fristar som er fastlagde i standarden, kan endrast etter vedtak i den ansvarlege etaten.

- (2) Ved inngåing av kvar einskild kontrakt kan det i unntakstilfelle avtalast andre endringar i reglane i standarden når spesielle tilhøve talar for dette. Slike endringar skal takast med i avtaledokumentet.  
Når tilhøva gjer det naudsynt, kan kommunen fastsetje generelle endringar av reglane i standarden i kontrakter som vert gjorde av kommunen, eller av meir inngåande reglar for bruk av priskontrakt, kostnadskontrakt eller andre kontraktstyper.
- (3) Reglane i §§ 55-64 skal nyttast dersom det vert avtalt endringar i høve til standardar som er nemnde i første leddet, eller dersom kontrakter vert gjorde utan at dei nemnde standardane vert nytta.

### **§ 55 Betalingsvilkår**

- (1) Betalinga skal skje når levering har funne stad i samsvar med kontrakten.
- (2) Ved suksessive leveransar kan oppgjer finne stad ved kvar dellevering. Det skal takast standpunkt til om det skal gjevast trygd for at kontrakten vert oppfylt, jfr. § 58.
- (3) Forskot og framdriftsbetaling kan avtalast etter reglane i §§ 56 og 57. Så langt det er mogleg skal det takast standpunkt til eventuell forskots- eller framdriftsbetaling alt når anbodsinnbydinga eller førespurnaden vert sendt ut, jfr. §§ 28 og 37.
- (4) Til vanleg krev Volda kommune å få ei kredittid på 30 dagar, av omsyn til sine kontrollrutiner. Avvik frå denne kredittida må avtalast særskilt.

### **§ 56 Forskotsbetaling**

- (1) Når det er i samsvar med vanleg forretningspraksis i den bransjen det gjeld, eller når det må reknast for forretningsmessig naudsynt eller økonomisk fordelaktig for kommunen, kan det gjerast avtale om at leverandøren skal få utbetalt eit passande forskot. Forskot kan også avtalast når oppdragsgjevaren finn at gjennomføringa av kontrakten vil påføre leverandøren ein unormalt stor finansieringsbyrde.
- (2) Forskotet kan vere inntil ein tredjedel av kjøpesummen eksklusiv meirverdiavgift. Når særlege grunnar ligg føre, kan kommunen gje samtykke til større forskot. Storleiken på forskotet og tidspunktet for utbetalinga skal elles tilpassast kontraktsforholdet. Dersom fleire betalingar skal finne stad før levering, må dette avtalast etter reglane i § 57.
- (3) Det skal gjevast trygd for forskotet i samsvar med § 58.
- (4) Dersom avtalen om forskot er i samsvar med føresetnadane i anbods-/ tilbodsgrunnlaget, skal det ikkje svarast renter av forskotet.
- (5) Dersom det som unntak vert utbetalt forskot som ikkje er rekna med i anbods-/ tilbodsgrunnlaget, skal det svarast renter av forskotet etter ein sats som kommunen fastset, frå utbetalingsdagen og inntil forskotet er frårekna.
- (6) Utbetalt forskot skal fråreknast i seinare framdriftsbetalingar. Ved dei einskilde framdriftsbetalingane skal det reknast frå ein så stor del av forskotet som svarar til den utførte delen av leveransen. Dersom det ikkje vert gjort framdriftsbetaling, skal forskotet reknast frå i sluttoppgjeret.
- (7) Så langt det er mogleg skal det opplysast om eventuell forskotsbetaling i anbods- / tilbodsgrunnlaget eller førespurnaden.



## § 57 Framdriftsbetaling

- (1) Når levering (eventuelt dellevering) først kan finne stad etter meir enn 12 månaders produksjonstid, eller når oppdragsgjevaren elles finn det tenleg, kan det avtalast at leverandøren skal få utbetalt avdrag på kjøpesummen i form av framdriftsbetaling. Slik framdriftsbetaling kan avtalast anten etter reglane i andre eller tredje leddet.
- (2) Det kan gjerast avtale om at framdriftsbetaling skal finne stad til bestemte tider. Storleiken på avdraga skal i så fall fastsetjast på grunnlag av ei spesifisert avdragsrekning frå leverandøren. Eit avdrag skal ikkje overstige 90 prosent av verdien av det arbeidet som er utført og dei materiala som er kjøpte inn sidan den førre utbetalinga, inklusiv dei avgiftene som forfell ved betaling. Forskot som leverandøren har utbetalt til underleverandørane sine, kan berre reknast med i den grad slik utbetaling er godkjent av oppdragsgjevaren på førehand.
- (3) Framdriftsbetaling kan også fastsetjast til ein eller fleire tilmålte delar av kjøpesummen, slik at desse vert utbetalte på nærmare fastsette stadium i produksjonsgangen (ratebetaling). Ein skal søkje å fastsetje storleiken på avdraga og forfallstida slik at dei ikkje overstig 90 prosent av verdien av det utførte arbeidet og dei materiala som er kjøpte inn, inklusiv avgifter som forfell ved betaling. Som grunnlag for utbetaling skal det liggje føre ei avdragsrekning som viser kor langt produksjonen er komen.  
For framdriftsbetaling som vert avtalt etter reglane i andre eller tredje leddet over, gjeld elles:
  - a) Er det utbetalt forskot, skal det reknast ifrå ein så stor del av forskotet som svarar til den utførte delen av leveransen ved dei einskilte framdriftsbetalingane. Dette gjeld likevel ikkje ratebetaling som er avtalt etter tredje leddet.
  - b) Det skal gjevast trygd for framdriftsbetaling i samsvar med § 58.
  - c) Dersom avtalen om framdriftsbetaling er i samsvar med føresetnadane i anbuds-/tilbudsgrunnlaget, skal det ikkje svarast renter av framdriftsbetalinga.
  - d) Dersom det unntaksvis vert betalt ut framdriftsbetaling som ikkje er rekna med i anbuds-/tilbudsgrunnlaget, skal det svarast renter av framdriftsbetalinga etter ein sats som kommunen fastset, frå utbetalingsdagen og inntil framdriftsbetalinga er frårekna.

## § 58 Trygd

- (1) Det kan avtalast at leverandøren skal gje fullgod trygd for at kontrakten vert oppfylt.
- (2) Trygda skal ikkje vere større enn det som er naudsynt for å verne oppdragsgjevaren mot tap, og ho bør som regel ikkje overstige 10 prosent av kontraktsprisen.
- (3) Når leverandøren har teke på seg garantipliktene etter reglane i § 61, kan det krevjast at det vert gjeve trygd for denne tida (garantitida).
- (4) Trygd frå leverandøren skal i regelen ha form av garanti frå bank, forsikringsselskap, garantiselskap e.l. Kommunen kan godkjenne annan garanti. Garantien skal i alle høve gjevast som sjølvskuldkausjon.

- (5) Når det er openbert at det ikkje er naudsynt, kan kommunen i det einskilde tilfellet vedta at det ikkje skal krevjast trygd etter §§ 56 og 57.
- (6) Ved kjøp frå offentleg føretak skal det ikkje krevjast trygd.

### **§ 59 Mulkt - konvensjonalbot**

- (1) I kontrakten kan det fastsetjast mulkt eller ei anna form for konvensjonalbot for kvar kvardag som går over leveringsfristen.
- (2) Om ikkje noko anna er særleg avtalt, skal ikkje ein slik avtale vere til hinder for oppdragsgjevaren sin rett til erstatning for forseinkinga, men i slike tilfelle skal betalt mulkt eller konvensjonalbot trekkjast frå erstatningssummen.
- (3) Når det ligg føre særlege grunnar til det, kan kommunen gje samtykke til at mulkt eller konvensjonalbot som har kome i tillegg, skal reduserast eller ettergjevast.

### **§ 60 Kvalitetskontroll**

- (1) Om naudsynt skal det takast med i kontrakten reglar om at leverandøren jamleg skal ta kvalitetskontroll under produksjonen. I slike tilfelle kan det stillast spesifiserte krav til leverandøren si gjennomføring av dei naudsynte kontrollfunksjonane.
- (2) Det kan også vedtakast at oppdragsgjevaren skal ha rett til kvalitetsprøving under heile framstillingsprosessen, anten sjølv eller ved andre.

### **§ 61 Garantiar**

- (1) I kontrakten kan det takast med reglar om garanti som bind leverandøren til å rette feil, byte ut defekte delar eller på annan måte betre det leverte produktet slik at det møter dei krava som er avtalte, innan ein viss tidsperiode.
- (2) Garantiperioden bør som regel ikkje overstige to år frå det tidspunktet leveringa er gjord.

### **§ 62 Kostnadskontrakter**

- (1) I kontrakter der det er avtalt at den endelege prisen skal fastsetjast på grunnlag av dei kostnadane som har kome på (kostnadskontrakter og priskontrakter med vinstavgrensing), skal det som regel takast med reglar om:
  - a) kva for kostnader som skal leggjast inn under kontrakten
  - b) at det vert sett opp ein etterkalkyle som viser dei verkelege kostnadane når leveransen har funne stad
  - c) at leverandøren skal innrette rekneskapsføringa si slik at det let seg gjere å vurdere dei kostnadane som har kome på
  - d) at oppdragsgjevaren skal ha rett til å sjå på rekneskapsdata, vedlegg o.a. som ligg til grunn for kostnadsutrekninga
- (2) Kommunen kan gje nærare reglar om kostnadskontroll o.a.

### § 63 Endring av kontrakt

- (1) Endringar i kontrakten skal som regel gjerast skriftleg.

### § 64 Tvisteløysing

- (1) Dersom ikkje anna er avtalt, skal tvistar som oppstår som følge av kontraktsforholdet, avgjerast ved rettargang for dei ordinære domstolane.
- (2) Når ein finn det tenleg, kan det i kontrakten takast med reglar om at tvistar som kejm opp i kontraktsforholdet, skal avgjerast ved skiltdom med endeleg verknad for begge partane.
- (3) Sjølv om det ikkje er teke inn nokon slik regel i kontrakten, kan partane verte samde om å la tivstar som er komne opp, verte avgjorde ved skiltdom.
- (4) Dersom ikkje anna er eller vert avtalt, skal skiltdomstolen vere sett saman av tre medlemmer der kvar av partane oppnemner ein medlem, og desse i fellesskap den tredje. Vert dei ikkje samde om valet, vert fylkesmannen oppmoda om å oppnemne den tredje medlemmen.

oooooOooooo



## Lov om offentlige anskaffelser [anskaffelsesloven]

Dato	LOV-1999-07-16-69
Departement	Nærings- og fiskeridepartementet
Sist endret	LOV-2013-06-14-32 fra 01.01.2014
Publisert	Avd I 1999 Nr. 16
Ikrafttredelse	01.07.2001
Endrer	LOV-1992-11-27-116
Kunngjort	
Kortittel	Anskaffelsesloven - offanskl.

---

Jf. EØS-avtalen art 65 og vedlegg XVI, nr. 2 (dir 2004/18), nr. 4 (dir 2004/17), nr. 4a (Kvedtak 93/327/EØF), nr. 5 (dir 89/665), nr. 5a (dir 92/13), nr. 5b (dir 92/50) og nr. 6 (frd. 1182/71). Jf. også WTO-avtalen 15 apr 1994 om offentlige innkjøp.

### § 1. *Formål*

Loven og tilhørende forskrifter skal bidra til økt verdiskapning i samfunnet ved å sikre mest mulig effektiv ressursbruk ved offentlige anskaffelser basert på forretningsmessighet og likebehandling. Regelverket skal også bidra til at det offentlige opptrer med stor integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.

0 Endret ved lov 30 juni 2006 nr. 41 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 30 juni 2006 nr. 762).

### § 2. *Oppdragsgivere som er omfattet*

Loven gjelder for statlige, kommunale og fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer. Loven gjelder for rettssubjekter som driver virksomhet innenfor forsyningssektorene, i den utstrekning dette følger av internasjonale forpliktelser og forskrifter gitt i medhold av loven. Loven gjelder også for andre rettssubjekter i saker om bygge- og anleggskontrakter, dersom det offentlige yter tilskudd på mer enn 50 prosent av kontraktens verdi.

Kongen kan gi nærmere bestemmelser om hvilke oppdragsgivere som er omfattet av loven.

Kongen kan gi nærmere bestemmelser om lovens anvendelse på Svalbard og fastsette særlige regler av hensyn til de stedlige forhold.

0 Endret ved lover 4 juli 2003 nr. 83 (ikr. 25 juli 2003 iflg. res. 4 juli 2003 nr. 879), 30 juni 2006 nr. 41 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 30 juni 2006 nr. 762).

### § 3. *Anskaffelser som er omfattet*

Loven gjelder anskaffelser av varer, tjenester og bygge- og anleggsarbeider som foretas av oppdragsgivere som nevnt i § 2. Loven gjelder ikke anskaffelser som kan unntas etter EØS-avtalen artikkel 123.

### § 4. *Rettighetshavere*

Rettighetshavere etter loven er bare virksomheter som er opprettet i samsvar med lovgivningen i en EØS-stat og som har sitt sete, hovedadministrasjon eller hovedforetak i en slik stat. Det samme gjelder virksomheter som er gitt slike rettigheter etter WTO-avtalen om offentlige innkjøp eller andre internasjonale avtaler som Norge er forpliktet til å følge.

### **§ 5. Grunnleggende krav**

Oppdragsgiver skal opptre i samsvar med god forretningsskikk, sikre høy forretningsetisk standard i den interne saksbehandling og sikre at det ikke finner sted forskjellsbehandling mellom leverandører.

En anskaffelse skal så langt det er mulig være basert på konkurranse.

Oppdragsgiver skal sikre at hensynet til forutberegnelighet, gjennomsiktighet og etterprøvnbarhet ivaretas gjennom anskaffelsesprosessen.

Utvelgelse av kvalifiserte anbydere og tildeling av kontrakter skal skje på grunnlag av objektive og ikke-diskriminerende kriterier.

Oppdragsgiver skal ikke

- a. diskriminere mellom leverandører på grunnlag av nasjonalitet,
- b. bruke standarder og tekniske spesifikasjoner som et virkemiddel for å hindre konkurranse, eller
- c. dele opp en planlagt anskaffelse i den hensikt å unngå at bestemmelser gitt i eller i medhold av denne lov kommer til anvendelse.

### **§ 6. Livssyklus kostnader, universell utforming og miljø**

Statlige, kommunale og fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer skal under planleggingen av den enkelte anskaffelse ta hensyn til livssyklus kostnader, universell utforming og miljømessige konsekvenser av anskaffelsen.

- 0 Endret ved lover 15 juni 2001 nr. 80 (ikr. 1 juli 2001 iflg. res. 15 juni 2001 nr. 617), 30 juni 2006 nr. 41 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 30 juni 2006 nr. 762).

### **§ 7. Lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter**

Kongen kan ved forskrift pålegge statlige, kommunale og fylkeskommunale myndigheter og offentligrettslige organer å ta inn klausuler i tjeneste- og bygge- og anleggskontrakter som inngås etter denne lov, som skal sikre lønns- og arbeidsvilkår som ikke er dårligere enn det som følger av gjeldende landsomfattende tariffavtale eller det som ellers er normalt for vedkommende sted og yrke.

Kongen kan ved forskrift pålegge oppdragsgivere å føre tilsyn med at klausulene blir overholdt, og iverksette tiltak overfor leverandøren ved manglende etterlevelse av klausulene.

Arbeidstilsynet fører tilsyn med at forskrifter gitt med hjemmel i første og andre ledd blir overholdt. Tilsynet gir de pålegg og treffer de enkeltvedtak som er nødvendige for gjennomføring av forskriftene. Arbeidsmiljøloven § 18-5, § 18-6 første, andre, sjette, sjuende og åttende ledd samt §§ 18-7, 18-8 og 18-10 får tilsvarende anvendelse.

Petroleumstilsynet har innenfor sitt myndighetsområde tilsvarende tilsynsansvar og myndighet som nevnt i andre og tredje ledd.

- 0 Tilføyd ved lov 21 des 2007 nr. 121, endret ved lover 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 11a, 14 des 2012 nr. 82 (ikr. 1 juli 2013 iflg. res. 14 des 2012 nr. 1324), 14 juni 2013 nr. 32 (ikr. 1 jan 2014 iflg. res. 14 juni 2013 nr. 617).

### **§ 8. Søksmål**

Søksmål om overtredelse av denne lov eller forskrifter gitt i medhold av loven, reises for tingretten uten forliksmegling.



Inntil kontrakt er inngått, kan retten sette til side beslutninger som er truffet under en anskaffelsesprosedyre når beslutningen er i strid med bestemmelser i denne lov eller forskrifter gitt i medhold av loven.

- 0 Endret ved lover 14 des 2001 nr. 98 (ikr. 1 jan 2002 iflg. res. 14 des 2001 nr. 1416), 30 juni 2006 nr. 41 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 30 juni 2006 nr. 762), 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 7.

### **§ 9. *Beslutning om midlertidig forføyning***

For behandling av begjæring om midlertidig forføyning gjelder tvisteloven, om ikke annet er bestemt i eller i medhold av denne lov. Mot overtredelser av bestemmelser i eller i medhold av denne lov, kan det ikke besluttet midlertidig forføyning etter at kontrakt er inngått.

Kongen kan gi forskrift om at oppdragsgivers adgang til å inngå kontrakt suspenderes ved begjæring om midlertidig forføyning, når begjæringen er fremsatt innenfor en fastsatt karenperiode.

Kongen kan gi forskrift om at oppdragsgiver kan fastsette en frist for når begjæring om midlertidig forføyning mot oppdragsgivers beslutning om å avvise eller forkaste en forespørsel om å delta i konkurransen, må være fremsatt.

- 0 Endret ved lover 30 juni 2006 nr. 41 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 30 juni 2006 nr. 762), 17 juni 2005 nr. 90 (ikr. 1 jan 2008 iflg. res. 26 jan 2007 nr. 88) som endret ved lov 26 jan 2007 nr. 3, 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 8.

### **§ 10. *Underretningsplikt for retten***

Retten skal underrette departementet om saker som idømmes etter § 8, samt forføyninger etter § 9.

- 0 Endret ved lover 29 juni 2007 nr. 62 (ikr. 1 jan 2008 iflg. res. 7 des 2007 nr. 1370), 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 9.

### **§ 11. *Erstatning***

Ved brudd på denne lov eller forskrifter gitt i medhold av loven, har saksøker krav på erstatning for det tap han har lidt som følge av bruddet.

- 0 Endret ved lov 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 10.

### **§ 12. *Rådgivende tvisteløsningsorgan***

Kongen kan opprette et rådgivende organ for løsning av tvister om rettigheter og plikter etter denne lov og forskrifter hjemlet i denne.

Kongen kan gi forskrift om at oppdragsgivere som omfattes av loven her er pliktige til å delta i prosessen for tvisteløsningsorganet.

Kongen kan gi forskrift om saksbehandlingen i organet, herunder bestemmelser om partenes rett til innsyn i sakens dokumenter.

Offentleglova får anvendelse på den virksomhet som drives av tvisteløsningsorganet.

- 0 Tilføyd ved lov 15 juni 2001 nr. 80 (ikr. 1 juli 2001 iflg. res. 15 juni 2001 nr. 617), endret ved lover 30 juni 2006 nr. 41 (ikr. 1 jan 2007 iflg. res. 30 juni 2006 nr. 762), 19 mai 2006 nr. 16 (ikr. 1 jan 2009 iflg. res. 17 okt 2008 nr. 1118), 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413), endret paragrafnummer fra § 7a.

### **§ 13. *Soksmål om å kjenne kontrakt uten virkning***

Retten skal kjenne en kontrakt uten virkning når

- a) kontrakten gjelder anskaffelser av varer, prioriterte tjenester og bygge- og anleggsarbeider over EØS-terskelverdiene fastsatt i forskrift, og
- b) oppdragsgiver enten har
  1. foretatt en ulovlig direkte anskaffelse,
  2. tildelt en kontrakt innenfor en rammeavtale eller en dynamisk innkjøpsordning i strid med forskrift gitt i medhold av loven, eller
  3. foretatt andre brudd på forskrifter gitt i medhold av loven som har påvirket leverandørens mulighet til å få kontrakten, og samtidig har brutt bestemmelser om karenperiode eller suspensjon, og dette har fratatt leverandøren mulighet til å iverksette rettslige skritt forut for kontraktsinngåelse.

Første ledd bokstav b nr. 1 gjelder ikke om oppdragsgiver har kunngjort at det vil bli inngått en kontrakt og tidligst inngår kontrakten ti dager etter kunngjøringen. Første ledd bokstav b nr. 2 gjelder ikke om oppdragsgiver har meddelt sin beslutning om kontraktstildeling til leverandørene og tidligst inngår kontrakten etter en karenperiode.

Når vesentlige hensyn til allmennhetens interesser gjør det nødvendig å opprettholde kontrakten, kan retten unnlate å kjenne kontrakten uten virkning. Dersom konsekvensen av at kontrakten kjennes uten virkning i alvorlig grad vil kunne true et større forsvars- eller sikkerhetsprogram som er avgjørende for Norges sikkerhetsinteresser, kan ikke retten kjenne kontrakten uten virkning.

En kontrakt kan kjennes uten virkning for fremtidig kontraktsoppfyllelse. Dersom kontraktsytelsen kan tilbakeføres i vesentlig samme stand og mengde, kan kontrakten kjennes uten virkning fra tidspunktet for kontraktsinngåelse.

0 Tilføyd ved lov 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413). Jf. dir 2007/66 som endrer dir 89/665 og 92/13, se EØS-avtalen vedlegg XVI nr. 5 og 5a.

#### **§ 14. Søksmål om å avkorte kontrakt eller om å idømme overtredelsesgebyr**

Retten skal avkorte kontraktens løpetid eller idømme oppdragsgiver et overtredelsesgebyr når

- a) kontrakten gjelder anskaffelser av varer, prioriterte tjenester og bygge- og anleggsarbeider over EØS-terskelverdiene fastsatt i forskrift, og
  1. retten unnlater å kjenne en kontrakt uten virkning etter § 13 tredje ledd, eller
  2. oppdragsgiver har foretatt andre brudd på reglene om karenperiode eller suspensjon enn de som er omfattet av § 13, eller
- b) kontrakten gjelder anskaffelser av varer, prioriterte tjenester og bygge- og anleggsarbeider under EØS-terskelverdiene fastsatt i forskrift, eller uprioriterte tjenester, og oppdragsgiver har foretatt en ulovlig direkte anskaffelse.

Retten skal idømme oppdragsgiver et overtredelsesgebyr når kontrakten kjennes uten virkning for fremtidig kontraktsoppfyllelse etter § 13.

Retten kan idømme sanksjoner som nevnt i første ledd når

- a) kontrakten gjelder anskaffelser av varer, prioriterte tjenester og bygge- og anleggsarbeider under EØS-terskelverdiene fastsatt i forskrift, eller uprioriterte tjenester, og
- b) oppdragsgiver enten har
  1. tildelt en kontrakt innenfor en rammeavtale eller en dynamisk innkjøpsordning i strid med regler fastsatt i forskrift gitt i medhold av loven, eller
  2. foretatt andre brudd på forskrifter gitt i medhold av loven som har påvirket leverandørens mulighet til å få kontrakten, og samtidig har brutt bestemmelser om karenperiode, og dette har fratatt leverandøren mulighet til å iverksette rettslige skritt forut for kontraktsinngåelse.

Første ledd bokstav b gjelder ikke om oppdragsgiver har kunngjort at det vil bli inngått en kontrakt og tidligst inngår kontrakten ti dager etter kunngjøringen. Tredje ledd bokstav b nr. 1 gjelder ikke om oppdragsgiver har meddelt sin beslutning om kontraktstildeling til leverandørene og tidligst inngår kontrakten etter en karenperiode.

Ved fastsettelse av sanksjoner skal det særlig legges vekt på overtredelsens grovhet, størrelsen på anskaffelsen, om oppdragsgiver har foretatt gjentatte overtredelser, muligheten for å gjenopprette konkurransen og den preventive virkningen. Retten kan også kombinere sanksjonene. Overtredelsesgebyret kan ikke settes høyere enn 15 prosent av anskaffelsens verdi.

0 Tilføyd ved lov 11 mai 2012 nr. 25 (ikr. 1 juli 2012 iflg. res. 11 mai 2012 nr. 413). Jf. dir 2007/66 som endrer dir 89/665 og 92/13, se EØS-avtalen vedlegg XVI nr. 5 og 5a.

#### **§ 15. Prosessuelle særregler og tidsfrister ved søksmål etter §§ 13 og 14**

Ved søksmål om forhold som beskrevet i §§ 13 og 14, plikter saksøker å varsle oppdragsgivers medkontrahent om søksmålet. Varslet gis ved oversendelse av kopi av stevningen.

Retten skal, uavhengig av partenes påstander, idømme sanksjoner som beskrevet i §§ 13 og 14, dersom vilkårene for det er oppfylt.

En rettskraftig dom som går ut på at en kontrakt kjennes uten virkning eller at kontraktens løpetid avkortes, er bindende for alle og enhver og legges til grunn i alle forhold hvor spørsmålet har betydning.

Sanksjoner etter §§ 13 og 14 kan bare idømmes når sak reises innen to år fra kontrakt er inngått.

Dersom oppdragsgiver har kunngjort konkurranseresultatet når en kontrakt er tildelt uten kunngjøring av konkurransen, kan sanksjoner etter § 13 første ledd bokstav b nr. 1 eller § 14 første ledd bokstav b bare idømmes når sak reises innen 30 dager fra kunngjøringen.

Dersom oppdragsgiver i en kunngjort konkurranse har meddelt berørte leverandører om inngåelsen av kontrakt, kan sanksjoner etter § 13 første ledd bokstav b nr. 2 eller 3, § 14 første ledd bokstav a nr. 2 eller § 14 tredje ledd bare idømmes når sak reises innen 30 dager fra meddelelsen er sendt.

  - Annen innredning (installasjon av ovner osv.)

## Vedlegg 2. (Opphevet)

0 Endret ved forskrift 3 sep 2010 nr. 1236, opphevet ved forskrift 12 juni 2015 nr. 622 (i kraft 1 juli 2015).

## Vedlegg 3. Protokoll for anskaffelser mellom 100.000 og 500.000 kroner eksl. mva.

Protokollen skal beskrive alle vesentlige forhold og viktige beslutninger gjennom hele anskaffelsesprosessen. Protokollen<sup>1</sup> skal minst inneholde følgende opplysninger:

- 1.1 Virksomhetens navn
- 1.2 Protokollførers navn
- 1.3 Kort beskrivelse av hva som skal anskaffes
- 1.4 Anslått verdi på kontrakten<sup>2</sup>
- 1.5 Hvilke tiltak gjennomføres for å sikre reell konkurranse om kontrakten,<sup>3</sup> og navn på leverandør(er) som har levert tilbud
- 1.6 Hvis det ikke skal gjennomføres konkurranse om kontrakten, angi en konkret begrunnelse



1.13 Hvis relevant, andel av kontrakt eller rammeavtale som leverandører har til hensikt å overdra til tredjepart

1.14 Hvis relevant, andre vesentlige forhold og viktige beslutninger som er av betydning for konkurransen

1.15 Dato og protokollførers signatur

0 Vedlegg 4 endret ved forskrift 3 sep 2010 nr. 1236.

1 Oppdragsgiver kan benytte andre typer protokoller eller ha vedlegg til protokollen, så lenge samtlige punkter besvares i den protokollen som benyttes. Denne protokollen finnes elektronisk på Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementets hjemmeside.

2 Kontraktens anslåtte verdi skal vurderes i begynnelsen av anskaffelsesprosessen.

3 For eksempel anvendelse av unntaksbestemmelsene i § 2-1 annet ledd eller konkurransepreget dialog, konkurranse med forhandling og hasteprosedyre i forskriftens del III.

## Vedlegg 5. Prioriterte tjenester

Med prioriterte tjenester menes:

<i>Kategori</i>	<i>Beskrivelse av tjenesten</i>	<i>CPC-ref.nr.<sup>1</sup></i>	<i>CPV-ref.nr.</i>
(1)	Vedlikehold og reparasjon	6112, 6122, 633, 886	50100000-6 til 50884000-5 (unntatt 50310000-1 til 50324200-4 og 50116510-9, 50190000-3, 50229000-6, 50243000-0) og 51000000-9 til 51900000-1
(2)	Landtransport, herunder sikkerhetstransport og kurértjenester, unntatt jernbanetransport som hører inn under kategori 18, og posttransport	712 (unntatt 71235), 7512, 87304	60100000-9 til 60183000-4 (unntatt 60160000-7, 60161000-4, 60220000-6), og 64120000-3 til 64121200-2
(3)	Lufttransport av personer og gods, unntatt posttransport	73 (unntatt 7321)	60410000-5 til 60424120-3 (unntatt 60411000-2, 60421000-5), og 60500000-3, 60440000-4 til 60445000-9
(4)	Posttransport i luften og på land, unntatt med jernbane som hører inn under kategori 18	71235, 7321	60160000-7, 60161000-4, 60411000-2, 60421000-5

<i>Kategori</i>	<i>Beskrivelse av tjenesten</i>	<i>CPC-ref.nr.<sup>1</sup></i>	<i>CPV-ref.nr.</i>
(5)	Teletjenester	752	64200000-8 til 64228200-2, 72318000-7, og 72700000-7 til 72720000-3
(6)	Finansielle tjenester	ex 81, 812, 814	66100000-1 til 66720000-3
	a) forsikring		
	b) bank og investeringstjenester, unntatt kontrakter om finansielle tjenester i forbindelse med emisjon, kjøp, salg og overdragelse av verdipapirer eller andre finansielle instrumenter samt sentralbanktjenester		
(7)	EDB og beslektede tjenester	84	50310000-1 til 50324200-4 72000000-5 til 72920000-5 (unntatt 72318000-7 og 72700000-7 til 72720000-3), 79342410-4
(8)	Forsknings- og utviklingstjenester som i sin helhet er betalt av oppdragsgiver og som fullt ut tilfaller oppdragsgiver til bruk i hans virksomhet	85	73000000-2 til 73436000-7 (unntatt 73200000-4, 73210000-7, 73220000-0)
(9)	Regnskap, revisjon og bokføring	862	79210000-9 til 79223000-3
(10)	Markeds- og opinionsundersøkelser	864	79300000-7 til 79330000-6, og 79342310-9, 79342311-6
(11)	Rådgivning i ledelse og administrasjon, og beslektede tjenester, unntatt voldgifts- og meglings-tjenester	865, 866	73200000-4 til 73220000-0, 79400000-8 til 79421200-3 og 79342000-3, 79342100-4, 79342300-6, 79342320-2, 79342321-9, 79910000-6, 79991000-7, 98362000-8
(12)	Arkitektvirksomhet, rådgivende ingeniørvirksomhet og integrert ingeniørvirksomhet, byplanlegging og landskapsarkitektur, hermed beslektet teknisk-vitenskaplig rådgivningsvirksomhet, tekniske prøver og analyser	867	71000000-8 til 71900000-7 (unntatt 71550000-8) og 79994000-8



<i>Kategori</i>	<i>Beskrivelse av tjenesten</i>	<i>CPC-ref.nr.<sup>1</sup></i>	<i>CPV-ref.nr.</i>
(13)	Reklametjenester	871	79341000-6 til 79342200-5 (unntatt 79342000-3 og 79342100-4)
(14)	Bygningsrengjøring og eiendomsforvaltning	874, 82201 til 82206	70300000-4 til 70340000-6, og 90900000-6 til 90924000-0
(15)	Forlags- og trykkerivirksomhet på honorar- eller kontraktbasis	88442	79800000-2 til 79824000-6, 79970000-6 til 79980000-7
(16)	Kloakk- og avfallstømming, rensing og lignende tjenester	94	90400000-1 til 90743200-9 (unntatt 90712200-3, 90910000-9 til 90920000-2 og 50190000-3, 50229000-6, 50243000-0)

<sup>0</sup> Vedlegg 5 endret ved forskrift 24 feb 2010 nr. 983.

<sup>1</sup> Hvis det oppstår forskjellige fortolkninger mellom CPV og CPC, får CPC-nomeklaturen anvendelse.

## Vedlegg 6. Uprioriterte tjenester

Med uprioriterte tjenester menes:

<i>Kategori</i>	<i>Beskrivelse av tjenesten</i>	<i>CPC-ref.nr.</i>	<i>CPV-ref.nr.</i>
(17)	Hotell- og restaurantvirksomhet	64	55100000-1 til 55524000-9, og 98340000-8 til 98341100-6
(18)	Jernbanetransport	711	60200000-0 til 60220000-6
(19)	Transport på vannvei	72	60600000-4 til 60653000-0, og 63727000-1 til 63727200-3
(20)	Støtte- og hjelpetjenester i forbindelse med transport	74	63000000-9 til 63734000-3 (unntatt 63711200-8, 63712700-0, 63712710-3, og 63727000-1 til 63727200-3), og 98361000-1
(21)	Juridiske tjenester	861	79100000-5 til 79140000-7

<i>Kategori</i>	<i>Beskrivelse av tjenesten</i>	<i>CPC-ref.nr.</i>	<i>CPV-ref.nr.</i>
(22)	Utvelgelse og rekruttering av personell	872	79600000-0 til 79635000-4 (unntatt 79611000-0, 79632000-3, 79633000-0), og 98500000-8 til 98514000-9
(23)	Etterforsknings- og sikkerhetstjenester, unntatt sikkerhetstransport	873 (unntatt 87304)	79700000-1 til 79723000-8
(24)	Undervisning og yrkesutdanning	92	80100000-5 til 80660000-8 (unntatt 80533000-9, 80533100-0, 80533200-1)
(25)	Helse- og sosialtjenester	93	79611000-0, og 85000000-9 til 85323000-9 (unntatt 85321000-5 og 85322000-2)
(26)	Fritids-, kultur- og sportstjenester	96	79995000-5 til 79995200-7, og 92000000-1 til 92700000-8 (unntatt 92230000-2, 92231000-9, 92232000-6)
(27)	Andre tjenester		

0 Vedlegg 6 endret ved forskrift 24 feb 2010 nr. 983.



## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Sonja Håvik

Arkivsak nr.: 2015/1850

Arkivkode: 033

---

**Utvalsaksnr**

**Utval**

**Møtedato**

175/15

Formannskapet

17.11.2015

### **KOMMUNESTYRESAK PS 114/15 - SPØRSMÅL KNYTT TIL FUNKSJON SOM ORDFØRAR**

**Administrasjonen si tilråding:**

*Saka vert lagt fram utan tilråding.*

#### **Melding om politisk vedtak – Spørsmål knytt til funksjon som ordførar**

Vi melder med dette frå at kommunestyret den 29.10.15, hadde føre ovannemnde som sak PS 114/15, der det vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret tek saksutgreiinga frå rådmannen til orientering.*
- 2. Det vert presisert at saker som har større økonomiske konsekvensar eller har andre konsekvensar og som krev utøving av skjøn og prioriteringar er prinsipielle. Slike saker kan ikkje delegerast til ordførar.*

Oversending til formannskapet for vidare handsaming:

- 1. Kommunestyret held vidare fast ved praksis over fleire tiår med at ordførarombodet skal vere på fulltid og reglement fastsett av kommunestyret om godtgjersle.*
- 2. Godtgjersle for varaordførar skal framleis vere 10% av ordførargodtgjersla.*

# SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rune Sjugard

Arkivsak nr.: 2015/1850

Arkivkode: 033

Utvalsaksnr

Utval

Møtedato

114/15

Kommunestyret

29.10.2015

## SPØRSMÅL KNYTT TIL FUNKSJON SOM ORDFØRAR

### Handsaming:

Saka vart utdelt på møtet.

Erlend Krumsvik (Krf) kom med fylgjande felles framlegg frå Frp og Krf:

1. *Kommunestyret tek saksutgreiinga frå rådmannen til orientering.*
2. *Kommunestyret held vidare fast ved praksis over fleire tiår med at ordførarombodet skal vere på fulltid og reglement fastsett av kommunestyret om godtgjersle.*
3. *Godtgjersle for varaordførar skal framleis vere 10% av ordførargodtgjersla.*
4. *Det vert presisert at saker som har større økonomiske konsekvensar eller har andre konsekvensar og som krev utøving av skjøn og prioriteringar er prinsipielle. Slike saker kan ikkje delegerast til ordførar.*

Subsidiært fremma Erlend Krumsvik pkt. 2 og 3 som eit oversendingsframlegg til formannskapet.

Det vart halde gruppemøte.

### Punktvis røysting:

Pkt. 1 i fellesframlegget vart samrøystes vedteke.

Pkt. 2 fekk 12 røyster og fall. 15 røysta mot.

Pkt. 3 fekk 13 røyster og fall. 14 røysta mot.

Pkt. 4 vart samrøystes vedteke.

Subsidiært framlegg frå Erlend Krumsvik vart samrøystes vedteke.

### Vedtak i Kommunestyret - 29.10.2015

1. *Kommunestyret tek saksutgreiinga frå rådmannen til orientering.*
2. *Det vert presisert at saker som har større økonomiske konsekvensar eller har andre konsekvensar og som krev utøving av skjøn og prioriteringar er prinsipielle. Slike saker kan ikkje delegerast til ordførar.*

Oversending til formannskapet for vidare handsaming:

1. *Kommunestyret held vidare fast ved praksis over fleire tiår med at ordførarombodet skal vere på fulltid og reglement fastsett av kommunestyret om godtgjersle.*
2. *Godtgjersle for varaordførar skal framleis vere 10% av ordførargodtgjersla.*

**Administrasjonen si tilråding:**

*Kommunestyret tek saksutgreinga til orientering.*

**Vedleggsliste:**

1. Notat frå Jørgen Amdam, datert 14.10.15
2. Skriv frå ordførar Arild Iversen til Jørgen Amdam, datert 19.10.15
3. E-post frå partigruppene Høgre og Frp av 25.10.15

**SAKSOPPLYSNINGAR:**

Partigruppene Høgre og FRP ber om eit notat frå rådmannen i høve dei spørsmåla som Amdam reiser i sitt notat av 14.10.15.

Ordføraren har overfor rådmannen opplyst at han har kome til at nemnde notat frå Amdam og svarbrevet frå ordførar bør flyttast frå saka om val av ordførar, og ordføraren har bedt rådmannen leggje fram ei eiga sak som omhandlar problemstillingane i notatet frå Amdam.

**Storleik på ombodsfunksjonen**

Ordførar er eit ombod og ikkje stilling. Rådmannen vil gjere merksam på at det er politikarane ved kommunestyret som fastset storleiken på funksjonen og godtgjersla til ordførar og varaordførar.

Godtgjersle for ordførar og varaordførar er regulert i punkt 2 i reglement fastsett av kommunestyret i K-sak 54/13, jfr følgjande utdrag:

**A. Ordførar**

*Godtgjersle for ordførar vert sett til 100 % av løna som ein stortingsrepresentant har pr år.*

*Godtgjersla skal utbetalast etter same reglar som for dei tilsette i kommunen med tanke på feriepengar, sjukeløn mm.*

**B. Varaordførar**

*Godtgjersle for varaordførar vert sett til 10 % av ordførargodtgjersla.*

Godtgjersla vert automatisk regulert i samsvar med reguleringa i løna til stortingsrepresentantane.

Ordføraren kan ha godtgjersle for tilleggsverv som kjem i tillegg til ordførargodtgjersla dersom ikkje anna går fram av godtgjerslereglementet.

**Fordeling av godtgjersla**

Det kan setjast opp følgjande reknestykke basert på nemnde notat frå Amdam:

Kostnad med ordførar i 100 % (justert pr 01.05.15)	kr 881 491
- Godtgjersle tilsvarande 50 %	kr 440 745
- 20 % varaordførar i tillegg til tidlegare 10 %	kr 176 298
= Midlar til rest	kr 264 447

Dersom ordførar mottok 50 % godtgjersle og varaordførar får 30 % godtgjersle mot 10 % i dag, så vil det utgjere kr 264 447 i samla mindre godtgjersle. Dette er godtgjersle ekskl pensjonskostnad (som utgjør 18,8 % av løna). Amdam har bedt om å ikkje verte meldt inn i pensjonsordninga.

## **Mynde som kan tilleggast ordførar**

Rolle og mynde til ordførar er regulert i kommunelova § 9 nr 3, 4 og 5. Nr 5 regulerer kva mynde som kommunestyret kan delegere til ordførar, sitat:

*”Kommunestyret og fylkestinget kan gi ordfører og fylkesordfører myndighet til å treffe vedtak i enkeltsaker eller i typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.”*

I kommentarane til kommunelova er det m.a sitert følgjande frå lovforarbeida under argumentasjon for at ordførar kan få delegert mynde; *”Den ytre rammen for delegasjonsadgangen bør vere rimelig fleksibel, og på same måte som i forhold til administrasjonssjefen foreslås adgang til delegasjon av avgjørelsesmyndighet i enkeltsaker eller typer av saker som ikke er av prinsipiell betydning.”*

Ei sak vert ikkje oppfatta som prinsipiell, eller er kurant, når det ligg føre klare retningsliner for korleis ho skal handsamast, ein har praksis frå handsaming av liknande saker, samt at saka ikkje har større økonomiske eller andre konsekvensar. Det kan som utgangspunkt vere nyttig i sonderinga av kva som er prinsipielle saker å spørje om det som grunnlag for avgjerda trengst meir enn ei fagleg og/eller regelbunden vurdering eller handsaming. Saker som krev utøving av skjøn og prioriteringar er prinsipielle og kan ikkje delegerast til ordførar.

## **VURDERING OG KONKLUSJON:**

Storleiken på funksjonen og godtgjersla til ordførar og varaordførar er forhold som kommunestyret skal ta stilling til ut frå ei politisk vurdering, og det ligg ikkje naturleg til rådmannen å innstille til vedtak om dette. Kommunestyret kan velje å handsame dette i eiga sak eller handsame det i samband med budsjettvedtaket. Inntil det vert gjort anna vedtak gjeld eksisterande reglement med 100 % godtgjersle til ordførar og 10 % godtgjersle til varaordførar.

Volda kommune har inngått pensjonsordning for ordførar. Administrasjonen er i gang med å avklare om ordføraren sjølv kan be seg fritaken frå innmelding i ordninga eller om kommunestyret må godkjenne eit slikt fritak.

Dersom samla utbetaling av godtgjersle til ordførar og varaordførar vert redusert, så skal dette innarbeidast i budsjettet. Dei midlane som vert frigjort skal kommunestyret godkjenne kva formål dei skal gå til. Kor vidt ordføraren etter særskilt delegeringsvedtak kan få mynde til å disponere heile eller delar av desse midlane, innanfor det formålet kommunestyret har bestemt, vert å vurdere ut frå kommunelova § 9.

Rune Sjurgard  
Rådmann

Inger-Johanne Johnsen  
sektorsjef kultur og service





## SAKSDOKUMENT

---

Sakshandsamar: Henrik Skovly

Arkivsak nr.: 2015/1559

Arkivkode: 151

---

**Utvalsaksnr**

**Utval**

**Møtedato**

176/15

Formannskapet

17.11.2015

### ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLAN 2016-2019

**Administrasjonen si tilråding:**

*Saka vert lagt fram utan tilråding.*

**Vedleggsliste:**

Årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019

**Samandrag av saka:**

Formannskapet skal, i møta 17. november og 24. november, arbeide med årsbudsjett 2016 og økonomiplan 2016-2019.

Saksframstilling, med tilråding frå administrasjonen, vert lagt fram for formannskapet til møtet 1. desember 2015.

Rune Sjugard  
Rådmann

Henrik Skovly  
Økonomisjef



# **Volda**

# **Kommune**

## **Årsbudsjett 2016**

## **Økonomiplan 2016-2019**

Rådmannen sitt budsjettframlegg til Formannskapet

Førebels utgåve (pr 12.november). Eventuelle feil i tekst og tabelloppsett vert korrigert ved utsending til Formannskapet 1. desember.

## Innhold

FORORD .....	3
1 INNLEIING .....	5
2 ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR .....	24
2.1 FINANS .....	25
2.2 FONDSMIDLAR .....	32
2.3 STATSBUDSJETTET FOR 2016 .....	34
2.4 FRIE INNTEKTER .....	39
2.5 GENERELLE STATSTILSKOTT .....	48
2.6 KOSTRA (Volda kommune samanlikna med andre kommunar) .....	50
2.7 FOLKETALSUTVIKLING .....	56
2.8 STRATEGIAR FOR Å SKAPE BEREKRAFTIG ØKONOMI .....	59
2.9 EIGEDOMSSKATT .....	65
2.10 NÆRINGSUTVIKLING .....	67
2.11 KOMMUNEREFORMA .....	70
3 SEKTORANE OG STABANE .....	73
3.1 INNLEIING .....	73
3.2 BUDSJETTRAMMER .....	75
3.3 HELSE OG OMSORGSSEKTOREN .....	77
3.4 KULTUR OG SERVICESEKTOREN .....	81
3.5 OPPLÆRING OG OPPVEKSTSEKTOREN .....	84
3.6 TEKNISK SEKTOR .....	86
3.7 UTVIKLINGSSEKTOREN .....	89
3.8 ØKONOMIAVDELINGA .....	92
3.9 PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA .....	94
3.10 BARNEVERNTESTA HAREID, ULSTEIN, VOLDA OG ØRSTA .....	97
3.11 NAV .....	100
3.11 ANSVARSOMRÅDE 80 (FELLES UTGIFTER OG INNTEKTER) .....	102
4 INVESTERINGAR .....	104
VEDLEGG .....	120



## FORORD

### Budsjettprosessen

Rådmannen sitt budsjettframlegg vert lagt fram utan at det har vore høve til politiske prosessar i forkant. Dette har samband med valår og sein konstituering. Rådmannen er ikkje komfortabel med at budsjettarbeidet hovudsakleg vert ein administrativ prosess. Kunnskap om situasjonen og utfordringar er viktig for å ha eigarskap til dei heilskaplege problemstillingane og kunne prioritere. Budsjettet bør vere eit produkt av ein felles dugnad der ein kjenner premissane for realistisk budsjettering, og kvar skoa trykkjer for å prioritere gode tenester. Ein bør for neste år vurdere arbeidsmodell for breiare og tidleg involvering i budsjettprosessen.

### Hovudutfordringane

Volda kommune sin økonomi er svært risikoutsett og sårbar. Kort forklart har dette samband med høg gjeld kombinert med stort investeringsbehov, og eit utgiftsbilde som vert ”straffa” i inntektssystemet. Til liks med landstrenden veks utgiftene i dei ressurskrevjande tenestene vesentleg meir enn folketalsveksten. Med fullføring av dei investeringane som allereie er vedtekne i 2015, vil gjelda kome på om lag 1,15 milliardar kroner ved slutten av økonomiplanperioden. Dette er 154 % i høve til driftsinntektene. 87 % av vår eksisterande låneportefølje er knytt til flytande rente, og kommunen nyttar lengste nedbetalingstid på låna (gjennomsnittleg 37 år ved siste årsskifte) For kvart prosentpoeng renta ev vil auke, vil det utgjere om lag 10 mill i auka rentekostnad. I framlegget til budsjett og økonomiplan er det ikkje funne rom for å oppfylle den økonomiske handlingsregelen om 1 % netto driftsresultat av inntektene. Dette ville utgjere 7 mill. som skulle avsetjast til driftsfond for oppbygging av reserver.

Volda kommune har for høge kostnader i barnehage- og skuledrifta i høve til det staten har rekna ut (normert nivå), og kommunen vert trekt i utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Inntektssystemet føreset at kommunane har ein effektiv tenestestruktur og kompenserer ikkje for at ein kommunen frivillig har dyrare tenester med små skular og barnehagar. Kommunestyret vil i dei komande åra stå overfor vanskelege val for å balansere økonomien. Alternativa står mellom å leggje ned eller redusere tilbodet ved dyre driftseiningar på bygdene, kutte på kvaliteten ved å redusere antal lærar og tilsette i barnehagane i sentrum eller auke eigeomsskatten for å oppretthalde tenestestrukturen.

Volda kommune har store nok utfordringar med drift og investeringar innanfor dei lovfesta tenestekområda. Samfunnsutvikling som til dømes utbygging av idrettshall vil auke drifts- og kapitalutgiftene ytterlegare. Slike tiltak må som del av den framtidige planlegginga konsekvensvurderast i høve til kva verknad det kan få for drifta av dei lovfesta tenestene. I alle høve må slike tiltak realiserast i samarbeid med eksterne partnarar for at det kan vere realistisk. Volda kommune har ikkje råd til å feile når det gjeld dei økonomiske prioriteringane, og kommunestyret bør vurdere konsekvensane i eit heilskapleg og langsiktig

perspektiv. Kommunestyret har eit ansvar for at dei lovfesta tenestene er rett dimensjonert og har tilfredsstillande kvalitet.

Kommunen sin økonomi vil også vere avhengig av utviklinga av den internasjonale og nasjonale økonomien. Velferdsstaten er utbygd med grunnlag i veksten i oljeøkonomien og stabile rammer i samfunnsøkonomien. Vi må basere oss på lågare vekst. Dette kombinert med auka behov i dei ressurskrevjande tenestene, og oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta, vil gi større usikkerheit og press på kommuneøkonomien. Andre usikkerheitsfaktorar er utfordringane med integrering av den aukande flyktingestraumen til landet der Volda vert utfordra på busetting i tillegg til å vere vertskommune for asylmottak. For Volda kommune vil staten sine beslutningar i tilknytning til Tingretten, sjukehuset og høgskulen vere svært avgjerande. Volda kommunestyre skal også i det komande året ta stilling til kommunesamanslåing.

### **Stabilitet og prosessar for frigjering av ressursar**

Rådmannen foreslår å finansiere opp dei lovfesta omsorgstenestene og få stabilitet i drifta. Det er aukande tenestebehov i dei ressurskrevjande tenestene, og pleie- omsorgstenestene ligg frå før under normert nivå. Styrking av tenestene er nødvendig for å gi betre tenester, og for å leggje til rette for betre arbeidsmiljø. Det vert også sett inn eigne tiltak for å styrke leing og arbeidsmiljø i helse- og omsorgssektoren.

Å skape ro og stabilitet i drifta er basert på bruk av driftsfond og inntektsføring av premieavvik. Dette er kortsiktig og ikkje berekraftig på sikt. Neste år og dei komande åra må det setjast i verk prosessar med å utgreie utgiftsreducerande tiltak som kan realiserast i økonomiplanperioden. Behovet vil dreie seg om ca 20 mill. lågare netto drift som må hentast ved utgiftsreducerande tiltak saman med auka eigedomsskatt.

### **Tidleg innsats**

Ressursprioriteringa i kommunane har historisk bore preg av reparasjon. Dette er dyrt, og over tid gir dette negativt effekt i tenestekjeda. Folkehelselova legg ansvar på kommunane for å ha oversikt over helsetilstanden i kommunen, og å leggje til rette for at folk har god helse. Vi må tenkje annleis og snu ressursinnsatsen i tenestekjeda til tidleg innsats. Dette gjeld særleg i høve til barn og unge, men også i tenestene retta mot vaksne som treng omsorg. Livskvaliteten aukar ved meistring i alle livsfasar, og når individa er meir sjølvhjelpne vil også behovet for tenester reduserast. Tidleg innsats er også viktig for å halde oppe verdien på den menneskelege og materielle innsatsfaktoren i kommunen. Dette handlar om investering i kompetanseutvikling, tid til relasjonsbygging og arbeidsmiljøbygging hos dei tilsette og vedlikehald av bygningsmassen. Det er viktig å skaffe seg kunnskap om situasjon, behov og utfordringar sett i lys av samfunnsendingane for å kunne forstå samhengane mellom mål, innsatsmidlar og effekt. Det er behov for å skape prosessar gjennom året der politikarane får høve til å setje seg betre inn i dei kommunale tenestene.



# 1 INNLEIING

Dette kapitlet inneheld:

- Hovudoversikt driftsbudsjettet for komande økonomiplanperiode
- Omtale av tiltak som rådmannen foreslår på driftsbudsjettet
- Omtale av korleis budsjettet vert saldert

Tabellen under er ein komprimert utgåve av hovudoversikt drift for komande økonomiplanperiode (også med som vedlegg i slutten av budsjettdokumentet).

Tekst	Opprinneleg Budsjett 2015	Revidert Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Rammetilskot	-238 813 000	-249 857 000	-244 498 000	-240 235 000	-240 144 000	-240 053 000
Skatt på inntekt og formue	-202 747 000	-190 000 000	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000
Eigedomsskatt	-15 500 000	-15 500 000	-16 000 000	-32 000 000	-32 000 000	-32 000 000
Andre driftsinntekter	-256 602 027	-257 348 027	-272 025 678	-274 108 437	-273 545 257	-271 993 948
Sum driftsinntekter	<b>-713 662 027</b>	<b>-712 705 027</b>	<b>-745 047 678</b>	<b>-758 867 437</b>	<b>-758 213 257</b>	<b>-756 570 948</b>
Sum driftsutgifter	<b>701 657 812</b>	<b>706 446 812</b>	<b>747 227 916</b>	<b>748 600 992</b>	<b>740 827 812</b>	<b>735 675 646</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-12 004 215</b>	<b>-6 258 215</b>	<b>2 180 238</b>	<b>-10 266 445</b>	<b>-17 385 445</b>	<b>-20 895 302</b>
Sum finansinntekter	<b>-7 140 000</b>	<b>-12 560 215</b>	<b>-6 650 000</b>	<b>-8 650 000</b>	<b>-8 650 000</b>	<b>-8 650 000</b>
Sum finansutgifter	<b>44 413 000</b>	<b>35 713 000</b>	<b>43 203 000</b>	<b>48 262 000</b>	<b>54 281 000</b>	<b>57 450 000</b>
Netto finanskostnader	<b>37 273 000</b>	<b>23 152 785</b>	<b>36 553 000</b>	<b>39 612 000</b>	<b>45 631 000</b>	<b>48 800 000</b>
Motpost avskrivninger	-21 250 000	-21 250 000	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>4 018 785</b>	<b>1 902 785</b>	<b>10 203 238</b>	<b>815 555</b>	<b>-284 445</b>	<b>-625 302</b>
Bruk av tidlige års overskot	0	-18 587 000	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-1 464 490	-1 464 490	-9 187 683	0	0	0
Bruk av bundne fond	-5 955 797	-6 660 797	-3 142 857	-2 942 857	-1 842 857	-1 502 000
<b>SUM BRUK AV AVSETNINGER</b>	<b>-7 420 797</b>	<b>-26 712 287</b>	<b>-12 330 540</b>	<b>-2 942 857</b>	<b>-1 842 857</b>	<b>-1 502 000</b>
Overført til investeringsregnskapet	0	17 500	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	20 000	21 410 500	20 000	20 000	20 000	20 000
Avsetninger til bundne fond	3 381 502	3 381 502	2 107 302	2 107 302	2 107 302	2 107 302
<b>SUM AVSETNINGER</b>	<b>3 402 012</b>	<b>24 809 502</b>	<b>2 127 302</b>	<b>2 127 302</b>	<b>2 127 302</b>	<b>2 127 302</b>
<b>Resultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

Sort farge indikerer utgift. Raud farge er inntekt

I budsjettforslaget er det lagt opp eit negativt netto driftsresultat på kr 10,2 mill kr i 2016. Vi får dermed ein resultatgrad som er negativ med 1,35% av driftsinntektene. 2016 er saldert ved bruk av ca 9.2 mill kr av disposisjonsfondet.

Situasjonen betrar seg i 2017. Dette året har vi eit nettodriftsresultat som er negativt med ca kr 815.000 (negativ resultatgrad med ca 0,1%). Forklaringa til forbetringa er at det er lagt inn auke i eigedomsskatten frå 2 til 4 promille. Dette inneber ein auke i eigedomsskatten frå å ha budsjettert med 16 mill kr i 2016 til 32mill kr i 2017.

Sjølv med auke i eigedomsskatt frå 2 til 4 promille i 2017, så er det behov for ytterlegare innsparingar i perioden 2017-2019:

- 11 mill kr i 2017
- 19,8 mill kr i 2018
- 25,4 mill kr i 2019

Dette har 3 hovudforklaringar. For det første er det eit veldig ekspansivt investeringsprogram i økonomiplanperioden (med tilhøyrande rente og avdragsutgifter). For det andre vert mesteparten av eksisterande disposisjonsfond brukt i 2016. For det tredje har vi kompensasjon for reduksjon i rammetilskot som berre gjeld 2016 (INGAR, vert nærare omtalt i kapittel 2).

## DRIFTSTILTAK

Det er lagt inn forslag til nye tiltak, og har ein netto kostnad på ca 12 mill kr i 2016. Av dette er ca 11 mill kr knytt til Helse og omsorg. Tabellen under viser tiltaka:

Nr.	Namn	Beløp	Beløp (sjølvfinansiering)
1	Praksiskonsulent, auka samhandling mellom kommunane og Helseføretaket	0	27 000 (*)
2	Driftsteknikar 100 % stilling	0	300 000 (*)
3	Snikkarar/fagarbeidarar - 2 årsverk( Investeringsprosjekt bygg)	0	650 000(**)
4	Statleg tiltakspakke – vedlikehald av skule- og omsorgsbygg	0	864 000(***)
5	Opplæringscenteret – grunnskule og norskopplæring asylantar	0	1 613 773(***)
6	Styrking av tenestene i samband med tenester til flyktingar	0	
7	Drift av sjølvbetingsautomat biblioteket	22 000	
8	Demenssteam	41 000	
9	Kreftkoordinator – vidareføring i 50 % stilling	61 000	
10	ALV Møre og Romsdal	75 000	
11	Drift og vedlikehald brann/eigedom	100 000	
12	Miljøtiltak/arbeidsbedrift kantine rådhuset	100 000	
13	Auka utgifter Nødnett	110 000	
14	10 % auke sjukeheimslege	115 000	
15	Brannførebygging	150 000	
16	Kostnad ved avhending av kommunale bygg	150 000	
17	Radonmåling utleigebustader	150 000	
18	Bustadkoordinator	175 000	
19	Auka sosialhjelp	210 000	
20	Styrke fysioterapitilbod med 100% stilling frå 01.07.2016.	219 000	
21	Etablering av døgnturnus i eigen bustad	229 000	
22	Økt driftsutgifter IKT	240 000	
23	Styrke kommunal ergoterapiteneste med 100% frå 01.07.2016	291 000	
24	Styrka leing for førebygging, rehabilitering og legetenesta - 40 % styrking (helseleiar)	313 000	
25	Auke i konsulenttenester	323 000	
26	Hamna dagsenter – 80 % miljøarbeidar	412 000	
27	Officelisensar	425 000	
28	Turnuslege	491 000	
29	Kommunepsykolog	738 000	
30	Styrking av barneavlastinga	750 000	
31	Bemanning nye omsorgsbustader i Doktorvegen	825 000	
32	Styrking av bemanninga i Sevrinhaugen 1 og 3	2 289 000	
33	Styrking av grunnbemanninga ved Omsorgssenteret – 4,5 årsverk	3 034 000	
	<b>Sum</b>	<b>12 038 000</b>	<b>3 454 773</b>

(\*)= vert dekt innan budsjettramma til helse og omsorg

(\*\*)= vert dekt på investeringsbudsjettet

(\*\*\*)= vert finansiert av statlege tilskot

Tiltak som ikkje har netto belastning på driftsbudsjettet har blå tekst. Dette er enten som følge av at det er stilt vilkår om at tiltaket skal ha effekt på drifta, vert finansiert over investeringsbudsjettet eller det er knytt tilsvarende inntekter til tiltaket.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Officelisensar	425 000	425 000	Service og kultur

Hittil har det vore gjort slik at dei har investert i ein ny lisens kvar gong det var oppdatering eller eit nytt program vart teke i bruk. Men no vert det lagt om til anna ordning med at det skal betalast årleg avgift for lisensane, og dermed vil det alltid vere oppdatert Office versjonar vi har. Ørsta har allereie fått dette på plass og for Volda må dette på plass i 2016 som ledd i samordninga med kommunane på ytre søre Sunnmøre. Dette er ei årleg utgift.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Drift av sjølvbeteningsautomat biblioteket	22 000	22 000	Service og kultur

Det er foreslått på investeringsbudsjettet å kjøpe inn sjølvbeteningsautomat for utlån av bøker. Biblioteket har låg bemanningsfaktor, og ved å avlaste utlån gjennom sjølvbetening, så vil behovet for auka bemanning verte redusert.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Kommunepsykolog	738 000	749 000	Oppvekst

18.06.2015 fatta kommunestyret følgjande vedtak:

*Kommunestyret ber administrasjonen starte arbeid med rekruttering av kommunepsykolog no med tanke på tilsetting frå nyttår. Til dette høyrer og ein gjennomgang av stillingsinnhald. Stillinga skal prioriterast i samband med budsjett og økonomiplan.*

Det er teke ein gjennomgang av stillingsinnhaldet, og saka har vore til drøfting i tverrfagleg fagteam samt tverrfagleg leiarteam. Kommunelegen har også kome med sine vurderingar. Stillinga er lyst ledig frå 01.01.2016. Kommunepsykologen vert organisatorisk plassert under leiar for helsestasjonen. Kommunepsykologen skal:

1. Vere ein rettleiar i det arbeidet helsestasjonen, barnehagane og skulen driv for å førebygge psykiske plager og styrke det psykiske helsa mellom barn og unge.
2. Tilby rettleiing til tilsette som arbeider med unge vaksne som har vanskar knytt til rus og/eller psykiatri.
3. Tilby lågterskeltenester for barn og unge i alderen 0 – 23 år.

Leiar for helsestasjonen får i samarbeid med kommunepsykologen ansvar for å utarbeide ei meir utfyllande stillingsomtale som er i tråd med formålet med stillinga og oppgåvene som er skildra i utlysingsteksten. Bruttokostnad med stillinga er kr 949 000. I ein overgangsfase får ein kr 200 000 i statstilskot.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Opplæringscenteret – grunnskule og norskopplæring asylantar	1 613 773	1 613 773	Oppvekst

Volda statlege mottak har auka talet på plassar frå 160 til 190. I tillegg har mottaket opna ei avdeling for 40 mindreårige asylsøkarar. Asylantane har krav på norskopplæring, og mindreårige under 16 år har krav på grunnskuleundervisning i tillegg til norskopplæring.

For å kome i møte desse behova, må kapasiteten ved Volda læringscenter aukast. Det vert innreidd nye lokale, og det må tilsetjast fleire lærarar.

Auka tal asylsøkarar i mottak tyder auke i inntekter frå staten. Tiltaket er difor innarbeidd med tilsvarande inntekt.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Auka sosialhjelp	210 000	210 000	Helse og omsorg

Sosialhjelpsutgiftene har auka siste 2 åra, og det er lagt inn 4,2 mill for 2016. Det er elles svært vanskeleg å anslå korleis sosialhjelpsutbetalingane vil utvikle seg framover. M.a. auke i ledigheita, fleire flyktningar, auke i bu- og levekostnader, press på bustadmarknaden som pressar opp prisane er døme på faktorar som tyder på framleis auke i utbetalingane. Det vert innført aktivitetsplikt for sosialhjelp frå nyttår. Det er forventingar til at det kan ha positiv effekt for å få folk raskare i aktivitet og arbeid. Sosialhjelp er ein anslagspost der det endelege forbruket avheng av utviklinga av behovet.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
10 % auke sjukeheimslege	115 000	115 000	Helse og omsorg

Stillinga som sjukeheimslege er vakant, og det har ikkje lykkast å rekruttere ny sjukeheimslege i 70 % stilling. Stillingsstorleiken vert vurdert for låg til at det er attraktivt nok for legar å søkje på stillinga. Stillinga er no utlyst i 80 % stilling, og tilsetjing vert gjort ut frå dei signal som vert gjeve politisk i samband med budsjetthandsaminga. Bruken av den samla tilplikta kommunale arbeidstida for legane vert gjennomgått i høve til behov og prioritering.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Driftsteknikar 100 % stilling	300 000	515 000	Helse og omsorg

Omsorgssenteret er ei stor verksemd med drift døgnet rundt. Det er mykje teknisk utstyr som må driftast og haldast vedlike. Dette er alt frå brunevarer, kvitevarer, elektronisk sikkerheitsutstyr mv. Sjukeheimen har også fått meir avansert behandlingsutstyr med gjennomføring av samhandlingsreforma. Velferdsteknologi vert no også teke meir i bruk i kommunehelsetenesta. Denne teknologien gir potensial for nye og smarte måtar å organisere tenestene på, som t.d elektronisk låssystem, digitale trygghetsalarmer, sensorar, elektroniske aktivitetsutstyr mv. Volda kommune har teke i bruk elektroniske smarttelefonar i heimetenestene og er i innkjøpsfasen for nytt digitalt ringjesignalanlegg.

I dag er det ass. helse- og omsorgssjef og helse- og omsorgssjef som akutt må ta dei oppgåvene som ligg til å følgje opp drifta av teknisk utstyr ved Omsorgssenteret og Fjordsyn. Dette er ikkje noko god løysing, og det vert brannsløkking og ikkje utvikling. Vidare går det på bekostning av kapasiteten til å leie sektoren og drive strategisk utvikling. Fleire kommunar har innsett nødvendigheita av å prioritere teknisk kompetanse og kapasitet til å drifte sjukeheimane og omsorgsbustadene. Pleie- og omsorgssjefen i Herøy kommune uttalte i eit innlegg til ordførarane og rådmennene på Søre Sunnmøre den 23. oktober at ho ikkje hadde greidd seg utan denne funksjonen, og at denne stillinga har betalt seg sjølv. Dette har særleg gått på mindre innleige av dyre konsulenttenester ved at driftsteknikaren har teke kurs og sertifisert seg til å gjere oppgåver som Herøy kommune tidlegare leigde firma til å gjere. Vi må ha ein driftsteknikar som tek ansvar for at viktige funksjonar i helse- og omsorg og for brukarane av tenestene fungerer og blir ivaretatt. Det er viktig å presisere at dette ikkje skal erstatte eigedomsavdelinga sitt ansvar for bygg og vedlikehald, men å sikre at viktige funksjonar/ installasjonar for å yte helse- og omsorgstenester vert ivaretatt på ein forsvarleg måte.

Det er lagt til grunn at den samla effekten av tiltaket vil frigjere ressursar tilsvarande den årlege utgifta med driftsteknikaren. Helse- og omsorgssektoren må løyse dette innanfor ramma. Tiltaket er såleis innarbeidd med forventning om tilsvarande redusert utgift.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
ALV Møre og Romsdal	75 000	75 000	Helse og omsorg

ALV prosjektet (Arena for Læring om Velferdsteknologi), er eit samarbeidsprosjekt mellom Høgskulen i Ålesund og ulike sunnmørskommunar om bruk av velferdsteknologi. Prosjektet har tidlegare fått skjønsmidlar frå Fylkesmannen til å drifte dette, men at det ikkje vert gjeve vidare løyving frå 2016. Kommunane er bedne om å sette av midlar, kr. 75.000,- for mellomstore kommunar, for å kunne bidra til vidareføring av prosjektet. Rådmennene på Søre Sunnmøre samarbeider om utgreiing av politisk sak slik at kommunane kan ha ei felles haldning til samarbeid om utvikling av velferdsteknologi i omsorgstenestene.



Alternativt, på grunn av usikkerheit kva vedtak dei andre sunnmørskommunane vil gjere, kan kommunen eventuelt nytte midlane til lokalt velferdsteknologiprojekt. Eksempelvis kan det nyttast til innkjøp, uttesting og utlåning av ulike tekniske hjelpemidlar som NAV hjelpemiddelsentralen ikkje låner ut pr. i dag. GPS- utstyr, nettbrett mm som mange nyttar for å skape tryggleik og styrke kommunikasjonen mellom innbyggjarar og hjelpeapparat. Mange kommunar har tilbod om dette og nyttar det aktivt i utforming av eit framtidsetta tenestetilbod.

<b>Namn på tiltaket</b>	<b>Beløp 2016</b>	<b>Heilårsverknad</b>	<b>Sektor</b>
Hamna dagsenter – 80 % miljøarbeidar	412 000	412 000	Helse og omsorg

Hausten 2014 kom det fem nye brukarar av Hamna. Gjennom omorganiseringa av helse- og omsorgssektoren vart det auka personalbehovet løyst ved å flytte tidlegvakter frå Butenesta inn på Hamna, tilsvarande 2,4 årsverk. Ved inntak av 2 nye brukarar hausten 2015 auka personalbehovet ytterlegare. Ein av dei nye brukarane har behov for 1:1 bemanning. Det er behov for å auke med 80 % stilling som miljøarbeidar.

Hausten 2016 veit vi det kjem endå ein ny brukar. Ved Hamna dagsenter er det per i dag 26 brukarar, 17 av desse er voldingar. Det blir i dag nytta 14 årsverk til dette formålet. Det vil vere fagleg uforsvarleg å ikkje auke bemanninga ved dagsenteret, særleg i det lys at bemanninga vart kutta i vaksenopplæringstilbodet i 2014 og at ein no får fleire brukarar med særlege ressursbehov. Dagtilbod til denne gruppa er lovfesta.

<b>Namn på tiltaket</b>	<b>Beløp 2016</b>	<b>Heilårsverknad</b>	<b>Sektor</b>
Styrka leing for førebygging, rehabilitering og legetenesta - 40 % styrking (helseleiar)	313 000	313 000	Helse og omsorg

Omfanget av leiaroppgåver har vist seg å vere meir omfattande enn administrasjonen tok høgde for ved omorganiseringa. Det vart heller ikkje tilført ressursar under omorganiseringa som gav rom for å endre denne stillinga, men ein ser at det er nødvendig å styrke leiarfunksjonen for å gi tilstrekkeleg rom for leing og utvikling i denne funksjonen.

Den 01.02.2015 vart funksjonen som koordinerande eining (20%) tatt vekk frå leiarfunksjonen for å styrke denne. Koordinerande eining har etter dette lagt til ei stilling som er midlertidig finansiert av prosjektmidlar. Koordinerande eining er ein lovpålagd funksjon i kommunen. Samla sett er det vurdert som behov å styrke leiarstillinga for førebygging, rehabilitering og legetenesta med 40 %. Erfaring hos noverande leiar, avdelinga og sektoren

elles viser at dette er eit nødvendig nivå for å gi handlingsrom for leiar og sikre rekruttering til denne leiarfunksjonen.

<b>Namn på tiltaket</b>	<b>Beløp 2016</b>	<b>Heilårsverknad</b>	<b>Sektor</b>
Styrking av bemanninga i Sevrinhaugen 1 og 3	2 289 000	2 289 000	Helse og omsorg

Tenesteyting på Sevrinhaugen 1 og 3, samt til fleire private leilegheiter i området, vert utført av eit arbeidsteam med base på Sevrinhaugen. Sidan dei faste stillingsheimlane vart tildelt, har det vore fleire endringar på tenestebehov. Fire personar med behov for tenester har flytta til området. I tillegg til tenestebehov på kveldstid, treng to teneste frå bustadpersonale på dagtid, då dei i liten eller ingen grad nyttar seg av anna etablert dagtilbod.

I ei sak har Fylkesmannen krevd utvida teneste med 85,5 timar/ pr. veke for å stette lovkrav, mellom anna ei ekstra nattevakt. Desse tenestene får ein allereie delfinansiering på som ressurskrevjande tenester, men ressursbruken ligg ikkje inne som del av den faste bemanninga.

Aukande alder på fleire av bebuarane har endra deira somatiske tilstand, noko som medfører nye tidkrevjande arbeidsoppgåver. Meirforbruket desse lovpålagde tenestene gir, gjenspeglar også registrert meirforbruk på dette tenestemråde så langt i 2015. Samla vert det ytt 127,5 timar pr. veke til desse personane som har kome til, dette utgjer samla 3,6 årsverk. Det er nødvendig å dekkje tenestebehova med fast tilsette for å unngå fordyrande løysingar med variabel løn.

<b>Namn på tiltaket</b>	<b>Beløp 2016</b>	<b>Heilårsverknad</b>	<b>Sektor</b>
Bemanning nye omsorgsbustader i Doktorvegen	825 000	3 300 000	Helse og omsorg

I løpet av 2016 vil 5 bustader for vaksne funksjonshemma stå ferdig, truleg frå oktober. Til desse bustadane treng ein opprette stillingsheimlar for faste tilsette.

Ut i frå den kunnskapen ein har om personane som skal flytte inn, er det vanskeleg å vere heilt eksakt på tenestebehov når dei skal bu i eigen heim. Det har desse personane ikkje gjort før. Erfaringsmessig er det skilnad på hjelpebehovet dei har når dei bur i foreldreheimen kontra når dei bur i eigen heim. All teneste skal tildelast gjennom eit enkeltvedtak. Desse vedtaka kan bli endra etter ei tid i bustaden. Dette er grunnen til at ein ikkje kan vere nøyaktig på ressursbehovet no, men at ein må basere det på tidlegare erfaringar og så langt kjennskap til personane. Truleg er det ingen som har behov for så kostbare tenester at det kvalifiserer til toppfinansiering frå staten.

Som eit utgangspunkt er det lagt inn ein person på tidlegvakt og to seinvakter fire dagar og tre seinvakter tre dagar i veka. I helga vert det to dagvakter.

Nokre av dei som skal flytte inn, kan ha hjelpebehov frå slutten av mai, etter endt skulegang. Ressursar til dette er ikkje tatt med i denne berekninga.

Doktorhaugen ligg i nærleiken av eksisterande bustader.

Natteneste har dei nye bebruarane behov for, men ein tenkjer å kunne samarbeide med allereie eksisterande teneste på Sevrinhaugen 1-3, 4 og 7. Resultatet av ei samordna natteneste vil vi kome attende til, men at det no ikkje er lagt inn nokon ressurs til nattevakt.

Helse- og omsorgssjefen har kalkulert utgiftsbehovet i 2016 til 830 000 og med fulleffekt frå 2017 med 3 300 000. Endeleg tenestetildeling vert å utgreie med grunnlag i individuelt behov. Tiltaket vert foreslått i budsjett og økonomiplan, men før tiltaket vert iverksett skal det leggjast fram ei sak for driftsstyret som gjer greie for organisering og løysing av tiltaket.

<b>Namn på tiltaket</b>	<b>Beløp 2016</b>	<b>Heilårsverknad</b>	<b>Sektor</b>
Etablering av døgnturnus i eigen bustad	229 000	200 000	Helse og omsorg

Ein person med store hjelpebehov har eige husvære. Personen har behov for døgnkontinuerlege tenester. Turnusen utgjer 3,1 årsverk. Det er avklart at innflyttingstidspunktet er 01.07.16. Den kommunale innsatsen kvalifiserer til toppfinansiering gjennom staten med ordninga ”ressurskrevjande tenester”. Brutto kostnad er om lag kr 2,5 mill. Refusjon frå staten gjennom tilskot til ressurskrevjande tenester er om lag kr 1,1 mill. Brukaren har tenester i dag, og meirutgifta knytt til auka tenestebehov er netto kr 100 000 i 2016 og kr 200 000 frå og med 2017.

<b>Namn på tiltaket</b>	<b>Beløp 2016</b>	<b>Heilårsverknad</b>	<b>Sektor</b>
Bustadkoordinator	175 000	350 000	Helse og omsorg

For om lag tre år sidan vart det sett i gang eit prosjekt for å få oversikt og betre rutinar over utleige og tildeling av bustader i kommunen. Eigedomsavdelinga, flyktningkoordinatoren og helse- og omsorgssektoren har ved ein felles prosess fått etablert gode rutinar og sikra god gjennomstrøyming i bustadene. Dette resulterer i at ein lettare kan tilby bustader til dei som treng dette best. Ordninga fungerer så godt at andre kommunar no vitjar Volda kommune for å lære korleis dette vert organisert. Bustadtildelingskontoret er organisert under helse og omsorg og har i treårsperioden vore finansiert med statleg tilskot innanfor bustadsosialt arbeid. Det vert også søkt om tilskot for første halvår for 2016. Deretter må denne stillingsdelen finansierast med eigne midlar. For å kunne halde fram med det bustadsosiale arbeidet og rutinane med gjennomstrøyming av bustadene, er det nødvendig at denne stillinga

vert gjort til ei fast stilling ved tildelingskontoret. Effekten av betre bustadtildeling har gjort at denne stillinga har finansiert seg sjølv. Det vert ikkje vurdert som noko alternativ å gå attende til ei ordning med bustadtildeling utan at nokon har eit ansvar for oversikt og prioritering. Det vil verte ei kostbar løysing. Prosjektet har gått over to år med 100 % stilling, og vert foreslått vidareført med 60 % stilling.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Kreftkoordinator – vidareføring i 50 % stilling	61 000	135 000	Helse og omsorg

Kreftforeininga har delfinansiert stillinga som kreftkoordinator med 75% i tre år fram til 13.08.15. Krav frå Kreftforeininga for vidare tilskot til kreftkoordinator er å oppretthalde 50% stilling. Dei vil finansiere 60% av lønsmidlane fram til 13.08.16, og vidare årleg nedtrapping til 40% og 20% med slutt 13.08.18.

Funksjonen er eit viktig supplement til ordinære kommunale tenester og ikkje minst for det aukande talet kreftsjuke som vel å vere heime i behandlingstid og oppfølging / vegleing av pårørande. Stillinga er og viktig i høve fagleg utvikling av kommunal kreftomsorg.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Turnuslege	491 000	588 000	Helse og omsorg

Det er krav frå Fylkeslegen om at Volda kommune må ta imot turnuslege. Det er sett av midlar til ombygging av legesenteret som ei mellombels løysing.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Demensteam	41 000	41 000	Helse og omsorg

Viser til demensplan og til K-sak der denne vart handsama. Det er pålagt at kommunen skal ha demensteam, oppretta innan 2015. Etter nasjonale føringar skal det etter Volda kommune sin storleik, vere eit tverrfagleg team samansatt av: to sjukepleiarar i 20% stilling, ein frå heimetenesta v/ dagavdelinga for eldre og ein frå sjukeheim(demensavdeling), ein ergoterapeut i 20% stilling og ein lege frikjøpt ein dag pr. mnd. Totalt representerer dette ein ressurs på kr 200 000 i 2016 og kr 470 000 på heilårsbasis.

Bortsett frå legeressursen løyser sektoren dette ved omdisponering innanfor eiga ramme, slik at netto utgift som må dekkjast som nytt tiltak vert kr 41 000.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Styrking av barneavlastinga	750 000	750 000	Helse og omsorg

Det er per i dag 13 born/ unge som nyttar avlastingstilbodet ved Fjordsyn. I tillegg er det eitt barn i heildøgntilbod (barnebustad), eit heildøgntiltak som vart etablert i 2015 og som i sak 2015/1109 vart etablert med ca. 960.000,-.

Dei 13 brukarane har individuelle vedtak, frå ei helg avlasting i månaden til annankvar veke med 1:1 oppfølging. Tenesteyting vert utført av 5,75 faste årsverk, eitt årsverk fleksibleiar, samt budsjettert tilsvarande ca. 70% ressurs ekstrainnleige for å stette eit tidvis fleksibilitetsbehov. Forbruket totalt er pr. dato ca 9 årsverk, noko som og viser seg i forbrukstala ved tiltaket. Dette er ei teneste der behov kan endre seg, behov kan opphøyre, nye brukarar kan kome til, medan andre ynskjer å utvide tilbodet. Ein meiner å ha etablert eit godt tilbod og ei god løysing, der brukarane vert godt ivaretekne og pårørande kan føle seg trygge for at barnet/ ungdomen har det godt.

I budsjettrundskriv til 2015 var det skissert ein opptrappingsplan for avlastingstenesta med fulleffekt frå 2016. For å oppnå den skisserte opptrappinga manglar 750.000,-.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Styrking av grunnbemanninga ved Omsorgssenteret – 4,5 årsverk	3 034 000	3 034 000	Helse og omsorg

Gjennom fleire år har utfordringane knytt til institusjonsteneste for demente vore svært pressa. Det er ikkje unntaksvis at ein har stort meirforbruk pga utfordrande pasientsituasjon. Dette har vorte regelen. Fram til no har situasjonen vorte løyst ved innleige av ekstrahjelp og overtid. Så lenge dette er ekstramidlar og ikkje knytt opp til faste stillingar, kunne den faglege kvaliteten og kontinuiteten vore langt betre dersom det var knytt opp til faste stillingar. Det er og ein auka kostnad då ein ofte må ty til kortsiktige løysingar, som mellom anna fører til overtid og meir ufaglært personell.

Ein del av dei auka utfordringane kjem av samhandlingsreforma og spesialisthelsetenesta si nedbygging av alderspsykiatrisk langtidsavdeling. I tillegg er det vanskelegare å få brukarar inn på korttidsopphald. Dette er krevjande pasientar som passar dårleg inn i dei store bugruppene vi har på sjukeheimen. Dette gir oss store utfordringar i å beskytte og skape tryggleik for andre pasientar og dei som er sjukast. Ein finn å nemne behovet for bygging av erstatningsbustader for Mork bustader, der det var planlagt bygge små einingar for å kunne gi desse pasientane eit tilpassa tilbod.

For våre tilsette er dette også eit svært viktig tiltak, då dei stadig opplever svært vanskelege og truande situasjonar. Drifta har over tid vore pressa, og det er nødvendig å styrke

grunnbemanninga for å styrke tenesta for brukarane og leggje til rette for betre arbeidsmiljø for dei tilsette.

Årsverka er tenkt som ein fri ressurs knytt til 2. etg. og medfører ei styrking med ein tilsett på dagvakt og to tilsette på seinvakt sju dagar i veka. Det vert lagt til grunn fleksibilitet i ressursbruken, og at ressursane må setjast inn der behovet er størst.

<b>Namn på tiltaket</b>	<b>Beløp 2016</b>	<b>Heilårsverknad</b>	<b>Sektor</b>
Styrke kommunal ergoterapiteneste med 100% frå 01.07.2016	291 000	583 000	Helse og omsorg

Viser til budsjettrundskriv 2015 og økonomiplan der styrking av ergoterapitenesta frå 2016 låg med samla utgift på 500.000,-.

Å styrke ergoterapitenesta vil vere avgjerande for at kommunen skal lukkast med strategien at folk skal kunne bu heime så lenge som råd. Behovet for tilrettelegging, både av bustad og av ulike hjelpemiddel, er sentralt i dette arbeidet. Ein ser at kommunen har tiltakande oppgåver med søknader, utlevering, tilpassingar, montering, reparering og innhenting av hjelpemiddel. Å få på plass rett utstyr er ofte heilt avgjerande for om folk kan bu heime. Dersom manglande hjelpemiddel er årsak til at folk ikkje kan bu heime, vil det medføre unødige tenestebehov og fordyrande løysingar.

<b>Namn på tiltaket</b>	<b>Beløp 2016</b>	<b>Heilårsverknad</b>	<b>Sektor</b>
Styrke fysioterapitilbod med 100% stilling frå 01.07.2016.	219 000	226 000	Helse og omsorg

Viser til budsjettrundskriv 2015 og økonomiplan der styrking av fysioterapitenesta frå 2016 vart tilrådd med samla utgift på 500.000,-.

Å styrke den kommunale fysioterapitenesta vil vere ein viktig strategi for å handtere behovet for kommunal rehabilitering etter samhandlingsreforma. Opprettinga er viktig for at folk kan bu lengst mogleg i eigen heim, der satsing på kvardagsrehabilitering og tidleg opptrening etter funksjonsfall er viktig for resultatet. Kommunen har fått auka oppgåver og må kompensere for redusert helseforetakstilbod i spesialisert rehabilitering. Klokkarstova, med målsetjing om rask opptrening og utskrivning, er ei av dei prioriterte oppgåvene for fysioterapitenesta. Barn og unge er og prioriterte grupper som skal stimulerast og trenast for best mogleg funksjonsutvikling. Stillinga er lagt inn frå 01.07.2016, lønstilskot på fysioterapeut er og lagt inn.



Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Praksiskonsulent, auka samhandling mellom kommunane og Helseføretaket	27 000	27 000	Helse og omsorg

Viser til delavtale 13 til Samhandlingsavtalen. Samarbeid om praksiskonsulentordningar.

Føremålet er at ordninga skal bidra til auka samhandling og koordinering mellom primærhelsetenesta og spesialisthelsetenesta. Nøkkelord for ordninga er: samarbeid, pasientforløp, kvalitetsutvikling, heilheitstenking og kommunikasjon. Praksiskonsulentordninga omfattar både legar og andre faggrupper engasjert som praksiskonsulentar i Helse Møre og Romsdal.

Praksiskonsulenten skal medverke til at sjukehuset arbeider med utvikling av samhandlinga mellom primærhelsetenesta og helseføretaket. Praksiskonsulenten sitt arbeid skal skje på overordna systemnivå og ikkje i forhold til einskildpasientar/-brukarar. Praksiskonsulentordninga er etablert. Praksiskonsulentane har både spesialisthelsetenesta og kommunehelsetenesta som sin arbeidsarena.

Den samla kostnaden for ordninga er estimert NOK 1,450 mill. pr. 2015. Utgiftene til ordninga blir å fordele mellom helseføretaket og kommunane etter følgjande prinsipp: 50% skal dekkast av HF Møre og Romsdal, 50% av kommunane fordelt etter folketal pr 1.1 det aktuelle årstall.

Tiltaket vert å finansiere innanfor ramma til helse- og omsorgssektoren.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Auka utgifter Nødnett	110 000	110 000	Teknisk

Kostnader med drift av Nødnett får heilårseffekt i 2016. Kostnaden er Kr 450.000,- slik at tiltak i 2015 budsjettet, er 110 000 for lågt budsjettert. Volda Brann og redning er pliktige til å vera del av det nasjonale Nødnettet, og kostnadane kan forventast å auke i åra som kjem.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Brannførebygging	150 000	150 000	Teknisk

Kommunen pliktar å kartleggje behov for tiltak for å førebyggje mot brann i bygningane, og gjere tiltak for å hindre at det oppstår brann. Dette har vorte skynd ut i tid, og det er no nødvendig at dette vert prioritert.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Drift og vedlikehald brann/eigedom	100 000	100 000	Teknisk

Ved kjøp av Prestegata 33 auka m<sup>2</sup> bygg med ca 2800, dette påverkar driftskostnadane til Volda kommune. Det er kostnadsrekna til om lag Kr 550.000 i årleg ekstra utgift til m.a. straum, reinhald, forsikring, kommunale avgifter, vedlikehald. Det er lagt opp til ei årleg opptrapping/innarbeiding av dette i budsjett og økonomiplan.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Kostnad ved avhending av kommunale bygg	150 000	150 000	Teknisk

Kommunestyret har vedteke at kommunale bygg som ein ikkje har behov for lengre skal avhendast. Det vil være knytt ein del kostnadar med dette for dei bygga som står att, mellom anna må avtalen med grendahuslaga vurderast av advokat før skulebygga blir lagt ut for sal. Kostnad knytt til bistand med sal vil også komme før salsinntektene. Etter kvart som ein får avhendt bygg som ikkje lenger er i bruk, vil ein oppnå reduserte utgifter slik at kostnaden med avhendingsprosessen vert sjølvfinansierende.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Radonmåling utleigebustader	150 000	150 000	Teknisk

Det ligg eit lovkrav om at alle kommunale bygg skal radonmålast. I 2014/2015 vart det gjennomført måling i alle kommunale skulebygg, barnehagar og rådhus. I 2016 er det planlagt gjennomføring i alle kommunale utleigebbygg. Volda kommune har ein årleg plan for gjennomføring til alle bygg er målt.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Snikkarar/fagarbeidarar - 2 årsverk - Investeringsprosjekt bygg	650 000	1 000 000	

Det er satt av 4 mill årlig i investeringsbudsjettet for å starte på oppgraderingsarbeidet, samt sørge for at kommunale bustadar blir raskt tilgjengelig for ny busetting. Det har vore forsøkt å hente inn prisar på den private marknaden på desse mindre oppgraderingsprosjekta, utan at vi har lykkast nemneverdig. Det er få i marknaden i dag som har kapasitet til gjennomføring av små prosjekt. Eigne ressursar er uansett meir fleksible og ei billigare løysing for kommunen. Det er i samband med dette investeringsprosjektet foreslått tilsetning av 2 personar som skal være retta mot investering. Lønsressursen vert ført på investeringsprosjekta og vert ikkje belasta driftsbudsjettet.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Miljøtiltak/arbeidsbedrift kantine rådhuset	100 000	100 000	Teknisk

Kantina er viktig som felles møtepunkt for alle tilsette på rådhuset. Disse sorterer under ulike sektorar og representerer eit breidt spekter av fagmiljø. Det er viktig at desse kan samlast til lunsjpause og byggje felles tilhøyrslø. Drifta av kantina er godt eigna til å setje bort som arbeidsretta tiltak til læringscenteret eller ev andre i kommunen sin eigen regi. Det er ikkje utgreidd kva dette vil koste, og det er sannsynleg at heile eller delar av utgiftene kan dekkjast av integreringstilskot.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Statleg tiltakspakke – vedlikehald av skule- og omsorgsbygg	864 000	864 000	Teknisk

Regjeringa har i forslaget til statsbudsjett sett av kr 500 mill til tiltakspakke i kommunesektoren for å stimulere til auka sysselsetting. Midlane er innarbeidd som nytt tiltak i budsjettet, og eigeomsavdelinga gjennomfører tiltak på kommunale bygg innanfor ramma og formålet.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Styrking av tenestene i samband med tenester til flyktningar			Tenestesektorane

Auka i antalet av flyktningar som Volda kommune buset og auka flyktningar i asylmottaket medfører auka tenestebehov. Dimensjonering av tenester og resursbehov vert å utgreie nærare, og rådmannen foreslår ikkje å fordele nye ressursar frå auka statstilskot og vertskommunetilskot til sektorane før dette er utgreidd. Tilskotsauken vert foreslått avsett på fellesområdet (5 mill kr) inntil vidare, og at styrking av tenestene vert gjort ut frå utgreiing og vedtak i formannskapet.

Namn på tiltaket	Beløp 2016	Heilårsverknad	Sektor
Søre Sunnmøre IKT	240 000	240 000	IKT

Kommunane på Søre Sunnmøre samarbeider om felles driftssenter med Hareid som vertskommune. Dette er no kome i god drift, og senteret gir trygg og stabil drift av felles databasar for økonomi, pleie-/omsorgsprogram (Agresso, Geric) og har fått opplegget med elektronisk meldingsteneste mellom kommunehelsetenesta/pleie- og omsorgstenestene og sjukehuset opp og gå. Det vert stadig auka krav til at kommunane digitaliserer

kommunikasjonsrutinene mellom forvaltningsnivå. IKT har vorte så vidt komplisert og omfattande at kommunane vert nødt til å samarbeide for å greie å løyse utfordringane. Den digitale utviklinga gjer at kommunane årleg har måtta bruke meir ressursar til IKT. Dette gir potensiale for høgare kvalitet og sikkerheit i tenesteytinga, som t.d elektronisk meldingsutveksling i helse- og omsorgstenestene. Vidare er det eit stort potensiale for effektivisering ved å automatisere og forenkle administrative rutinar og opne opp for sjølvbeteningsløysingar for brukarane. Det er på tenesteområda ein i framtida kan ta ut gevinsten. Samarbeidet i driftssenteret har gitt gevinstar ved at kommunane kvar for seg måtta ha brukt vesentleg større ressursar på å løyse dei oppgåvene som no vert løyst gjennom samarbeid. I 2016 er det også lagt til grunn innsparing på kvar kommune på kr 60 000 ved felles skatteline, samt reduksjon i utgifter ved at kommunane opererer som ei eining overfor leverandørane. Det er budsjettert med ei nettoutgiftsauke for Volda på kr 240 000 i 2016. Dette er relatert til heilårseffekt for systemansvarleg for Agresso (økonomisystemet) som vart oppretta i 2015, oppgradering av Agresso og vedlikehald av programvarer. I økonomiplanen har driftssenteret lagt til grunn ei drift på 2016-nivå.

### Nye driftstiltak i økonomiplanperioden 2017 – 19

Tiltak i økonomiplanperioden vert det ikkje gjort bindande vedtak om. Dette er planlegging av tiltak som det er behov for, og som vert å ta endeleg stilling til i det enkelte budsjettår.

Namn på tiltaket	Beløp 2017	Heilårsverknad	Sektor
Bemanning i nye rus- og psykiatribustader (ROP-bustader)	3 731 000	3 731 000	Helse og omsorg

Det er planlagt bygging av 7 ROP-bustader på Rotset. Det er aukande utfordringar med rus og psykiatri, og det er stort press på bustadsituasjonen og tenesta til denne gruppa. Volda kommune har ei delvis og mellombels løysing av bustadtilbodet med paviljongar ved Maurtua. Desse vart oppførde mellombels for å løyse ein krisesituasjon, og dei skal rivast. Fram til bygging av bustadene på Rotset, må ein finne mellombels løysing for bebruarane i andre kommunale bustader som ikkje er eigna til formålet. Bygging av tilpassa bustader er under planlegging og det må budsjetterast med tenester i bustadene og styrking av tilbodet overfor brukargruppa i 2017.

Namn på tiltaket	Beløp 2017	Heilårsverknad	Sektor
Utdanning brannmannskap	100 000	100 000	Teknisk

Nye forskriftsfesta utdanningskrav gjeld allereie no, og ein prøver å dekkje opp tiltak for dette i ramma til teknisk for 2016. I 2017 og 2018 bør dette budsjetterast inn som nytt tiltak.

Namn på tiltaket	Beløp 2017	Heilårsverknad	Sektor
Riving av gamle Austefjord skule	850 000		Teknisk

Kommunen har ikkje lenger drift i dette bygget. Grunneigaren har ikkje ynskje om å overta det og ber kommunen rive bygget. Det er store kostnader med å sanere bygg i samsvar med forskriftsmessige krav. Dette er ein eingongskostnad som må takast over drifta.

Namn på tiltaket	Beløp 2017	Heilårsverknad	Sektor
Driftsteknikarar kommunale bygg – 3 årsverk	1 830 00	1 830 000	Teknisk

Grovt rekna har kommunen bygningsmasse for om lag 2 milliardar kroner. Forvaltninga av bygningsmassen med drift og vedlikehald er ei viktig tilrettelegging for å yte gode tenester i skular, barnehagar, omsorgsbustader, sjukeheim mv, samt for arbeidsmiljøet for dei tilsette. Forsømmer ein drifta og vedlikehaldet vert bygga dyre å drive. Volda kommune har no bygd opp god leiing og struktur på forvaltning, drift og vedlikehald av bygga. Dette må følgjast opp med betre kapasitet for å ta seg av den auka bygningsmassen. For å få effekt av miljømessige klima- og driftsanlegg, må ein ha driftsteknikarar som oppdaterer seg og handterer dette i det daglege i tillegg til øvrig drift av bygningsmassen.

Namn på tiltaket	Beløp 2017	Heilårsverknad	Sektor
Juridisk kompetanse og miljøressurs – til saman 1 årsverk	269 000	269 000	Utvikling

Det dukkar stadig oftare opp kompliserte juridiske problemstillingar i samband med plan- og byggesakshandsaming. Dette er ekstra utfordrande da ingen ved sektoren har formell juridisk kompetanse. Vi kunne også fått betre tid og kompetanse til oppfølging av ulovlege tiltak som igjen ville gitt meir inntekter som til dømes overtredingsgebyr.

I dag ligg miljø- og forureiningsansvaret hjå teknisk sektor. Viss vi hadde fått inn ein juridisk ressurs kunne vi ha omorganisert litt internt og frigjort 50 % ressurs til miljø/forureining. Vi ville også vorte mindre sårbare, og da særleg på byggjesak.

Det er planlagt å løyse dette gjennom ei ”pakkeløysing” ved omdisponering av lønsressurs ved naturleg avgang, kombinert med dreining av oppgåver i eksisterande stilling og auka inntekter ved gebyr.

## **SALDERING AV ÅRSBUDSJETT OG ØKONOMIPLAN**

Konsekvensjustert budsjett (vidareføring av årets drift kompensert for lønsauke) viser eit underskot på ca 22 mill kr (inkludert avsetning til disposisjonsfond på 7 mill kr) Det er lagt

inn forslag til tiltak som har ein netto kostnad på ca 12 mill kr. Vi har dermed eit salderingsbehov på ca 34 mill kr i 2016. Tabellen under viser korleis dette er dekt inn i rådmannen sitt budsjettgrunnlag.

Navn	Beløp
Vakant controller-stilling	-623 000
Flytte ungdomssteget til Volda ungdomsskule	-422 000
Innsparingstiltak sektor oppvekst og opplæring	-1 500 000
Innsparingstiltak sektor helse og omsorg	-1 300 000
Innsparingstiltak teknisk sektor	-200 000
Redusert drift som følge av ombygging til LED veglys	-233 000
Redusert driftskostnad som følge av asfaltering av gruslagte kommunale areal	-110 000
Premie avvik	-13 692 000
	-7 000 000
Avsetning til disposisjonsfond utgår	
Bruk av disposisjonsfond	-9 200 000
<b>Sum</b>	<b>-34 280 000</b>

Under følger innhaldet i tabellen kort kommentert:

- Det er lagt opp til stillinga som controller vert vakant i heile 2016. Dette inneber ei innsparing på ca kr 623.000. Som ein konsekvens av dette er det lagt inn auka konsulenttenester på kr 323.000, jmf. den første tabellen.
- Flytting av ungdomsskuleelevane frå Austefjord skule til Volda ungdomsskule. Dette gir ein effekt på kr 422 000 i 2016 og kr 1 025 000 som heilårsverknad (frå og med 2017). Kommunestyret gjorde slikt vedtak 30.01.2014:  
*Dersom elevtalet på ungdomssteget 01.08.2016 eller seinare skuleår er mindre enn 10, vert ungdomssteget nedlagt. Elevane på ungdomssteget får Volda ungdomsskule som nærskule.*  
Dei tala oppvekstsjefen har i dag, viser at elevtalet på ungdomssteget er sju hausten 2016. Det kan vere ulike synspunkt på kor liten ein skule kan vere for å kunne drivast. Det er foreslått å flytte ungdomsskuleelevane både med bakgrunn i at skulemiljøet vert vurdert som for lite, samt at det er nødvendig å redusere utgiftene til skuledrift. Det er ikkje mogleg å oppretthalde det høge nivået kommunen har til skuledrift og samtidig ha tilfredsstillande nivå på dei andre tenestoområda og dekkje løpande renter og avdrag.
- Det er lagt inn innsparingskrav på dei 3 største sektorane, og utgjer samla 3mill kr.
- Investeringar (veg) gjer at ein redusere vedlikehaldsbudsjettet på til saman kr 343.000.
- I høve forpliktande plan (vedtatt av kommunestyret i 2014 i samband med prosessen for å kome ut av ROBEK-registeret) skal det settast av 1% av driftsinntektene. Dette utgjer ca 7 mill kr, og er tatt ut av budsjettet.
- Volda kommune har ca 12 mill kr på disposisjonsfond ved utgangen av 2014. Det er brukt ca 9,2 mill kr av disposisjonsfondet for å saldere budsjettet for 2016.



- Prognose frå KLP indikerer at premieavviket for 2016 vert ca 13,7 mill kr (inkludert arbeidsgjevaravgift). Dette vert handsama som ei inntekt i kommunerekneskapen året det oppstår, og det vert vist til kapittel 3.11 for nærare opplysningar om premieavvik.

Bruk av fond og inntektsføring av premieavvik er ikkje noko ein kan gjere meir enn ein gong, med andre ord er dette ikkje berekraftig. Dette er ei løysing for 2016 for å skape ro og stabilitet i tenesteytinga og i arbeidsmiljøet. Dette gjer det nødvendig med prosessar i det komande året for å utgreie tiltak som vert å innarbeide i budsjett og økonomiplan for perioden 2017 – 2020. Her bør ein sjå på prosessar rundt utgiftsstrukturen knytt til barnehage og grunnskule, arbeidsmiljørelaterte tiltak og satsing på tidleg innsats for å redusere behovet for reparasjon og dyre tenester.

### **Innspel til tiltak som ikkje er med i rådmannen sitt budsjettframlegg**

Tabellen under viser innspel til tiltak som ikkje er med rådmannen sitt budsjettframlegg.

<b>Namn</b>	<b>Beløp i 2016</b>
Opprette 20% stilling for miljøretta helsevern	116 574
Utviding av driftsavtalar ved Aarflot fysioterapi AS	198 510
60% stilling i auke til servicekontoret	338 877
Kulturmidlar til lag og organisasjonar	150 000
Medlemsskap i privatarkivordninga til Interkommunalt Arkiv i Møre og Romsdal	18 000
Øke bemanning med ein stilling i 6 mnd for Parkdrift	308 446
<b>SUM</b>	<b>1 130 407</b>

## 2 ØKONOMISKE RAMMEVILKÅR

Vi skal i dette kapitlet sjå på faktorar som er avgjerande for den økonomiske handlefridomen vår:

- Finansområdet
- Fondsmidlar
- Statsbudsjettet for 2016
- Frie inntekter
- Generelle statstilskott
- Folketalsutvikling
- Eigedomsskatt
- Næringsutvikling
- Kommunereforma

Vi skal i tillegg sjå på Volda kommune i høve til andre kommunar ( KOSTRA).

Tabellen under viser budsjettskjema 1 A for komande økonomiplanperiode. Budsjettskjema 1A viser kor mykje som kan fordelast til drift etter at det er teke omsyn til netto finanskostnader og netto avsetningar. I resten av kapittel 2 er det gjort grundig greie for føresetnadane som ligg til grunn utrekning av budsjettskjema 1A.

	Revidert budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Skatt på inntekt og formue	-190 000 000	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000
Ordinært rammetilskudd	-249 857 000	-244 498 000	-240 235 000	-240 144 000	-240 053 000
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>-439 857 000</b>	<b>-457 022 000</b>	<b>-452 759 000</b>	<b>-452 668 000</b>	<b>-452 577 000</b>
Eigedomsskatt	-15 500 000	-16 000 000	-32 000 000	-32 000 000	-32 000 000
Andre direkte og indirekte skatter		-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
Andre generelle statstilskudd	-25 996 936	-30 346 220	-29 612 431	-27 952 251	-27 259 858
<b>SUM disponible inntekter</b>	<b>-481 353 936</b>	<b>-504 068 220</b>	<b>-515 071 431</b>	<b>-513 320 251</b>	<b>-512 536 858</b>
Renteinntekter	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000
Utbytte Tussa	-2 662 000	-3 000 000	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Avkastning plasseringar	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter	16 663 000	18 073 000	20 132 000	24 151 000	27 320 000
Avdrag på lån	19 000 000	25 000 000	28 000 000	30 000 000	30 000 000
<b>Netto finanskostnad</b>	<b>29 401 000</b>	<b>36 473 000</b>	<b>39 532 000</b>	<b>45 551 000</b>	<b>48 720 000</b>
Avsetning til disposisjonsfond	21 370 500	0	0	0	0
Bruk av tidl. års overskot	-18 587 000	0	0	0	0
Overført til investeringsregnskapet	17 500	0	0	0	0
Til bundne avsetningar	0	700 000	700 000	700 000	700 000
Bruk av disposisjonsfond	-1 464 490	-9 187 683	0	0	0
<b>NETTO AVSETNINGER</b>	<b>1 336 510</b>	<b>-8 487 683</b>	<b>700 000</b>	<b>700 000</b>	<b>700 000</b>
Til fordeling drift	-450 616 426	-476 082 903	-474 839 431	-467 069 251	-463 116 858
Sum fordelt drift fra skjema 1B	450 616 426	476 082 903	474 839 431	467 069 251	463 116 858
<b>Resultat</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## 2.1 FINANS

Volda kommune hadde ei slik samansetjing av langsiktig gjeld pr 31.12. 2014:

<b>Langsiktig gjeld</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>	<b>2012</b>
Pensjonsforpliktingar	839 559 270	793 808 720	716 578 075
Lånegjeld (inklusive sertifikatlån)	762 753 455	770 986 977	713 205 914
<b>Sum langsiktig gjeld</b>	<b>1 602 312 725</b>	<b>1 564 795 697</b>	<b>1 429 783 989</b>

Dei kommunale rekneskapsreglane vedkommande pensjon blei endra i 2002. Som eit resultat av dette er pensjonsforpliktingar nå definert som langsiktig gjeld i balanserekneskapen til kommunen, jamfør tabellen ovanfor.

Ein kan grovt sagt seie at den langsiktige lånegjelda til kommunesektoren kan delast inn i 2 kategoriar, sjå tabellen under. Vi har ordinære lån som vert nytta til å finansiere investeringane til kommunen. Dette utgjorde ca 697 mill kr ved slutten av 2014. Den andre kategorien er Startlån, og er Husbanklån som etter bestemte vilkår blir lånt ut vidare til innbyggjarane. Avdrag og renteutgifter som vi betalar til Husbanken, skal i prinsippet vere lik avdrag og renter vi mottek frå låntakarane.

Volda kommune si langsiktige gjeld til låneinstitusjonar var som vist i tabellen under:

<b>Langsiktig lånegjeld</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>	<b>2012</b>
ordinære lån (*)	697 360 343	708 998 849	656 315 410
Startlån	65 393 112	61 988 128	56 890 504
<b>Sum langsiktig lånegjeld</b>	<b>762 753 455</b>	<b>770 986 977</b>	<b>713 205 914</b>

(\*) = Av dette er kr. 84.435.000 sertifikatlån

Det er ikkje heile den ordinære langsiktige lånegjelda som belastar økonomien til kommunen. Vi kan vise det ved å ta utgangspunkt i tabellen under:

<b>Ordinære langsiktig lånegjeld</b>	<b>2014</b>	<b>2013</b>	<b>2012</b>
Omsorgssatsing	44 108 997	46 429 329	48 749 661
Sjølvkost (vatn og avlaup)	58 214 383	57 320 137	56 645 664
Grunnskolereform 97	17 763 000	17 763 000	17 763 000
Kyrkjebygg	3 630 959	3 630 959	3 636 036
Investering i skulebygg (2001)	18 852 392	20 491 925	22 131 457
Lån som belastar kommunen sin økonomi	554 790 613	563 363 499	507 389 592
<b>Sum</b>	<b>697 360 343</b>	<b>708 998 849</b>	<b>656 315 410</b>

Det er abonnentane som gjennom avgiftene betaler finanskostnadene innanfor VAR-området. 58,2 mill kr av den ordinære lånegjelda er knytt til VAR (Vann, Avløp Renovasjon)- lån.


Fram til 2017 vil vi få over 6 mill kr i rentekompensasjon frå staten vedkomande investeringar (kr 17.763.000) i samband med grunnskulereforma 97 (tabell ovanfor). Dei neste 30 åra vil vi få tilskot på ca 48,7 mill kr (+ renter) frå staten i samband med investeringar i omsorgsbustader og omsorgssenteret. I tillegg får vi rentekompensasjon i 20 år (på grunnlag av et eit beløp opphavleg 24,5 mill kr) vedkomande investeringar i skulebygg (ordninga vart innført i 2001).

Tabellen under viser korleis den langsiktige gjelda vil utvikle seg i neste økonomiplanperiode dersom rådmannen sitt forslag til investeringar i perioden 2015-2019 vert vedteken.

	2015	2016	2017	2018	2019
Ordinær lånegjeld pr 1 januar	697 360 343	770 061 343	949 061 343	1 068 061 343	1 139 061 343
Planlagte ordinære låneopptak (*)	91 701 000	204 000 000	147 000 000	101 000 000	44 000 000
Minimumsavdrag	19 000 000	25 000 000	28 000 000	30 000 000	30 000 000
<b>= Estimert lånegjeld pr 31. desember</b>	<b>770 061 343</b>	<b>949 061 343</b>	<b>1 068 061 343</b>	<b>1 139 061 343</b>	<b>1 153 061 343</b>
Gjennomsnittlig rentesats	2,15 %	1,82 %	1,81 %	2,05 %	2,30 %
<b>Renteutgifter</b>	<b>16 556 319</b>	<b>17 272 916</b>	<b>19 331 910</b>	<b>23 350 758</b>	<b>26 520 411</b>

(\*)= Inkluderer vedtekne lån frå 2014 som ikkje er gjennomført enno (fordi Volda var i ROBEK dette året). Dette utgjer ca 45 mill kr, og vil ikkje verte gjennomført før i 2016.

Under følgjer grafisk framstilling av utvikling av langsiktig lånegjeld i kommande økonomiplanperiode.



Vi har lagt til grunn følgjande gjennomsnittlege rentesatsar på Volda kommune si låneportefølje for dei ulike åra:

- 2015 2,15 %
- 2016 1,82 %
- 2017 1,81%
- 2018 2,05%
- 2019 2.30

Ved utrekning av renter er det gjort følgjande føresetnader:

- Alle nye lån vert etablert til flytande rente
- Det vert ikkje etablert nye fastrenter i økonomiplanperioden
- Marginen på 0,55% vert lagt til grunn for heile økonomiplanperioden

Tabellen ovanfor viser berre kommunen sine ordinære lån som er med talgrunnlaget i tabellen ovanfor. Startlåna frå Husbanken er ikkje med.

### Finansutgifter

	2015	2016	2017	2018	2019
Renter investeringslån	15 863 000	17 273 000	19 332 000	23 351 000	26 520 000
Renter Startlån	800 000	800 000	800 000	800 000	800 000
<b>Sum renter</b>	<b>16 663 000</b>	<b>18 073 000</b>	<b>20 132 000</b>	<b>24 151 000</b>	<b>27 320 000</b>
Avdrag investeringslån	19 000 000	25 000 000	28 000 000	30 000 000	30 000 000
<b>Sum finansutgifter</b>	<b>35 663 000</b>	<b>43 073 000</b>	<b>48 132 000</b>	<b>54 151 000</b>	<b>57 320 000</b>

### Renteutgifter

Låneporteføljen er bygt opp av lån med flytande rente som er basert på 3M nibor. Denne renta vert lagt til eller trekt frå ein margin etter avtale med långjevar. Ved utgangen av året utgjer denne marginen +0,55% (+55 basispunkter) for alle lån som vi har i Kommunalbanken. For sertifikatlånet er marginen 0,19%.

I tillegg er det etablert rentebytteavtaler (renteswappar) som sikrar kommunen fast rente på deler av sine innlån. Renteswappane har eit omfang som gjer at fastrentedelen i låneporteføljen er 13 % pr 12.11.2015. Dermed er 87% flytande rente. Låna forfell slik:

	<b>Saldo pr 12.11.2015</b>	<b>Utløpsdato</b>
Sertifikatlån FRN, +19 punkter	130 136 000	jun.16
Kommunalbanken 3 mnd NIBOR	6 857 500	sep.22
Kommunalbanken 3 mnd NIBOR	87 683 000	jun.30
Kommunalbanken 3 mnd NIBOR	170 000 000	des.25
Kommunalbanken 3 mnd NIBOR	175 725 521	des.25
Kommunalbanken 3 mnd NIBOR	90 049 938	des.25
Kommunalbanken 3 mnd NIBOR	61 525 000	mar.31
Kommunalbanken 3 mnd NIBOR	19 370 000	sep.37
<b>Sum</b>	<b>741 346 959</b>	

Ein rentebytteavtale er ein avtale om å byte vilkår på lån eller innskott. Den eine parten byter flytande mot fast rente, og den andre parten byter fast rente mot flytande rente. Rentebytteavtalen er uavhengig av dei underliggende låna (som for Volda kommune er låna vi har i Kommunalbanken / sertifikatlånet, og utgjer kr. 741.346.959 pr. 12.11.2015).

Volda kommune har valt å nytte renteswappar (rentebytteavtaler) ved etablering av fastrente. Hovudforklaringa til dette er at det lenge har vore billegare enn å nytte tradisjonelle fastrentelån, der både kreditten, renterisikoen og avdragsstruktur inngår i eit produkt. Renteswap / rentebytteavtale er ein kontrakt mellom ein bank og kommunen om byte av rente. Ein slik avtale inneber byte av fast rente mot flytande/kort rente, som i kommunen sitt tilfelle er 3M nibor.

Volda kommune har 2 rentebytteavtalar på til saman 100 mill:


- Volda kommune betaler fast rente på 4,33% til banken (av eit beløp på 50 mill kr) . Banken betaler flytande rente (3 mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebytteavtalen har sluttidspunkt desember 2018.
- Volda kommune betaler fast rente på 4,47% til banken (av eit beløp på 50 mill kr) . Banken betaler flytande rente (3 mnd Nibor) av eit beløp på 50 mill kr til Volda kommune. Denne rentebytteavtalen har sluttidspunkt juni 2021.

### **Låneporteføljen**

Låneporteføljen vil ved komande årsskifte i stor grad vere samansett av lån med flytande rente (87%). Dei flytande låna vert renteregulerte og prisa med basis i 3M nibor (som er ei kort interbankrente, - og mykje nytta). Marknadsaktørar som stiller pris på framtidig kortrente (3M nibor forward), legg til grunn at den korte renta vil falle ytterlegare frå dagens nivå når vi går inn i 2016. Grafen nedanfor illustrerer disse forventningane (rød, stipla line):



Låneporteføljen vil ved komande årsskifte i stor grad vere samansett av lån med flytande rente (87%). Dei flytande låna vert renteregulerte og prisa med basis i 3M nibor (som er ei kort interbankrente, og mykje nytta). Markedsaktørar som stiller pris på framtidig kortrente (3M nibor forward) legg til grunn at den korte renta vil falle ytterlegare frå dagens nivå når vi går inn i 2016. Grafen nedanfor illustrerer disse forventningane (raud, stipla line):



Med ei høg grad av flytande lån tyder dette at kommunen sine lånekostnader er prisgidde utviklinga i den flytande renta. I budsjettet for 2016 er den raude, stipla lina lagt til grunn som basis for lånekostnaden på flytande lån.

I tillegg til den nemnde 3M niborrenta, vert det betalt eit tillegg - ein såkalt kredittmargin. Denne marginen kan endre seg på kort varsel. I etterkant av finanskrisa har kredittmarginen auka. I 2015 har marginen lege på 0,4 prosentpoeng i Kommunalbanken, men det er varsla at den vil auke til 0,55% frå desember. I samband med auka eigenkapitalkrav til finansinstitusjonane er det vedteke endra vektorer for ulike typar rentebærande papir. Utan å gå inn på detaljar kring dette, fører regelendringa til at det vert stilt høgare eigenkapitalkrav til dei som eig sertifikat/obligasjonar utferda av kommunar. Med andre ord vil marginpåslaget på lån verte høgare enn det historisk har vore. Om det vil kome fleire margintillegg, er vanskeleg å seie, men risikoen er nok på oppsida. I budsjettet for 2016 er det lagt til grunn ein margin på 0,55 prosentpoeng.

Kommunane formidlar Startlån frå Husbanken. Renta kommunen betalar til Husbanken er noko høgare enn det låntakarane betalar til kommunen. Renteutgiftene er difor budsjettert kr 200.000 høgare enn renteinntektene (sjå neste tabell).

## Avdrag investeringslån

Volda kommune budsjetterer med minimumsavdrag på sine langsiktige lån. Verdien av anleggsmidlane (bygningar, transportmidlar etc.) og levetida til desse, er avgjerande for kor mykje vi må betale i årlege avdrag. Minimumsavdrag kan bli rekna ut ved 2 ulike metodar, forenkla metode eller avansert metode. Volda kommune nyttar metoden som gir den lågaste avdragsbelastninga pr år (avansert metode). Det endelege minimumsavdraget vart nesten 21,5 mill kr i 2014. Minimumsavdraget for 2015 vert mindre enn året før. Det er 2 forklaringar på det. For det fyrste vart lånegjelda redusert i 2014 med ca 12 mill kroner fordi vi var i ROBEK. For det andre vart det gjort store investeringar i 2014, slik at attverande levetid på anleggsmidlar er større enn året før. Minimumsavdraget vert ca 19 mill kr i 2015. Minimumsavdraga vil auke sterk i komande økonomiplanperiode , hovudsakleg på grunn av den planlagde investeringa i Øyra skule.

## Finansinntekter

Tabellen under viser dei budsjetterte finansinntektene for dei neste 4 åra:

	2015	2016	2017	2018	2019
Renteinntekter formidlingslån	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Ordinære renteinntekter	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Utbytte Tussa	-2 662 000	-3 000 000	-5 000 000	-5 000 000	-5 000 000
Verdiauke obligasjonsfond m.m.	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
<b>Sum</b>	<b>-6 262 000</b>	<b>-6 600 000</b>	<b>-8 600 000</b>	<b>-8 600 000</b>	<b>-8 600 000</b>

### Renteinntekter Startlån (Husbanken)

Renteinntektene er det låntakarane betalar i renter. Dette skal samsvare nokolunde med det kommunen har i renteutgifter til Husbanken. Men det viser seg at renteinntektene har vore lågare enn renteutgiftene.

### Ordinære renteinntekter

Det er budsjettert med 1,5 mill kr pr år i økonomiplanperioden.

### Utbytte Tussa

2011 fekk Volda kommune kr. 8.567.000 (kr. 17.700 pr aksje) i utbytte frå Tussa. I 2012 vart utbyttet kr 8 500 pr aksje som utgjorde kr 4.114.000 på Volda kommune. I 2013 fekk Volda kommune eit utbytte på kr 9.002.400, men nesten 8 mill kr av dette var ekstraordnært utbytte i samband med emisjonen då KLP kom inn som eigar.

I 2014 fekk vi eit utbytte på kr. 3.388.000, og vart vidare redusert til kr 2.662.000 i 2014. Vi har budsjettert med eit utbytte på 3 mill kr i 2016, og 5 mill kr pr år i tidsrommet 2017-2019.

Volda kommune har 484 aksjar i Tussa (15,96 %). Dette er såkalla B-aksjar som ikkje er fritt omsettelege og berre kan eigast av kommune eller fylkeskommune. Volda kommune har saman med dei andre eigarane inngått ein aksjonæravtale som skal gjelde i 6 år. Kommunen har hatt eit langsiktig siktemål med eigarskapen i Tussa. Kommunen har også finansielt motiv for å vere eigar i Tussa, og det er viktig å signalisere overfor selskapet at kommunen har forretningsmessig forventning om at Tussa Kraft AS leverer økonomiske resultat som gjer at Volda kommune får ei tilfredsstillande avkastning av den kapitalen som er stilt til rådighet for selskapet. Dersom Tussa Kraft AS ikkje greier å levere resultat etter Volda kommune sine forventningar i aksjonæravtaleperioden, bør kommunen vurdere sitt strategiske eigarskap i selskapet.

Rådmannen meiner det likevel er viktig å signalisere forventningar til Tussa og foreslår eit forventa utbyte frå og med 2017 på kr 10 331 pr aksje som vil utgjere kr 5 mill årleg for Volda kommune.

*Aktiva (plasseringar obligasjonsfond, pengemarknadsfond)*

Det er budsjettet med i avkastning på ca 1,5 mill kr pr år. Ved utgangen av september 2015 så har portefølja ein verdi på ca 56,4 mill kr.

## 2.2 FONDSMIDLAR

Det er 4 ulike fond i kommunerekneskapen:

- Bundne driftsfond
- Ubundne driftsfond (inkludert disposisjonsfond)
- Ubundne investeringsfond
- Bundne investeringsfond

Volda kommune hadde ved utgangen av 2014 om lag 113,4 mill kr på ulike fond:

	2014	2013	2012	2011
Ubundne driftsfond	11 960 136	270 274	11 504 701	24 462 282
Bundne driftsfond	26 224 058	28 479 488	31 880 097	33 432 040
Ubundne investeringsfond	63 104 108	63 364 839	65 301 182	70 330 789
Bundne investeringsfond	12 152 130	23 268 662	22 085 326	18 352 183
<b>Sum</b>	<b>113 440 432</b>	<b>115 383 263</b>	<b>130 771 306</b>	<b>146 577 294</b>

### *Bundne driftsfond*

Bundne driftsfond kan berre brukast til bestemte formål i driftsrekneskapen. Pr. 31.12.2014 hadde Volda kommune i overkant av 26,2 mill kr i bundne driftsfond (fordelt på 109 ulike fond). Dei store fonda her er:

- Sjølvkost området kloakk er på 6,82 mill kr.
- Sjølvkostområdet vassverk utgjer i underkant av 1,28 mill kr.
- Fond for kompensasjonsmidlar for næringslivet i Volda (auka arbeidsgjevaravgift) utgjer i underkant av 2,5 mill kr.
- Konesjonsfond for kraftfondet utgjer 1,6 mill kr.
- Samordning og utviklingsstaben har litt under 3,47 mill kr i bunde driftsfond knytt til integrering av flyktningar.

### *Ubundne driftsfond*

Ubundne driftsfond var sett saman slik:

	2014	2013	2012	2011
Pensjonsfond	0	0	10 882 459	10 882 459
Disposisjonsfond	11 960 136	270 274	622 242	13 579 823
<b>Sum</b>	<b>11 960 136</b>	<b>270 274</b>	<b>11 504 701</b>	<b>24 462 282</b>

Disposisjonsfond kan nyttast fritt på både investering og driftsbudsjettet. Eit viktig føremål til disposisjonsfondet er å kunne møte svingingar på børsen. All bruk av disposisjonsfond må vedtakast av kommunestyret.

I tillegg til framtidige svingingar på børsen, bør disposisjonsfondet også vere ein ”støtdempar” mot framtidig renteoppgang og svingingar i behov i tenesteytinga. Volda kommune ligg langt over alle gjennomsnittstal for lånemasse pr. innbyggjar i kommune-Noreg. 1 %-poeng renteoppgang inneber ca 7 mill kr. i meirutgifter for Volda kommune sine innlån. Eit bufferfond for oppgang av lånerente bør med dagens rentenivå vere minimum 1 %-poeng av samla lånemasse.

Disposisjonsfond utgjorde ca kr. 270.000 ved inngangen til 2014. Ved avslutning av rekneskapen for 2014 har disposisjonsfondet auka til omlag kr 11,9 mill kroner.

Det er brukt ca 9 mill kr av disposisjonsfondet til å saldere rådmannen sitt budsjettframlegg for 2016. Etter dette, så vil det vere att ca 3 mill kr på disposisjonsfondet.

Det er budsjettert med ca 20 mill kr i avsetning til disposisjonsfond i budsjettet for 2015. I budsjetttramlegget er det kun brukt disposisjonsfond om vi allereie har. Det er den endelege rekneskapen for 2015 som viser kor mykje ein eventuelt kan sette av til disposisjonsfond.

#### *Ubundne investeringsfond*

Ubundne investeringsfond kan nyttast til eigen- eller del-finansiering av kommunale investeringsprosjekt. Fonda utgjer samla 63,1 mill kr ved 31.12 2014.

Dei ubundne investeringsfonda til Volda kommune skriv seg i hovudsak frå sal av Volda kommunale el-verk og Tussa-aksjar (utgjorde i overkant av 59,6 mill kr ved utgangen av året). Desse midlane vart i si tid likviditetsmessig plassert i finansmarknaden (aksje, obligasjon og pengemarknadsfond). Ved eventuell bruk av investeringsfonda til å finansiere investeringar må plasseringa i obligasjon - og aksjemarknaden bli tilsvarande redusert.

Det er om lag 3,06 mill kr på fond moms kompensasjon generert frå investeringar, medan fond mindreforbruk frå tidlegare år er på om lag 0,4 mill kroner.

#### *Bundne investeringsfond*

Bundne investeringsfond kan berre brukast til bestemte formål i investeringsrekneskapen, og var på kr 12 152 130 ved utgangen av 2014. Dette var ein reduksjon på over 11,11 mill kr i høve til 2013. Hovudforklaringa til reduksjonen er at fondet ”KLP skjønnsoppgjer rådhusbrann” (som var det største fondet i 2013 kr 12.975.000) vart brukt opp i 2014.

Fond til nedbetaling av husbanklån, som var i overkant av 10,9 mill kr, var det desidert største av dei bundne investeringsfonda.

## 2.3 STATSBUDSJETTET FOR 2016

### Regjeringa sitt forslag for kommunesektoren

Regjeringa legg opp til ein vekst i samla inntekter på 7,3 milliardar kroner i 2016. Av denne veksten utgjer dei frie inntektene 4,7 milliardar kroner. Fylkeskommunane sin del av veksten i frie inntekter er på 0,5 milliardar kroner, medan primærkommunane 4,2 milliardar kroner.

Veksten i frie inntekter går til å styrke den generelle kommuneøkonomien utover endringar som følgje endringar i oppgåver og pliktar for kommunane. I tillegg må dei frie inntektene til kommunane i 2016 bli auka, mellom anna for å dekke meirkostnader for oppretthalde dagens tenesteproduksjon.

Demografikostnadene kjem av endra folketal og endra alderssamansetning, til dømes at det blir fleire innbyggjarar og fleire eldre. I 2016 er det påreknna auka demografikostnader på 1,7 milliardar kroner på primærkommunane.

Pensjonskostnadene for 2016 er grovt rekna til 900 millionar kronar totalt for kommunesektoren, kor 800 millionar kroner av dette kan bli i primærkommunane. Det er grunn til å understreke at dette er grove anslag. Veksten i dei frie inntektene kan mellom anna gå til å dekke auka pensjonskostnader.

Av veksten i frie inntekter er det att om lag 1,7 milliardar kroner etter at berekna kostnader knytt til demografi og pensjon er trekt frå. Kommunane kan velje å bruke inntektsveksten på regjeringa sine satsingar:

- Regjeringa grunnvir 400 millionar kroner av veksten i dei frie inntektene med at kommunane kan ha rom til å styrke rusomsorga. Dei 400 millionar kronene vil bli fordelt gjennom sosialhjelpsnøkkelen.
- Av veksten i dei frie inntektene er 200 millionar kroner grunnvitt med at kommunane kan ytterlegare styrke helsestasjons-, herunder jordmorstenestene, og skulehelsetenesta. Midlane blir føreslått særskilt fordelt til kommunane basert på innbyggartalet i alderen 0 til 19 år, med eit minstenivå på 100 000 kroner per kommune.
- I framlegget til statsbudsjett er 400 millionar kroner av veksten i dei frie inntektene grunnvitt med at kommunane kan velje å ha eit meir fleksibelt barnehageopptak enn det regelverket legg opp til. Dei 400 millionar kronene blir fordelt etter barnehagenøkkelen.
- Fylkeskommunane kan velje å nytte 200 millionar kronene av veksten i dei frie inntektene til fornying og opprusting av fylkesvegane.



På grunn av uro i den internasjonale økonomien, vil regjeringa følgje nøye med på den økonomiske utviklinga. Om situasjonen tilseier det, vil regjeringa gjere ei ny vurderinga av kommuneøkonomien og skatteinngangen i samband med RNB for 2016.

### Kommunal deflator

Den kommunale deflatoren er ein indeks for berekning av realvekst i kommunesektoren sine inntekter. Indeksen er bygd opp av lønsvekst og prisvekst på kjøp av varer og tenester. I kommuneopplegget i statsbudsjettet er det i hovudsak reelle endringar kommunesektoren sine inntekter det blir sett på. Det inneberer at kommunesektoren sine inntekter blir prisjustert før realveksten blir lagt til.

Som nemnt tidlegare er ikkje den kommunale deflatoren for 2015 justert i høve til RNB 2015. For 2016 er det føresett en lønsvekst på 2,7 prosent. Lønsveksten teller knapt to tredjedelar av den samla deflatoren. Samla deflator er satt til 2,7 prosent.

	<b>Prosent</b>	<b>Vekt</b>
Løn	2,70 %	0,65
Andre driftsutgifter	2,70 %	0,35
Sum	2,70 %	1

### Skattøren

Dei frie inntektene er skatteinntekter og rammetilskot. Skatt på alminneleg inntekt og formue frå personlege skattyttarar blir delt mellom staten, fylkeskommunar og kommunar. Fordelinga blir bestemt gjennom fastsette maksimalsatsar på skattørene for kommunar og fylkeskommunar.

I kommuneproposisjonen for 2016 vart det signalisert at skattøra for 2016 skal bli innretta etter eit mål om at skatteinntektene for kommunesektoren skal utgjere 40 prosent av samla brutto inntekt. I RNB 2015 vart prognosen for skatteinntektene i år redusert, og samstundes med at rammeoverføringa auka med 1,2 milliardar kroner. Skatteandelen i 2015 blir sannsynlegvis redusert til 39 prosent av samla inntekter. Isolert sett vil dette kunne føre til auke i dei kommunale skattøra i 2016.

Til grunn for anslaget for skatteinntektene i kommunesektoren neste år ligger ein sysselsettingsvekst på 0,5 prosent og 2,7 prosent lønsvekst frå i år.

Med bakgrunn i dette blir den kommunale skattøren for 2016 foreslått oppjustert med 0,45 prosent for primærkommunane, og 0,05 prosent for fylkeskommunane. Skattøren for kommunane vil etter det forslaget utgjere 11,8 prosent av alminneleg personskatt, medan fylkeskommunane sin del vil vere 2,65 prosent.

### Inntektssystemet

Regjeringa har tidlegare varsla ein total gjennomgang av inntektssystemet som får konsekvens frå og med 2017. I gjennomgangen blir det sett på skatteandelen og i høve til rammetilskottet,

justering og oppdatering av delkostnadsnøkler og ikkje minst basistilskotet og dei distriktpolitiske tilskota. Departementet tek sikte på å ha høyringsnotatet klart før jul.

Det blir gjort ein skilde mindre endringar i inntektssystemet i 2016:

- Veksttilskotet blir styrka frå 393,4 millionar kroner i 2015 til 440,6 millionar kroner i 2016. Terskelen for å få tilskot blir redusert frå ei folketalsvekst på over 1,6 prosent til 1,5 prosent, rekna ut frå gjennomsnittet dei tre siste åra. Tilskotet blir prisjustert, og går frå 55.000 kroner per innbyggjar utover vekstgrensa, til 56.485 kroner. I landet er det 64 kommunar får veksttilskot i 2016. I Møre og Romsdal er det kommunane Ulstein, Skodje, Sula, Giske og Aukra som får veksttilskot.
- Småkommunetilskotet blir heldt nominelt på same nivå som i 2015, det vil seie at det ikkje blir justert i høve til deflatoren.

### **Oppgåveendringar**

I hovudsak er det eit skilje mellom overføringar til kommunane som er frie og overføringar som er knytt til endringar i oppgåver som kommunane må utføre. Overføringane som er knytt til oppgåveendringar er ikkje tatt med i veksten i dei frie inntektene.

### Helse og omsorg

- Det er foreslått ei tilsegnssamme på 4,1 milliardar kroner til 2500 heildøgns omsorgsplassar i sjukeheim og omsorgsbustadar i 2016.
- Regjeringa vil fremme forslag til endring av helse- og omsorgslova slik at kommunane frå 1. januar 2020 får plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens. Det kan skje ved utbygging av tilbodet fram mot 2020. HOD får 71,3 millionar kroner øyremerka for å legge til rette for 1.200 nye plassar.
- I primærhelsetenestemeldinga vart det varsla lovkrav om kommunal psykologkompetanse frå 2020. Som eit ledd i opptrappinga, blir det foreslått å leggje om det eksisterande rekrutteringstilskotet til eit flatt årleg tilskot på 300.000 kroner per psykologårsverk som blir rekruttert frå 2016. Det er løyvd 145 millionar kroner for inntil 150 nye psykologårsverk i 2016.
- Frå 1. januar 2016 har kommunane plikt til å syte for augeblikkeleg døgnopphald for pasientar med somatiske sjukdommar. Dei 1,2066 milliardar kronene blir innlemma i rammetilskotet til kommunane.
- Innslagspunktet for ressurskrevjande tenester blir justert i høve til deflatoren, og i tillegg blir innslagspunktet auka med 10.000 kroner. Kompensasjonsgraden blir heldt

uendra på 80 prosent utover innslagspunktet. Løyvinga til dette føremålet er venta å auke med 1,2 milliardar kroner frå 2015 til 2016.

### Barnehagar

- Løyvinga over Kunnskapsdepartementet sitt budsjett knytt til auka kompetanse og kvalitet blir auka med 160 millionar kroner i 2016. Midlane skal mellom anna gå til arbeidsplassbasert barnehagelærerutdanning og til lokale tiltak for å styrke det pedagogiske arbeidet i barnehagen.
- Frå 2016 får ikkje-kommunale barnehagar den same finansieringa som kommunale barnehagar, det vil seie 100 prosent av tilskotet til tilsvarende kommunale barnehagar. Kommunane får ein kompensasjon over rammetilskotet på 180 millionar kroner.
- Det blir gjort endringar i forskrifta om finansiering av ikkje-kommunale barnehagar for å gi betre samsvar mellom reelle utgifter og tilskotet frå kommunen. Endringane er først og fremst knytt til pensjons- og kapitalutgifter. Dette gir isolert sett ei innsparing på 338 millionar kroner som blir trekt ut frå rammetilskotet.

### Skule

- Kommunane får auka rammetilskotet med 77,6 millionar kroner for å auke timetalet i naturfag med éin veketime på 5. til 7. trinn frå hausten 2016.
- Kompetansesatsinga i skulen held fram på same nivå, og i 2016 vil over 5.000 lærarar få tilbod om vidareutdanning.
- Lærlingtilskotet til lærebedrifter blir foreslått auka med ytterlegare 2.500 kroner per kontrakt i 2016, og fylkeskommunane får kompensert dette med 50 millionar kroner.
- I 2009 vart det signalisert ei investeringsramme for skule og svømmeanlegg på 15 milliardar kroner over åtte år. I 2016 blir dei siste 1,5 milliardane fasa inn i budsjettet.

### Forsøk med ny oppgåve- og ansvarsdeling i barnevernet

Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet vil i 2016 iverksette forsøk med ny oppgåve- og ansvarsdeling mellom kommunalt og statleg barnevern. Forsøkskommunane vil bli kompensert for auka oppgåve- og finansieringsansvar gjennom auka rammetilskot på 247,6 millionar kroner, etter særskilt fordeling (i tabell C, Grønt hefte).

Overføring av skatteoppkrevjarfunksjonen til staten

Regjeringa foreslår i Prop. 1 LS (2015-2016) å overføre skatteoppkrevjarfunksjonen frå kommunane til Skatteetaten med verknad frå 1. juli 2016. Oppgåveoverføringa er anslått å gi ei innsparing for kommunane på 630 millionar kroner i 2016, og rammetilskotet til kommunane blir foreslått redusert tilsvarande.

### **Flyktningar og integrering**

Det har vore ei kraftig auke i talet på asylsøkjjarar til Europa, og Noreg. Regjeringa har difor lagt fram forslag om tilleggsøyver i 2015 som følgje av dette:

- Politiet får 50 millionar kroner for å auke kapasiteten knytt til registrering av nye asylsøkjjarar til Noreg.
- UDI blir styrka med 5 millionar kroner.
- Verjemålsordninga blir styrka med 3 millionar kroner.
- Løyva til einslege mindreårige asylsøkjjarar i omsorgssentre blir auka med 65 millionar kroner.
- Tilskot til utleigebustadar blir auka med 50 millionar kroner.
- Regionale ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmondsførebygging (RVTS) blir styrka med 5 millionar kroner.

I budsjettet for 2016 er det foreslått å;

- styrke integreringstilskotet med 50 millionar kroner til eit ekstratilskot til kommunar ved busetting av flyktningar. Kriteriet for å få tilskot er at kommunen i 2016 busett fleire enn dei ble oppmoda om i 2015. Tilskotet blir utbetalt med 50.000 kroner for kvar person kommunen busett utover dette i 2016.
- styrke det særskilte tilskotet for busetting av einslege, mindreårige flyktningar med 25 millionar kroner. Særskilt tilskot blir utbetalt til kommunane når einslege, mindreårige flyktningar blir busett. Satsen blir foreslått auka frå 191.300 kroner i 2015 til 207.000 kroner i 2016.

Regjeringa varslar at den vil leggje fram ein tilleggsproposisjon for statsbudsjettet 2016 om denne situasjonen i løpet av hausten.

### **Kommunereforma**

Det er brei semje på Stortinget om behovet for ei kommunereform. Dei nyvalte kommunestyra har frist til 1. juli 2016 med å gjere vedtak. Fylkesmannen skal oppsummere og gi tilråding om kommunestrukturen hausten 2016. Regjeringa fremjar proposisjon om ny kommunestruktur våren 2017. Ein samla lovproposisjon om nye oppgåver til større kommunar blir lagt fram for Stortinget våren 2017. Regjeringa har óg sett i gang eit arbeid

med ein generell gjennomgang av den statlege styringa av kommunane. Arbeidet tek sikte på å redusere den statlege detaljstyringa. Resultatet av gjennomgangen vil bli presentert for Stortinget våren 2017.

## 2.4 FRIE INNTEKTER

Det overordna formålet med inntektssystemet er å gjere det mogleg for kommunane å gi eit likeverdig tenestetilbod til innbyggjarane sine. For å oppnå dette målet vert det ved fordelinga av rammetilskotet teke omsyn til strukturelle ulikskapar i kommunane og fylkeskommunane (utgiftsutjamning) og ulikskapar i skatteinntektene (inntektsutjamning). Rammetilskotet utgjer saman med skatteinntektene dei frie inntektene som kommunane fritt disponerer innanfor gjeldande lover og forskrifter. Det vert også gitt eit skjønstilskot for å korrigere for forhold som ikkje blir ivaretekne godt nok i fordelingssystemet elles. Inntektssystemet inneheld i tillegg verkemiddel som utelukkande er grunnjevne med regionalpolitiske målsetjingar.

Tabellen under viser kor mykje Volda kommune kan vente å få i frie inntekter i 2015-2019.

	<b>Prognose 2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Innbyggjartilskott	200 276 000	203 290 000	202 607 000	202 518 000	202 429 000
Utgiftsutjamning	17 365 000	11 293 000	11 275 000	11 273 000	11 271 000
Overgangsordning INGAR	<b>-566 000</b>	3 562 000			
Saker særskilt fordeling	775 000	1 281 000	1 281 000	1 281 000	1 281 000
Inntektsutjamning	23 284 000	25 072 000	25 072 000	25 072 000	25 072 000
<b>Sum rammetilskott</b>	<b>241 134 000</b>	<b>244 498 000</b>	<b>240 235 000</b>	<b>240 144 000</b>	<b>240 053 000</b>
Skatteinntekter	197 902 000	212 524 000	212 524 000	212 524 000	212 524 000
<b>Sum frie inntekter</b>	<b>439 036 000</b>	<b>457 022 000</b>	<b>452 759 000</b>	<b>452 668 000</b>	<b>452 577 000</b>

Under følgjer nærmare omtale av dei mest sentrale elementa:

### *Brutto innbyggjartilskot*

I utgangspunktet vert innbyggjartilskotet fordelt med likt beløp pr innbyggjar for alle kommunane. Innbyggjartilskotet var kr 22.668 per innbyggjar i budsjettframlegg for 2016, og utgjorde kr. 203.290.000 for Volda kommune. Dette talet er endeleg fordi det er innbyggjartalet per 01.07.2015 som er grunnlaget for innbyggjartilskotet.

Det samla innbyggjartilskottet vert fordelt mellom kommunane ved at det vert teke omsyn til utgiftsutjamning, inntektsutjamning, samt ein del andre forhold.

### *Skjønstilskot*

Skjønstilskotet skal kompensere for forhold som ikkje vert fanga opp av kostnadsnøkkelen.

## 2015

I 2015 har vi ikkje fått tildelt noko ved den opphavlege tildelinga, men fekk kr 650.000 ved sluttfordelinga i haust:

- Kommunereforma (kr 150.000)
- Ressurskrevjande tenester (kr 300.000)
- MRSA smitte (kr 200.000)

## 2016

I 2016 har vi ikkje fått tildelt noko ved den opphavlege tildelinga.

### *Inntektsutjamning*

Utjamning av skatteinntekter skjer løpande gjennom året. Dette medfører at kommunane 7 gonger i året får utjamna skatteinntekter sine. Systemet fungerer slik:

- Kommunane får kompensert 60 % av differansen mellom eige skattenivå og skattenivået på landsbasis.
- Kommunar med skatteinntekter over landsgjennomsnittet blir trekt 60% av differansen mellom eige skattenivå og landsgjennomsnittet.
- Kommunar som har skatteinntekter under 90% av landsgjennomsnittet, får i tillegg kompensert 35% av differansen mellom eigne skatteinntekter og 90% av landsgjennomsnittet.

Ordninga blir finansiert ved at alle kommunar får eit trekk tilsvarande det tilleggskompensasjonen kostar.

I budsjettframlegget til regjeringa er skatteinntektene kr 27.765 per innbyggjar på landsbasis. Tilsvarande tal for Volda kommune er kr 23.444 per innbyggjar (84,4% av landsgjennomsnittet), og gir ein kompensasjon på ca kr 23.500.000 (jamfør første kulepunktet ovanfor).

Volda kommune får også tilleggskompensasjon (sjå tredje kulepunktet ovanfor) fordi vi har skatteinntekter som er under 90 % av landsgjennomsnittet. Tilleggskompensasjonen utgjer ca kr. 4.900.000.

Alle kommunar blir trekt kr. 367 per innbyggjar for å finansiere tilleggskompensasjonen. Vi får dermed eit trekk på ca kr 3.327.000 for Volda kommune.

Netto inntektsutjamning etter dette blir kr 25.072.000.



Det er viktig å presisere at dette er ei prognose. Dei endelege skattetal for 2016 (og dermed inntektsutjamninga) er ikkje klare før februar 2017.

### *Utgiftsutjamning*

I tenesteytinga er det til dels store kostnadsskilnader mellom kommunane. Gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet skal kommunane i prinsippet få full kompensasjon for dei kostnadsskilnadane som dei sjølve ikkje kan påverke. Det gjeld til dømes aldersfordelinga, og strukturelle og sosiale tilhøve i kommunen. Denne kompensasjonen skjer i praksis gjennom kostnadsnøkkelen, som består av ulike kriterium med vektorer. Gjennom kostnadsnøkkelen, og eit oppdatert sett med kriteriedata, blir utgiftsbehovet for kvar kommune berekna, og deretter blir tilskotet fordelt til kommunane etter deira varierende utgiftsbehov. Utgiftsutjamninga er ei rein omfordeling – det som blir trekt inn frå nokre kommunar blir delt ut att til andre kommunar.

Utgiftsbehovet blir endra når nye sektorar eller tilskot blir inkludert i utgiftsutjamninga, t.d. når øyremerka tilskot blir innlemma i inntektssystemet, når oppgåver blir overført mellom forvaltningsnivå, eller når særskilte fordelingar går over til å bli fordelt etter kostnadsnøkkelen.

### Indeks for berekna utgiftsbehov for kvar kommune

Kostnadsnøkklane blir brukte saman med kriteriedata til å lage indeksar for berekna utgiftsbehov for kvar kommune. Det er desse indeksane departementet tek utgangspunkt i når utgiftsutjamninga for kvar kommune skal reknast ut. Indeksane for alle kommunane kjem frå.

I indeksen for berekna utgiftsbehov er landsgjennomsnittet 1,00. Kommunar med ein indeks som er større enn 1,00 har eit utgiftsbehov per innbyggjar som er større enn landsgjennomsnittet, mens kommunar med ein indeks som er mindre enn 1,00 har eit utgiftsbehov som er mindre enn landsgjennomsnittet. For eksempel har ein kommune med indeks 0,99 eit berekna utgiftsbehov som er ein pst. lågare enn landsgjennomsnittet, mens ein kommune med ein indeks på 1,07 eit berekna utgiftsbehov som er sju pst. høgare enn landsgjennomsnittet.

Utgiftsutjamninga skjer ved eit fråtrekk i innbyggjartilskotet for dei kommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er lågare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei meir lett drivne), eller ved eit tillegg i innbyggjartilskotet for dei kommunane som har eit berekna utgiftsbehov som er høgare enn landsgjennomsnittet (dvs. dei er meir tung drivne). Storleiken på fråtrekket eller tillegget er differansen mellom berekna utgiftsbehov per innbyggjar i kommunen og gjennomsnittleg utgiftsbehov per innbyggjar på landsbasis, summert for alle innbyggjarane i kommunen.

## Korreksjon for elevar i statlege og private skular

Kommunane har ansvaret for å gi innbyggjarar i alderen 6-15 år grunnskuleundervisning, men finansierer ikkje utdanninga til elevar som går i private eller statlege grunnskular. Kvart år blir samla rammetilskot til kommunane korrigert for endringa i talet på elevar i private og statlege skular på landsbasis ("trekkordninga"). Total inntektsramme til kommunane blir justert med 80 pst. av gjennomsnittskostnadane per ny elev i privat eller statleg grunnskule. Gjennom trekkordninga får kommunane samla redusert rammetilskotet ved ei auke i talet på elevar i statlege og private skular på landsbasis.

Ein kommune som er på landsgjennomsnittet har ein indeks på 1. Volda kommune har ein indeks på 1,0254 i 2016. Dette inneber at Volda kommune har høgare utgiftsbehov enn landsgjennomsnittet (2,54% over landsgjennomsnittet). Volda kommune blir etter dette vurdert som ein relativt tungdriven kommune, og får kr. 11.293.000 i utgiftsutjamning i 2016.

Tabellen under viser utviklinga i utgiftsutjamninga til Volda kommune frå 2015 til 2016.

	Vekt (2016)	Indeks (2016)	Trekk (2016)	Endring 2015-16	
				Indeks	Utgiftsutjevneende tilskudd/trekk
0-1 år	0,0055	0,7655	-556	-4,6 %	-118
2-5 år	0,1268	0,8833	-6 381	-7,5 %	-4 202
6-15 år	0,2880	1,0768	9 543	2,4 %	3 143
16-22 år	0,0210	1,2121	1 921	0,9 %	121
23-66 år	0,0938	0,9429	-2 310	0,2 %	35
67-79 år	0,0453	1,0599	1 171	-0,1 %	35
80-89 år	0,0693	1,1639	4 901	-1,7 %	-267
over 90 år	0,0464	1,5136	10 279	5,9 %	1 589
Basistillegg	0,0226	1,3520	3 432	0,8 %	146
Sone	0,0132	1,6539	3 723	-1,0 %	82
Nabo	0,0132	1,4713	2 683	-0,5 %	74
Landbrukskriterium	0,0029	1,3777	472	2,0 %	27
Innvandrere 6-15 år ekskl Skandinavia	0,0083	0,8248	-627	1,6 %	40
Norskfødte med innv foreld 6-15 år ekskl Skand	0,0009	0,2146	-305	4,4 %	5
Flyktninger uten integreringstilskudd	0,0047	0,4544	-1 106	5,1 %	33
Dødlighet	0,0460	0,8497	-2 982	-0,5 %	-225
Barn 0-15 år med enslige forsørgere	0,0115	0,7148	-1 415	-6,7 %	-365
Lavinntekt	0,0062	0,7928	-554	0,0 %	-19
Uføre 18-49 år	0,0046	0,7328	-530	-1,4 %	-57
Opphopningsindeks	0,0139	0,3136	-4 115	-2,0 %	-377
Urbanitetskriterium	0,0177	0,7187	-2 148	0,0 %	-128
PU over 16 år	0,0461	0,9040	-1 909	-11,4 %	-2 254
Ikke-gifte 67 år og over	0,0437	1,0096	182	0,6 %	114
Barn 1 år uten kontantstøtte	0,0296	0,6986	-3 848	-29,6 %	-3 782
Innbyggere med høgere utdanning	0,0188	1,1750	1 419	-0,1 %	64
<b>Kostnadsindeks</b>	<b>1,0000</b>	<b>1,0254</b>	<b>10 940</b>	<b>-1,6 %</b>	<b>-6 286</b>

Forklaringa til tabellen ovanfor:

- Første kolonne viser dei ulike kriteria i kostnadsnøkkelen.
- Andre kolonne viser vektinga til kostnadsnøklane. Vi ser blant anna at innbyggjarar 6-15 har størst vekt. Summen av alle kriteria er 1.
- Tredje kolonne viser indeksen til dei ulike kriteria for Volda kommune. Dersom indeksen er mindre enn 1, så inneber det at vi er å rekne som dyrare enn landsgjennomsnittet på dette området. Dersom indeksen er større enn 1, så inneber det at vi er å rekne som billigare enn landsgjennomsnittet på dette området.
- Fjerde kolonne viser trekket/kompensasjonen for dei ulike kriteria. Alle tal er i heile tusen. Tal med minus forteikn indikerer at vi er trekt. Vi ser til dømes at vi er trekt kr. 6.381.000 i gruppa 2- 5 år. Inntektssystemet seier med andre ord Volda kommune kan drifte kommunale tenester (hovudsakleg barnehage) kr 6.380.000 billigare enn landsgjennomsnittet.
- Femte kolonne viser korleis indeksen prosentvis har utvikla seg frå 2015 til 2016.
- Sjette og siste kolonne viser korleis trekket/kompensasjonen har utvikla seg frå 2015 til 2016. Kriteriet 2-5 år kan også vere eit døme her. Trekket på kr 6.380.000 er kr 4.202.000 større enn trekket vi fekk i 2015 for denne aldersgruppa

Tabellen under viser delkostnadsnøklene fordelt etter tenesteområde:

	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Barnehage	1,0624	0,9885	0,9942	0,9804	0,9897	0,8834
Administrasjon	1,0492	1,0499	1,0511	1,0517	1,0514	1,0530
Grunnskole	1,1075	1,1083	1,0930	1,0661	1,0749	1,0966
Pleie og omsorg	1,1369	1,1370	1,1187	1,1119	1,1042	1,0930
Helse	1,0913	1,0921	1,0888	1,0836	1,0769	1,0759
Barnevern	0,8823	0,8859	0,8828	0,8849	0,9107	0,8850
Sosialhjelp	0,6108	0,6123	0,6097	0,6086	0,6291	0,6276
Samhandling		1,0679	1,0611	1,0622	1,0586	
<b>Kostnadsindeks</b>	<b>1,0752</b>	<b>1,0636</b>	<b>1,0502</b>	<b>1,0380</b>	<b>1,0415</b>	<b>1,0254</b>

Neste tabell viser økonomiske utslag (alle tal er i heile tusen kroner). Vi såg av tabellen over at barnehage er billigare å drive enn landsgjennomsnittet (88,34% av landsgjennomsnittet). Tabellen under viser at vi av den grunn er trekt kr 8.261.000. Dette er ei veldig stor auke i høve til 2015 da trekket var kr 696.000 Volda kommune har motsett situasjon på pleie og omsorg. Her er vi dyrare å drive enn landsgjennomsnittet ( 1,0930% av landsgjennomsnittet), og vert tilført kr. 13.295.000. Volda kommune vert i 2016 netto tilført kr 11.293.000 gjennom utgiftsutjamninga.

Utslag frå delkostnadsnøkklene	Tillegg/trekk (omfordeling) for kommunen i 1000 kr					
	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Barnehage	3 471	-682	-372	-1 318	-696	-8 261
Administrasjon	1 675	1 765	1 904	1 988	2 065	2 133
Grunnskole	10 946	11 510	10 454	7 695	9 028	12 007
Pleie og omsorg	15 573	16 178	14 775	14 364	14 166	13 255
Helse	1 317	1 379	1 441	1 398	1 357	1 379
Barnevern	-1 308	-1 314	-1 424	-1 478	-1 202	-1 595
Sosialhjelp	-5 738	-5 934	-7 444	-7 700	-7 460	-7 974
Samhandling		667	632	663		
<b>Kostnadsindeks</b>	<b>25 975</b>	<b>23 562</b>	<b>19 883</b>	<b>15 590</b>	<b>17 227</b>	<b>10 940</b>
Netto virkning. statl/priv. Skoler	426	285	805	1 254	138	352
<b>Sum utgiftsutjevn m.m.</b>	<b>26 401</b>	<b>23 847</b>	<b>20 688</b>	<b>16 844</b>	<b>17 365</b>	<b>11 293</b>

Vi ser av tabellen ovanfor at Volda kommune har ei utvikling der utgiftsutjamninga er redusert frå 26,4 mill kr i 2011 til 11,3 mill kr i 2016. Utviklinga er enno meir dramatisk når vi tek omsyn til at vi opererer med nominelle beløp. Til samanlikning har vår nabokommune Ørsta ei motsett utvikling (frå 15 mill kr i 2011 til 26 mill kr i 2016).

Det er ei veldig stor utfordring å tilpasse tenesteproduksjonen til ein slik vesentleg reduksjon i inntektene ( på så kort tid).

Årsaka til reduksjonen i utgiftsutjamninga i perioden 2011–2016 heng i hovudsak saman med befolkningsutviklinga i kommunen, særleg når det gjeld utviklinga innan ulike aldersgrupper. Ei nærare forklaring følgjer under:

#### Årsaker til endringar i utgiftsutjamninga

Rådmannen kontakta i fjor haust KRD med spørsmål om kva som er forklaringa på den store nedgangen i utgiftsutjamnande tilskot i perioden 2011-2015. Her er svaret frå departementet:

*”Utgiftsutjamninga er ei rein omfordelingsordning mellom kommunane: det som blir gitt i tillegg i innbyggjartilskotet til kommunar med eit høgt berekna utgiftsbehov, blir trekt inn att frå kommunar med eit lågt berekna utgiftsbehov. Dermed summerer utjamninga seg til null på landsbasis. Det betyr at endringane i utgiftsutjamninga for Volda kommune både kan skuldast strukturelle og demografiske endringar i Volda og endringar på landsbasis.*

*I 2011 hadde Volda kommune ein verdi på 1,075 på indeksen for berekna utgiftsbehov. Det betyr at Volda hadde eit berekna utgiftsbehov per innbyggjar som var 7,5 prosent høgare enn landsgjennomsnittet. I 2014 var talet redusert til 1,038; kommunen hadde altså eit berekna utgiftsbehov som var 3,8 prosent høgare enn snittet.*

Det er fleire forhold som forklarar kvifor kommunen har hatt ein relativ nedgang i det berekna utgiftsbehovet, samanlikna med gjennomsnittskommunen. Det er særleg endringar i følgjande kriterium som verka inn på utviklinga:

- **Barn utan kontantstøtte:** I 2011 hadde Volda eit berekna utgiftsbehov knytt til barn utan kontantstøtte på 15 prosent over landsgjennomsnittet, mens kommunen i 2014 hadde eit berekna utgiftsbehov på 15 prosent under landsgjennomsnittet. Det heng – saman med ein relativ sterk nedgang i talet på barn i 1–2-årsalderen i Volda samanlikna med landet elles. Talet på 1-åringar i Volda kommune sank med om lag 18 prosent frå 2011 til 2014, mot ein nedgang på om lag 2 prosent i landet totalt. Tilsvarande var det ein nedgang i talet på 2-åringar i Volda på ca. 22,5 prosent, mot ein auke på ca. 0,5 prosent på landsbasis. Det har ført til at tilgangen på barn som potensielt kan inngå i kriteriet har gått sterkt ned i Volda samanlikna med landet elles.
- **Innbyggjarar 6–15 år:** Volda har hatt ein sterkare nedgang i talet på innbyggjarar i denne aldersgruppa enn landet og fylket elles. Talet på 6–15-åringar i Volda gjekk ned med 4,7 prosent i perioden (frå 1 163 til 1 108), mot ein nedgang på 0,2 prosent i heile landet og 1,5 prosent i Møre og Romsdal totalt. Dette kriteriet har ei høg vekt i kostnadsnøkkelen, så nedgangen her har ein stor innverknad på totalt berekna utgiftsbehov for kommunen.
- **Innbyggjarar 80–89 år:** Volda har òg hatt ein sterkare nedgang i talet på innbyggjarar i denne aldersgruppa enn landet og fylket elles. Nedgangen i Volda var på 9,6 prosent, mot ein nedgang på 2,3 prosent på landsbasis og 1,4 prosent i Møre og Romsdal samla. Dette kriteriet har òg ei relativt høg vekt i kostnadsnøkkelen (men ikkje like høg som kriteriet innbyggjarar 6–15 år), så nedgangen her har ein relativt sterk effekt på totalt berekna utgiftsbehov for kommunen.
- **Ikkje-gifte 67 år og over:** Volda har hatt ein reduksjon i talet ikkje-gifte i denne aldersgruppa på 5,9 prosent i perioden 2011–2014. På landsbasis var det ein auke på 3,8 prosent, og i Møre og Romsdal auka talet med 1,8 prosent.
- **Psykisk utviklingshemma 16 år og over:** Talet på personar i denne gruppa har blitt redusert frå 33 til 32 frå 2011 til 2014, altså ein reduksjon på 3 prosent. På landsbasis har talet auka med 5,6 prosent i same periode, frå 16 637 til 17 561. Talet for Møre og Romsdal samla var så å seie uendra i perioden.
- **Reiseavstand innan sone (snitt siste tre år):** Volda har hatt ein reduksjon på 12,8 prosent på dette kriteriet frå 2011 til 2014 (frå 70 113 km i 2011 til 61 125 km i 2014). På landsbasis var det derimot ein auke på 1,8 prosent, og i Møre og Romsdal totalt var det ein auke på 2,3 prosent.

Dette kriteriet er eitt av to kriterium som måler variasjon i busettingsmønsteret mellom kommunar. Kriteriet blir rekna ut ved at kommunen blir delt inn i sonar, der ein sone er eit geografisk samanhengande område av grunnkrinsar med til saman om lag 2000 innbyggjarar. Senteret i sonen er definert som krinsen med det høgste innbyggjartalet. Reiseavstanden blir berekna for alle innbyggjarane i sonen til

sonesenteret, summert for alle innbyggjarane i sonen. Kriteriet blir berekna av Statistisk sentralbyrå.

Endringar i sonekriteriet frå eitt år til eit anna kan skuldast fleire forhold: (1) det kan ha skjedd endringar i vegnettet som reduserer reiseavstanden; (2) endringar i busettingsmønsteret kan føre til endringar i soneinndelinga, noko som igjen kan føre til endringar i gjennomsnittleg reiseavstand til sonesenteret; (3) endringar i busettingsmønsteret kan føre til endringar i kva grunnkrins som blir rekna som sonesenter, noko som òg vil gi endring i gjennomsnittleg reiseavstand til sonesenteret; og (4) endringar i folketalet (men endringar i folketalet utan endringar i soneinndelinga vil sjeldan gi store utslag). For Volda sin del førte til dømes endringar i busettingsmønsteret til eit nytt sonesenter frå 2011 til 2012, noko som reduserte reiseavstanden til sonesenteret i den aktuelle sonen.

For at verdien ikkje skal svinge for mykje frå år til år, bruker departementet eit gjennomsnitt av sonekriteriet for dei siste tre åra i inntektssystemet.

- Volda skil seg relativt sterkt frå utviklinga på landsbasis når det gjeld to andre kriterium òg: **innbyggjarar 0–1 år** (0–2 år i 2011 og 2012) og talet på **uføre 18–49 år**. Men desse kriteria har såpass låg vekt i kostnadsnøkkelen at det har mindre å seie for totalt berekna utgiftsbehov i kommunen.

### **Kompensasjon for desentralisert busettingsmønster**

Spreidd busetting blir fanga opp av to kriterium i inntektssystemet: nabokriteriet (som måler avstandar mellom grunnkrinsar i kommunane) og sonekriteriet (som måler avstandar innan ein sone, der kommunane er delte i inn i sonar med om lag 2 000 innbyggjarar). Desse kriteria inngår i delkostnadsnøklane for grunnskule, pleie og omsorg, og helsetenesta.

Volda kommune har eit berekna utgiftsbehov over landsgjennomsnittet for både sone- og nabokriteriet. I 2014 var berekna utgiftsbehov 76 prosent over snittet for sonekriteriet, og 51 prosent over snittet for nabokriteriet. Kommunen blir kompensert for meirkostnadar knytt til busettingsmønsteret gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet.

Samtidig er det verdt å hugse på at sjølv om Volda er ein tungdriven kommune når det gjeld busettingsmønsteret, er det andre kriterium som trekkjer i motsett retning. Eksempel på slike kriterium er opphopingsindeksen (sett saman av kriteria skilte og separerte, arbeidsledige, personar med låg inntekt), dødelegheitskriteriet, innbyggjarar 23–66 år, urbanitetskriteriet og barn utan kontantstøtte. Dette er døme på kriterium med relativ høg vekt i kostnadsnøkkelen der Volda har eit berekna utgiftsbehov under landsgjennomsnittet.

Volda blir framleis rekna for å ha eit høgare utgiftsbehov enn gjennomsnittskommunen, og blir kompensert for det gjennom utgiftsutjamninga i inntektssystemet. Men den demografiske utviklinga i kommunen dei siste åra, saman med fleire forhold som gjer kommunen meir lett driven enn andre, kan til saman forklare kvifor skilnaden mellom Volda og gjennomsnittet ikkje er større enn han er i dag.”



## **Kommentarar til endringar frå 2015 til 2016:**

Situasjonen har dramatisk forverra seg frå 2015 til 2016. I 2016 er tilskotet redusert med ytterlegare (netto) 6,3 mill. kr. Det er spesielt 3 forhold som forklarar den negative utviklinga:

- For barn 1 år utan kontantstøtte er trekket auka med kr 3.782.000 i høve til 2015.
- Utviklinga i aldersgruppa 2-5 år fører til eit auka trekk på kr 4.202.000.
- Vi får eit auka trekk på kr 2.254.000 på grunn av reduksjon i talet på PU-klientar.

Det er også kriterium som har positiv utvikling. For aldersgruppa 6-15 år, så får vi auka tilskotet med kr. 3.143.000. Men samla sett er det som sagt ei svært negativ utvikling, med ein reduksjon på ca 6,3 mill. kr.

Talet på PU-klientar er knytt til dei som det er vedtak om tenester på, og vert registrert på ein bestemt dato. Problemet er at ein kan ha nye klientar i perioden etter at registreringa er gjort. For Volda kommune er det slik at vi har fått fleire klientar med vedtak etter registreringa. Da vert effekten at utgiftsutjamninga baserer seg på trekk for færre klientar, medan kommunen i realiteten har auka utgifter med fleire klientar med vedtak.

## **Inntektsgarantiordninga (INGAR)**

Føremålet med inntektsgarantiordninga er å gi kommunane ei meir heilskapleg skjerming mot brå nedgang i rammetilskotet, og dermed gjere inntektssystemet meir fleksibelt og føreseieleg. Ordninga sikrar at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn 300 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansiering av sjølve ordninga.

Inntektsgarantiordninga tek utgangspunkt i endringa i totalt rammetilskot på nasjonalt nivå, målt i kroner per innbyggjar. I berekninga blir talet på innbyggjarar per 1. juli 2015 brukt. Endringar som blir omfatta av inntektsgarantiordninga er systemendringar, innlemming av øyremerkte tilskot, endringar i regionalpolitiske tilskot, endringar i folketal og samansetning, samt endringar i kriteriedata. Endring i skjønstilskot, saker med særskild fordeling og veksttilskot inngår ikkje i ordninga. Endringar i skatteinntektene eller skatteutjamninga blir heller ikkje omfatta av inntektsgarantiordninga.

Inntektsgarantiordninga for 2016 blir rekna ut med utgangspunkt i rammetilskotet til kommunane i revidert nasjonalbudsjett for 2015. Rammetilskotet blir korrigert for skjønstilskot i 2015, saker med særskild fordeling i 2015, og inngåande/utgåande fordeling av tilskot som blir innlemma i/trekt ut av inntektssystemet i 2016. Rammetilskotet til kommunane i 2016 blir tilsvarande korrigert for skjønstilskot i 2016, saker med særskild fordeling i 2016 og veksttilskotet i 2016. Deretter blir korrigert vekst frå 2015 til 2016 rekna ut, på landsbasis og for kvar kommune. Frå 2015 til 2016 var korrigert vekst på landsbasis

202 kroner per innbyggjar. Dersom ein kommune har ein korrigert vekst i rammetilskotet som er lågare enn -98 kroner per innbyggjar, får kommunen eit tillegg gjennom inntektsgarantiordninga tilsvarande differansen mellom eigen vekst i rammetilskotet, og ein vekst på -98 kroner per innbyggjar.

Ordninga blir finansiert gjennom eit likt trekk per innbyggjar for alle kommunar. Trekket er 57 kroner per innbyggjar i 2016.

I 2015 fekk Volda kommune eit netto trekk på kr 566.000 i trekk (Volda kommune sin andel av å finansiere ordninga).

I 2016 vert Volda kommune netto tilført kr. 3.562.000. Forklaringa til det er Volda kommune har en vekst i rammetilskotet som er lågare enn kr 98 pr innbyggjar. Forklaringa til den låge veksten er den store reduksjonen vi har i utgiftsutjamning.

Det er viktig å vere merksam på at kompensasjonen (netto) på kr 3.562.000 berre gjeld for 2016. Vi ser det ved at prognosen for dei frie inntektene vert redusert med over 4 mill kr for kvart år i perioden 2017-2019.

#### *Skatt på formue og inntekt*

Det er budsjettert med kr 202.524.000,- i skatt på inntekt og formue for kvart år i økonomiplanperioden.

## 2.5 GENERELLE STATSTILSKOTT

Under følgjer ei oversikt over dei generelle statstilskotta (prognose) 2016-2019.

<b>Generelle statstilskot</b>	<b>2015 (prognose)</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>	<b>2019</b>
Integreringstilskott	-24 879 000	-25 825 000	-25 279 000	-24 106 600	-23 502 000
Gr.97/investering i skulebygg	-1 464 869	-1 311 082	-1 176 832	-742 582	-708 332
Omsorg	-3 213 471	-3 144 829	-3 096 352	-3 047 885	-2 999 408
Kyrkjebygg	-72 000	-65 309	-60 247	-55 184	-50 118
<b>Sum</b>	<b>-29 629 340</b>	<b>-30 346 220</b>	<b>-29 612 431</b>	<b>-27 952 251</b>	<b>-27 259 858</b>

#### *Grunnskulereform 97/Investering i skulebygg*

- Det er ei statleg finansieringsordning vedkomande investeringane som blei gjort i samband med Grunnskulereform 97 (både rente- og avdragskompensasjon ). Dette er lagt inn med kr 500.000 i 2016.
- I 2001 blei det vedtatt ei ordning med rentekompensasjon for skulebygg, med ei total ramme på 15 milliardar over 8 år. Volda kommune investerte for 24,5 mill kr. Husbanken refunderer i høve til kva som er gjennomsnittleg p.t. rente. For eit par år

sidan kom det inn ei tilsvarende ordning med rentekompensasjon for investering i skulebygg og symjeanlegg. Volda kommune er tildelt rentekompensasjon for investeringar på 23,2 mill kr (Dalsfjord skule), og er med i kompensasjonsgrunnlaget frå og med 2014. Husbanken har estimert kompensasjonen til å utgjere kr. 811.082 i 2016.

### *Sjueheim/ omsorgsbustader*

Vi får både avdrag og rentekompensasjon ved bygging av sjukeheim og omsorgsbustader. Dette er berekna til å utgjere kr. 3.144.829 i 2016.

### *Integreringstilskott*

Integreringstilskottet er budsjettert slik i komande økonomiplanperiode:

			B 2016
Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	SUM
ÅR1 (2016)	234 000,00	13	<b>3 042 000,00</b>
ÅR1 (2016)	184 000,00	12	<b>2 208 000,00</b>
ÅR2 (2015)	220 000,00	49	<b>10 780 000,00</b>
ÅR3 (2014)	160 000,00	35	<b>5 600 000,00</b>
ÅR4 (2013)	83 400,00	25	<b>2 085 000,00</b>
ÅR5 (2012)	70 000,00	17	<b>1 190 000,00</b>
Familiesameinte 2016	184 000,00	5	<b>920 000,00</b>
Alternativ mottaksplassert			
<b>SUM</b>		<b>156</b>	<b>25 825 000,00</b>

			B 2017
Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	SUM
ÅR1 (2017)	234 000,00	13	<b>3 042 000,00</b>
ÅR1 (2017)	184 000,00	12	<b>2 208 000,00</b>
ÅR2 (2016)	220 000,00	30	<b>6 600 000,00</b>
ÅR3 (2015)	160 000,00	49	<b>7 840 000,00</b>
ÅR4 (2014)	83 400,00	35	<b>2 919 000,00</b>
ÅR5 (2013)	70 000,00	25	<b>1 750 000,00</b>
Familiesameinte 2017	184 000,00	5	<b>920 000,00</b>
Alternativ mottaksplassert			
<b>SUM</b>		<b>169</b>	<b>25 279 000,00</b>

			B 2018
Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	SUM
ÅR1 (2018)	234 000,00	13	3 042 000,00
ÅR1 (2018)	184 000,00	12	2 208 000,00
ÅR2 (2017)	220 000,00	30	6 600 000,00
ÅR3 (2016)	160 000,00	30	4 800 000,00
ÅR4 (2015)	83 400,00	49	4 086 600,00
ÅR5 (2014)	70 000,00	35	2 450 000,00
Familiesameinte 2018	184 000,00	5	920 000,00
Alternativ mottaksplassert			
<b>SUM</b>		<b>174</b>	<b>24 106 600,00</b>

			B 2019
Busetjingsår	Sats	Tal flyktningar	SUM
ÅR1 (2018)	234 000,00	13	3 042 000,00
ÅR1 (2018)	184 000,00	12	2 208 000,00
ÅR2 (2017)	220 000,00	30	6 600 000,00
ÅR3 (2016)	160 000,00	30	4 800 000,00
ÅR4 (2015)	83 400,00	30	2 502 000,00
ÅR5 (2014)	70 000,00	49	3 430 000,00
Familiesameinte 2018	184 000,00	5	920 000,00
Alternativ mottaksplassert			
<b>SUM</b>		<b>169</b>	<b>23 502 000,00</b>

## 2.6 KOSTRA (Volda kommune samanlikna med andre kommunar)

KOMMUNE – STAT –RAPPORTERING (KOSTRA) er et nasjonalt informasjonssystem for å få fram relevant styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen om kommunale tenester og bruken av ressursar på ulike tenesteområde blir registrert og stilt opp på ein måte som bør være relevant og interessant for avgjerdstakarar, både nasjonalt og lokalt.

Informasjonen skal tene til betre grunnlag for analyse, planlegging og styring, og såleis gi grunnlag for å vurdere om nasjonale mål blir nådd. KOSTRA tek sikte på forenkling av innrapportering frå kommunesektoren til staten med utgangspunkt i prinsippa om at data i størst mogleg grad skal vere nyttige for både kommunesektoren og staten, og at data berre skal registrerast ein gong med sikte på å bli brukt fleire gonger.

KOSTRA har som mål å bringe fram relevant, påliteleg, aktuell og samanliknbar styringsinformasjon om kommunal verksemd. Informasjonen skal gi grunnlag for betre statleg og kommunal styring og betre dialog mellom kommunane og innbyggjarane.

Forklaringar til tabellane under:

- Kolonnen heilt til venstre er tala for Volda kommune.
- Tala for Ørsta kommune er i neste kolonne
- Deretter kjem gjennomsnitt for eigen kommunegruppe. Statistisk sentralbyrå (SSB) plasserer kommunane i grupper. Volda kommune er med i gruppe 11
- Gjennomsnitt for kommunane i Møre og Romsdal kjem i neste kolonne.
- Gjennomsnitt for landet utanom Oslo er i kolonne nr 5.
- Gjennomsnitt for alle landets kommunar er i 6. og siste kolonne.

Vi skal sjå på finansielle nøkkeltal, prioritering og dekningsgrader. SSB publiserte dei reviderte tala for 2014, 26. juni 2015.

### Finansielle nøkkeltal

	Volda	Ørsta	Gr 11	MR fylke	Landet uten Oslo	Heile Landet
	2014	2014	2014	2014	2014	2014
<b>Finansielle nøkkeltal</b>						
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	2,6	2,1	0,6	0,2	0,4	0,3
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	1,9	2,6	0,7	-0,1	1	1
Frie inntekter i kroner per innbygger	48 138	49 548	50 847	49 412	48 610	49 371
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	216,5	223,5	219,2	219,3	210,6	203,1
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	17,5	3,6	8,4	13,9	14,3	11,5
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	73 876	55 136	58 412	53 316	50 139	40 972

Her er kommentarar til nokre av tala:

#### *Brutto driftsresultat*

Bruttodriftsresultat for 2014 vart positivt (kr 19.159.865,-), og utgjorde dermed 2,6% av driftsinntektene. Finanskostnadane er ikkje med i dette forholdstalet. Dette er eit vesentleg høgare resultat enn alle gruppene i tabellen ovanfor.

#### *Netto driftsresultat*

Netto driftsresultat inkluderer finansutgifter (både inntekter og utgifter).

Volda kommune sitt netto driftsresultat for 2014 vart positivt (kr 14.329.660,-), og tilsvarte 1,94 % av driftsinntektene. Dette er også eit høgare resultat enn alle gruppene (så nær som Ørsta) i tabellen ovanfor, samt vesentleg høgare enn budsjettet.

Volda kommune sitt positive netto driftsresultat er i all hovudsak knytt til 3 forhold. For det første var det mindreforbruk på sektorane og stabane (8,4 mill kr). For det tredje var det eit positivt premieavvik (4,3 mill kr). For det tredje var netto finanskostnader ca 1,9 mill kr betre enn budsjettet.

#### *Langsiktig gjeld/ Netto lånegjeld i kroner pr innbyggjar*

Hovudutfordringa til Volda kommune er den svært høge lånegjelda. Dei høge rente - og avdragsutgiftene fører til at vi har svært låg økonomisk handlefridom. KOSTRA- tala for 2014 viser at Volda kommune har lånegjeld som er ca 26% større enn gjennomsnittet i kommunegruppe 11. Volda kommune si lånegjeld vil auka dramatisk i løpet av dei komande åra.

#### **Prioritering 2014:**

	<b>Volda</b>	<b>Ørsta</b>	<b>Gr 11</b>	<b>MR fylke</b>	<b>Landet uten Oslo</b>	<b>Heile Landet</b>
	<b>2014</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>	<b>2014</b>
<b>Prioritering</b>						
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	127 722	128 197	126 626	130 604	128 579	129 751
Netto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per innbygger 6-15 år	106 666	96 013	108 766	103 483	101 210	103 045
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, kommunehelsetjenesten	2 091	1 749	2 584	2 296	2 317	2 285
Netto driftsutgifter pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorgtjenesten	17 300	18 176	18 851	18 315	16 409	16 089
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år	1 596	1 855	2 894	2 355	3 137	3 504
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten	7 819	6 894	8 076	7 586	7 986	8 021
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb.	4 495	3 856	4 400	4 377	4 219	3 943

#### Kommentarar til tabellen ovanfor:

Tala er basert på rapporteringa vi gjorde 17.mars. 2014 (publisert sommaren 2015).

Nedanfor er Volda sine tal på KOSTRA-indikatorane kommentert.

KOSTRA skal i utgangspunktet vere 100 % organisasjonsnøytral. Like ting skal rapporterast likt, uansett korleis kommunane er organisert! Men vi ser likevel at kommunar ikkje alltid rapporterer på lik måte. Dette gjeld spesielt tenesteområdet administrasjon der ein må vere merksam på at ulik føring i kommunane vil gi dårlegare grunnlag for samanlikning.



### *Barnehage*

Utdrag frå KS Agenda si KOSTRA-analyse (aug 2014) viser at Volda kommune brukar mykje ressursar på barnehagar sjølv om utgiftene pr barn er låge. Det er dyrare å drive mange små barnehagar, og dette er med å drive opp kostnadene. Talet på barn i barnehagealder går ned i Volda, og som kommentert under utgiftsutjamninga så er det forventa at kommunen tilpassar seg lågare utgiftsnivå på barnehagedrifta.

### *Grunnskule*

Netto driftsutgifter er også i 2014 vesentleg høgare samanlikna med Ørsta kommune. Desentralisert skulestruktur er hovudforklaringa. Vi har også høgt kvalifiserte lærarar og høg gjennomsnittsalder som gir høgare lønsutgifter, men alder er i ferd med å utjamne seg med generasjonsskifte. Det er vidare ein relativt høg andel av elevane som får spesialundervisning, men trenden er på veg nedover. Volda kommune er plassert i kommunegruppe 11 og har mindre driftsutgifter enn gjennomsnittet i denne gruppa.

Nedanfor framgår utdrag frå KS Agenda si KOSTRA-analyse for grunnskule (aug 2014).

### *Kommunehelseteneste*

Vi hadde i 2014 netto driftsutgifter på kr 2.091 pr innbyggjar. Dette er vesentleg meir enn kommunegruppe 11, men ein del høgare enn Ørsta som har hatt nedskjeringar i kommunehelsetenesta.

### *Pleie og omsorg*

Volda kommune sine netto driftsutgifter er mindre enn nivået til både Ørsta, og samanliknbare kommunar (kommunegruppe 11).

Utvida KOSTRA-analyse for 2013 viste at pleie- og omsorgstenestene i Volda var nesten 6 mill under normert nivå (statleg utrekna utgiftsbehov).

### *Sosialtenesta*

Utgiftene til sosiale tenester har over lang tid vore svært låge i høve til andre kommunar. Det er også slik i 2014.

### *Barnevern*

Barnevern har meir i driftsutgifter til barnevern enn Ørsta, men vi ligg under kommunegruppa. Til samanlikning så var utgiftene i 2012 høgare enn dei andre gruppene,

## *Administrasjon*

Utgiftene til administrasjon er noko høgare enn dei andre gruppene. Som nemnt gir ulik tolking av KOSTRA-rettleiaren ulik utslag på føring av administrasjonsutgiftene mellom kommunane. I Volda kommune kan det synest som at eit forsøk på å ajourføre tekniske endringar har gitt utslag i høgare administrasjonsutgifter utan at desse reelt sett har auka. Det hadde vore interessant om kommunerevisjonen gjorde ei analyse av føringa av administrasjonsutgiftene for kommunane på Søre Sunnmøre for å få lik praksis og oversikt over dei reelle utgiftene.

### Prioritering samanlikna med normert nivå:

Presentasjonen frå KS Agenda (aug 2014) viser at Volda kommune i 2013 prioritererte å bruke meir ressursar på barnehage, grunnskule, barnevern og administrasjon enn det staten har berekna som utgiftsbehov for kommunen.

Tenester med høgare forbruk enn normert nivå (million kroner):

- Grunnskule 4,7
- Barnehage 6,7
- Barnevern 2,3
- Administrasjon 0,7

Tenester med lågare forbruk enn normert nivå (million kroner)

- Kommunehelse 2,7
- Sosialteneste 3,5
- Pleie og omsorg 5,6

## Dekningsgrad 2014

	Volda	Ørsta	Gr 11	MR fylke	Landet uten Oslo	Heile Landet
	2014	2014	2014	2014	2014	2014
<b>Dekningsgrad</b>						
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	94,9	92,8	91	92,5	90,9	90,2
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	7,3	6,5	8,4	8,7	8,1	8
Legeårsverk pr 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	11,3	12,7	11,2	11,3	10,4	10,3
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggere, kommunehelsetjenesten	7,2	8,4	9,6	8,4	9	8,9
Andel mottakere av hjemmetjenester over 67 år						
Andel plasser i enerom i pleie- og omsorgsinstitusjoner	100	92,1	95,9	92,6	94,8	95
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	12,5	16,9	13	14,4	13,4	13,7
Andelen sosialhjelpsmottakere i alderen 20-66 år, av innbyggerne 20-66 år	1,8	2,5			3,9	4
Andel barn med barnevernstiltak ift. innbyggere 0-17 år	6,5	4,3			4,8	4,8
Sykel-, gangveier/turstier mv. m/kom. driftsansvar per 10 000 innb.	4	16	25	38	53	49
Kommunalt disponerte boliger per 1000 innbyggere	28	20	23	21	21	20
Årsverk i brann- og ulykkesvern pr. 1000 innbyggere	0,22	1,04		0,75	0,73	0,72

### Kommentar:


Tabellen for dekningsgrader stadfestar mange av konklusjonane frå tabellen som viste prioritering. Dette ser vi til dømes ved at:

- Volda kommune har full barnehagedekning.
- Talet på elevar som får spesialundervisning er relativt høgt, men har gått ned sidan 2012.
- Det er fleire barn med barnevernstiltak i forhold til innbyggjarar 0-17 år i Volda enn det er i dei andre gruppene.
- Kommunen har framleis låg lege- og fysioterapidekning i forhold til dei andre gruppene. Vi ligg lågare enn Ørsta når det gjeld legeårsverk, men samanlikna med ”landet utan Oslo” og ”heile landet” så ligg vi tett opp under gjennomsnittet her. Vi ligg under samtlege grupper når det gjeld fysioterapiårsverk.
- Volda kommune har full dekningsgrad for enerom på institusjon.
- Talet på sosialhjelpsmottakarar har lege stabilt lågt over tid.

## 2.7 FOLKETALSUTVIKLING

Folketalet i Volda har dei seinaste åra hatt ei positiv utvikling og pr. 01.01.2015 var det 8977 innbyggjarar i kommunen.

*Tabell folketalsutvikling i Volda 2005–2015:*



*\* tal pr. 01.01. kvart år*

Statistisk sentralbyrå (SSB) har ikkje publisert framskrivingar av folketalet basert på tal for 2015, og tabellane nedanfor nyttar tal for 2014 som utgangspunkt.

*Framskriving av folketalet fram mot 2040, basert på middels nasjonal vekst (MMMM):*

	2014	2015	2016	2017	2018	2020	2025	2030	2035	2040	Auke (%)
<b>0 år</b>	87	101	104	108	112	117	118	117	115	115	32,2
<b>1-5 år</b>	517	495	496	512	535	592	646	650	642	635	22,8
<b>6-12 år</b>	776	797	829	826	809	797	847	949	960	951	22,6
<b>13-15 år</b>	332	333	323	330	340	356	349	380	420	423	27,4
<b>16-19 år</b>	538	532	508	489	476	468	514	473	549	582	8,2
<b>20-44 år</b>	2909	2948	2999	3057	3108	3163	3339	3445	3408	3387	16,4
<b>45-66 år</b>	2399	2424	2434	2443	2456	2484	2472	2546	2721	2887	20,3
<b>67-79 år</b>	880	927	986	1021	1055	1111	1221	1266	1290	1363	54,9
<b>80-89 år</b>	369	362	342	341	343	348	429	570	636	668	81,0
<b>&gt; 90 år</b>	102	110	111	113	109	107	101	102	137	193	89,2
<b>Totalt</b>	8909	9029	9132	9240	9343	9543	10036	10498	10878	11204	25,8

Tabellen ovanfor er basert på SSB sitt MMMM-alternativ (middels nasjonal vekst), som føreset at fruktbarheit, levealder, innanlandsk flytting og nettoinnvandring held seg på eit mellomnivå. Etter MMMM-alternativet vil vi få ein relativt stor auke i folketalet fram mot 2040. Samla sett vil folketalet auke med 25,8 prosent (2295 innbyggjarar). Vi ser ein dramatisk auke i gruppa 67–79 år, 80–89 år og > 90 fram mot 2040, noko som i åra framover vil gi oss store utfordringar i pleie- og omsorgssektoren. Det er positivt at talet på barn i alderen 0–12 år aukar med i gjennomsnitt om lag 25,9 prosent og at vi har ei rimeleg stabil utvikling i aldersgruppene 20–66 år. Dette er imidlertid utviklinga i eit langt perspektiv og situasjonen vil variere i perioden.

For samanlikninga sin del, tek vi og føre oss LLML-alternativet (låg nasjonal vekst) og HHMH-alternativet (høg nasjonal vekst) for den same perioden.


*Framskriving av folketalet fram mot 2040, basert på låg nasjonal vekst (LLML):*

	2014	2015	2016	2017	2018	2020	2025	2030	2035	2040	Auke (%)
<b>0 år</b>	87	98	99	99	99	101	102	100	98	96	10,3
<b>1-5 år</b>	517	495	493	503	518	544	563	558	549	533	3,1
<b>6-12 år</b>	776	796	827	823	805	791	788	827	826	812	4,6
<b>13-15 år</b>	332	333	323	330	338	356	347	357	364	361	8,7
<b>16-19 år</b>	538	531	508	488	472	464	507	464	491	502	-6,7
<b>20-44 år</b>	2909	2938	2984	3030	3077	3114	3254	3319	3249	3155	8,5
<b>45-66 år</b>	2399	2423	2427	2435	2448	2465	2439	2488	2634	2751	14,7
<b>67-79 år</b>	880	927	980	1012	1045	1100	1187	1211	1227	1278	45,2
<b>80-89 år</b>	369	360	337	334	332	335	393	506	544	557	50,9
<b>&gt; 90 år</b>	102	106	108	106	100	94	80	72	90	114	11,8
<b>Totalt</b>	<b>8909</b>	<b>9007</b>	<b>9086</b>	<b>9160</b>	<b>9234</b>	<b>9364</b>	<b>9660</b>	<b>9902</b>	<b>10072</b>	<b>10159</b>	<b>14,0</b>

*Framskriving av folketalet fram mot 2040, basert på høg nasjonal vekst (HHMH):*

	2014	2015	2016	2017	2018	2020	2025	2030	2035	2040	Auke (%)
<b>0 år</b>	87	103	111	117	124	132	139	141	144	150	72,4
<b>1-5 år</b>	517	496	499	521	558	644	746	768	785	808	56,3
<b>6-12 år</b>	776	797	830	827	811	799	909	1096	1146	1175	51,4
<b>13-15 år</b>	332	334	324	331	341	360	358	412	490	511	53,9
<b>16-19 år</b>	538	532	510	493	478	473	523	491	625	699	29,9
<b>20-44 år</b>	2909	2954	3018	3088	3148	3231	3482	3669	3742	3910	34,4
<b>45-66 år</b>	2399	2425	2439	2452	2464	2500	2515	2620	2854	3101	29,3
<b>67-79 år</b>	880	930	989	1028	1063	1125	1247	1304	1344	1434	70,0
<b>80-89 år</b>	369	364	348	343	349	361	456	623	712	760	106,0
<b>&gt; 90 år</b>	102	111	117	118	117	122	127	140	198	288	182,4
<b>Totalt</b>	<b>8909</b>	<b>9046</b>	<b>9185</b>	<b>9318</b>	<b>9453</b>	<b>9747</b>	<b>10502</b>	<b>11264</b>	<b>12040</b>	<b>12836</b>	<b>44,1</b>

Dei tre alternativa er samla i diagrammet under.



## Økonomiplanperioden 2016–2019

For økonomiplanperioden 2016–2019 tek ein utgangspunkt i MMMM-alternativet.

*Framskrivinga for økonomiplanperioden 2016–2019 (utdrag av MMMM-alternativet):*

	2016	2017	2018	2019	Auke (%)
<b>0 år</b>	104	108	112	115	10,6
<b>1-5 år</b>	496	512	535	565	13,9
<b>6-12 år</b>	829	826	809	796	-4
<b>13-15 år</b>	323	330	340	361	11,8
<b>16-19 år</b>	508	489	476	455	-10,4
<b>20-44 år</b>	2999	3057	3108	3151	5,1
<b>45-66 år</b>	2434	2443	2456	2462	1,2
<b>67-79 år</b>	986	1021	1055	1083	9,8
<b>80-89 år</b>	342	341	343	348	1,8
<b>&gt; 90 år</b>	111	113	109	103	-7,2
<b>Sum</b>	9132	9240	9343	9439	3,4

Vi får ein auke i talet på barn i alderen 0–5 år i økonomiplanperioden og ein nedgang i talet på skuleelevar i aldersgruppa 6–12 år og 16–19 år. Vi ser ein auke i talet på 67–79 åringar på 9,8 prosent ein nedgang på 7,2 prosent i aldersgruppa 90 år og over. Dei andre aldersgruppa får ein svak vekst i perioden 2016 til 2019.



*Kjelde for alle tal:*

*SSB: Tabell 07459: Folkemengde etter kjønn og ettårig alder.*

*SSB: Tabell 10213: Framskrevet folkemengde etter kjønn og alder, i 9 alternativer (2014 – 2040)*

## **2.8 STRATEGIAR FOR Å SKAPE BEREKRAFTIG ØKONOMI**

Alle 4 åra i komande økonomiplanperiode må vere i balanse om Volda kommune skal halde seg ute av ROBEK (Register om betinget godkjenning og kontroll). Lovheimelen er§ 60, 1 (bokstav b) i kommuneloven .

Kriteria for å vere ROBEK-kommune er følgjande:

- Kommunestyret har vedteke å fastsetje eit årsbudsjett utan at alle utgifter er dekt inn på budsjettet.
- Kommunestyret har vedteke å fastsetje ein økonomiplan utan at alle utgifter er dekte inn i økonomiplanen.
- Kommunestyret har vedteke at eit rekneskapsmessig underskot skal fordelast ut over det påfølgjande budsjettår etter at rekneskapen er framlagt, eller
- Kommunen ikkje følgjer vedteken plan for dekning av underskot

Å verte oppført i ROBEK gjer at kommunen må ha godkjenning av Fylkesmannen for å ta opp lån og inngå langsiktige leigeavtalar. I tillegg må ROBEK-kommunane utarbeide ein forpliktande plan for korleis dei skal kome ut av uføret. Oppføring i ROBEK inneber redusert handlingsrom.

Det er Nordland og Møre og Romsdal som har flest ROBEK-kommunar. Fylkesmannen i Nordland har utarbeidd ein rettleiar i økonomistyring for folkevalde.

Rettleiaren seier at politisk vegring framstår som den viktigaste forklaringa på at ein kommune hamnar i økonomisk uføre (sitat frå rettleiaren):

*”En kommune er i økonomisk uføre. Den svake kommuneøkonomien er ikke et resultat av plutselige og uforutsette hendelser, men skyldes en utvikling som har pågått nokså jevnt over mange år. Situasjonen kommunen nå er i, burde derfor ikke komme som noken overraskelse på de involverte. Så – hvorfor har utviklinga bare i liten grad blitt møtt med mottiltak?*

*Forklaringen er rimeligvis sammensatt. Vegring på politisk nivå i kommunen fremstår likevel som en avgjørende faktor. Det kan finnes fleire forklaringar på denne vegringen:*

**Situasjonen oppfattes som andres ansvar:** *Problemenes oppfattes å skyldes forhold utenfor kommunens kontroll, så som endringer i inntektssystemet, bortfall av statlige arbeidsplasser, økning i statlig fastsatte rettighetsbaserte tjenester, senetralisering som samfunnstrend osv.*

**En følelse av maktesløshet:** *Når årsaken til problemene og grunnlaget for store deler av den kommunale økonomien oppfattes "å komme utenfra", kan det oppstå en følelse av maktesløshet. Man oppfatter å ikke ha kontroll over de virkemidlene som er nødvendige for å påvirke utviklinga. En slik holdning kan ha blitt forsterket av at norske kommuner en rekke ganger tidlegere har blitt reddet av ulike former for øremerkede midlar, endringer i det statlige virkemiddelapparatet og lignende.*

**Kostnader besluttet ikkje, de oppstår:** *Fleire og fleire kommunale tjenester blir rettighetsbaserte etter statlig beslutning. Kommunen kan derfor oppfatte at de har liten kontroll med slike kostnader.*

**Parti- og fraksjonspolitikk får dominere:** *Fremfor at formannskap og kommunestyre samler seg om nødvendige, men tøffe tiltak, fremmes parti- og fraksjonsinteresser, sjølv når de åpenbart ikke vil kunne samle flertall.*

**Ingen vil vere Svarteper:** *Når det ikke lar seg gjøre å samle brede flertall, blir belastninga svært stor for fraksjonen som går foran ved å lansere og sørge for flertall til upopulære tiltak."*

Det er viktig å vere merksam på fallgruvane og unngå underbudsjettering, urealistiske inntektsanslag mv. Volda kommune vart ROBEK-kommune ved at budsjettet for 2014 i desember i 2013 vart vedteke med ei ubalanse på 10,7 mill. Dette resulterte i ny handsaming av budsjettet der avviket vart dekt opp av ubundne fondsmidlar avsett frå mindreforbruk i 2013-rekneskapen. Mindreforbruket i 2013 skreiv seg i hovudsak frå eingongsinntekter frå pensjonsoppgjjer ved skifte av pensjonsselskap, bruk av bundne fond og ved premieavvik (utsett rekneskapsføring av pensjonspremie). Desse faktorane gjer at det kan skapast inntrykk av at økonomien til Volda kommune har handlingsrom. Det er derfor viktig å korrigere for slike ekstraordinære forhold og gå inn i dei økonomiske samanhengane og sjå på nøkkeltala for resultatgrad (netto driftsresultat i høve inntekter) og gjeldsgrad (gjeld i høve til inntekter).

Volda kommune fekk over ein 3-årsperiode ein reduksjon i inntektene på om lag 30 mill. For å kompensere for dette vart det i 2014 vedteke stor reduksjon i utgiftene og eigedomsskatt med 2 promille.

Volda kommune må ha ein klar strategi for å skape ein sunn og berekraftig økonomi som sikrar stabile tilfredsstillande tenester i økonomiplanperioden (jfr forpliktande plan som er godkjent av kommunestyret i K-sak 86/14). Strategien må også på sikt kunne skape rom for at Volda kommune også kan engasjere seg sterkare i samfunnsutvikling.

Kommunestyret har i K-sak 185/13 vedteke følgjande prinsipp og strategiar for kommunen i 4-årsperioden:

### Prinsipp for drifta

- Fokus på kjerneoppgåvene
- Standard som er god nok
- Optimalisere ressursbruken
- Smarte løysingar
- Budsjettoverskridingar som er konstaterte eller prognostiserte skal etter framlegg frå rådmannen dekkast inn ved tilsvarende kostnadsreduksjonar i same eining eller i annan eining slik at budsjettet ikkje vert svekka.

### Prinsipp for prioritering av investeringar

Investeringar som medverkar til eller medfører:

- Reduksjon eller rasjonalisering i drifta (ev samtidig også gir betre tenester)
- Standarden på bygningsmassen held seg og unngår forringing/verditap
- Bygningar som stettar lovpålagde krav til tenestene og arbeidsmiljøet
- Utløysing av verdiskaping og ringverknader i samfunnet

### Strategiar – særskilde fokusområde

Strategi	Tiltak	Effekt
Omsorgstrengande leve lenger i eige liv	Kvardagsrehabilitering	Tidleg oppdaging/innsats og teneste på rett nivå skal gir betre livskvalitet for brukar og reduserte utgifter i helse og omsorgstenesta
Lønsressursane i pleie og omsorgstenesta brukast rett	Styrka grunnbemanning som tidsavgrensa prosjekt	Redusert bruk av overtid og ekstrahjelp Redusert sjukefråver Stabil drift Sikre kompetanse i turnusen
Trygg og tydeleg leiing som stiller krav og gir støtte	Leiarutvikling for alle leiarane i kommunen	Utløyse energi og få meir ut av drifta Redusert sjukefråver Auka innovasjon
Økonomistyring	Controllert Utvikle betre rapportering Utvikle betre rutiner for internkontroll	Sjå årsakssamanhengar tidlegare og setje inn rette tiltak Analysere drift og setje inn tiltak som aukar produktiviteten Meir effektive innkjøp

<b>Strategi</b>	<b>Tiltak</b>	<b>Effekt</b>
Investere i smarte digitale løysingar	Knyte kommunale lokasjonar i fibernettverk Eitt sentralbord for kommunen Sentralisere serverdrifta i interkommunalt samarbeid Investere i integrerte programvarer og utvikle interaktive tenester	Redusert utgifter med lineleige Reduserte utgifter drift av sentralbord Reduserte utgifter datadrift Auka service for innbyggjarane og frigjorte ressursar i adminstrasjonen
Optimal utnytting av ressursane	Slå saman tenester og dra nytte av stordriftsfordelar	Styrke kompetanse og stabil drift Reduserte driftsutgifter
Intern forretningsmessig forvaltning av eigedomsmassen	Bruke ressursane og kompetansen hos driftspersonalet rett. Gå opp grensegang for ansvar mellom eigedomsavdelinga som huseigar og tenesteytande eining som leigetakar	Arealeffektiv bruk av bygningsmassen. Brukaren betale for bruken av bygningen og kunne ta ut gevinst ved tiltak som reduserer driftsutgiftene
Konkurransesponere drift	Organisere tenesta som om tenesta skulle konkurranseutsetjast	Dokumentere kostnader og eigenskapar ved tenesta samanlikna med andre kommunar og privat drift. Auka produktivitet og gi økonomisk gevinst.
Utløyse privat investering i Volda kommune	Regulere og opparbeide bustadfelt og næringsområde  Delta i utvikling av sentrum  Arealforvaltning som utløyser utbygging	Auka folketal Auka inntekter gjennom inntektssystemet Kommunen og næringslivet sikra rekruttering av kompetanse

### ***Planstrategi***

I planstrategien vedteke av kommunestyret i K-sak 155/12 skal det kommunale planarbeidet prioriterast og arbeidast etter følgjande hovudtema:

- **Økonomi** – økonomiske rammer og berekraftig utvikling.
- **Areal** – sentrumsutvikling, næringsareal (Furene og Rotset), variert busetnad og bustadtomter, klyngeutvikling på bygdene.
- **Tenester** – kvalitet, leing og struktur, kapasitet, samordning, rekruttering samt behalde arbeidskraft.

- **Volda i regionen** – regionalt funksjonsknutepunkt, samferdsel, komplementær arbeidsmarknad, vertskommune, kompetanse- og kultursenter, samarbeid og samhandling.
- **Helse** – ”Helse i alt vi gjer”, førebyggjande arbeid og innsats retta mot alle alderstrinn – særleg dei yngre aldersgruppene.
- **Omdøme** – framsnakke Volda, livskvalitet, trivsel, kultur, idrett og friluftsliv.

### *Økonomisk handlingsregel*

For å ha ein sunn økonomi bør kommunen byggje opp bufferar for å møte svingingar i renter og svikt i inntekter. Norsk økonomi er på eit unormalt høgt aktivitetsnivå som følgje av aktiviteten i oljeindustrien. I det markoøkonomiske fagmiljøet vert det peikt på at vi må vente oss at oljeprisen vil falle mot normalt nivå, og at landet vil få ein korreksjon i nasjonaløkonomien.

### Resultatgrad

Netto driftsresultat er den beste (og mest brukte) resultatindikatoren når ein skal vurdere den økonomiske situasjonen til ei kommune. Dette gjeld både å sjå den økonomiske utviklinga i same kommune over tid, samt å samanlikne med andre kommunar (KOSTRA).

Netto driftsresultat er definert slik:

*Alle driftsinntekter (inkludert finansinntekter)*

*Minus*

*Alle driftsutgifter (inkludert finansutgifter som renter og avdrag)*

= Netto driftsresultat

Ideelt sett skal dette liggje på 1,75 % (jfr anbefaling frå Teknisk Beregningsutval) for å kunne setje av midlar til eigenfinansiering av investeringar. Dette var eit normtal som vart sett før ordninga med premieavvik kom i stand. Situasjonen med utgiftsføring av premieavvik, og presset på drifta elles, gjer at eit slikt ideelt måltal ikkje er realistisk ein periode framover for Volda kommune. Teknisk beregningsutval har sett ned forholdstalet frå 3 % til 1,75 % m.a som følgje av at momskompensasjonen no er fullt ut kapitalinntekt. Dersom ein kommune i hovudsak finansierer alle investeringar med låneopptak, kan kravet til resultatgraden senkast ettersom ein betaler avdrag og ikkje i same grad må attendeføre midlar til eigenkapitalen.

I forpliktande plan er det for 2015 uttrykt ei målsetting om å budsjettere med eit netto driftsresultat som utgjer **1 %** av sum inntekter.

For perioden 2016 – 2018 vart det vidare lagt til grunn ei målsetting at netto driftsresultat kvart av åra skal utgjere mellom **1 – 2 %** av sum inntekter.

Formålet med denne målsettinga er at Volda kommune skal få ei meir stabil drift og ha buffer til å tole svingingar, samt kunne opparbeide driftsfond som kan nyttast til eigenkapital for framtidige investeringar.

I forpliktande plan er det vidare uttrykt at det er viktig at målsettinga tek utgangspunkt i Volda kommune sin situasjon og utfordringar, og at målet ein set seg kan vere realistisk å oppnå. Det vil verte krevjande å nå målsett netto driftsresultat då det må framskaffast over drifta. Den situasjonen Volda kommune står i med høg lånegjeld, høgare utgiftsnivå på skule og barnehage enn staten kompenserer for og stort investeringsbehov, så er det ikkje mogleg å nå målsettinga til resultatgrad og gjeldsgrad. Det må dramatiske grep til, og det vil ta lang tid, før Volda kommune kan greie å utvikle ein sunn økonomi.

Netto resultatgrad illustrerer kor stor del av driftsinntektene som kan bli brukt til finansiering av investeringar og avsetningar. Vi får netto resultatgrad ved å sjå netto driftsresultat i % av driftsinntektene. Tabellen under viser netto resultatgrad for 2012-2014:

<b>Netto resultatgrad</b>			
År	<b>2014</b>	<b>2 013</b>	<b>2012</b>
Netto driftsresultat	14 329 660	3 725 062	10 354 801
Sum driftsinntekter	740 099 492	642 693 340	615 673 384
Netto resultatgrad	1,94 %	<b>0,58 %</b>	1,68

Teknisk beregningsutvalg tilrår at netto resultatgrad bør vere 1,75%, blant anna for å ha noko eigenfinansiering av investeringar, og for å kunne møte hendingar som ein ikkje har tatt høgde for (auka renter, nedgang på børsen, dyrare lønsoppgjær enn kva som var føresetnaden etc.).Frå 2012 til 2013 gjekk resultatgraden opp til **pluss** 0,58%. Ei vesentleg forklaring til betring av netto driftsresultat i 2013 var det ekstraordinære utbytte frå Tussa på ca 8 mill kr. I 2014 auka resultatgraden til 1,94% av driftsinntektene.

I budsjettforslaget er det lagt opp eit negativt netto driftsresultat på kr 10,2 mill kr i 2016. Vi får dermed ein resultatgrad som er negativ med 1,35% av driftsinntektene. 2016 er saldert ved bruk av disposisjonsfond.

Situasjonen betrar seg i 2017. Dette året har vi eit nettodriftsresultat som er negativt med ca kr 815.000 (negativ resultatgrad med ca 0,1%). Forklaringa til forbetringa er at det er lagt inn auke i eigedomsskatten frå 2 til 4 promille. Dette inneber ein auke i eigedomsskatten frå å ha budsjettert med 16 mill kr i 2016 til 32mill kr i 2017.

### Gjeldsgrad

Gjeldsgrad er eit måltal for kor mykje gjelda utgjer i høve til inntektene (dvs den gjelda som skal dekkjast inn over kommunen si drift)

I forpliktande plan er det uttrykt følgjande mål:

2020 Lån som belastar kommunen sin økonomi skal ikkje overstige 90% av sum driftsinntekter

2025 Lån som belastar kommunen sin økonomi skal ikkje overstige 70% av sum driftsinntekter

Som eit referansemål er det eit siktemål at langsiktig gjeld ikkje skal overstige 40 % samanliknbare kommunar ( gruppe 11 i KOSTRA) i år 2025. Utviklinga er at kommunesektoren får auka gjeld, også hos dei kommunane vi samanliknar oss med. Volda kommune har så store investeringsbehov i åra framover at det vil vere umogleg å nå målet om gjeldsgrad som er sett fram til 2020. Dette er investeringar som er nødvendige for at kommunen skal greie å levere tilfredsstillande tenester på lovfesta område.

Kommunestyret vedtok i møte 19.juni 2014 forpliktande plan for å komme ut av ROBEK.

## 2.9 EIGEDOMSSKATT

### Promillesats

Første året med eigedomsskatt var i 2014, med ein sats på 2 promille. Denne satsen er ført vidare ut 2016. I økonomiplanen er det lagt til grunn at satsen vert heva til 4 promille i 2017 og halden fast på dette nivået ut 2019.

Det er dermed budsjettert med 32 mill kr for kvart år i perioden 2017-2019. Eigedomsskatten i 2017 er ein auke på ca 16 mill høve til utskrivne eigedomsskatt i 2015. Men det er viktig å vere merksam på følgjande:

- Finansdepartementet sendte den 18.6.15 ut eit høyringsnotat der dei foreslår å endre eigedomsskatteloven slik at det ikkje skal vere høve til å skattlegge produksjonsutstyr og produksjonsinstallasjonar i verk og bruk. Dette kan verte gjeldande frå skatteåret 2017. Med ein sats på 4 promille vil inntektene frå eigedomsskatt vert redusert med ca 1,8 mill kr.

Prognosen på 32 mill kr er sett saman slik:

- Bustader og eigedomar som er takserte (fritidsbustader, landbruk, våningshus, næring, verk og bruk) utgjer ca 8,1 mill kr.
- Formuesgrunnlag (tal frå skatteetaten) utgjer ca 21,4 mill kr.
- Kraftverk (inkl. lina til Statnett) utgjer ca 2,5 mill kr

Kommunestyret har i vedtaket om innføring av eigedomsskatt føresett at den skal søkjast avvikla i 2019. Dette er det siste året i økonomiplanperioden. Bygging av Øyra skule med påfølgjande auka gjeldsbelastning og kapitalutgifter gjer at Volda kommune må pårekne



eigedomsskatt i svært lang tid framover. Det er likevel svært viktig å ha kritisk fokus på drifta for å unngå auke i eigedomsskatten utover nivået som er foreslått, og heller gjere tiltak for ev nedtrapping. Dette vil vere naturleg å sjå i samanheng med tenestestruktur på skule og barnehage der Volda kommune driv vesentleg dyrare enn statleg normert nivå.

Når ein skal vurdere belastninga eigedomsskatten inneber for innbyggjarane, så bør ein sjå dei samla avgiftene på eigedom i kommunen. Avgiftene på vatn, avløp og renovasjon er låge i Volda kommune samanlikna med kommunane i regionen, landet og i kommunegruppa. Dette inneber at sjølv med eigedomsskatt, så vil Volda kommune kome relativt godt ut på samla avgiftsnivå samanlikna med mange andre kommunar. For avløp har Volda kommune oppbygd store fond. I 2014 vart det kravd inn berre ½ avgift for avløp. Det vert også gjort i 2015.

Det er no 355 kommunar i landet som har innført eigedomsskatt, og fleire er i gong med å utgreie eigedomsskatt. Vi har no ei utvikling med reduksjon i inntektsskatt/personskatt og formuesskatt medan kommunar innfører eigedomsskatt på grunn av ein svært pressa kommuneøkonomi. I eit makroperspektiv vil det vere viktig å sjå samfunnsøkonomien i samanheng, og effekten av dette er at når staten ikkje fullt ut fullfinansierer velferdstenestene så må ein del kommunar kompensere med eigedomsskatt.

## 2.10 NÆRINGSUTVIKLING

### Kraftfond og næringsfond

Årleg tilvekst på næringsfond-kraft er no på kr. 690.000,- , med tillegg av renter. Reknar ein rund sum er det til disposisjon kr. 720.000,- pr. år.

Det vert foreslått å vidareføre prinsippa for løyving 2016 som for 2015, jfr slik fordeling:

• Løyving til Sunnmøre Kulturnæringshage AS (avtaleperioden 2014-16 )	kr. 150.000,-
• Tilskot Volda Næringsforum	kr. 350.000,-
• Dei Nynorske Festspela	kr. 75.000,-
• Veka	kr. 20.000,-
• X2	kr. 20.000,-
• Kammermusikkfestivalen	kr. 20.000,-
• DokFilm	kr. 20.000,-
• Animasjonsfestivalen	kr. 20.000,-
• Naturfestivalen	kr. 10.000,-
• StudiebygdA-drift portal	<u>kr. 35.000,-</u>
Sum	<u>kr. 720.000,-</u>

Pr. 1.11.15 er det unytta løyving på fondet på kr. 100.000,-.

I kommunestyret 18.6.15, sak 71/15, vart det i samband med løyving til Economuseum i 2016 på kr 100 000,- vedteke slikt oversendingsframlegg til administrasjonen: ”*Beløpet vert søkt dekt av Næringsfondet (kraft).*”

Dersom ein no ”frys” fondet for resten av året 2015, kan denne løyvinga takast frå næringsfondet-kraft, med utbetaling i 2016. Rådmannen gjer framlegg om at det vert gjort slik.

Kommunen har pr. 1.1.15 framleis til disp. kr. 220.000,- på næringsfond-stat/kommune; midlar som skal nyttast etter retningsliner derifrå.

### Kulturnæringshagen – nyetableringar

Kommunestyret vedtok i sak 139/13 å fornye avtalen med Møre og Romsdal fylkeskommune om drift av lokalt hoppid.no-kontor for åra 2013-2016. I samsvar med kst.vedtak i sak 59/12 driftar Sunnmøre Kulturnæringshage AS det lokale hoppid.no-kontoret for kommunen (sjå <http://www.sknh.no/ressursar/hoppid-no-kurs-og-nettverk>).

I følge Fylkesstatistikken for 2015 (nett publisert) vart det i 2014 registrert 64 nyetableringar i Volda. Dette gir ei etableringsgrad på 10, med 7 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar.

Tilsvarande for Ørsta var 60, etableringsgrad 8, med 6 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar. Gjennomsnittet for Møre og Romsdal var ei etableringsgrad på 10, med 7 nyetableringar pr. 1000 innbyggjarar.

Volda næringsforum fekk i 2015 overført ei rammeløyving på kr. 350.000,-.

Næringsforumet har eit budsjett på om lag 1mill. kr. Drifta er avhengig av kommunalt tilskot i tillegg til medlems-/serviceavgift, andre tilskot og sal av tenester. I 2015 har Volda næringsforum selt prosjektbistand til Volda kommune i samband med sentrumsprosjektet, og dette held fram i 2016.

Volda kommune bør ha ei klar forventning om at offentleg og privat næringsliv i Volda melder seg inn i næringsforumet, og nyttar dette som eit samla serviceorgan overfor næringslivet. Dette gjer at kommunen kan forhalde seg til eit samordna næringsliv, samtidig som det gir næringslivet eit økonomisk fundament for å oppretthalde eit rådgjevingsorgan. Rådmannen foreslår at Volda kommune går inn med eit driftstilskot over kraftfondet på kr 350 000, og eit tilskot frå driftsbudsjettet kr 10 000. Tilskotet til Volda Næringsforum vert styrka med løns- og prisstigning, dvs 2,7 % avrunda oppover til kr 360 000.

Når det gjeld dei statlege næringsfondsmidlane vil det ut frå signala i forslaget til statsbudsjett heller ikkje i 2016 verte noko påfyll til Volda kommune. Dette resulterer i at kommune ikkje har midlar utover ubrukt løyving (sjå framanfor) til å gi tilskot til nyetablerarar og til bedriftsutvikling.

## **Campusutvikling**

Volda kommune vil vere ein aktiv part i Campusutviklinga, jfr. at kommunestyret i møte 28.8.15 gjorde slikt vedtak:

- 1. Kommunestyret tek Campusutviklingsplan for Høgskulen i Volda-sluttrapport- til vitende.*
- 2. Kommunestyret viser til høgskulestyret sitt vedtak i sak 43/15, møte 4.6.15, og signaliserer medverknad frå kommunen i prosessar i dei strategiar der dette er føresett. Kommunen ynskjer vidare å vere ein aktiv deltakar i høve strategi 1 og 4.*
- 3. Kommunestyret ser det som ynskjeleg at Høgskulen inviterer kommunen og andre samarbeidspartar til dialog omkring organisering og prosess for planlegging av utbygging. Kommunen må parallelt med ein slik prosess avklare strategi rundt si deltaking og kva som ev kan lokaliseras til campusområdet. Eventuelt skisse til prosess med organisering og framdrift skal leggjast fram for kommunestyret som godkjenner kommunen si vidare deltaking i prosessen.*
- 4. Eventuelle planar om tiltak som vil krevje økonomisk deltaking frå kommunen si side må godkjennast av kommunestyret.*

Sjå meir om Campusprosjektet her: <http://www.hivolda.no/hivolda/om-hogskulen/utval-ved-hvo/campusutviklingsprosjektet/campusutviklingsprosjektet?lang=nyn>

Formannskapet sit forslag til vidare oppfølging vert lagt fram for kommunestyret 26.11.15 der formannskapet har innstilt på at det skal oppnemnast eit politisk arbeidsutval som skal avklare spørsmål rundt bruk av samfunnshuset og kommunen sine behov og og interesser i høve mogleg partnerskap i samband med utbygging ved Campus.

### **Tilrettelegging for bustadbygging**

Volda kommune har positiv folketalsutvikling, men for å kome inn under vekstkommunekategorien og få vekstkommunetilskot, så må innbyggjarveksten kome over 1,6 % over ein 3-årsperiode. Volda ligg sentralt geografisk i høve eit akseptabelt pendlingsomland på om lag 60 000 innbyggjarar. Volda har sentrale regionfunksjonar, og bør ha grunnlag for folketalsvekst. I budsjett- og økonomiplanen er det foreslått opparbeiding av nye byggjefelt for å stimulere folketalsvekst.

### **Tilrettelegging for næringsetablering**

Arbeidsmarknaden i Volda er tufta på kompetansemiljøet i dei offentlege institusjonane. Det er viktig at kommunen er tilretteleggjar og er tydelege overfor myndigheitene om viktigeita av å ha desse institusjonane i regionen vår også i framtida, jfr. det som no er signalisert når det gjeld t.d. Tingretten.

Parallelt med dette er det viktig at Volda har strategiar for å stimulere til arbeidsplassar i det private næringslivet. Volda næringsforum og Sunnmøre Kulturnæringshage er rådgjevingsorgan som er sentrale for å hjelpe bedrifter i gang, kople offentlege og private interesser i partnerskap, og vere talerøyr for næringslivet sine interesser.

Sikring av restareal og opparbeiding av det regulerte næringsområde på Rotset og Sentrumsutviklingsprosjektet er viktige tiltak som står føre.

### **Reiseliv**

Medlemskontingenten i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre er for 2016 fastsett til kr. 28,65 pr. innbyggjar. For Volda kommune vil det blir kr. 257.850,- basert på 9000 innbyggjarar.

Kommunestyre gjorde som innsparingstiltak i 2013 vedtak om at Volda kommune skal meldast ut av destinasjonsselskapet Ålesund og Sunnmøre. Volda kommune vil såleis vere ute av destinasjonen frå 1. 1.16.

Formannskapet har bede rådmannen vurdere framhald av medlemskapen i samband med utarbeiding av budsjett- og økonomiplan. Volda næringsforum har oppmoda Volda kommune om å halde fram med å vere medlem. Tiltaket er med bakgrunn i formannskapet og Volda næringsforum sine signal innarbeidd i budsjettet i økonomiplanperioden.

Rådmannen meiner at reiselivsnæringa i Volda kommune har eit potensial for utvikling. Føresetnaden for dette er at det er aktørar innanfor næringa som har ambisjonar, og at desse definerer sine behov for tilrettelegging og støtte og er i dialog med kommunen, næringsapparatet i kommunen og regionalt, samt med reiselivsdestinasjonen. Dette bør koordinerast gjennom Volda næringsforum, og Volda næringsforum bør oppmodast om å

vurdere om kommunen sin medlemskapskontingent i DÅS er optimal bruk av ressursar som bidrag for å utløyse auka aktivitet i reiseliv i Volda i åra som kjem.


## 2.11 KOMMUNEREFORMA

Kommunane har fått eit ansvar for å utgreie samanslåing. Det inneber i praksis at den enkelte kommune må vurdere kommunesamanslåing og kva kommune/ar ein vil slå eg saman med. Det skal gjerast vedtak om dette og meldast attende til fylkesmannen innan 1. juli 2016.


### Mål for reforma:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Berekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

### Tidsplan



Fylkesmannen har ansvar for å følge opp at kommunane i fylket set i gang med prosessen og gjer sine vedtak innan fristen. Fylkesmannen har delt arbeidet inn i 3 fasar, der det før nyttår skal gjerast vedtak om korleis den enkelte kommune vil leggje opp prosessen.



Sunnmøre regionråd har fått tilskot frå fylkesmannen til å bistå kommunane i utgreiingsarbeid, koordinere og vere ein møtearena. Regionrådet har fått utarbeidd ei innbyggjarundersøking for kommunane på Sunnmøre. Det er også bestilt ei konsulentutgreiing om status og utfordringar i kommunane. Dette materialet vil vere viktig for prosessen som skal skje i kvar enkelt kommune.

Volda kommunestyre har gjort vedtak om korleis prosessen skal leggjast opp. Det må følgjast opp med ein nærare framdriftsplan over aktivitetar og korleis ein konkret vil involvere innbyggjarane.

Kommunane får kr 100 000 frå Kommunaldepartementet til å gjennomføre innbyggjarundersøking.

Arbeidet med kommunereforma vil ta ein del tid og ein må vere budd på å bruke ein del administrative og politiske ressursar til dette arbeidet. Volda kommune har kuttet i administrative ressursar og for å prioritere arbeidet med kommunereforma, må andre oppgåver vike prioritet. Rådmannen har på oppmoding frå fylkesmannen peika ut ein kontaktperson i kommunen som intern koordinator og kontaktledd til fylkesmannen.

Kommunestyret har vedteke framdriftsplan for aktivitetar fram mot endeleg vedtak i kommunestyret i juni 2016. Det vert oppnemnt forhandlingsnemnd som skal forhandle med Ørsta kommune om intensjonsplan som grunnlag for folkeavrøysting i mai komande år.

### **Moglege konsekvensar av kommunereforma i forkant av samanslåing**

## Kommuneplan

Volda kommune skal ut frå planstrategien starte opp revisjon av kommuneplanen. Kommunereforma har kome opp for alvor etter at vedtaket om planstrategien vart gjort. Volda kommune bør så langt råd samkøyre arbeidet med kommuneplanrevisjon med kommunereformprosessen.



### 3 SEKTORANE OG STABANE

Kapittel 3 har omtale av mål, utfordringar og budsjetttrammer.

#### 3.1 INNLEIING

##### MÅLKART

Malen for mål er bygt opp slik at den er integrert både i budsjett, tertialrapportering og årsrapportering.

##### *Fokusområde for Volda kommune*

Tabellen under viser at vi opererer med 4 fokusområde:

OMDØME	MEDARBEIDAR
TENESTER	ØKONOMI

##### *Felles målkart for kommunen*

Det vert etablert eit felles målkart for kvart av dei 4 fokusområda (omdøme, medarbeidar, tenester og økonomi). Dette er vist under for kommunen samla og vidare for den enkelte sektor:

##### Omdøme

Mål	Resultat	Kommentar
Volda kommune skal vere ein trygg kommune for alle som bur og oppheld seg i kommunen, og kommunen skal ha god beredsskap mot aktuelle kriser og uønska hendingar		
Volda kommune skal tilretteleggje for trivsel og utvikling i kommunen og vere ein partner i viktige samfunnsprosjekt		

### Medarbeidar

Mål	Resultat	Kommentar
Rett kompetanse i alle stillingar		
Minimum 90 % av dei tilsette som fyller 62 år skal stå i arbeid fram til 65 år, og minst 50 % av dei over 65 år skal stå i arbeid fram til 67 år.		
Nærver på 92 %		
Sjuefråver på grunn av arbeidsmiljø skal ikkje forekome		

### Tenester

Mål	Resultat	Kommentar
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		
Det skal vere eit minimum av omgjorde vedtak i klagesaker		

### Økonomi

Mål	Resultat	Kommentar
Økonomi i balanse		

Det er behov for å arbeide nærare med måleindikatorar. Det vert ikkje målt på kvalitative data, og det vert vurdert abonnement på Kommuneforlaget sitt opplegg for undersøkingar; ” Bedre kommune” for å gjennomføre innbyggjarundersøkingar, brukarundersøkingar på tenesteneområda og medarbeidarundersøking.

## 3.2 BUDSJETTRAMMER

Statsbudsjett for 2016 har følgjande prognose for løns- og prisauke:

	Prosent	Vekt
Løn	2,70 %	0,65
Andre driftsutgifter	2,70 %	0,35
Sum	2,70 %	1

Sektorane er kompensert for forventta løn og prisauke.

### *Føresetnader for budsjettering av pensjon*

Alle tilsette betalar 2% av løna si til pensjonsleverandøren. Det resterande vert betalt av arbeidsgjevar. Under er det gjort greie for føresetnadane som ligg til grunn ved utrekning av arbeidsgjevar sin andel for 2016.

Lærarane er medlem av statens pensjonskasse. Selskapet opplyser at arbeidsgjevar sin andel er estimert til 11,15% av pensjonsgrunnlaget i 2016.

Alle andre tilsette i kommunen er medlemmar av KLP. Selskapet opplyser i brev datert 1. september 2015 at arbeidsgjevar sin andel er estimert til å verte 19,16% av pensjonsgrunnlaget for sjukepleiarar i 2015. For alle øvrige tilsette er prognosen 18,8% av pensjonsgrunnlaget.

KLP estimerer at Volda kommune skal betale inn 53,1 mill kr i samla premie i 2016. Dette er 17 mill kr meir enn for inneverande år.

Arbeidsgjevaravgift på 14,1% kjem i tillegg.

Det er knytt svært stor usikkerheit til dette området. Vi kan illustrere dette ved 2 sitat frå kommuneproposisjonen for 2015.

Det står følgjande på side 16 i kommuneproposisjonen for 2015 (lagt fram av regjeringa 14. mai):

*.....Derfor bør forutsetningene som blir benyttet i kostnadsberegningene for 2014, også benyttes i 2015. Det må likevel understrekes at det er en betydelig usikkerhet knyttet til utviklingen i pensjonspremiene.*

Vi kan lese dette på side 17:

*.....”I anslaget er det også tatt hensyn til virkningen av redusert amortiseringstid for premieavvik frå 10 til 7 år. Anslaget er beheftet med betydelig usikkerhet.”*

Budsjettrammene til sektorane er framskrivne etter kva som står i tabellen ovanfor. Rådmannen har justert nokre av rammene for 2015 utover forventa løns- og prisauke. Tabellen under viser budsjettrammene i neste økonomiplanperiode:

Sektorar og stabar	Opprinnelig Budsjett 2015	Revidert Budsjett 2015	2016	2017	2018	2019
Rådmann	1 542 211	1 542 211	1 660 059	1 660 059	1 660 059	1 660 059
Samfunn og rådgjeving	1 166 619	1 286 625	1 480 272	1 480 272	1 480 272	1 480 272
Personal og organisasjon	11 651 797	11 651 797	12 763 452	12 763 452	12 763 452	12 763 452
Økonomi	6 233 840	6 733 840	6 753 769	7 054 303	7 054 303	7 054 303
NAV Kommune	7 948 331	7 948 331	8 158 196	8 158 196	8 158 196	8 158 196
Opplæring og oppvekst	191 788 097	191 788 097	197 026 026	196 417 953	196 627 953	196 643 767
Helse og omsorg	159 500 718	160 825 712	182 217 111	189 523 450	189 607 491	189 686 788
Kultur og service	9 943 763	9 903 763	10 604 717	10 604 717	10 604 717	10 604 717
Politisk verksemd	2 981 292	3 081 292	2 695 392	2 695 392	2 695 392	2 695 392
Teknisk	27 955 218	28 152 218	31 163 429	33 708 865	32 681 365	32 656 365
Sjølvkosttenester	-106 183	-106 183	0	0	0	0
Utvikling	5 390 997	5 502 997	5 709 130	5 978 443	5 978 443	5 978 443
Barnevern Volda kommune	16 876 667	16 876 667	18 539 580	18 539 580	18 539 580	18 539 580
<b>SUM</b>	<b>442 979 550</b>	<b>445 293 550</b>	<b>478 771 133</b>	<b>488 584 682</b>	<b>487 851 223</b>	<b>487 921 334</b>
Fellesområdet	3 665 059	5 429 059	-2 688 230	-13 745 251	-20 781 972	-24 804 476
<b>SUM</b>	<b>446 538 426</b>	<b>450 616 426</b>	<b>476 082 903</b>	<b>474 839 431</b>	<b>467 069 251</b>	<b>463 116 858</b>

### 3.3 HELSE OG OMSORGSSEKTOREN

Helse og omsorg omfattar førebygging, rehabilitering og legeteneste, sjukeheim, heimeteneste til heimebuande og i omsorgsbustad, tre dagsenter for ulike brukargrupper, rus- og psykisk helseteneste av avlstningstilbod for barn og unge. Ansvaret og oppgåvene til kommunane har vorte endra ved innføring av Samhandlingsreforma. Kommunen har fått fleire oppgåver, og primærhelsetenesta har eit særleg ansvar for førebygging og generalistansvar for behandling av alle helseproblem hos innbyggjarane. Helse og omsorg er sentral i overordna planarbeid. Kommunane har ansvar for å redusere andelen av unødvendige innleggingar og for raskt mottak av ferdigbehandla pasientar. I Volda kommune har vi styrka både kompetanse og kapasitet og gir nødvendig behandling/etterbehandling etter sjukehusinnlegging. Gjennom tiltaket øyeblikkeleg hjelp/døgnopphald tek vi også imot pasientar som treng medisinsk bistand, men som ikkje treng innlegging i sjukehus. Vi følgjer godt opp når det gjeld mottak av ferdig behandla pasientar og iversetting av tiltak for reduksjon av innleggingar i sjukehus. Vi opplever at sjukehuset skriv raskare ut pasientane, og at vi får tyngre pleietrengjande. Dette gir større faglege utfordringar både på sjukeheimen og i private heimar, da mange vert skrivne ut direkte til heimen sin.

Teneste og utviklingsmål		
➤ Styrke førebyggjande arbeid og utsetje behov for langvarig heildøgns teneste	➤ Ha gode avlastnings- og korttidstilbod for personar i alle aldrar	➤ Ha gode heildøgnsstilbod i små eller individuelle einingar til brukarar med særskilde behov
➤ ATA (ansikt til ansikt-tid i utadretta heimeteneste er minimum 65 %	➤ Styrke leiarane sin kompetanse i leiging, forvaltning og helserett	➤ Til ei kvar tid ta imot uskrivingsklare pasientar
➤ Nytte ØH-plassane i tråd med stateleg utrekna måltal for kommunen og i avtale med HF'et	➤ Attraktiv arbeidsplass med styrka arbeidsmiljø og redusert sjukefråver	➤ Effektiv og sikker informasjonsutveksling på alle arbeidsplassar
➤ Betre brukarane sine moglegheiter til å meistre eigen kvardag	➤ Brukarane og pårørande opplever ein tryggare kvardag	➤ Tilrettelagt for smart-husteknologi i alle nye omsorgsbustader
➤ Brukarane har ein aktiv og meningsfull kvardag	➤ Gode rutiner for utgreiing av demens og etablering av demensteam	➤ Tilpassa fysiske omgjevnader for personar med demens
➤ Gi gode og individuelt tilpassa tenester til enkeltpersonar med spesielle omsorgsbehov	➤ Gjere velferdsteknologiske løysingar tilgjengelege for flest mogleg av brukarane	➤ Kvardagsrehabilitering skal vere ein integrert del av tenestene

## Utfordringar

- Fullfinansiering av avlastingsteneste for barn og unge.
- Nye omfattande tenestetilbod som vert etablerte utanfor ordinær tenestestruktur.
- Bemanning/ ressursar i institusjonstenesta med krevjande utfordringar knytt til personar med demensdiagnose.
- Bemanning til dei planlagde omsorgsbustadane på Doktorhaugen, inkludert tenesteyting etter skuleslutt i mai fram til innflytting og auka brukarbehov på Sevrinhaugen 1 og 3.
- Sjukefråveret må reduserast. Dette må sjåast i samanheng med arbeidsmiljøundersøkinga som er på gang med påfølgjande tiltak og prosessar. Grunnbemanninga må styrkast i delar av tenesta, slik at ein får ned vikarbruken for å få stabilitet i tenesta og i arbeidsmiljøet. Grunnbemanninga liggje på eit nivå der det er rom for å drive opplæring og gjennomføre personalmøte der leiinga og dei tilsette kan møtast og drive fagleg og sosial utvikling.
- Erstatningsbustadane for Mork bustader - behovet for mindre bueningar til krevjande eldre med demens og/ eller psykiske vanskar var tenkt realisert i det prosjektet.
- Kompetanseheving – manglande ressursar hindrar kompetansehevande tiltak for dei tilsette. Både opplæringskostnader og ikkje minst kostnader til vikar.
- Samhandlingsreforma har gitt kommunen nye og store utfordringar innanfor området rus- og psykisk helse. Kapasiteten går i all hovudsak til arbeid med dei tunge brukarane, manglar kapasitet til førebyggjande arbeid.
- Hamna dagsenter har mange nye brukarar.
- Behov for oppjustering av leiarsfunksjon på eininga førebygging, rehabilitering og legeteneste.
- Vellukka prosjekterfaringar på ”frå mellombels til varig bustad”. Vidareføring av arbeidet må i ordinær drift, foreslått 60% stilling opp imot tildelingskontor.
- Lovpålaga demensteam frå 2015 er lagt inn.
- Delfinansiering av kreftkoordinator frå Kreftforeininga vert gradvis redusert fram til 2019, då vert den kommunal utan tilskot frå Kreftforreininga.
- Kommunen er pålagt å ta imot turnuslege. Ombygging og lønnsmidlar må på plass.
- Leiinga må frigjerast til å drive leiarskap og drive utviklingsprosessar. Det er derfor behov for å tilsetje ein driftsteknikar som kan avlaste leiinga i dagleg drift, tilsyn og vedlikehald av naudsynt utstyr og materiell knytt til drift i helse- og omsorg. Funksjonen vil også vere viktig i utvikling og implementering av velferdsteknologi i tenesta.
- Behov for å styrke frivillig arbeid inn mot tenesteområda våre.

Hovudutfordringa er å få stabilitet i drifta. Dei tenestene som i dag vert drive må finansierast opp, og det må skapast rom for å utvikle arbeidsmiljøet og drive utviklingsprosessar for korleis tenestene skal drivast i framtida. Nye arbeidsmåtar og innretning av tenestene med førebygging og tidleg innsats skal gi brukarane høgare livskvalitet ved at dei i større grad kan utvikle det friske og ta i bruk egne ressursar. Dette skal ikkje gå på akkord med nødvendige hjelpebehov, men rett teneste på rett nivå til rett tid kan utsetje pleiebehov og redusere utgiftsbruken. Volda kommune er i gang med prosessar i denne utviklinga. Helse- og omsorgstenestene må i tida framover kunne ta ut effekt av nye arbeidsmåtar, og må arbeide

systematisk målretta i prosess med politikarane og brukarrepresentantar for å lykkast med dette.

SATSINGAR 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
Medarbeidarsamtale med alle fast tilsette		Helse- og omsorg har relativt store tenesteområder med mange små stillingar, slik at det vert ulike tidsinterval og måtar å gjennomføre samtalar på.
Initiere innovative/nytenkjande tiltak <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Kvardagsrehabilitering er implementert frå prosjekt til ordinær teneste 2015.</li> <li>2. Omorganisering i heimetenestene med endra driftseiningar og implementering av handhålte terminalar og aktiv bruk av Gericar gir auka ATA(ansikt til ansikt tid).</li> </ol>		<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Måltal –Effekt av kvardagsrehabilitering skal målast kvarttalsvis ved standardisert og anonymisert evalueringsverktøy.</li> <li>2. Bruke eksisterande teknologi til måling av ATA, både i heimetenestene og idøgnbemanna omsorgsbuster for eldre.</li> </ol>
Nærvær på 90 %		Nærværprosent pr. august 2015 er 91,375 %
Månadleg økonomirapportering med fokus på å halde økonomisk ramme på alle nivå i sektoren.		Månadleg rapportering frå leiar til økonomiansvarleg med oppfølging av avvik frå økonomiansvarleg. Tett dialog og godkjenning frå leiding ved evt. ekstrabehov utover tildelt ramme. Fokus på økonomi/budsjett på leiar møte kontinuerleg
Tildelingskontoret er forvaltareining i sektor helse og omsorg, rett teneste på rett nivå.		Rett teneste på rett nivå Standardardar vert forankra i kommunestyre.
Aktiv omsorg og frivillig koordinering Deltaking i kulturelle aktivitetar.		Tal frivillege som engasjerer seg i høve brukarane. Tal kulturelle arrangement og tal deltakarar på arrangementa, både avdelingsvis og større arrangement t.d. kulturelle spaserstokk. Kartlegging tre gongar i 2016, januar, august og november.
Utskrivingsklare pasientar frå sjukehus vert overtekne innan fristen, og kommunen skal ikkje betale for liggjedøgn på sjukehus		
Styrka kompetanseutvikling		Tal på antal tilsette som har gjennomført ulike kurs og kompetanseutviklingstiltak



Førebyggjande helsearbeid		Konkretisering av pågåande tiltak/arbeid med førebygging som målsetting.
Integrering og deltaking for brukarar med rusproblem		Tal på brukarar med rusproblem som deltek i arbeidsretta tiltak etter behandling
Gjennomgang av kvalitetsrutinene i sektoren med dokumentasjon og opplæring (jfr avvik og oppfølging i Kvalitetslosen)		
Sikre opplæring av tilsette for å ivareta personopplysningskrava i fagsystemet		Kjennskap til personvernhandboka for Volda kommune. Rutinemessig opplæring i "Normen" – antal som har fått opplæring (Norm for informasjonssikkerheit for helse- og omsorgstenestene)
Gjennomføring av arbeidsmiljøundersøking med oppfølgingstiltak		Resultatet av undersøkinga vil avklare nærare behov for tiltak. Leiarutvikling vil i alle høve verte sett på dagsorden.

### 3.4 KULTUR OG SERVICESEKTOREN

Sektoren omfattar servicekontor med politisk sekretariat, arkiv og indre tenester, kino, bibliotek, frivilligsentral og ungdomsklubb. I tillegg har servicekontoret ansvar for sakshandsaming som er lagt i frontlina, som td. skjenkesaker. Denne sektoren har særleg eitt trekk til felles: den yter i stor grad publikumsretta tenester, kulturavdelinga ved å gje gode kulturtilbod til innbyggjarane og servicekontoret ved å gje god informasjon om alle dei ulike tenestetilboda kommunen har å by på.

Teneste og utviklingsmål		
➤ Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda	➤ Elektroniske skjema på heimesida skal gi forenkla tenester for brukarane og forgjorte ressursar i administrasjonen	➤ Aktiv frivillig sektor
➤ Fokus på barn og unge og leggje til rette for positive opplevingar og deltaking innan ulike arenaer og aktivitetar i kommunen	➤ God fagkompetanse som sikrar god og effektiv sakshandsaming	➤ Handheve kommunen sin ruspolitikk i tråd med god førebygging og streng oppfølging av brot på alkohollova

#### Utfordringar

Fråveret av ei eiga ”kulturredikert” stilling (etter at kultursjefstillinga blei inndratt frå januar 2014), har ført til redusert kapasitet i sektoren når det gjeld å kunne ta initiativ til kulturtiltak og kulturarrangement. Det er heller ikkje vore rom for frie kulturmidlar i kommunen sitt budsjett dei siste åra. Frivilligsentralen har ei sentral rolle i å formidle kunnskap om moglege stønadsordningar og medverke til å styrke kompetansen til dei frivillige innan styrearbeid og andre område som kan styrke organisasjonslivet i kommunen.

Biblioteket flytta inn i nye lokale i mars 2015. Det vert framleis utfordring å tilfredsstille krava i den nye biblioteklova om at biblioteket skal vere møteplass (*:§1: Føremål: ... Folkebiblioteka skal vere ein uavhengig møteplass og arena for offentleg samtale og debatt...*). Dette gjeld også i høve til bemanning. Når det gjeld kinodrifta har det siste året vore jobba med tiltak for å få ned utgiftene. Dersom ein skal ha kino i Volda, så vil det representere ei netto utgift. Kinobudsjettet har vore underbudsjettet. Alternativt kan kinoen kutte i filmtilbodet og/eller i personalressursane, men det vil på andre sida gje dårlegare inntekter for kinoen. Ungdomsklubben har mellombelse lokale i 2. etg. på samfunnshuset. Det er uttrykt ynske om meir permanente og tenlege lokale, som kan gje moglegheit for fleire parallelle aktivitetar på kvar klubbkveld.

Prosessen med innkjøp/oppgradering av nytt arkivsystem vil starte i 2016, og i tilknytning til dette må vi prioritere arbeidet med digital kommunikasjon med innbyggjarane (direkte kommunikasjon med innbyggjarane frå arkivsystem og andre fagsystem).

Det er stort etterslep på ordning, listeføring og etikettering av arkivmateriale for perioden 1964 og fram til i dag, jfr avvik ved statleg tilsyn i 2014. Etterslepet utgjer om lag 430 hyllemeter, og Statsarkivet vurderer at det er behov for omkring 2,5 årsverk for å ordne og listeføre denne mengda med papirbaserte arkiv. Dette er det ikkje er mogleg å få satt av nok ressursar til i den daglege drifta til sektoren.

Volda kommune er aktiv på sosiale media som facebook og twitter. Auka bruk av elektroniske skjema via kommunen si heimeside og større grad av digital integrasjon er ei målsetting for å effektivisere tenestene og forenkle tenestetilbodet for innbyggjarane.

Sakshandsamingsprogrammet E-phorte er lite fleksibelt og er ein flaskehals for utvikling av digitale tenester. Dette er planlagt utskifta som felles prosess i regionen i 2017.

Etter ombygginga av rådhuset våren 2014 blei det innført adgangskontroll for besøkande på rådhuset. Dette er eit sikkerheitstiltak der besøkande vender seg til servicekontoret før dei kan gå vidare. Dette meirarbeid for servicekontoret, men er effektiviserande for sakshandsamarane som lettare kan planlegge sine avtalar.

SATSINGAR 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
Aktiv informasjon om kommunen sine tenester, tilrettelegging av tenester på skjema og profilering av Volda		Gjennomsnittleg antal nyhendeoppslag pr veke på Facebook, Twitter og websida.  Antal profileringsartiklar og anskaffing av profileringsmateriell
Elektroniske skjema på heimesida skal gi forenkla tenester for brukarane og frigjorde ressursar i administrasjonen.		Antal tenester det vert utvikla skjema for.  Anslag på effekt for brukar og frigjort tid
Ingen negativ omtale av avdelinga i media		
Ungdomsklubben skal opparbeide eit fungerande crew i rett aldersgruppe		Crew er ungdom som jobbar på dugnad på ungdomsklubben
Ungdomsklubben skal arrangere minst 8 temakvelder/kurs for ungdom		
Arrangere to debattmøter i biblioteket		Den nye biblioteklova seier mellom anna at <i>"Folkebibliotek skal være en møteplass og arena for offentlig samtale og debatt"</i> .

Volda filmteater skal ha eit besøkstal på minimum 14000.		
Frivilligsentralen skal arrangere minimum eit opplæringstiltak/kurs for frivillig sektor		
Alle institusjonane i kommunen få tilbod om eit variert kulturtilbod frå den kulturelle spaserstokken.		
Ajuorføring av personsikkerheitshandboka og ivareta overordna funksjon for at denne er kjent ute i organisasjonen		Organisere opplæring av leiarane i personvernhandboka og sikre oppfølging av overordna rutiner

### 3.5 OPPLÆRING OG OPPVEKSTSEKTOREN

Opplæring- og oppvekstsektoren omfattar tenesteområda barnehage, grunnskule, læringscenteret med vaksenopplæring og introduksjonsprogrammet for flyktningar, skulehelseteneste og helsestasjon. PPT er organisert under Ørsta som vertskommune.

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Sikre gode læringsmiljø som grunnlag for barn si faglege og personlege utvikling	➤ I samarbeid med heimane arbeider skulane kontinuerleg for gode skulemiljø som fremmar trivsel, meistring og mangfald, for gode faglege resultat og gir elevane høve til sosial og kulturell utvikling.	➤ Utvikle eit forpliktande og nært samarbeid mellom skulane og arbeidslivet i kommunen, med sikte på auka kunnskap, kompetase og rekruttering.
➤ Sikre barnehageplass til alle som ynskjer det	➤ Organisering av undervisning som reduserer behovet for spesialundervisning	➤ Tidleg oppdaging og innsats i heile tenestekjeda for barn og unge

#### Utfordringar

- Tidleg og tverrfagleg innsats for å sikre at barna og flyktningar som skal integrerast gjennom det kommunale tenesteløpet vert i stand til å gjennomføre utdanning og kome ut i arbeidsmarknaden.
- Ressursbruket er for høg i høve til normert nivå som staten brukar for å rekne ut overføring til Volda kommune. Det er ei utfordring å tilpasse seg til normert nivå og samtidig sikre ressursar til god kvalitet i tenesta med fokus på tidleg innsats og kvalitet knytta til individuelle behov.
- Renovering av Volda ungdomsskule – personalflyt.
- Kroppsøvingssanlegg for sentrumsskulane, inkludert opplæringsbasseng.
- Utvide Mork skule for å møte eit aukande tal elevar.
- Arbeidsplassar til pedagogar i barnehagane.
- Det fysiske miljøet på helsestasjonen.
- Det fysiske miljøet i sentrumsbarnehagane.
- Auke i tilfelle av smittsam sjukdom grunna meir innvandring. Krev ressursar til ekstra oppfølging og miljøundersøking.
- Naudsynt auke i IT-løysingar krev meir investering og tid til vedlikehald, oppdatering og konfigurering.
- Auke i talet på asylsøkarar set krav til auka kapasitet i norskopplæringa og helsestasjonen
- Ressursar til kompetanseheving.

- Ressursar til valdskoordinator.

SATSINGAR 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
Barnehageplassar til alle, også til dei som ikkje har lovfesta rett til barnehageplass.		
Informasjon på kommunen sine heimesider skal vere oppdatert.		
Gjennomføre fire tilsyn etter barnehagelova.		
Oppdage barn som treng ekstra hjelp og støtte tidleg ved hjelp av kompetanseheving.		Opplæring og oppvekst er inne i fleire prosjekt i dette arbeidet som, Tidleg inn, Volda prosjektet og Zippys venner. Registrere antal barn som får særskilt oppfølging/tiltak gjennom året.
50 % pedagogtettleik i dei kommunale barnehagane		
Gjennom formaliserte prosedyrar sikre ein god overgang mellom barnehage og skule.		
Redusere sjukefråværet med 10 %		Ein reduksjon i sjukefråværet frå 10 % til 9 % tilsvarar 10 % reduksjon.
Medarbeidarsamtale med alle tilsette etter oppsett plan.		
Grunnskulepoeng og resultat på eksamen skal vere høgare enn fylkes- og landsgjennomsnittet.		Her har Volda vist gode resultat som det må vere eit mål å halde fram med.
Talet på elevar som på dei nasjonale prøvene presterer på meistringsnivå 1 i 5. klasse og meistringsnivå 1 og 2 i 8. og 9. klasse, skal reduserast med 15 % samanlikna med sist skuleår.		For både enkeltindivid og samfunnsøkonomisk er det størst gevinst å hente ved å rette innsatsen mot denne elevgruppa.
Voldaskulen skal syne framgang i rekning på dei nasjonale prøvene samanlikna med 2015.		
Ei styrking av den ordinære undervisninga skal redusere behovet for spesialundervisning.		Viss den ordinære undervisninga gir utbyte for fleire elevar, vil behovet for spesialundervisning bli mindre.
Volda skal ha ei skulefritidsordning som støttar opp under den språklege og sosiale		Kanskje særleg for born frå språklege minoritetar er SFO ein

utviklinga til elevane.		viktig arena med omsyn til språkleg utvikling.
60 % av deltakarane i introduksjonsprogram skal gå over til arbeid eller vidaregåande utdanning etter avslutta program.		
Alle einslege mindreårige flyktningar skal gå ut med grunnskuleeksamen som kvalifiserer til vidaregåande skulegang og utdanning.		
Etablere/vidareføre gruppetilbod <ul style="list-style-type: none"> <li>✓ Etablere barselgrupper til ei permanent ordning</li> <li>✓ Jentegrupper i ungdomsskulen – 2 pr år</li> <li>✓ Etablere grupper for barn som opplever skilsmisse – ei gruppe i 2016</li> </ul>		
Styrke innbyggerane sin kunnskap om kosthaldet og aktivitet gjennom tverrfagleg samarbeid inn mot foreldre til 1. klassingar.		
Barselomsorga skal følgje nasjonal fagleg retningslinje.		
Rekruttere kommunepsykolog		
Utarbeide rammeplan og mål for kulturskuledrifta		
Utarbeide oppvekstplan for sektoren		

### 3.6 TEKNISK SEKTOR

Teknisk sektor omfattar tenesteområda veg, vatn, avløp, brannvern oppfølging av forureininglova (miljø) og forvaltning, drift og vedlikehald av kommunale bygg. Sektoren har ansvar for både drift og anlegg. Det er store anleggs- og byggjeprojekt som skal gjennomførast. Erfaringsvis har det vore budsjettert for stort volum av investeringar enn det sektoren har hatt kapasitet til å gjennomføre. Ørsta som vertskommune driv landbrukskontor for Volda kommune. Utviklingssektoren er kontaktinstans overfor landbrukskontoret og koordinerer landbrukssaker som skal til politisk handsaming i Volda kommune.



## Teneste- og utviklingsmål

➤ Leverer tenester av god kvalitet til innbyggjarane, næringslivet, andre kommunale sektorar og overordna mynde.	➤ Arbeide for auka busetnad og næringsutvikling gjennom utbygging av infrastruktur	➤ Milepelsplan på tvers av sektorområda inkl regulering, grunn-ervert, prosjektering og utbygging under felles prosjektleiing
➤ Det skal vere trygt å ferdist for alle trafikantar	➤ Planlegging og drift av tenestene med fokus på folkehelse	➤ Sikre god og trygg vassforsyning
➤ God beredsskap mot uønska hendingar og for takle slike hendingar dersom dei oppstår	➤ Bygningsmassen skal forvaltast slik at dei gir god kvalitet for brukarar og tilsette, samt ikkje fortaper sin verdi	➤ Velje arbeidsmåtar og teknologiske verkty som gir mest mogleg teneste ut av ressursane

## Utfordringar

Det vert framleis ei utfordring med ingeniørkapasitet i teknisk sektor i 2016. Vi har lukkast med rekruttering og har 3 nye ingeniørar. Volumet på vedtekne investeringar vil vise om kapasiteten er tilstrekkeleg. Vidare må dei nytilsette orientere seg inn og verte trygge i stillingane. Første halvår vert utfordrande med opplæring av nye krefter og ha nok planleggingsressursar til både drift og investering.

Volda kommune manglar for tida kompetanse innanfor miljøfag, dette er ei utfordring med tanke på henvendelsar, søknader og handheving av gjeldande reglar. Volda kommune treng minimum ei 50% ressurs med kompetanse på miljø.

For å prioritere Volda kommune sin eigedomsmasse med fokus på bygg, vart vedlikehald av kommunale uteområder i tilknytning til bygga, i 2014, overført til park og kyrkjegardsavdelinga. Der har ikkje vorte overført stillingsressursar til denne avdelinga som no har dobbelt areal å halde ved like. Her trengs ei ekstra stillingsressurs i vekstsesongen slik at vi slepp å nedprioritere grønt vedlikehald på enkelte kommunale areal. Alternativt så kan vi utvikle nye metodar for dette vedlikehaldet ved bruk av elektriske robotklipparar.

Eigedom har ei krevjande byggmasse som krev kontinuerlig vedlikehald for å ta vare på dei verdiane som er skapt i Volda kommune. Slik det er i dag har vi ikkje nok personell til drifta, der stadig nye driftskrav melder seg (leikeplasskontroll, legionellhandtering, radonmåling, innemiljø etc.) og krav til vedlikehald med eit stort etterslep. Det er naudsynt for avdelinga at det blir tilsett meir personell for å oppretthalde forvaltning, drift og vedlikehald. I planperioden ligg inne forslag om tilsetning av 3 driftsteknikarar til som skal gå inn i alle delar av FDV(forvaltning, drift og vedlikehald).

Det har blitt arbeidd godt siste åra med dei ressursar som ein har til rådvelde, blant anna starta opp EPC prosjektet som vil ta ein del av vedlikehaldet som kan setjast i samband med miljø (enøk).

Tildelingskontoret og eigedom har utvikla eit svært godt samarbeid (også med andre tenester) som har medført god gjennomstrøyming i kommunale bustadar Dette medfører krav til oppgradering av husvære som har vore utleigt kontinuerlig i 10-20 år. Denne oppgraderinga kjem i tillegg til det etterslepet som er på andre kommunale bygg, som er naudsynt å ta tak i.

Det er foreslått 4 mill årlig i investeringsbudsjettet for å starte på oppgraderingsarbeidet, samt syte for at kommunale bustadar blir raskt tilgjenglig for ny busetting. Det har vore forsøkt å hente inn prisar på privat-marknaden på desse mindre oppgraderingsprosjekta, utan at vi har lykkast å få kontrakt med firma. Det er få i marknaden i dag som har kapasitet til gjennomføring av små prosjekt. Eigne ressursar er uansett meir fleksible og ei billigare løysing for kommunen. Det er i samband med dette investeringsprosjektet foreslått tilsetting av 2 personar som skal være retta mot investering

<b>SATSINGAR 2016</b>	<b>RESULTAT</b>	<b>KOMMENTAR</b>
Alle skriftlege førespurnadar skal gjennomgå ein mottakskontroll og få tilbakemelding innan 3 veker		Antal førespurnader som ikkje har fått svar i samsvar med forvaltningslova og skildring av tiltak for å følge opp
Tilpasse standard på tenestene og gjere tiltak for å halde budsjettramma		
Behalde og rekruttere personell		
Nærver på min 95 %		
Brannberedskapen skal opplevast som god		
Brannberedskap som tilfredsstiller dimensjoneringsforskrifta og vurdert risiko i heile kommunen		
Redusere tal unødige brannalarmar		
Tilsyn i minst 90 % av §13 objekta		
Feiing kvart 2 år og tilsyn kvart 4 år i alle bustadar		
Brannmannskapa gjennomført opplæring, øving/kurs og tryggleiksutstyr slik at dei kan utføre redningsinnsats på ein trygg måte		Antal tilsette som har gjennomført kurs og type kurs

Førebyggjande brannvernopplæring for alle 6. klassingar i kommunen		Antal klassar det er gjennomført opplæring i
Vedlikehald og rehabiliteringsplan for å gi brukarane brukarvenlege lokale så langt det er mogleg innanfor den kommunale bygningsmasse		Spesifikasjon over bygg og ressursinnsats for vedlikehald og rehabilitering
God prosjektstyring ved koordinering og planlegging med rett progresjon i høve regulering, finansiering og grunnkjøp.		Antal prosjekt som vert drive etter denne prosjektmetodikken
Etablere gode rutinebeskrivingar, organisere dette i kvalitetslosen.		
Få etablere base for driftsteknikarane og reinhaldarane på Gjersdalbygget		
Regelmessige møter med alt personell og rutine på enkeltvis samtalar /medarbeidarsamtale med alle tilsette etter avtalt intervall.		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Antal prosjekt som vert initiert

### 3.7 UTVIKLINGSSEKTOREN

Sektoren har ansvar for utarbeiding av kommuneplanar, handsaming av reguleringsplanar og rettleiing av saker innanfor plan- og bygningslova og andre lover som sektoren forvaltar. Handsaming av søknader om bygg, anlegg og deling av grunneigedom, samt registrere tiltak i matrikkelen ligg også til sektoren. Vidare har sektoren ansvar for kart- og delingsforretningar, seksjoneringssaker og forvaltninga av det digitale kartverket for grunn- og eigedomsdata. Utviklingssektoren er eigedomsskattekontor.

#### Teneste- og utviklingsmål

- |  |   |   |
|--|---|---|
| ➤ Leie prosessen med kommuneplan og sakshandsame kommuneplanen for politisk handsaming i samsvar med framdrifta i planprogrammet | ➤ Utarbeide planstrategi og kommunale reguleringsplanar i samsvar med kommuneplan, overordna styrings-signal med sikte på god og langsiktig | ➤ Tilretteleggje for nye bustad- og næringsareal slik at behovet for tomtetilgang vert oppfølgt |
|--|---|---|

arealforvaltning		
➤ Signal ved førehandskonferansar før oppstart av private reguleringsplanar skal vere forutsigbare og forankra politisk	➤ Halde lovfastlagde sakshandsamingsfristar og fristar for oppfølging av oppmålingsteneste	➤ God kompetanse og sikre god fagleg oppdatering
➤ Arealpolitikk som balanserer mellom behov for dyrka jord og busetting på bygdene	➤ God rettleiingsteneste i landbruket	

Ørsta er vertskommune for landbrukskontoret. Volda kommune kan instruere og gi styringssignal for tenesta i samsvar med samarbeidsavtalen. Dei to siste målsettingane er retta mot Ørsta kommune som vert bedt om å rapportere på oppfølginga av måla.

## Utfordringar

Stabil arbeidsstab er ei utfordring og ein liten sektor er sårbar ved eventuell sjukdom/sjukmelding blant dei tilsette. Aktiviteten på planlegging har auka utan at det er tilført auka kapasitet. Det vil framleis vere eit lite fagmiljø der ein er avhengig av at ein unngår langtidsfråver for å klare dei lovpålagte tidsfristane.

Sektoren har teke ansvaret for eigedomsskattekontoret ved innføring av eigedomsskatt. Dette er gjort utan tilføring av ressursar. Dette resulterer at andre oppgåver har fått lågare prioritet.

Sektoren skal i 2016 starte med revisjon av arealdelen av kommuneplanen som er ein krevjande og omfattande prosess. Det er også ei utfordring med god framdrift på å ferdigstille reguleringsplanar både for å løyse behovet for utbygging av kommunale tenester til rett tid og for å utløyse private investeringar og lokal verdiskaping. Grunna stor arbeidsmengd og tidspress må vi leige inn konsulenthjelp til ein del planarbeid. Dette er dyrt og krev også oppfølging frå vår eigne planleggarar. Elles vert det vist til planstrategien for Volda kommune 2012-2015. Planstrategien skal verte revidert i løpet av 2016.

Det dukkar stadig oftare opp kompliserte juridiske problemstillingar i samband med plan- og byggesakshandsaming. Dette er ekstra utfordrande da ingen ved sektoren har formell juridisk kompetanse.

Vanylven kommune har uttrykt interesse for å kjøpe plankapasitet. Det kan vere interessant for Volda kommune å byggje ut det planfaglege miljøet for å selje tenester til Vanylven.

SATSINGAR 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
Folkehelseperspektivet skal vere med i all planlegging		
Søke om tilskot til minst eit friluftstiltak		
Følgje opp plan for idretts- og friluftsliv gjennom spelemiddelsøknadar		
Gjennomføre kartlegging og verdisetjing av friluftslivsområda i kommunen		
Halde den økonomiske ramma		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		
Kritikkverdige forhold skal varslast i samsvar med kommunen sine rutiner etter arbeidsmiljølova		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Antal prosjekt
Nærver 95 %		
Sjukefråver pga av arbeidsmiljø skal ikkje forekome		
Rett kompetanse i alle stillingar		
Tenesteyting og sakshandsaming i samsvar med lov- og regelverk		Antal avvik og oppfølgingstiltak for å følgje opp målsettinga
Alle som vender seg til Volda kommune skal få svar i samsvar med krava i forvaltningslova		
Forbetre innhald og struktur på heimesida		
Koordinering av gjennomføring av planar saman med teknisk sektor		
Revidere den kommunale planstrategien		
Ferdigstille kommuneplanen sin samfunnsdel		
Starte opp revisjon av kommuneplanen sin arealdel		
Landbrukskontoret delta på planmøta i Volda kommune		

### 3.8 ØKONOMIAVDELINGA

Økonomiavdelinga er ansvarleg for stabs- og støttetjenester i samband med rekneskap, budsjettering, rapportering og økonomisk rådgjeving. I tillegg har avdelinga ansvar for utadretta tenester som innkreving av skatt og avgifter, og Husbankordninga med Startlån, bustøtte og tilskot.

#### Teneste- og utviklingsmål

- |  |                                     |  |
|--|-------------------------------------|--|
| ➤ Støttetjeneste som gir grunnlag for god oversikt og god økonomistyring | ➤ God finans- og økonomiforvaltning | ➤ Leie budsjett- og økonomiplanprosessar som sikrar brei involvering og brei kunnskap om kommunen sine rammevilkår |
|--|-------------------------------------|--|

#### Utfordringar

- Avdelinga manglar kapasitet på analyse, rutineutvikling, opplæring og implementering ute i sektorane. Dette får konsekvensar for oppfølging av planlagt økonomistyring. Ein annan konsekvens er manglande overlapping dersom nøkkelpersonar på rekneskap skulle få langtidsfråver. Med intenst arbeidspress kan dette vere ein risiko. Summen av dette er at det vil gå seg utover kommunen si økonomiske styring og kommunen sin økonomi. Stillinga som controller vert foreslått vakant og går inn i salderinga med halv effekt. Resterande halvdel vert foreslått reservert for å kjøpe analyser mv som viktig grunnlag for omstilling av tenestene i sektorane.
- Regjeringa har på tross av negativt vedtak i Stortinget før ferien foreslått at staten har overtek skatteoppkrevjarfunksjonen frå og med 1. juli 2016. Dette får veldig negative konsekvensar for Volda kommune. For det første vert innfordrings miljøet svekka. Vi har i dag ca 150% stillingsressurs som tek seg av innkrevjing av både statlege (skatt og arbeidsgjevaravgift) og kommunale (eigedomsavgifter, brukarbetaling etc) krav. Når staten overtar funksjonen som skatteoppkrevjar, så er attverande innkrevjingsressurs berre 50%. For det andre har det truleg ein likviditetsmessig effekt. Når staten overtek, så får truleg kommunane skatteinntektene i påfølgjande månad. I dagens ordning kan skatteoppkrevjaren ta forskot til alle skattekreditorane (staten, folketrygda, fylket og kommunen).

<b>SATSINGAR 2016</b>	<b>RESULTAT</b>	<b>KOMMENTAR</b>
Vere à jour med føring av rekneskapen gjennom året, og utarbeide tertialrapporter og årsrekneskap i samsvar med lov og regelverk		
Innfordring av korrekte skatter og avgifter til rett tid, samt vere ajour med innfordringa av kommunale krav		
Betale fakturaer til rett tid		Dette føreset at avdelingane attesterar og tilviser i god tid før betalingsfristen
Økonomireglement som gir god internkontroll		
Sektorane oppleve god støtte og opplæring		Evaluerer frå sektorane
Økonomirapportering basert på gode oppdaterte rekneskapsgrunnlag, tidleg oppdaging av ev avvik og prognoser som gir god oversikt over økonomisk status		
Nærver min 93,1 %		
Medarbeidarsamtale med alle tilsette		
Initiere innovative/nytenkjande tiltak		Antal prosjekt



### 3.9 PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Personalavdelinga har ansvar for rådgjeving og støtte til leiarane i personalspørsmål. Utvikling av arbeidsgjevarstrategiske verkty og leining av utviklings- og arbeidsmiljøprosessar ligg også til avdelinga. Koordinering av flyktningearbeidet og IKT er budsjettert under personal- og organisasjonsavdelinga. Til og med 2015 låg ansvaret for desse områda også til personalsjefen. Personalområdet er stort og må prioriterast, og rådmannen har valt å la flyktningekoordinatorane og IKT-konsulentane rapportere direkte til rådmannen. Rådmannen vil sjå nærare på organiseringa av den administrative strukturen etter gjennomføring av evaluering hausten 2016.

Personalavdelinga er tillagt ansvar for å utvikle og vedlikehalde kommunen sitt overordna kvalitetssystem. Det er behov for ei implementering av programmet Kvalitetslosen i heile organisasjonen, slik at avvik vert meldt og handtert for stadig å utvikle praksis. Dette er viktig for å arbeide etter prinsippet om lærande organisasjon.

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Arbeidsgjevarstrategi som gjer at Volda kommune rekrutterer godt og held på god kompetanse	➤ Leiarprogram som gir trygge og gode leiarar som balanserer godt mellom tydeleg forventingsavklarings og støtte der dei tilsette vert sett og verdsett	➤ Utnytte potensialet i eksisterande og implementere nye dataprogram og som forenkler arbeidsprosessar og måle kost-/nytteeffekten
➤ Ha arenaer og hendingar som gir tilsette i Volda kommune felles tilhøyrse	➤ Sikker drift av kommunen sine datasystem	➤ Kvalitetssystem som er utvikla for heile organisasjonen

#### Utfordringar

IKT går inn i eit år med store utfordringar grunna bemanningssituasjonen og mange nye arbeidsoppgåver. Vi er i ein fase der vi flyttar brukarar og tenester til felles driftssenter på Hareid. Dette er svært tidkrevjande arbeid som set store krav til kompetansen vår. Når vi i tillegg skal halde den daglige drifta i gong på same nivå som før, få gjennomført planlagde investeringar, ha tid til å gjere strategiske vurderingar, og gi gode faglege råd til organisasjonen vert det i sum svært krevjande. Staten har forventingar til kommunesektoren om omstilling av kommunane ved digitalisering av tenestene. Vi manglar strategiske kapasitet til å gi dette prioritetet, samtidig er dette så komplisert og omfattande at den enkelte kommune må søkje samarbeid med andre kommunar.

Innvandring til kommunen er aukande og stadig ei utfordring, samtidig som det er ein viktig ressurs både for utvikling av kommunen og for å halde folketalet oppe. Ved omorganiseringa har vi lagt arbeidet med innvandringa meir integrert i dei ordinære tenestene. Det er samtidig viktig å oppretthalde god tverrfagleg koordinering, oppfølging av statlege finansieringsordningar og kontakt mot statleg nivå. Det vil framleis bli arbeidd med å betre koordineringa av oppgåvene og samarbeidet mellom sektorane som no har ansvaret for å sette i verk kommunen sin politikk på dette området. Den auka flyktningestraumen som no kjem til landet vil gi formidable utfordringar for busettingskommunane og kommunar som er vertskommune for asylmottak. Situasjonen på nasjonalt plan er for tida usikker, og Volda kommune må forvente forespørsel om auka busetting. Rådmannen foreslår å setje av integreringstilskot og vertskommunetilskot som følge av auken i flyktningar til fond i 2016. Bruken av midlane vert å vurdere ut frå behov for styrking av tenestene. Dette vert lagt fram i politisk sak etter nyttår.

Kommunen relativt høgt sjukefråvær . Sjølv om det ligg om lag på gjennomsnittet for kommunal sektor, er det likevel for høgt og det må arbeidast systematisk med å auke nærveret. Årsak til sjukefråver er samansett, og det er behov for å innrette innsatsen med brei involvering av dei tilsette sjølve, sjukmeldarane, politikarane og leiarane. Dette krevst ressursar for å følgje opp sektorane. Samtidig har det vore endringar i staben ved utskifting i løn- og personalgruppa som følgje av generasjonsskifte. Tre personar har slutta og det er kome nye i staden. Det krev både tid og ressursar før dei nye er opplærde samtidig som det å få nye medarbeidarar er ei moglegheit til å sjå på avdelinga med nye auge for å utvikle seg vidare. Det er eit mål å nytte systema på betre måtar, og å innføre nye rutiner og system som skal sikre betre personalhandtering i heile kommunen. Det er også ei målsetting å betre den politiske involveringa i utviklinga av kommunen si arbeidsgjevjarrolle.

MÅL 2016	RESULTAT	KOMMENTAR
IKT Brukarane skal vere tilfredse med dei tenestene IKT yter.		
IKT-investeringar skal gje positiv kost/nytte		
Innvandring Busetje flyktningar i samsvar med gjeldande kommunestyrevedtak og samarbeidsavtale med IMDI		
50 % av flyktningane skal bu i privat bustad innan tre år etter busetjing		
30 % av flyktningane skal eige privat bustad		

innan seks år etter busetjing		
Løn og personal Administrere gjennomføring av medarbeidarundersøking		
Profesjonell rekruttering som fremjar Volda kommune som arbeidsgjevar		
Sjueoppfølging som fremjar nærvær		
Tilsette og leiarar får pålitelege svar på spørsmål		
Korrekte tenester til rett tid		
Initiere og gjennomføre utviklings- og omstillingsprosjekt for å effektivisere tenesteproduksjonen og auke kvaliteten		
Initiere prosess for å implementere bruken av Kvalitetslosen i heile organisasjonen (avklare systemansvarleg funksjon, gjennomgang av rutiner og organisering av opplæring)		

### 3.10 BARNEVERNTESTA HAREID, ULSTEIN, VOLDA OG ØRSTA

1.januar 2014 gjekk Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta saman om etablering av ei interkommunal barnevernsteneste, med Volda kommune som vertskommune.

Barnevernstenesta sine hovudmål er gitt i Lov om barneverntenester:

1. å sikre at barn og unge som lever under forhold som kan skade deira helse og utvikling, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid

2. å bidra til at barn og unge får gode oppvekstvilkår.


Lova pålegg dermed barnevernstenesta eit todelt oppgåve; ved at ein skal arbeide i forhold til enkeltbarn og deira familiar, samstundes som ein skal følgje med i born sine oppvekststilhøve og drive førebyggjande arbeid.

Teneste- og utviklingsmål		
➤ Vere lett tilgjengelege – for alle som har med barn og unge å gjere og for ålmenta	➤ Bidra til tidleg innsats i samarbeid med andre tenester for barn og unge	➤ Gi likt tilbod om barnevernstenester til alle barn i Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta
➤ Arbeide forebyggjande	➤ Vere ei fagleg oppdatert og kompetent teneste – som har barnet i fokus	➤ Prioritere trivsel og eit godt arbeidsmiljø blant dei tilsette
➤ Utvikle ein lærande organisasjon	➤	➤

SATSINGAR 2016	Resultatmål/Tiltak
Økonomi	Tertialrapportering i høve avvik i budsjettet Evaluere alle tiltak fortløpande
Sikre eit kvalitativt godt barnevernsarbeid	Overhalde fristane som barnevernslova set for arbeidet
	Vidareutvikle samarbeidet med Landsforeningen for Barnevernsbarn, Barnevernsproffane og «Mitt Liv-prosjektet»
	Vidareutvikle rutinar og kvalitetssikring av arbeidet på alle nivå
	Sikre at alle barn har tiltaks- og omsorgsplanar
	Vidareføre arbeidet med brukarevaluering i alle saker

	Sikre at alle barn som bur utafør heimen har sin tilsynsførar, og at ordninga vert utført på ein fagleg tilfredsstillande måte
Sikre involvering, medverknad og engasjement frå dei tilsette	Gjennomføre medarbeidarsamtaler kvar haust
	Utarbeide kompetanseplan for tenesta
	Involvere personalet i drift og utvikling av tenesta
	Sjå til at alle tilsette får høve til kurs og opplæring
	Fagleg rettleiing til alle fagtilsette
	Arbeide for nærvær på min 90 %
Samarbeide med andre	Vidare deltaking i det regionale nettverket «Mission Possible»
	Gjennomføre erfaringskonferanse med andre interkommunale barnevern i Møre og Romsdal
	Sikre deltaking i tverrfaglege samarbeidsfora i alle kommunane
	Vidareføre ordninga med faste kontaktpersonar for alle barnehagar og skuler
	Presentere "Tenesteanalysen" (KS sitt barnevernsnettverk) for rådmenn og politiske organ
Drift	Utarbeide informasjonsplan for tenesta
	Implementere økonomidelen av fagprogrammet «Familia»
	Innføre scanning og elektronisk arkiv
	Utarbeide rutinar for internkontroll på alle områder i tenesta
	Vurdere oppretting av barnevernsvakt

## Oversikt over barn med barnevernstiltak pr 31.januar 2014



Denne oversikta viser talet på barn med barnevernstiltak i 2013 og 2014. Vi ser at Volda har hatt størst auke, med 100 barn med tiltak ved utgangen av 2014. Ulstein hadde då 74 barn, Ørsta 82, medan Hareid hadde eit stabilt tal på 48 barn i tiltak begge åra. Denne oversikta seier ikkje noko om type tiltak eller om kostnadane ved desse.

### 3.11 NAV

I mai 2014 vart Nav-kontora for Volda og Ørsta slått saman til eitt felles kontor med Ørsta som vertskommune. Dette inneber at Ørsta kommune driv tenestene også for Volda kommune. Nav er ei viktig teneste, og det er viktig at Nav-tenesta inngår i det tverrfaglege samarbeidet med dei øvrige tenestene i kommunen. Det er behov for å gjere ei evaluering av samanslåinga for få systematisk oversikt over effekten av denne omorganiseringa. I den samanheng må vi også sikre faste rutiner for rapportering og budsjettering.

Teneste og utviklingsmål		
➤ Gi alle høve til å kome i arbeid	➤ Å gi alle barn og unge høve til å utvikle seg	➤ Betre levvilkåra for vanskelegstilte
➤ Aktivt tverrfagleg samarbeid med tenestene i Volda kommune	➤ Bruke virlemidla fleksibelt ut frå individuelle behov for raskast mogleg kome i aktivitet eller arbeid	➤ Månadleg rapportering av økonomisk forbruk og tertialrapportering på tenestene

Ørsta er vertskommune for Nav-kontoret. Volda kommune kan instruere og gi styringssignal for tenesta i samsvar med samarbeidsavtalen. Ørsta kommune vert bedt om å rapportere på oppfølginga av måla.

Budsjettkommentarane frå Ørsta kommune er kopiert inn nedanfor:

#### Folkehelse

Arbeidslina ligg til grunn i NAV, fokus på arbeid skal vere ein raud tråd i det meste av arbeidet vårt. Forsking viser at det å vere utan arbeid aukar dødeligheit, helseproblem og forbruk av helsetenester. Å vere i arbeid aukar sjølvkjensla, gir betre psykisk helse og generelt betre helse. Arbeidsfokuset understøttar altså folkehelseperspektivet.

#### Fakta om avdelinga

NAV Ørsta/Volda har pr. i dag 16,53 statlege og 8,75 kommunale årsverk. Av dei statlege årsverka er 0,5 årsverk knytt til settekontorordning, 1,0 årsverk er marknadskoordinator for Sunnmøre. Av dei kommunale årsverka er 0,6 knytt til gjeldsrådgjeving, resten er knytt til rettleiing/sakshandsaming.

Kontoret har kommunal minimumsløysing, og skal yte sosiale tenester knytt til genererell råd og rettleiing, økonomisk rådgjeving, økonomisk stønad, midlertidig butilbod, kvalifiseringsprogrammet og individuell plan. I tillegg har vi gjeldsrådgjeving.

Kontoret er i dag organisert i tråd med intensjonar og føringar i NAV, der vi leverer integrerte tenester og jobbar på tvers av kommunal og statlege tenestemeny.



## Status/utfordringar

Arbeids- og velferdsdirektøren, samt regjeringa, held sterkt fram at NAV må rette arbeidet sitt endå meir inn mot arbeid, arbeidsgjevarar og arbeidsmarknaden. Vi må vere tettare på næringslivet, jobbe meir utadretta og opparbeide fleire gode relasjonar til arbeidsgjevarane. I tillegg må vi kartlegge brukarane våre betre, vi må i større grad ha rettleiingssamtalar med arbeid som hovudfokus, og vi må fylgje opp brukarane tettare. Stor saksmengd, mykje tid til sakshandsaming/kontorarbeid, mange ad hoc-oppgåver og fråvær av tilsette, gjer det utfordrande å jobbe slik vi burde.

Hovudmålet til NAV er å få fleire i arbeid og aktivitet, og færre på stønad. NAV kan ikkje klare å løyse dette samfunnsoppdraget åleine, men må jobbe saman med andre aktørar. Det er viktig med felles forståing av oppdraget, samt at alle forstår si eiga rolle i det store biletet. Lasset må dragast saman og i same retning. Vi vil difor vidareføre samarbeid med m.a. legar/behandlarar, andre avdelingar i kommunen, utdanningsinstitusjonar og ikkje minst arbeidsgjevarar/næringsliv.

NAV Ørsta/Volda har vore i drift sidan 1. mai -14, og det har vore eit spanande år. Det har også vore krevjande å finne vår form med ny organisering, ny kultur og nye arbeidsfelt. Vi ser likevel no at vi absolutt er på rett veg, og at vi byrjar å verte komfortable i vår nye organisasjon. For å sikre at vi har ein organisasjonsmodell som er mest mogelege i tråd med både føringar, forventningar og effektivitetskrav, vil vi evaluere og evt. justere modellen. Skal kontoret lukkast med sine oppgåver, er det viktig at staten og kommunen har god samhandling, felles forståing og understøttar same prosessane.

Innføring av aktivitetskrav for sosialhjelp vil kome i 2016. Dette krev at NAV og kommunen riggar eit sysselsetjingstilbod for brukarar som mottek sosialhjelp. Effekten håpar vi skal vere til det beste for brukarane, då ein veit at aktivitet og struktur på dagane har positive ringverknader for dei fleste. Vi håper også at aktivitetskravet skal kunne redusere utbetaling av sosialhjelp.

Det vert i rundskriv til Lov om sosiale tenester i NAV stilt strenge krav til heilheitleg vurdering og ivaretaking av barn og unge, samt til unge vaksne som søkjer om sosiale tenester. Kontoret driv i desse dagar å gjennomfører eigenvurdering (tilsyn). Rapport her kan kome til å vise avvik som må lukkast. Dette kan verte ei utfordring med dagens ressurstildeling og arbeidssituasjon.

Samfunnsutviklinga viser elles veksande utfordringar m.a. m.o.t. auke i ledigheita og stor tilstrøyming av nye flyktningar. Dette vil påverke NAV i stor grad, både økonomisk og i høve ressursbruk. Vi får fleire brukarar, truleg fleire sosialhjelpssøkjjarar/auke i sosialhjelpsutbetalingane, samt fleire utan bustad. Vi får truleg også fleire gjeldssaker og elles auke i saker der dårleg økonomi slår ut på uheldige måtar for brukarane og deira familier.

### 3.11 ANSVARSOMRÅDE 80 (FELLES UTGIFTER OG INNTEKTER)

Dette ansvarsområdet inneheld utgifter og inntekter som ikkje høyrer naturleg heime på den einskilde sektor.

#### **Kommentar**

Her er eit utdrag av utgiftene;

- Amortisering av tidlegare års premieavvik på pensjonsområdet
- Revisjon
- Kontrollutval (kr. 318.000)
- Kyrkjeleg fellesråd
- Tilskot til andre trussamfunn
- Diverse kontingentar, som til dømes kopinor og KS
- Ålesund reiselivslag
- Driftstilskot til Volda rullarlag, Volda stadion m fl ( i høve politiske vedtak)
- Avskrivningar
- 5 mill kr knytt til arbeidet med å integrere flyktningar. Det vert fremja sak til kommunestyret etter nyttår der beløpet vert fordelt til sektorane.
- Lønsauke er plassert direkte på sektorane. Prisauke på varer og tenester (2 mill kr) er plassert på dette ansvarsområdet. Kommunestyret fordeler ut beløpet til sektorane etter nyttår.

Her er dei viktigaste budsjetterte inntektene:

- Kalkulatoriske inntekter frå sjølvkostområda
- Vertkommunetilskot for asylmottak (kr. 2.560.000)
- Tilskot for einlig mindreårige (kr. 3.312.000)
- Motpost avskrivningar (inntekt)
- Sal av konsesjonskraft

Her er kommentarar til nokre få viktige utvalde poster:

#### *Kyrkjeleg fellesråd*

Kyrkja er ein sjølvstendig juridisk organisasjon som er ansvarleg for si drift innanfor dei tilskota som vert ytt frå kommunen. Dette er følgt opp med ei budsjetteknisk omlegging der tilskotet til Kyrkja vert budsjettert som ei driftsoverføring frå kommunebudsjettet. Det er lagt opp til same aktivitet på drifta som i 2015 korrigert for pris- og lønsutvikling (tilskot på kr.4.156.000 og kr.256.000).

Tilskotta til Volda kyrkjeleg fellestråd er auka med 2,7% (som er i samsvar med Regjeringa si prognose for prisstigning i kommunesektoren i 2016). Volda kyrkjelege fellestråd har kome med framlegg til budsjett 2016 i brev datert 4. november 2015. Dette er med som trykt vedlegg til saka.

### *Premieavvik*

Når ein skal budsjettere, vil det alltid vere usikre faktorar. Hovudforklaringa til det er lovendinga som tok til å virke frå og med 2002. Fram til 2001 var det den betalte pensjonspremien som vart utgiftsført i rekneskapen. I 2002 vart dette endra. Pensjonsleverandøren reknar ut kva som er pensjonskostnaden for det enkelte år:

- Dersom innbetalt premie i året er større enn pensjonskostnad (utrekna av pensjonsleverandøren sine aktuarar), får vi eit positivt premieavvik.
- Dersom innbetalt premie i året er mindre enn pensjonskostnad, får vi eit negativt premieavvik.

Premieavvik vert ført slik i rekneskapen:

- Positivt premieavvik (dvs når innbetalt premie er større enn netto pensjonskostnad ) vert ført som ein driftsinntekt i rekneskapen året det oppstår. Dette vert så ført (amortisert) som driftsutgift dei neste 15 åra med like årlege beløp.
- Negativt premieavvik (dvs når innbetalt premie er mindre enn netto pensjonskostnad ) vert ført som ein driftsutgift i rekneskapen året det oppstår. Dette vert så ført (amortisert) som driftsinntekt dei neste 15 åra (med like årlege beløp).
- Premieavvik som oppstår i 2011 (eller seinare) skal amortiserast over 10 år ( ikkje 15 år som for premieavvik oppstått i perioden 2002-2010).
- Premieavvik som oppstår i framtida skal amortiserast over 7 år.

Pr 31.12.2014 har Volda kommune i underkant av 53 mill kr i akkumulert premieavvik som skal utgiftsførast årleg fram til 2025. Dette er ei stor belastning for likviditeten, og er også mykje debattert på nasjonalt nivå ( har vore omtalt i alle Volda kommune sine budsjettokument og årsmeldingar sidan 2005). På landsbasis er samla premieavvik for kommunesektoren truleg over 30 milliardar.

Det er budsjettert med kr 5.731.000 i amortisering av tidlegare års premieavvik.

Pensjon er som sagt eit område det er knytt stor usikkerheit til. Det er ikkje lagt inn buffer på fellesområdet. Alt er fordelt ut til sektorane.

## 4 INVESTERINGAR

### Investeringar i økonomiplanperioden. 2016 - 19

Det er lagt opp til investeringar på kr. 596 502 000 mill kr økonomiplanperioden. Øyra skule er den tyngste investeringa, og kapitalkostnadene med dette prosjektet vert fullt ut belasta drifta. Auka renter og avdrag som følgje av denne investeringa føreset auke av eigedomsskatten til 4 promille frå og med 2017. Det er verd å merke seg at vedtekne investeringstiltak i 2015 som er påbyrja og ikkje fullførde i 2015, ikkje vert oppførde i 2016. Dette vert justert i budsjettet når rekneskapen for 2015 vert avslutta.

### Prinsipp for prioritering av investeringar

Kommunestyret har i samband med handsaminga av budsjett og økonomiplan 2014 - 17 vedteke som strategi at investeringar skal medverke til el medføre:

- *Reduksjon eller rasjonalisering i drifta (ev samtidig også gir betre tenester)*
- *Standarden på bygningsmassen held seg og unngår forringing/verditap*
- *Bygningar som stettar lovpålagde krav til tenestene og arbeidsmiljøet*
- *Utløysing av verdiskaping og ringverknader i samfunnet*

Investeringsprosjekta vert kommentert i den rekkjefølgja dei står i oversikta over framlegg til investeringsprogram for perioden 2016 - 2019. Oversikta byggjer på gjeldande økonomiplan, oppdatert behovsvurdering og planlegging i høve til gjennomføringskapasitet.

Det har vore ein tendens til at det er budsjettert med eit investeringsvolum som er større enn det kommunen har hatt kapasitet til å gjennomføre. Kommunen burde ut frå lånegjelda hatt investeringsstopp. Det er likevel nødvendig å gjere investeringar for å dekkje tenestebehov og krav til bygningsmessig standard. Kommunen har også eit ansvar for å følgje opp infrastrukturtiltak og tiltak for å tilretteleggje for busetting og arbeidsplassutvikling.

Investeringar innanfor vass- og avløpssektoren vert dekt innanfor sjølvkostområdet. Bustadfelt, næringsområde vert også over tid i hovudsak dekt opp av tomtsal. Investeringar i omsorgsbustader vert delfinansiert ved statstilskot, og elles er det husleigeinntekter på desse bustadene som går med til å dekkje opp kapitalutgiftene.

Det er ein del etterslep på gjennomføring av allereie vedtekne investeringsprosjekt. Desse vil verte iverksette og skal ikkje vedtakast på nytt.

Tabellen under viser fordelinga på kvart enkelt år og på investeringskategori.

	2016	2017	2018	2019
Byggefelt og industriområde	7 000 000	9 500 000	1 000 000	8 300 000
Sjølvkost-området (vatn, avløp og feiing)	5 400 000	20 000 000	24 500 000	8 000 000
Andre investeringar	240 912 500	151 573 500	83 858 000	36 458 000
<b>Sum investeringar</b>	<b>253 312 500</b>	<b>181 073 500</b>	<b>109 358 000</b>	<b>52 758 000</b>

Tabellen under viser kvart enkelt investeringsprosjekt.

Investeringsprosjekt:	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
EDB-utstyr rådhus	600 000	600 000	600 000	600 000
Interkommunale IKT investeringar	1 350 000	375 000	375 000	375 000
<b>Sum Personal og Organisasjon</b>	<b>1 950 000</b>	<b>975 000</b>	<b>975 000</b>	<b>975 000</b>
IKT utstyr for servicekontor - kurs m.m.	300 000	-	-	-
<b>Sum Service og kultur</b>	<b>300 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
Kombidamparar avdelingskjøkkena	354 500	265 500	-	-
Volda Omsorgsenter - Automatisk Døråpning	300 000	-	-	-
Trygghetsalarmer	400 000	-	-	-
Elektromedisinsk utstyr	250 000	-	-	-
Fjordsyn- Fellesareal barn	200 000	-	-	-
<b>Sum Helse og Omsorg</b>	<b>1 504 500</b>	<b>265 500</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
IKT-satsing oppvekst	500 000	1 000 000	500 000	500 000
<b>Sum Opplæring og Oppvekst</b>	<b>500 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>
Volda u-skule, opprusting	-	1 000 000	7 000 000	1 000 000
Ny Øyra skule	162 500 000	62 500 000	-	-
Omsorgsbustader, erstatning for Mork bustader	200 000	1 000 000	26 000 000	10 000 000
Energimerking kommunale bygg	500 000	-	-	-
Oppgradering Mork/Nilletun	500 000	500 000	-	-
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	13 000 000	-	-	-
Ombygging FDV/Brannstasjonsbygg	800 000	-	-	-
Leikeplassar (skular/barnehagar)	200 000	200 000	-	-
ROP boliger 7stk (midlertidige bustadar)	12 000 000	12 000 000	-	-
EPC gjennomføringstiltak	25 000 000	20 000 000	-	-
Kontorplassar kommunale barnehagar	-	500 000	500 000	-
Brannteknisk analyse kommunale bygg	-	-	400 000	400 000
Teknisk analyse bygg for kvalifisert oppgradering	-	-	1 500 000	1 500 000
Mork skule - kapasitetsutviding	2 000 000	-	-	-
Oppgradering Prestegata 33	-	900 000	500 000	4 500 000
4. etasje omsorgsenteret	200 000	6 000 000	-	-

Legesenteret	-	-	4 000 000	-
Oppgradering kommunale (omsorg) bustader	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
Lydhimling Vikebygda skule	150 000	-	-	-
Voldahallen kommunal del	-	15 000 000	15 000 000	-
Branndepot Straumshavn	-	-	600 000	-
<b>Sum Teknisk Eigedom</b>	<b>221 050 000</b>	<b>123 600 000</b>	<b>59 500 000</b>	<b>21 400 000</b>
Utbetring kommunale vegar	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Trafikktrygging og miljøtiltak	-	-	900 000	900 000
Friluftstiltak m.m.	333 000	333 000	333 000	333 000
Kommunal del sentrumsutvikling	-	2 000 000	-	-
Skulebakken Haugen Lauvstad	-	-	-	2 000 000
Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	1 000 000	5 000 000	9 000 000	5 000 000
Utbygging veglys til LED finansiert ved straumsparing	2 200 000	2 200 000	2 200 000	2 200 000
Flomførebygging Heltneelva	2 000 000	4 000 000	4 000 000	-
Botnavegen	-	3 500 000	1 300 000	-
Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift	5 000 000	5 000 000	2 000 000	-
Kommunal andel Volda Idrettspark	250 000	250 000	-	-
Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra	3 000 000	4 500 000	-	-
Næringsområde Øvre Rotset	4 000 000	5 000 000	-	-
Utbygging felt Bratteberg	-	-	1 000 000	8 300 000
Veghøvel (2015)	1 300 000	-	-	-
Maskiner til parkdrift	150 000	150 000	150 000	150 000
Maskiner til vegdrift	800 000	600 000	500 000	500 000
Brann kjøretøy	400 000	700 000	500 000	500 000
<b>Sum Teknisk Kom.tek.</b>	<b>22 433 000</b>	<b>35 233 000</b>	<b>23 883 000</b>	<b>21 883 000</b>
Vatn Samleinvestering	-	2 500 000	4 000 000	4 000 000
Avløp Samleinvestering	5 000 000	17 500 000	20 500 000	4 000 000
Feiing	400 000	-	-	-
<b>Sum Sjølvkost</b>	<b>5 400 000</b>	<b>20 000 000</b>	<b>24 500 000</b>	<b>8 000 000</b>
Digitalt kartleggingsprosjekt	175 000	-	-	-
<b>Sum Utvikling</b>	<b>175 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>Sum alle år i økonomiplanperioda</b>	<b>253 312 500</b>	<b>181 073 500</b>	<b>109 358 000</b>	<b>52 758 000</b>
<b>Sum alle 4 år</b>	<b>596 502 000</b>			

Under følger omtale av investeringsprosjekta. Prosjekt med løyving i 2016 har grøn tekst.

## Personal og organisasjon

### Edb-ustyr rådhus

IKT-utstyr vert utgiftsført under ansvar for personal og organisasjon. Løyvinga omhandlar utskifting av PC'ar, nettverksinvesteringar, soft- og hardware.

## Interkommunale IKT-investeringar

### Budsjett SSIKT driftsenter 2015 til 2019

Investeringar	2014	2015	2016
Maskinvare	1 150 000		
Inv kostnad Gerica	994 500	Overf frå 2014	
Utskifting Ekko innfordring til ERP	285 180		
Gerica plan / mobil pleie		250 000	
Gerica faktura mot Agresso			175 000
Agresso oppdatering og samordning		1 456 730	
2 stk små ASA		40 000	
Aggregeringsswitsjar		100 000	
Aksesspunkt DS		15 000	
Ekstra lagring backup		230 000	
Entreprise databaser		-	200 000
ESX-hostar		200 000	
ESX-lisensar		80 000	
Kommunikasjonslinjer			
MS datasenter		250 000	
Redundant NetScaler		60 000	
Redundante brannmurar		800 000	
SAN		200 000	
SQL server for Agresso lisens		130 000	
VDI host		100 000	
Tilpassing driftsenter		-	
Framtidig utviding av lagring og kapasitet			-
QMS felles kartbase			1 180 000
MS SQL Cluster (lisens)			1 170 000
MS SQL Cluster (Hardware)			320 000
Citrix Netscale oppgradering			120 000
Utviding SAN			190 000
Citrix Zen desktop lisensar			250 000
Vmware desktop lisensar			35 000
Antivirus SSIKT			350 000
Vmware host			175 000
Klientmanagement			200 000
MDM			105 000
Fiber nettverk mellom kommunane			850 000
Trådløst nett/ soner SSIKT			350 000
Nettverkskomponentar i kommunane			500 000
Nye VDI hostar			210 000
SMS gateway			15 000
Etablering av Dell WSM			300 000



Rack 4			190 000
Løpande oppgradering utskifting utstyr datasenter			
Utskifting nettverksutstyr i kommunane			
Gerica plassadministrasjon			310 000
Ephort - anslagg kostnad utskifting / oppgr			
<b>Sum</b>	<b>2 429 680</b>	<b>3 911 730</b>	<b>7 195 000</b>

	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
<b>Andel investering</b>				
Hareid	279 862	426 280	769 192	213 813
Herøy	492 366	749 960	1 346 799	374 371
Ørsta	475 515	838 549	1 596 234	443 707
Volda	402 206	709 273	1 347 550	374 580
Sande	145 420	221 501	392 034	108 974
Vanylven	181 500	276 456	490 906	136 458
Ulstein	452 811	689 711	1 252 284	348 098
<b>Sum</b>	<b>2 429 680</b>	<b>3 911 730</b>	<b>7 195 000</b>	<b>2 000 000</b>

Det er ekstraordinære investeringar i 2016, hovudsakleg knytt til oppgradering av Agresso og infrastruktur for sikker drifta av applikasjonane og sentraldrifta i driftssenteret. I 2017 vil investeringane kome ned på eit normalnivå. Dette er forventa å liggje under nivået for 2014.

## Service og kultur

### IKT-utstyr for servicekontoret

PC'ar ved servicekontoret og biblioteket må skiftast ut, og det kjøpes inn ein eigen utlånsautomat til biblioteket. Det er låg bemanning på biblioteket. Biblioteket har fått betre lokale og det er mykje brukt av innbyggjarane, og særleg av minioritetsgrupper. Biblioteket har også stor utlånsaktivitet. I staden for å be om auka bemanning vert det foreslått investering i sjølvbetent utlånsautomat for å avlaste arbeidsmengda ved biblioteket.

## Helse og omsorg

### Kombidamparar avdelingskjøkkena

Storkjøkkenet leverer mat til alle bugrupper etter kok-kjøl- prinsippet. Maten må dagleg ferdiglagast ute på bugruppekjøkkena, til dette trengst mellom anna ein kombidampovn. Det var kjøpt inn slike ovnar i 2004, men desse er no svært ustabile og mange er defekte og ute av

drift. Å koke ferdig maten gir meirarbeid der desse er ute av drift. Det vart tidlegare løyvd ein sum til innkjøp av slike, men dette innkjøpet er langt dyrare enn prisar innhenta då og held berre til 3- 4 nye ovnar. Det er 14 ovnar som må skiftast ut. Åtte av desse skal skiftast i 2016, dei seks andre i 2017.

#### Volda omsorgsbustader – automatisk dørøpnar

Dette behovet har vore påpeika gjennom vernerundar og behovet er ikkje minst ønskeleg i forhold til MRSA utfordringane ein har på institusjonen. Inne på skylleroma er det både vaskemaskin, bekkenspylarar og bosshandtering. Det er dører som ofte vert opna, ofte har tilsette mykje i hendene på veg inn desse dørene. Både for å unngå smitte til dørhandtak, men også redusere belastning for tilsette som går gjennom desse dørene svært mange gongar gjennom ei vakt, bør dørene utstyrast med kortlesing og automatisk dørøpning.

#### Tryggheitsalarmar

Det analoge telenettet vert fasa ut frå 01.01.2017. Kommunen har berre analoge tryggleiksalarmar som kan nytte analoge linjer. Mange husstandar har etter kvart sagt opp sine analoge linjer og kan derfor ikkje nytte tryggleiksalarmane vi har. Omlegginga er ei nasjonal utfordring og helse- og omsorgsdepartementet er derfor aktive i forhold til korleis dette skal løysast nasjonalt. Siste signal er at det kanskje berre blir ein mottakssentral for alarmar i Noreg, men at kommunane kan velje sjølv om dei vil nytte denne sentralen eller vil finne lokale/ interkommunale/ regionale løysingar. Men utlån av alarmar er primært ei kommunal oppgåve å tilby. Uansett er slike alarmar ei god løysing for kommunane om ein tenker omsorgstrappa og målsetjinga om at folk skal kunne bu heime lengst mogleg. Tryggleiksalarm skaper både tryggleik og kommunikasjon mellom brukar, pårørande og hjelpeapparat uavhengig av kvar ein bur. Ein viktig føresetnad er at det er geografisk dekning for bruk av mobilteknologi.

#### Elektromedisinsk utstyr

Mykje av utstyret ved omsorgssentert vart kjøpt nytt i 2004 til innflytting. Mykje bruk og slitasje, mellom anna har mange heismotorar merka slitasje og fleire er allereie skifta ut, ny stolvekt trengst samt at det må skiftast ut nokre av sengene.

#### Fjordsyn – fellesareal barneavlastninga

Lokalitetane til avlastingstenesta i underetasjen på Fjordsyn er bra, men små. Særskildt gjeld dette leilegheita som vert nytta som fellesareal. Kjøkkenet og tv-kroken er i minste laget når 4 born og 4 vaksne er samla. Det er av fagleg og ressursmessige årsaker lagt opp til at borna et alle måltida saman og at ein har ein tv. Det tronge arealet er med å skape uheldige situasjonar og ekstra utfordrande vert det om nokon har plasskrevjande hjelpemiddel.

Det er difor behov for å utvide fellesarealet. Deler av tilstøytande lagerlokal kunne vore godt eigna, slik at ein kunne ha kombinert tv-krok og kontorfunksjon i dei noverande lagerlokala.

Vidare kunne kjøkken/ spiseplass vorte utvida ved å opne mest mogleg av veggen inn til det som no er tv-krok/kontor. På denne måten vil ein kunne få større plass til spisebord og stolar.

Behovet er prekært no. Plassvurdering/ endring av bruksområde og evt. kostnader må avklarast med eigedomsavdelinga. Det er ikkje stor bruk av denne delen av lagerlokala pr. i dag. Såleis kunne ein få ei langt viktigare bruk av lokalitetane enn i dag.

## **Oppvekst**

### IKT-satsing oppvekst

I læreplanen som kom med Kunnskapsløftet er IKT vorte enda meir sentralt i undervisninga. Digitale ferdigheiter inngår blant dei fem grunnleggjande ferdigheitene. Skal Volda-skulen tilby eit framtidsretta undervisningsopplegg, så må det satsast både i utstyr, kompetanse hos lærarane og i infrastruktur.

## **Teknisk eigedom**

### Volda ungdomskule, opprusting

Det ligg inne plan for tilrettelegging for tilsette, arbeidsplassar, garderobe, kontor, samtalerom og pauserom. Brannteknisk analyse er tatt på bygget og det er ei rekkje tiltak som må utbetrast i samband med denne. Tiltaket er flytta ut eit år for tilpassing i budsjett og økonomiplan, samt kapasitet i eigedomsavdelinga.

### Ny Øyra skule

Skulen er under bygging og investeringa er innarbeidd i samsvar med godkjent finansieringsplan.

### Omsorgsbustader, erstatning for Mork bustader

Prosjektet er skyvd ut til oppstart 2018. Dette er eit stort prosjekt, og det er ikkje mogleg verken økonomisk eller kapasitetmessig å drive fram dette prosjektet tidlegare dersom Øyra skule skal prioriterast.

Det er eit større planleggingsarbeid som må gjerast før ein set i gang bygging av eit større omsorgsbustadsbygg. Det må gjerast ei analyse av kva type bustader det er behov for, kva omsorgsnivå dei skal dekkje og korleis desse bør utstyrast og innreiast for å møte utfordringane i omsorgstenesta i åra som kjem. Den kommunale omsorgstenesta har ein svært pressa økonomi, og planløyning og lokalisering må vurderast ut frå kva som gir mest teneste for kvar krone. Nærleik til basen i Omsorgssenteret kombinert med bruk av digital teknologi vil vere sentrale moment for å sikre trygge tenester og effektiv drift.

Det er trøngt på tomta ved Omsorgssenteret. Full utbygging på dette arealet vil utløyse dyre parkeringsanlegg. Det bør i planlegginga vurderast om tomta til og ev bygget til Engeset barnehage kan inngå i utbyggingsplanane for nye omsorgsbustader. Volda kommune vil sannsynleg ha full barnehagedekning ved å utnytte kapasiteten i det totale barnehagetilbodet om Volda kommune legg ned ein barnehage. Dersom denne barnehagetomta skal vurderast

for utbygging av omsorgsbustader, må det gjerast grundige vurderingar og oppvekstsektoren og ev interessenter må involverast i prosessen.

Det må også i prosessen avklarast korleis kommunen kan avhende Mork bustader, som t.d sal av eigedomen, riving mv.

#### ENØK-tiltak – energimerking kommunale bygg 2015 og 2016

Kommunestyret har vedteke å gå vidare med EPC, dette vil løyse dei fleste utfordringar som kommunen har med energi tiltak i kommunen.

#### Oppgradering Mork bustader (Nilletun) 2015, 2016 og 2017

For å drive omsorgsbustadene i Nilletun i nokre år til må det gjerast oppgradering av bygget. Bygget ber preg av manglande vedlikehald i mange år. Altan må stengast om ikkje rekkverk blir skifta ut. Enkelte baderom står i fare for stenging. Generelt vedlikehald må også gjennomførast, vaskar, kranar, toalett, kledning, vindauge osv for å halde drift. For tilpassing i budsjett og økonomiplan er beløpet for 2016 fordelt mellom 2016 og 2017.

#### Omsorgsbustader for vaksne funksjonshemma (5 stk Dokterhaugen) 2015 og 2016

Kommunen pliktar å tilby bustader til funksjonshemma som har fylt 18 år og som skal flytte frå heime. Det har vore dialog med foreldra omkring behov og framdrift på prosjektet. Dokterhaugen er sett på som ei gunstig plassering. Tomta er regulert til offentleg formål og er eigd av Volda kommune.

#### Etablering/ombygging av FDV avdeling 2016

Eit av formåla med kjøp av Prestegata 33 var etablering av eigedom i bygget. Det er viktig å få samla ressursane til eigedom med fokus på FDV (forvaltning, drift og vedlikehald) og reinhald i bygget. Etablering av ein slik base er elementær for smartare drift, der ein samlar kompetansen og skapar god samhandling. Dette er også vist til i rapporten frå forvaltningsrevisjon av kommunalt vedlikehald (handsama i K-sak 130/12). Dette vil også frigjere utgifter til husleige hjå Volda vassverk (Myrtun), som dekker inn kapitalkostnad på låneopptak.

#### Leikeplassar ved skular og barnehagar 2016

Eigedom har starta arbeidet med å styrke fokus på trygge kommunale leikeplassar (skular/barnehagar). Vi arbeidar i dag med kontrollrutinar gjennom forvaltningsprogrammet Famac. Vi ser at mykje av leikeapparata ikkje stettar dagens krav og må fjernast. Dette må erstattast med alternative leikeapparat.

#### ROP-bustader/omsorgsbustader 6 stk 2016 og 2017

Kommunane har fått eit utvida ansvar for heilheitleg tilbod til personar med samtidige rusproblem og psykiske lidingar. Ei utfordring er butilbod. Kommunen har mange erfaringar med vanskelege plasseringar i ulike kommunale bustader fordi ein manglar dedikerte bustader til føremålet. Utifrå det kjente behovet burde kommunen hatt 8 – 10 slike bustader. Det er

under regulering eit bustadområde i utkanten av det planlagte næringsområde på Rotset for lokalisering av slike bustader. I økonomiplanen er det innarbeidd bygging av 6 bustader. Bustadene på Maurtua som er bygt på dispensasjon for 3 år skal avløysast.

#### EPC gjennomføringstiltak 2016 og 2017

I samband med gjennomføringsfasen av EPC kontrakten vil det vere mange tiltak som skal gjennomførast i ein periode på 1-2 år. Denne tiltakspakka blir presentert for kommunestyret for godkjenning. Her vil vi kunne gjennomføre mange energitiltak i samanheng med generell oppgradering av våre kommunale bygg. EPC-tiltaka vil vere sjølvfinansierende samtidig som det er forventa ein effekt som er tenkt å finansiere oppgradering/vedlikehald av bygga.

#### Kontorarbeidsplassar kommunale barnehagar

Det er behov for å leggje til rette for kontorarbeidsplassar for leiarane ved barnehagane. Før ein set i verk tiltak, må dette godt planleggjast og sjåast i samanheng med framtidig barnehagestruktur ettersom drifta av barnehagane ligg vesentleg over det Volda kommune kan ha økonomi til å drifte i framtida.

#### Brannteknisk analyse kommunale bygg 2018 og 2019

Alle kommunale bygg må stette krav til lovverket. Der må ligge ei heildekkande branntekniska analyse av bygga. Denne vil gi oversikt over dei punkta som må utbetrast på dei bygg vi har. Analysen kan avdekkje behov for tiltak som må vurderast ved rullering av økonomiplanen. Prosjektet blir skyvd og delt opp på 2 år for tilpassing av budsjett og økonomiplan.

#### Teknisk analyse bygg for kvalifisert vedlikhaldsplan 2018 og 2019

I 2013 vart det utarbeidd ein enkel vedlikehaldsplan for Volda kommune. Dette er ein plan hovudsakleg basert på ei visuell vurdering av vaktmeister og administrasjonen i avdelinga. Dette er for så vidt ein grei plan for lettare vedlikehald som må planleggast. Slik tilstanden er på dei kommunale bygga pr. i dag, må djupare tilstandsanalyse til. Analyse som tek omsyn til HMS (brannteknisk analyse, innemiljø, energi osv). Ei slik analyse må innehalde kostnadsberekningar som kan takast med i ein forpliktande plan, der kommunestyre kan avgjere kva som skal prioriterast i åra framover. Dette er den beste måten vi kan få til eit forpliktande vedlikehald og forvaltning av dei bygningmessige verdiane til Volda kommune. Mykje av arbeidet blir gjennomført planmessig gjennom EPC prosjektet. Vidare tiltak blir derfor utsett til dette prosjektet er ferdig.

#### Mork skule kapasitetsutviding 2016

Mork skule vil få sprengt kapasitet i nær framtid og utvidingstiltak må derfor vurderast. Utviding av den gamle skulen er ikkje tilrådeleg. I planlegginga vil alternative tiltak for kapasitetsutviding verte utgreidd.

### Oppgradering Prestegata 33

Det er gitt ein dispensasjon for bruk av Prestegata 33 (Eigedom/brannstasjon) i 5 år frå 2013 utan heis. Denne heisa må etablerast i 2018 for at vi skal lovleg halde drift i bygget. Feiar er blitt tilsett i Volda kommune, dette krev etablering av fasilitetar. Det er naudsynt å starte utbygginga før riving av trebygg, der heis skal etablerast.

### Innreiing 4 etasje Omsorgsenteret

Volda omsorgsenter har stort areal i øvste et. som ikkje er realisert. Kapasiteten i bygget er sprengt, både på avdelingsnivå og i kontorfløy. Gnisten er lokalisert vekk frå omsorgsenter i eit lokale som legesenteret vil ha behov for innan kort tid. Dette prosjektet har derfor samanheng med prosjekt "Legesenteret". Innreiing av 4. etg i Omsorgsenteret kan frigjere areal andre stader og opnar opp for samdriftsfunksjonar som kan frigjere ressursar.

### Legesenteret

Volda legesenter driv i dag med full belastning på lokalet. Deler av venterom/pasientrom er blitt omgjort til kontorplass for turnuslege. Ved kapasitetsutviding må legesenter ombyggast og 3 et. må takst i bruk til enkelte funksjonar (møterom, kantine osv).

### Oppgradering kommunale bygg

Volda kommune har stort etterslep på vedlikehald av kommunale bygg. Det har blant anna vore arbeidd mykje med gjennomstrømming av kommunale bustadar, som medfører at det blir stadig fleire bustadar som må oppgraderast når dei skal ut på marknaden igjen etter 10-20 år med jamn utleige. Driftstiltak med tilsetjing av 2 fagarbeidarar/tømrarar vil være avhengig av dette tiltaket og for at Volda kommune skal klare å få bustadane operativ til drift. Det har vore forsøkt å setje ut delar av arbeidet i privatmarknaden på grunn av kapasitet, men det er lite interesse for å gi tilbod på slike små prosjekt.

### Lydhimling Vikebygda skule:

Klasserom må utbetrast i forbindelse med elevar med hørselshindring skal kunne ta del i undervising. Det vil være behov for andre endringar/tilpassingar i klasserom i skule.

### Voldahallen kommunal del

Prosjektet arbeider med framtida til Voldahallen. Hallen er 40 år og er nedskriven og er i ei slik forfatning at tiltak må gjerast uansett utfall av prosjektet. Administrasjonen har sett av Volda kommune sin del i ein ny Voldahall, eventuelt renovering av eksisterande hall.

### Branndepot Staumshamn

Gamalt branndepot er utrangert og det nytt depot er innarbeid i budsjett og økonomiplan.

## **Teknisk komm.tek.**

### Kommunale vegar, utbetring 2015 – 2019

Volda kommune brukar relativt lite midlar til vegvedlikehald på driftssida. Denne løyvinga er ei investering og kan berre brukast til nyasfaltering eller større rehabiliteringar utover vedlikehald.

### Trafikktrygging og miljøtiltak 2017 og 2018

Der står 1,9 millionar på dette prosjektet løyvd i tidlegare år. Desse midlane skal dekkje ny trafikktryggingssplan, Ny og tryggare parkeringsløyving ved Oppigarden og Sollida barnehager. Prosjektet vert realisert ferdig i løpet av første halvår 2016. Vegen forbi barnehagane vil møte vesentleg auke i trafikk i samband med utbygging av Håmyra. Vidare nyttast desse midlane til betre lys på gangareal og fotgjengar overgongar på skulevegar. Her er der behov for meir tilføring av kapital i 2016 og 2017, men vidare løyvingar vart utsett i økonomiplanen for å ta ned investeringsbyrden i høve bygging av Øyra skule.

### Friluftstiltak m.m. 2015 – 2019

Prosjektet starta opprinneleg som ei oppgradering for tur og friluftsliv ved Volda skisenter. Her er tiltaka utført, men prosjektet lever vidare som ei utvikling av friluftareal i Volda kommune. Dei næraste planane går på utvikling av Årneset og belysning mot stadion. Dei midlane som Volda kommune skyt inn i slike prosjekt vert ofte dobla ved tildeling av tippemidlar.

### Kommunal del av sentrumsutvikling 2015 og 2016

Det vart løyvd kr 4,7 mill i 2014. Prosjektet starta opp med grunnleggjande tilrettelegging og planlegging i 2014 innanfor ei ramme på 1,4 mill (kommunal finansiering kr 900 000 og fylkeskommunen 500 000). Prosjektet har starta i regi av Volda næringsforum i samarbeid med kommunen for å sikre god forankring hos grunneigarar og næringsdrivande i Volda sentrum. Det er laga ein utviklingsplan for Volda sentrum med forslag til tekniske løysingar for opprusting av fortau, gatemiljø, parkering og uteplassar. Det er vert drøfta ei ev stegvis utbygging av strekninga Snippa til torget. Dette må avklarast nærare mellom involverte partar. Volda sentrum bør framstå som attraktivt for besøkjande og dei som skal investere. Sentrumsutvikling vil vere eit partnerskapsprosjekt med deltaking får fylkeskommunen, Statens Vegvesen, dei næringsdrivande/grunneigarane og Volda kommune. Det vil verte søkt om tettstatsmidlar til prosjektet. I prinsippet skal kommunen, statlege midlar og grunneigarar/næringsdrivande dekkje 1/3 kvar. Totalt prosjekt vil da utgjere ca 10 – 15 mill. Planlegginga er i god framdrift, og der er tiltak under utføring i 2015, og nye tiltak er venta utført i 2016.

### Skulebakken – Haugen, Lauvstad 2015

Dette prosjektet har vore med i økonomiplanen tidlegare og er ei naudsynt utbetring av ei farleg vegstrekning. Kommunestyret har godkjent reguleringsplan for vegstrekninga.



### Flomsikring Volda sentrum – Melshornsida 2016 – 2019

Det har ved større nedbørsmengder dei siste åra, vore nære på at kapasiteten på overvasssystemet i volda har vorte sprengd. Der har vore ein del skader på offentleg infrastruktur og private eigedomar, men vi har vore heldige og unngått katastrofe. Overvasskapasiteten i og ved Volda sentrum må difor kraftig oppgraderast til å tole ein 200 års flaum. NVE har vore på synfaring, og kome med nokre forslag. NVE og andre konsulentar må hjelpe oss med kapasitetsanalyser og detaljplanar, før utbygging kan starte i 2016.

### Utbygging veglys til LED finansiert ved innsparing 2016 – 2019

Volda Kommune drifter i dag om lag 2400 veglyspunkt. 690 av desse er av den gamle PCB typen. PCB armaturane dreg nær 200 watt for å gi 100watt med lys. Nyare armatur dreg 110-120 watt. Eit LED armatur dreg berre 22 watt og gir 100 watt lys. Det er realistisk å skifte om lag 400 lyspunkt pr. år, og det vil ta 6 år å skifte alle lyspunkt til LED. Dette er eit framtidretta og miljøvenleg tiltak som betalar seg sjølv ved reduserte energiutgifter. I tillegg betaler vi like mykje i vedlikehald av dei gamle armaturene som vi betaler i straumutgifter. Vedlikehaldsutgiftene vil vi spare i 10 år for kvart armatur då LED armaturane har 10 års garanti. Dette prosjektet vil Volda kommune spare pengar på i tillegg til at innbyggjarane får betre lys langs vegane og mindre lysforureining, då LED lys er meir retnings fokusert. Alle veglysa vert utskifta med LED for 2,0 millionar pr år i 6 år, medan Kr 200.000,-/år går til utskifting av heile stolpepunkt etter kvart som Mørenett byggjer ned luftspenn til kabel.

### Flomførebygging Heltneelva 2016 – 2018

Flomførebygging av Heltneelva var eit krav for utbygging av Brattebergfeltet i 1979. Dette vart då ikkje utført, og må no fullførast utan å kunne takast med i tomteprisane, før vidare utbygging av B58 Bratteberg kan påstartast.

### Botnavegen 2016

Botnavegen har løyvde midler frå tidlegare år. Den løyvde summen vil berre dekkje ein del av vegutbetringa, det er difor naudsynt med ei tilleggsløyving i 2016 for å fullføre prosjektet, men vidare løyvingar vart utsett til 2017 i økonomiplanen for å ta ned investeringsbyrden i høve bygging av Øyra skule.

### Fast Dekke kommunaleareal/vegar finansiert drift

Asfaltering har vi vorte gode og effektive på, samstundes som det ikkje legg beslag på ingeniørressursar. Desse prosjekta vert også godt lagt merke til og verdsett av innbyggjarane i Volda. I tillegg har vi ein svært god rammeavtale med NCC på asfalt som gjeld ut 2017.

Areal med grusdekke krev kontinuerleg vedlikehald, særleg i periodar med mykje nedbør. Vi tek sikte på å leggje fast dekke på alle kommunale grusvegar og parkeringsplassar som det er fornuftig å asfaltere, i løpet av 2-3 år. Volda kommune vil då spare vedlikehaldsutgifter ved at vi sparar innkjøp av grus og medgått tid på mannskap og maskinar. Såleis kan vi årleg redusere driftsramma til vegdrift tilsvarande finanskostnadane på denne investeringa.

Dei areala som er planlagt asfaltert i 2016 er:

- Asfalt Høydalen Dalevegen
- Asfalt Høydalen ytre
- Asfaltering Sæteråsen Lauvstad
- Asfaltering Skaret/Lønndalen, Lauvstad
- Asfaltering Sollida, og mot Lønndalen til stadion, Folkestad
- Asfaltering Gangvegar Heltne/Bratteberg
- Asfaltering Gangvegar Røyslida
- Asfaltering Gamlevegen
- Asfaltering Seljebakken
- Asfalt gangvegar på Leirhaugen kyrkjegard.
- Asfalt parkeringsplass ved Leirshaugen
- Asfalt parkeringsplass Reset

#### Kommunal andel Volda Idrettspark

Området kring Volda stadion framstår som rotete, dårleg opplyst og tilrettelagt. Kommunal del av opprusting av dette området er eit bidrag til ei forskjøning av dette området ilag med dei frivillige organisasjonane som har sitt aktivitetsareal i området. Når området er ferdig skal det framstå som lysare og tryggare for barn og ungdom samstundes som det er ein tiltalende plass for besøkjande til idrettsstevner som i relativt stort antal møte Volda kommune på denne staden.

#### Bustadfelt Urbakkfoten 2016 og 2017

Løyvinga er ei total ramme som skal dekkje ev regulering, grunnnerv, prosjektering og opparbeiding av området. Utbygging av Urbakkfoten vert eit viktig tiltak for å gi tilbod om sentrumsnære einbustadtomter.

#### Næringsområde Øvre Rotset 2016 – 2017

Løyvinga er ei total ramme som skal dekkje regulering, grunnnerv, prosjektering og opparbeiding av området. Det er inngått kontrakt med privat konsulent om regulering av området. Reguleringsplanen er i fasa for sluttbehandling, og konkrete tiltak er venta i 2016.

#### Utbygging bustadfelt Bratteberg 2017 og 2018

Løyvinga er ei total ramme som skal dekkje regulering, grunnnerv, prosjektering og opparbeiding av området. Det er inngått kontrakt med privat konsulent om regulering av området. Prosjektet er flytta ut i tid grunna forbygging av Heltneelva som må gjerast før med opparbeiding av feltet.

#### Ny veghøvel 2016

Volda kommune leiger i dag høvelberedskap frå lokale entreprenører. Veghøvelen betjener ein av 5 brøyteroder i Volda sentrum, og er nytta til alle kommunale vegar til brøyting når høvling er naudsynt. Kostnaden for å ha ei slik ordning er kr 250.000,- berre i

beredskapskostnad, i tillegg kjem kostnader kvar gong høvelen vert nytta. Det vil difor løne seg å ha eigen høvel, slik at vi kan bemanne den 5. brøyteroden sjølv.

### Maskiner til Parkdrift

Der ryk i snitt ein plentraktor pr år, som må erstattast med ein ny, i tillegg til anna utstyr til park/kyrkjegardsdrift? Dette er eit samleprosjekt for innkjøp av nødvendige maskiner, slik at politikarar og administrasjon, ikkje treng å forhalde seg til ei mengd småprosjekt. Slik kan også ei eventuell restløyving verte overført til året etter.

### Maskiner til Vegdrift

Det er kontinuerleg slitasje på maskinparken, noko som resulterer i at vi gjamnleg må skifte ut forelda utstyr. I tillegg kom der nokre nye behov på bana ilag med sannsynleg utsett kommunereform: Stikkesetter har vi leigd med Ørsta kommune, og sist år av Åmås maskin. Prisen for leige var over 150000 pr år av ørsta kommune, medan vi fekk leige på 110000 av Åmås maskin i 2014/15. Det vil difor løne seg å kjøpe ei slik stikkesetjar.

Smålastebilen vår er gammal og treng utskifting, difor kjem den inn i 2017 med 600000. I tillegg er der alltid noko som ryk og må utskiftast kvart år.

Dette er eit samleprosjekt for innkjøp av nødvendige maskiner, slik at politikarar og administrasjon, ikkje treng å forhalde seg til ei mengd småprosjekt. Slik kan også ei eventuell restløyving verte overført til året etter.

### Brann Køyretøy

Det som konkret ligg i dette prosjektet er:

2016:

Vaktbilar: kr. 400.000,- (skifte ut dei to eldste, som er modne for opphogging, a kr 200.000,-)

2017:

Ny befalsvaktbil: kr. 500.000,-

Ny brannbil til Dravlaus: kr. 700.000,-

2018:

Skifte ut den eldste brannbilen, som då vert 28 år. Kr. 500.000

Dette prosjektet vart redusert med Kr 500.000 i 2017 i økonomiplanen for å ta ned investeringsbyrden i høve bygging av Øyra skule.

Dette er eit samleprosjekt for innkjøp av nødvendige køyretøy til Brann, slik at politikarar og administrasjon, ikkje treng å forhalde seg til ei mengd småprosjekt. Slik kan også ei eventuell restløyving verte overført til året etter.

## **Sjølvkost**

### Vatn Samleinvestering

Dette er eit samleprosjekt for alle innvesteringar som gjeld Vassverk og vassledningar, slik at restløyvingar på prosjekt Hovudplan Vatn vert overført til dette prosjektet. Der har årleg vorte løyvd 4 mill. til utbetring av leidningsnett, behandling og reinsing. Desse løyvingane har ikkje vorte nytta fullt ut, og der er difor ikkje behov for nye løyvingar i 2016.

Dei prosjekta som er lagt inn i dette prosjektet er:

- Myrtun på Rotset, tilbygg for Vassverket Kr 4.400.000,-
- HB2 Utviding 2 trinns reinsing Kr 3.000.000
- Reservevatn frå Ørsta Kr 2.000.000
- Utbygging Fyrde Vassverk: Kr 3.000.000

### Avløp Samleinvestering

Dette er eit samleprosjekt for alle innvesteringar som gjeld Avløpsreinsing og avløpsledningar, slik at eventuelle restløyvingar på prosjekt Hovudplan Avløp vert overført til dette prosjektet. Det har med oppretting av 3 nye stillingar på Vatn og Avløp vorte meir aktivitet på dette området. Det er bestemt at all utskifting av avløpsrør skal først som investering og såleis verte fordelt på abonentavgifta over 40 år. Prosjektet treng difor Kr 5.000.000 i tilført kapital i 2016, då tidlegare løyvingar vert brukt opp i 2015.

Dei prosjekta som går under dette samleprosjektet er:

- Kommunal kloakk, hovudplan
- Kommunal kloakk avløpsreinsing
- Vikeneset og Mork silanlegg
- Fyrde reinseanlegg – slamavskillar/ev silanlegg 2018

### Feiing

Volda kommune har lukkast med å tilsetje feiar i 100% stilling, han starta i juni 2016, og treng bil for å kome seg rundt til feieoppdrag med nødvendig utstyr.

400.000,- i 2016.

## **Utvikling**

### Digital kartleggingsprosjekt

Prosjektet vart godkjent i fjor, men kostnaden vart fordelt på 2015 og 2016. Det gjeld oppdatering av våre geodata for Dalsfjorden og Folkestad. Sist kartlegging av Lauvstad,

Dravlaus, Steinsvika og Folkestad vart gjort i 2009. Dei andre områda i Dalsfjorden er data frå 2002. Det var derfor på tide med ein ny kartlegging.

## VEDLEGG

- Budsjettskjema 1A
- Budsjettskjema 1B
- Budsjettskjema 2A
- Budsjettskjema 2B
- Budsjettskjema 4
- Budsjettskjema 5
- Oversikt over vedtekne / fastsette årsverksrammer per sektor

## BUDSJETTSKJEMA 1A for 2014 – 2019

Tekst	Regnskap 2014	Opprinnelig Budsjett 2015	Revidert Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Skatt på inntekt og formue	-184 301 005	-202 747 000	-190 000 000	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000
Ordinært rammetilskudd	-247 835 089	-238 813 000	-249 857 000	-244 498 000	-240 235 000	-240 144 000	-240 053 000
Eigedomsskatt verk og bruk	-3 374 472	0	0	0	0	0	0
Eigedomsskatt annen fast eiendom	-10 418 900	-15 500 000	-15 500 000	-16 000 000	-32 000 000	-32 000 000	-32 000 000
Andre direkteog indirekte skatter	-737 358	0	0	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
Andre generelle statstilskudd	-27 002 386	-25 276 936	-25 996 936	-30 346 220	-29 612 431	-27 952 251	-27 259 858
<b>SUM FRIE DISPONIBLE INNTETER</b>	<b>-473 669 210</b>	<b>-482 336 936</b>	<b>-481 353 936</b>	<b>-504 068 220</b>	<b>-515 071 431</b>	<b>-513 320 251</b>	<b>-512 536 858</b>
Renteinntekter og utbytte	-8 359 475	-5 600 000	-4 762 000	-5 100 000	-7 100 000	-7 100 000	-7 100 000
Gevinst finansielle instrument	-3 759 242	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000
Renteutgifter, provisjoner og finansutgifter	24 030 146	19 363 000	16 663 000	18 073 000	20 132 000	24 151 000	27 320 000
Avdrag på lån	21 451 590	25 000 000	19 000 000	25 000 000	28 000 000	30 000 000	30 000 000
<b>NETTO FINANSINTEKTER OG UTGIFTER</b>	<b>33 363 019</b>	<b>37 263 000</b>	<b>29 401 000</b>	<b>36 473 000</b>	<b>39 532 000</b>	<b>45 551 000</b>	<b>48 720 000</b>
Til ubundne avsteneringer	23 130 224	0	21 370 500	0	0	0	0
Til bundne avsteneringer	118 443	0	0	700 000	700 000	700 000	700 000
Bruk av tidl års regnsk messige mindreforbr	-13 700 224	0	-18 587 000	0	0	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	-11 440 362	-1 464 490	-1 464 490	-9 187 683	0	0	0
<b>NETTO AVSETNINGER</b>	<b>-1 891 919</b>	<b>-1 464 490</b>	<b>1 319 010</b>	<b>-8 487 683</b>	<b>700 000</b>	<b>700 000</b>	<b>700 000</b>
Overført til investeringsbudsjettet	8 322	0	17 500	0	0	0	0
<b>TIL FORDELING DRIFT</b>	<b>-442 189 788</b>	<b>-446 538 426</b>	<b>-450 616 426</b>	<b>-476 082 903</b>	<b>-474 839 431</b>	<b>-467 069 251</b>	<b>-463 116 858</b>
<b>Sum fordelt drift fra skjema 1B</b>	<b>423 602 658</b>	<b>446 538 426</b>	<b>450 616 426</b>	<b>476 082 903</b>	<b>474 839 431</b>	<b>467 069 251</b>	<b>463 116 858</b>
<b>Merforbruk Mindreforbruk</b>	<b>-18 587 130</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>



## BUDSJETTSKJEMA 1B for 2014 - 2019

Tekst	Regnskap 2014	Opprinnelig Budsjett 2015	Revidert Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
<b>Volda kommune totalt</b>							
Sum utgifter	855 191 101	791 234 618	808 731 618	840 725 366	847 157 442	845 403 262	843 420 096
Sum inntekter	-855 191 101	-791 234 618	-808 731 618	-840 725 366	-847 157 442	-845 403 262	-843 420 096
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Rådmann</b>							
Sum utgifter	1 440 516	1 608 195	1 608 195	1 726 043	1 726 043	1 726 043	1 726 043
Sum inntekter	-4 429	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984	-65 984
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>1 436 087</b>	<b>1 542 211</b>	<b>1 542 211</b>	<b>1 660 059</b>	<b>1 660 059</b>	<b>1 660 059</b>	<b>1 660 059</b>
<b>Samfunn og rådgjeving</b>							
Sum utgifter	2 043 907	2 197 974	2 982 980	2 511 627	2 511 627	2 511 627	2 511 627
Sum inntekter	-808 453	-1 031 355	-1 696 355	-1 031 355	-1 031 355	-1 031 355	-1 031 355
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>1 235 454</b>	<b>1 166 619</b>	<b>1 286 625</b>	<b>1 480 272</b>	<b>1 480 272</b>	<b>1 480 272</b>	<b>1 480 272</b>
<b>Personal og organisasjon</b>							
Sum utgifter	17 512 036	12 260 329	12 260 329	13 273 627	13 273 627	13 273 627	13 273 627
Sum inntekter	-7 496 869	-608 532	-608 532	-510 175	-510 175	-510 175	-510 175
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>10 015 167</b>	<b>11 651 797</b>	<b>11 651 797</b>	<b>12 763 452</b>	<b>12 763 452</b>	<b>12 763 452</b>	<b>12 763 452</b>
<b>Økonomi</b>							
Sum utgifter	7 484 134	7 489 267	7 989 267	8 009 196	8 309 730	8 309 730	8 309 730
Sum inntekter	-2 391 029	-1 255 427	-1 255 427	-1 255 427	-1 255 427	-1 255 427	-1 255 427
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>5 093 105</b>	<b>6 233 840</b>	<b>6 733 840</b>	<b>6 753 769</b>	<b>7 054 303</b>	<b>7 054 303</b>	<b>7 054 303</b>

Tekst	Regnskap 2014	Opprinnelig Budsjett 2015	Revidert Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
<b>NAV Kommune</b>							
Sum utgifter	8 174 118	7 988 331	7 988 331	8 278 196	8 278 196	8 278 196	8 278 196
Sum inntekter	-477 085	-40 000	-40 000	-120 000	-120 000	-120 000	-120 000
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>7 697 033</b>	<b>7 948 331</b>	<b>7 948 331</b>	<b>8 158 196</b>	<b>8 158 196</b>	<b>8 158 196</b>	<b>8 158 196</b>
<b>Opplæring og oppvekst</b>							
Sum utgifter	225 708 362	233 384 718	233 384 718	242 537 593	241 945 334	241 945 334	240 347 375
Sum inntekter	-48 747 098	-41 596 621	-41 596 621	-45 511 567	-45 527 381	-45 317 381	-43 703 608
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>176 961 264</b>	<b>191 788 097</b>	<b>191 788 097</b>	<b>197 026 026</b>	<b>196 417 953</b>	<b>196 627 953</b>	<b>196 643 767</b>
<b>Helse og omsorg</b>							
Sum utgifter	232 426 008	226 074 798	227 334 792	244 352 253	252 753 326	252 837 367	252 916 664
Sum inntekter	-73 267 801	-66 574 080	-66 509 080	-62 135 142	-63 229 876	-63 229 876	-63 229 876
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>159 158 207</b>	<b>159 500 718</b>	<b>160 825 712</b>	<b>182 217 111</b>	<b>189 523 450</b>	<b>189 607 491</b>	<b>189 686 788</b>
<b>Kultur og service</b>							
Sum utgifter	14 599 089	12 364 092	12 324 092	13 025 046	13 025 046	13 025 046	13 025 046
Sum inntekter	-6 323 587	-2 420 329	-2 420 329	-2 420 329	-2 420 329	-2 420 329	-2 420 329
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>8 275 502</b>	<b>9 943 763</b>	<b>9 903 763</b>	<b>10 604 717</b>	<b>10 604 717</b>	<b>10 604 717</b>	<b>10 604 717</b>
<b>Politisk verksemd</b>							
Sum utgifter	2 678 779	2 981 292	3 081 292	2 695 392	2 695 392	2 695 392	2 695 392
Sum inntekter	-82 862			0	0	0	0
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>2 595 917</b>	<b>2 981 292</b>	<b>3 081 292</b>	<b>2 695 392</b>	<b>2 695 392</b>	<b>2 695 392</b>	<b>2 695 392</b>
<b>Teknisk</b>							
Sum utgifter	56 483 173	64 298 061	64 495 061	72 938 376	74 619 812	73 592 312	73 567 312
Sum inntekter	-32 167 278	-36 342 843	-36 342 843	-41 774 947	-40 910 947	-40 910 947	-40 910 947

Tekst	Regnskap 2014	Opprinnelig Budsjett 2015	Revidert Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>24 315 895</b>	<b>27 955 218</b>	<b>28 152 218</b>	<b>31 163 429</b>	<b>33 708 865</b>	<b>32 681 365</b>	<b>32 656 365</b>
<b>Sjølvkosttenester</b>							
Sum utgifter	21 553 512	23 750 484	23 750 484	20 750 315	20 750 315	20 750 315	20 750 315
Sum inntekter	-21 764 417	-23 856 667	-23 856 667	-20 750 315	-20 750 315	-20 750 315	-20 750 315
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>-210 905</b>	<b>-106 183</b>	<b>-106 183</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Utvikling</b>							
Sum utgifter	8 404 603	8 695 352	8 847 352	9 013 485	9 582 798	9 582 798	9 582 798
Sum inntekter	-3 071 592	-3 304 355	-3 344 355	-3 304 355	-3 604 355	-3 604 355	-3 604 355
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>5 333 011</b>	<b>5 390 997</b>	<b>5 502 997</b>	<b>5 709 130</b>	<b>5 978 443</b>	<b>5 978 443</b>	<b>5 978 443</b>
<b>Barneverntenesta (vertsk.)</b>							
Sum utgifter	98 346 753	91 656 442	91 656 442	103 270 600	103 270 600	103 270 600	103 270 600
Sum inntekter	-98 346 755	-91 656 442	-91 656 442	-103 270 600	-103 270 600	-103 270 600	-103 270 600
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>-2</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>
<b>Barnevern Volda kommune</b>							
Sum utgifter	15 476 817	17 232 362	17 232 362	18 539 580	18 539 580	18 539 580	18 539 580
Sum inntekter	-65 915	-355 695	-355 695	0	0	0	0
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>15 410 902</b>	<b>16 876 667</b>	<b>16 876 667</b>	<b>18 539 580</b>	<b>18 539 580</b>	<b>18 539 580</b>	<b>18 539 580</b>
<b>Fellesområdet</b>							
Sum utgifter	55 533 439	34 889 921	36 744 921	36 031 037	27 044 016	20 214 295	16 605 791
Sum inntekter	-49 247 418	-31 224 862	-31 315 862	-38 719 267	-40 789 267	-40 996 267	-41 410 267
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>6 286 021</b>	<b>3 665 059</b>	<b>5 429 059</b>	<b>-2 688 230</b>	<b>-13 745 251</b>	<b>-20 781 972</b>	<b>-24 804 476</b>
<b>SUM BUDSJETTSKJEMA 1B</b>	<b>423 602 658</b>	<b>446 538 426</b>	<b>450 616 426</b>	<b>476 082 903</b>	<b>474 839 431</b>	<b>467 069 251</b>	<b>463 116 858</b>

Tekst	Regnskap 2014	Opprinnelig Budsjett 2015	Revidert Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
<b>Kommunestyret (skjema 1A)</b>							
Sum utgifter	87 325 855	44 363 000	57 051 000	43 773 000	48 832 000	54 851 000	58 020 000
Sum inntekter	-510 928 513	-490 901 426	-507 667 426	-519 855 903	-523 671 431	-521 920 251	-521 136 858
<b>Netto driftsutgift</b>	<b>-423 602 658</b>	<b>-446 538 426</b>	<b>-450 616 426</b>	<b>-476 082 903</b>	<b>-474 839 431</b>	<b>-467 069 251</b>	<b>-463 116 858</b>

## BUDSJETTSKJEMA 2A for 2014 - 2015

	Rekneskap 2014	Opprinnelig Budsjett Totalt 2015	Revidert budsjett Totalt 2015
Investeringer i anleggsmidler	98 108 519	56 849 273	165 824 966
Utlån og forskutteringer	7 965 825	8 000 000	8 000 000
Avdrag på lån	2 095 016	2 000 000	2 000 000
Avsetninger	2 429 555	2 000 000	7 699 510
Bruk av lånemidler	-61 300 052	-45 701 273	-130 433 287
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-2 542 941	0	0
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-32 916 867	-15 148 000	-34 530 774
Andre inntekter	-23 915	0	0
Overført fra driftsregnskapet	-8 322	0	-17 500
Bruk av avsetninger	-13 806 818	-8 000 000	-18 542 915
	<b>-0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## BUDSJETTSKJEMA 2A for 2016 - 2019

	Regnskap 2014	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Investeringer i anleggsmidler	96 798 429	253 313 000	181 073 000	109 358 000	52 758 000
Utlån og forskutteringer	7 965 825	9 000 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000
Kjøp av aksjer og andeler	1 310 094	0	0	0	0
Avdrag på lån	2 095 016	5 500 000	5 500 000	5 500 000	5 500 000
Avsetninger	2 429 554	0	0	0	0
Årets finansieringsbehov	110 598 918	267 813 000	195 573 000	123 858 000	67 258 000
Bruk av lånemidler	-61 300 055	-212 757 650	-160 771 400	-105 165 400	-52 881 400
Inntekter fra salg av anleggsmidler	-2 542 937	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån og refusjoner	-19 018 886	-5 500 000	-5 500 000	-5 500 000	-5 500 000
Kompensasjon for merverdiavgift	-13 897 984	-49 271 350	-29 089 600	-13 192 600	-8 876 600
Andre inntekter	-23 914	0	0	0	0
Overført fra driftsregnskapet	-8 322	0	0	0	0
Bruk av avsetninger	-13 806 818	-284 000	-212 000	0	0
<b>Sum finansiering</b>	<b>-110 598 920</b>	<b>-267 813 000</b>	<b>-195 573 000</b>	<b>-123 858 000</b>	<b>-67 258 000</b>
<b>Udekket/udisponert</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## BUDSJETTSKJEMA 2B for 2014 - 2015

Prosjektnamn	Rekneskap 2014	Opprinnelig Budsjett Totalt 2015	Revidert budsjett Totalt 2015
EDB-utstyr rådhus (aho)	544 649	600 000	990 749
Volda skisenter, grunnkjøp m.m.	0	0	608 968
Interkommunale IKT investeringar	364 358	709 273	827 014
Felleskjøp med opplæring av ERP-innfordring med Ørsta	274 077	0	0
Oppgradering Ephorte	0	0	125 000
Fråversmodul i RS med integrasjon mot ALTINN	0	0	130 000
Innkjøp nytt journalsystem og oppgradering maskinpark - Volda legesenter	172 539	0	27 461
Næringsområde i Furene (pel)	2 224 118	0	0
Lesebrett til politikarane	0	250 000	250 000
Oppgradering Win Tid/Min Tid	0	117 000	117 000
Nødstrømsaggregat	0	400 000	400 000
Volda rådhus - Inventar (GAR)	0	1 650 000	1 650 000
Digitalisering byggesaksarkiv (ijj)	114 625	0	63 971
Lesebrett og WEB-overføring kommunestyret (ijj)	0	0	18 093
IKT-satsing i grunnskulen (khe)	263 647	500 000	539 254
Grunnskulen, inventar (khe)	0	0	75 203
IKT-utstyr helseavdelinga (rb)	0	0	103 911
Kombidamparar avdelingskjøkkena (jn)	0	0	330 000
Helsenett	0	0	48 322
Innkjøp hjelpemidlar (sbr)	0	0	183 385
Håndstyrte terminalar PLO	117 493	0	112 507
Utskifting av fatvaskarar (SBR)	80 139	0	625 000
Buss	0	0	950 000



Prosjektnamn	Rekneskap 2014	Opprinnelig Budsjett Totalt 2015	Revidert budsjett Totalt 2015
Volda rådhus - Inventar Barnevern	0	500 000	500 000
Volda u-skule, opprusting	124 518	0	1 474 256
Skular, spelemiddeltiltak (ki)	0	0	357 180
Ny Øyra skule (ki)	1 364 088	25 000 000	39 000 109
Bustader til einslege mindreårige flyktningar (ki)	0	0	0
Fjordsyn, opparbeiding/opprusting av uteområde (ki)	5 088	0	13 308
Varmepumpe omsorgssenteret	122 022	0	14 263
Ombygging Folkestadtun	114 388	0	1 866 143
Oppgradering symjehallane	47 736	0	0
Bratteberg skule, byggetiltak (ki)	0	0	81 495
Dusj/garderobe Voldahallen	125 053	0	866 317
nytt branndepot Dravlaus	296 120	0	0
Bygging av midlertidige husvære - ved Maurtua	3 550 927	0	2 096 219
ENØK tiltak (i henhold til klimaplanen)	220 667	0	1 028 216
Ombygging ny brannstasjon	9 989 819	0	120 232
Volda rådhus, brann - oppattbygging og servicetilrettelegging	38 515 056	0	7 911 696
System for eigedomsforvaltning	203 765	0	0
Brannskade Røyslidvegen 11A, forsikrings sak (ki)	1 900 483	0	187 909
Mork skule, leikeapparat (ki)	0	0	98 948
Energimerking kommunale bygg	0	1 000 000	1 500 000
Samfunnshuset - takteking (KMR)	106 431	0	1 692 191
Omsorgssenteret - takteking (KMR)	0	0	1 000 000
Alarmanlegg Omsorgssenteret (KMR)	18 227	1 300 000	5 277 216
Forprosjekt Campus Høgskulen	0	0	100 000
Rådhus 2. etasje, ombygging (amf)	7 915 802	0	5 517 589

Prosjektnamn	Rekneskap 2014	Opprinnelig Budsjett Totalt 2015	Revidert budsjett Totalt 2015
Sal av Dale skule (kmr)	52 550	0	0
Dalsfjord skule, målingsarbeid (kmr)	400 362	0	0
Kyrkja i postlokala - ombygging/tilpassing av lokalet ((KMR)	63 341	0	3 436 659
Omsorgssenteret - renovering varmeanlegg (KMR)	27 549	0	815 564
Fjordsyn - renovering varmeanlegg (KMR)	27 549	0	815 564
Oppgradering Mork/Nilletun	0	1 000 000	1 000 000
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	0	2 000 000	2 000 000
Lyskjelder kinosal	0	500 000	500 000
Bilar i høve omorganisering driftt./vaktmeister	0	300 000	300 000
Maurtua/gamle gymnas - takteking	0	1 600 000	1 600 000
Rehabilitering av personheis Ivar Aasenbygget HVO (KMR)	0	0	187 500
Voldahallen - tilstand, rehabilitering, nybygg (KMR)	0	0	1 700 000
Bustad Kleppevegen (KMR)	0	0	472 000
Bustad Smalebakken (KMR)	0	0	660 000
Skatepark (ga)	0	0	61 776
Myrtun på Rotset, tilbygg for vassverket	0	0	600 525
Engeset/Klepp, 3. byggesteg	33 105	0	871 760
Bustadfelt Bratteberg	434 277	0	0
Kommunal kloakk, hovudplan	340 965	0	1 634 486
Kommunal kloakk, avlaupsreinsing samla pott	0	0	3 979 395
Driftsentral VA, edb-program og varsling	0	0	66 694
Kommunale vegar, utbetring (aaa)	2 030 782	2 000 000	4 032 540
Trafikktrygging og miljøtiltak (aaa)	228 484	0	1 783 255
Gatelys, utskifting PCB-armatur	0	0	123 939
Bustadfelt Fyrde	-175 868	0	0

Prosjektnamn	Rekneskap 2014	Opprinnelig Budsjett Totalt 2015	Revidert budsjett Totalt 2015
Volda Vassverk, grunnvassboring Vassbotnen	0	0	113 807
Lauvstad Vassverk, ombygging	0	0	130 000
Gatemiljøtiltak (aaa)	59 002	0	2 095 528
Friluftslivstiltak (rt)	0	333 000	1 092 303
Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra (aaa)	9 299 677	1 000 000	1 000 000
Vassverk, fornying asbest-sementleidningar (aaa)	180 453	0	0
Utbetring veg frå Rotevatn til Vassbotn (aaa)	34 938	0	3 245 752
Skiløype Rotevassdalen, tilrettelegging friluftsliv (aaa)	18 844	0	0
Næringsområde Øvre Rotset	7 517 510	1 000 000	1 000 000
Hovudplan vatn (leidningsnett, behandling, reinsing)	109 968	0	8 431 019
Bustadfelt på bygdene	0	0	17 500
Parsell av Veg til Hjorthaug, 400m	172 878	0	0
Kommunal del sentrumsutvikling	650 055	2 000 000	2 808 126
Myldreområde i rådhusparken(T.Stensø)	0	0	862 500
Utbygging felt Bratteberg	59 689	0	940 311
Køyretøy (utskifting av 1993-modell)	269 841	0	0
Plentraktor	0	0	21 000
Utskifting Fendt traktor	60 433	0	0
Steinsvik, avlaupsreinsing	111 782	0	0
Vikeneset og Mork Silanlegg (AAAS)	126 236	0	6 873 764
Utbygging bustadfelt K 10, Klepp	14 955	0	6 985 045
Arbeidsbil/kombibil 5-seters 4WD	131 305	0	218 681
Kyrkjegardsgravar	258 750	0	41 250
Bustadfelt Myragjerdet - utbyggingsavtale	0	0	500 000
Sambindingsveg over Håmyra	13 034	0	4 783 708

Prosjektnamn	Rekneskap 2014	Opprinnelig Budsjett Totalt 2015	Revidert budsjett Totalt 2015
Lerkane - Storgata, veg og rundkøyring	1 750 943	3 300 000	4 696 482
Turveg Flommen gbnr 18/186 (rto)	369 033	0	62 500
VA-anlegg Gymnasvegen - Porsemyrvegen (rt)	2 710 569	0	2 451 432
VA-anlegg i Porsemyrvegen, strekninga Skjervavegen - Røysbakken m.m. (rt)	158 192	0	0
Skulebakken Haugen Lauvstad	0	500 000	500 000
Plentraktor (2015)	0	175 000	175 000
Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	0	750 000	0
Veghøvel (2015)	0	1 500 000	200 000
Vaktbil Teknisk vakt (2015)	0	490 000	490 000
Utbygging veglys til LED finansiert ved straumsparing	0	2 200 000	1 700 000
Fast dekke kommunale vegar	0	3 500 000	3 500 000
Spylevogn/spylehengar(AAA)	0	0	468 125
Hjullastar (2015) (rto)	0	0	2 550 000
Traktor (2015) (rto)	0	0	320 000
Program GIS (jv)	325 661	0	694 394
Digitalt kartleggingsprosjekt (lke)	60 839	175 000	484 618
Matrikkelprosjektet (jv)	36 515	0	0
Modul for eigedomsskatt (jv)	58 393	0	51 339
Nødnett (RIH)	0	500 000	800 000
<b>Totalt</b>	<b>96 798 425</b>	<b>56 849 273</b>	<b>165 824 966</b>

## BUDSJETTDOKUMENT 2B for 2016 – 2019

Investeringsprosjekt:	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
EDB-utstyr rådhus	600 000	600 000	600 000	600 000
Interkommunale IKT investeringar	1 350 000	375 000	375 000	375 000
<b>Sum Personal og Organisasjon</b>	<b>1 950 000</b>	<b>975 000</b>	<b>975 000</b>	<b>975 000</b>
IKT utstyr for servicekontor - kurs m.m.	300 000	-	-	-
<b>Sum Service og kultur</b>	<b>300 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
Kombidamparar avdelingskjøkkena	355 000	265 000	-	-
Volda Omsorgsenter - Automatisk Døråpning	300 000	-	-	-
Trygghetsalarmer	400 000	-	-	-
Elektromedisinsk utstyr	250 000	-	-	-
Fjordsyn- Fellesareal barn	200 000	-	-	-
<b>Sum Helse og Omsorg</b>	<b>1 505 000</b>	<b>265 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
IKT-satsing oppvekst	500 000	1 000 000	500 000	500 000
<b>Sum Opplæring og Oppvekst</b>	<b>500 000</b>	<b>1 000 000</b>	<b>500 000</b>	<b>500 000</b>
Volda u-skule, opprusting	-	1 000 000	7 000 000	1 000 000
Ny Øyra skule	162 500 000	62 500 000	-	-
Omsorgsbustader, erstatning for Mork bustader	200 000	1 000 000	26 000 000	10 000 000
Energimerking kommunale bygg	500 000	-	-	-
Oppgradering Mork/Nilletun	500 000	500 000	-	-
Omsorgsbustader (5stk) Doktorhaugen	13 000 000	-	-	-
Ombygging FDV/Brannstasjonsbygg	800 000	-	-	-
Leikeplassar (skular/barnehagar)	200 000	200 000	-	-
ROP boliger 7stk (midlertidige bustadar)	12 000 000	12 000 000	-	-
EPC gjennomføringstiltak	25 000 000	20 000 000	-	-

Investeringsprosjekt:	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Kontorplassar kommunale barnehagar	-	500 000	500 000	-
Brannteknisk analyse kommunale bygg	-	-	400 000	400 000
Teknisk analyse bygg for kvalifisert oppgradering	-	-	1 500 000	1 500 000
Mork skule - kapasitetsutviding	2 000 000	-	-	-
Oppgradering Prestegata 33	-	900 000	500 000	4 500 000
4. etasje omsorgsenteret	200 000	6 000 000	-	-
Legesenteret	-	-	4 000 000	-
Oppgradering kommunale (omsorg) bustader	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000
Lydhimling Vikebygda skule	150 000	-	-	-
Voldahallen kommunal del	-	15 000 000	15 000 000	-
Branndepot Straumshavn	-	-	600 000	-
<b>Sum Teknisk Eigedom</b>	<b>221 050 000</b>	<b>123 600 000</b>	<b>59 500 000</b>	<b>21 400 000</b>
Utbetring kommunale vegar	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000
Trafikktrygging og miljøtiltak	-	-	900 000	900 000
Friluftstiltak m.m.	333 000	333 000	333 000	333 000
Kommunal del sentrumsutvikling	-	2 000 000	-	-
Skulebakken Haugen Lauvstad	-	-	-	2 000 000
Flomsikring Volda sentrum Melshornsida	1 000 000	5 000 000	9 000 000	5 000 000
Utbygging veglys til LED finansiert ved straumsparing	2 200 000	2 200 000	2 200 000	2 200 000
Flomførebygging Heltneelva	2 000 000	4 000 000	4 000 000	-
Botnavegen	-	3 500 000	1 300 000	-
Fast dekke kommunale areal/vegar finansiert drift	5 000 000	5 000 000	2 000 000	-
Kommunal andel Volda Idrettspark	250 000	250 000	-	-
Bustadfelt Urbakkfoten - Håmyra	3 000 000	4 500 000	-	-
Næringsområde Øvre Rotset	4 000 000	5 000 000	-	-
Utbygging felt Bratteberg	-	-	1 000 000	8 300 000

Investeringsprosjekt:	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Veghøvel (2015)	1 300 000	-	-	-
Maskiner til parkdrift	150 000	150 000	150 000	150 000
Maskiner til vegdrift	800 000	600 000	500 000	500 000
Brann kjøretøy	400 000	700 000	500 000	500 000
<b>Sum Teknisk Kom.tek.</b>	<b>22 433 000</b>	<b>35 233 000</b>	<b>23 883 000</b>	<b>21 883 000</b>
Vatn Samleinvestering	-	2 500 000	4 000 000	4 000 000
Avløp Samleinvestering	5 000 000	17 500 000	20 500 000	4 000 000
Feiing	400 000	-	-	-
<b>Sum Sjølvkost</b>	<b>5 400 000</b>	<b>20 000 000</b>	<b>24 500 000</b>	<b>8 000 000</b>
Digitalt kartleggingsprosjekt	175 000	-	-	-
<b>Sum Utvikling</b>	<b>175 000</b>	<b>-</b>	<b>-</b>	<b>-</b>
<b>Sum alle år i økonomiplanperioda</b>	<b>253 313 000</b>	<b>181 073 000</b>	<b>109 358 000</b>	<b>52 758 000</b>
<b>Sum alle 4 år</b>	<b>596 502 000</b>			



## BUDSJETTSKJEMA 4 for 2014 - 2019

### HOVUDOVERSIKT DRIFT

Tekst	Regnskap 2014	Opprinnelig Budsjett 2015	Revidert Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Brukerbetalinger	-25 187 734	-26 446 181	-26 446 181	-26 516 081	-26 516 081	-26 516 081	-26 516 081
Andre salgs- og leieinntekter	-46 689 949	-49 054 520	-48 989 520	-48 527 932	-49 027 932	-50 127 932	-50 468 789
Overføringer med krav til motytelse	-188 333 399	-149 098 598	-149 189 598	-158 618 510	-161 715 058	-161 712 058	-160 512 285
Rammetilskudd	-247 835 089	-238 813 000	-249 857 000	-244 498 000	-240 235 000	-240 144 000	-240 053 000
Andre statlige overføringer	-31 175 235	-30 075 046	-30 795 046	-36 008 330	-34 410 541	-32 750 361	-32 057 968
Andre overføringer	-2 046 362	-1 927 682	-1 927 682	-1 654 825	-1 738 825	-1 738 825	-1 738 825
Skatt på inntekt og formue	-184 301 005	-202 747 000	-190 000 000	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000	-212 524 000
Eiendomsskatt	-13 793 372	-15 500 000	-15 500 000	-16 000 000	-32 000 000	-32 000 000	-32 000 000
Andre direkte og indirekte skatter	-737 358	0	0	-700 000	-700 000	-700 000	-700 000
<b>SUM DRIFTSINNEKTER (B)</b>	<b>-740 099 503</b>	<b>-713 662 027</b>	<b>-712 705 027</b>	<b>-745 047 678</b>	<b>-758 867 437</b>	<b>-758 213 257</b>	<b>-756 570 948</b>
Lønnsutgifter	395 758 413	399 634 954	401 106 015	434 582 791	442 788 391	442 850 391	441 648 891
Sosiale utgifter	106 205 527	119 782 145	120 188 361	125 623 245	130 449 242	132 471 283	134 154 121
Kjøp av varer og tjenester som inngår i komm tjenesteprod	78 223 126	82 065 990	81 987 713	84 233 680	83 762 180	82 734 680	82 709 680
Kjøp av varer og tjenester som erstatter komm tjprod	89 755 209	73 918 086	73 958 086	69 488 399	69 488 399	69 488 399	69 488 399
Overføringer	48 047 806	39 763 372	42 713 372	45 320 295	34 133 274	25 303 553	19 695 049
Avskrivninger	28 530 912	21 250 000	21 250 000	28 530 000	28 530 000	28 530 000	28 530 000
Fordelte utgifter	-25 581 329	-34 756 735	-34 756 735	-40 550 494	-40 550 494	-40 550 494	-40 550 494
<b>SUM DRIFTSUTGIFTER (C)</b>	<b>720 939 664</b>	<b>701 657 812</b>	<b>706 446 812</b>	<b>747 227 916</b>	<b>748 600 992</b>	<b>740 827 812</b>	<b>735 675 646</b>
<b>BRUTTO DRIFTSRESULTAT (D = B-C)</b>	<b>-19 159 839</b>	<b>-12 004 215</b>	<b>-6 258 215</b>	<b>2 180 238</b>	<b>-10 266 445</b>	<b>-17 385 445</b>	<b>-20 895 302</b>
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	-8 359 475	-5 600 000	-4 762 000	-5 100 000	-7 100 000	-7 100 000	-7 100 000
Gevinst på finansielle instrumenter	-3 759 242	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000	-1 500 000

Tekst	Regnskap 2014	Opprinnelig Budsjett 2015	Revidert Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Mottatte avdrag på utlån	-84 393	-40 000	-40 000	-50 000	-50 000	-50 000	-50 000
<b>SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER (E)</b>	<b>-12 203 110</b>	<b>-7 140 000</b>	<b>-12 560 215</b>	<b>-6 650 000</b>	<b>-8 650 000</b>	<b>-8 650 000</b>	<b>-8 650 000</b>
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	24 030 146	19 363 000	16 663 000	18 073 000	20 132 000	24 151 000	27 320 000
Avdrag på lån	21 451 590	25 000 000	19 000 000	25 000 000	28 000 000	30 000 000	30 000 000
Utlån	82 493	50 000	50 000	130 000	130 000	130 000	130 000
<b>SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER (F)</b>	<b>45 564 229</b>	<b>44 413 000</b>	<b>35 713 000</b>	<b>43 203 000</b>	<b>48 262 000</b>	<b>54 281 000</b>	<b>57 450 000</b>
<b>RESULTAT EKSTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER</b>	<b>33 361 119</b>	<b>37 273 000</b>	<b>23 152 785</b>	<b>36 553 000</b>	<b>39 612 000</b>	<b>45 631 000</b>	<b>48 800 000</b>
Motpost avskrivninger	-28 530 913	-21 250 000	-21 250 000	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000	-28 530 000
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT (I)</b>	<b>-14 329 633</b>	<b>4 018 785</b>	<b>1 902 785</b>	<b>10 203 238</b>	<b>815 555</b>	<b>-284 445</b>	<b>-625 302</b>
Bruk av tidligere års regnskapsmessig mindreforbruk	-13 700 224	0	-18 587 000	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	-11 440 362	-1 464 490	-1 464 490	-9 187 683	0	0	0
Bruk av bundne fond	-12 777 989	-5 955 797	-6 660 797	-3 142 857	-2 942 857	-1 842 857	-1 502 000
<b>SUM BRUK AV AVSETNINGER (J)</b>	<b>-37 918 575</b>	<b>-7 420 797</b>	<b>-26 712 287</b>	<b>-12 330 540</b>	<b>-2 942 857</b>	<b>-1 842 857</b>	<b>-1 502 000</b>
Overført til investeringsregnskapet	8 322	0	17 500	0	0	0	0
Avsetninger til disposisjonsfond	23 130 224	20 000	21 410 500	20 000	20 000	20 000	20 000
Avsetninger til bundne fond	10 522 561	3 381 502	3 381 502	2 107 302	2 107 302	2 107 302	2 107 302
<b>SUM AVSETNINGER (K)</b>	<b>33 661 107</b>	<b>3 402 012</b>	<b>24 809 502</b>	<b>2 127 302</b>	<b>2 127 302</b>	<b>2 127 302</b>	<b>2 127 302</b>
<b>REGNSKAPSMESSIG MER- MINDREFORBRUK (L = I+J-K)</b>	<b>-18 587 101</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

## BUDSJETTSKJEMA 5 for 2014 - 2019

### HOVUDOVERSIKT INVESTERING

Tekst	Regnskap 2014	Revidert Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Salg av driftsmidler og fast eiendom	-2 542 941	0	0	0	0	0
Andre salgsinntekter	-23 914	0	0	0	0	0
Overføringer med krav til motytelse	-14 707 455	-3 908 478	0	0	0	0
Kompensasjon for merverdiavgift	-13 897 984	-26 622 296	-49 271 350	-29 089 600	-13 192 600	-8 876 600
Statlige overføringer	0	0	0	0	0	0
Andre overføringer	0	0	0	0	0	0
Renteinntekter, utbytte og eieruttak	0	0	0	0	0	0
<b>SUM INNTEKTER (L)</b>	<b>-31 172 294</b>	<b>-30 530 774</b>	<b>-49 271 350</b>	<b>-29 089 600</b>	<b>-13 192 600</b>	<b>-8 876 600</b>
Lønnsutgifter	0	0	0	0	0	0
Sosiale utgifter	0	0	0	0	0	0
Kjøp av varer og tj som inngår i kommunal tj.prod.	82 410 330	139 133 993	202 441 650	151 358 400	95 790 400	43 506 400
Kjøp av varer og tj som erstatter kommunal tj.prod	438 736	51 177	1 350 000	375 000	375 000	375 000
Overføringer	13 949 363	26 639 796	49 521 350	29 339 600	13 192 600	8 876 600
Renteutg, provisjoner og andre finansutg	0	0	0	0	0	0
Fordelte utgifter	0	0	0	0	0	0
<b>SUM UTGIFTER (M)</b>	<b>96 798 429</b>	<b>165 824 966</b>	<b>253 313 000</b>	<b>181 073 000</b>	<b>109 358 000</b>	<b>52 758 000</b>
Avdragsutgifter	2 095 016	2 000 000	5 500 000	5 500 000	5 500 000	5 500 000
Utlån	7 965 825	8 000 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000	9 000 000
Kjøp av aksjer og andeler	1 310 094	0	0	0	0	0
Dekning tidligere års udekket	0	0	0	0	0	0
Avsetning til ubundne investeringsfond	0	4 600 600	0	0	0	0
Avsetninger til bundne fond	2 429 554	3 098 910	0	0	0	0

Tekst	Regnskap 2014	Revidert Budsjett 2015	Budsjett 2016	Budsjett 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019
Avsetninger til likviditetsreserve	0	0	0	0	0	0
<b>SUM FINANSIERINGSTRANSAKSJONER (N)</b>	<b>13 800 489</b>	<b>17 699 510</b>	<b>14 500 000</b>	<b>14 500 000</b>	<b>14 500 000</b>	<b>14 500 000</b>
<b>FINANSIERINGSBEHOV (O = M+N-L)</b>	<b>79 426 624</b>	<b>152 993 702</b>	<b>218 541 650</b>	<b>166 483 400</b>	<b>110 665 400</b>	<b>58 381 400</b>
Bruk av lån	-61 300 055	-130 433 287	-212 757 650	-160 771 400	-105 165 400	-52 881 400
Salg av aksjer og andeler	0	0	0	0	0	0
Mottatte avdrag på utlån	-4 311 431	-4 000 000	-5 500 000	-5 500 000	-5 500 000	-5 500 000
Overføringer fra driftsregnskapet	-8 322	-17 500	0	0	0	0
Bruk av tidligere års overskudd	0	-4 600 600	0	0	0	0
Bruk av disposisjonsfond	0	-323 623	0	0	0	0
Bruk av bundne driftsfond	0	0	0	0	0	0
Bruk av ubundne investeringsfond	-260 731	-5 503 692	-284 000	-212 000	0	0
Bruk av bundne investeringsfond	-13 546 087	-8 115 000	0	0	0	0
<b>SUM FINANSIERING (R)</b>	<b>-79 426 626</b>	<b>-152 993 702</b>	<b>-218 541 650</b>	<b>-166 483 400</b>	<b>-110 665 400</b>	<b>-58 381 400</b>
<b>UDEKKET/UDISPONERT (S = O-R)</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>	<b>0</b>

**Oversikt over vedtekne/ fastsette årsverksrammer for kvar sektor pr 12.11.2015:**

Rådmann	1,00	årsverk		
Samfunn og rådgjeving	1,75	årsverk		
Personal og organisasjonsstab	12,29	årsverk	inkl. innvandrer., IKT, hovedtillitsvalde og hovedverneombod	
Økonomistaben	9,50	årsverk	+ 1 stilling som kontroller vakant	
Opplæring og oppvekstsektoren	263,95	årsverk		+ 7 lærlingar
Helse- og omsorgssektoren	241,59	årsverk		+ 9 lærlingar
Kultur og servicesektoren	12,70	årsverk		
Teknisk sektor	59,45	årsverk		
Utviklingssektoren	8,00	årsverk		
Barneverntenesta Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta	62,10	årsverk		
<b>Samla stillingsressursar Volda kommune</b>	<b>672,33</b>	<b>årsverk</b>		16 lærlingar

PS 177/15 Orienteringssaker

## Referat

### Fellesmøte for prosjektgruppene i Ørsta og Volda om kommunereform

Torsdag den 5. november 2015 frå kl. 12.30 i Ørsta rådhus

Til stades: Stein Aam, Karen Høydal, Wenche Solheim, Orlaug Bjørdal Kårstad og Hild Vaage frå Ørsta kommune.

Jørgen Amdam, Fride Sortehaug, Dan Bjørneset, Rune Sjurgard, Oddbjørg Yksnøy Rangsæter, Sirikit Vågen og Per Ernst Lundberg frå Volda kommune

Forfall: Gro Bårdseth, Ørsta kommune.

I tillegg møtte dagleg leiar i Sunnmøre Regionråd Jan Kåre Aurdal og rådgjevar Per Ivar Lied.

Stein Aam leia møtet.

På grunnlag av drøftinga i møtet 28.9.15 la Sunnmøre Regionråd (SR) v/nytilsett rådgjevar Per Ivar Lied fram forslag til framdriftsplan for arbeidet i dei av formannskapa foreslåtte *forhandlingsnemndene* (vert valde i kommunestyra hv. 12.11i Ørsta og 26.11 i Volda), jfr. vedlagde presentasjon.

Regionrådet vil, som tidlegare omtalt, stille med personellressurs i det vidare arbeid, om kommunane ynskjer det. Dagens møtelyd rår til at dette vert akseptert.

Elles i møtet vart drøfta følgjande:

- Informasjon til politiske utval og innbyggjarane
- Involvering av Ungdomsråda (jfr. midlar frå fylkesmannen )
- Ha fokus på kva utvikling ein ynskjer i Volda og Ørsta og vurdere om kommunesamanslåing kan vere eit virkemiddel for å oppnå ei slik utvikling.
- Viktig å ha felles forståing av utfordringsbiletet. Her kan regionrådet gje ein presentasjon.
- Forhandlingsnemndene må avklare kva som er viktig for regionen og den enkelte kommune
  - Konsekvensar ved samanslåing
  - Konsekvensar ved å stå aleine
- Dei vanskelege sakene må på bordet, t.d.
  - Lånegjelda
  - Tussa-aksjane
  - VAR
  - Kommunenamn
  - Administrasjonstad/-er
  -
- Arbeide for å
  - Sikre sjukehus



- Flyplass
- Høgskulen og andre offentlege institusjonar
- Ikkje naudsynt med større utgreiingar, men systematisere og supplere det som finst
  - For utarbeiding av intensjonsplan
  - Arbeidsgrupper for vurdering av tenesteproduksjon aktuelt først når evt. avgjerd om samanslåing ligg føre
- At folkerøystinga skjer på same dato i Volda og Ørsta står fast.

Det vart vidare rådd til at kommunestyra i løpet av januar-16 vert møtast til fellesmøte i eit to-dagers seminar m/overnatting utanfor Volda/Ørsta (anten studietur til kommunar som er slått saman/har planar om det, eller få hitover folk som kan dele sine erfaringar). Målet er at kommunestyra skal bli kjende med kvarandre og utveksle synspunkt.

Det var semje om å kalla saman *forhandlingsnemndene* til første møte

**FREDAG DEN 27. NOVEMBER KL. 08.30 - 10.30 I VOLDA RÅDHUS.**

Til dette møtet vert kontaktpersonane og SR v/Per Ivar Lied bedne om å legge fram forslag til framdriftsplan. Ordførarane orienterer formannskapa/kommunestyra om dette.

Til sist kom spørsmålet om deltaking frå Volda/Ørsta i Regionrådet sin studietur til Danmark no i november opp, men det var semje om at det ikkje er aktuelt med slik deltaking herifrå.

Pel

ref.

Vedlegg: SR sin presentasjon ”Skisse til forhandlingsprosess”.



# SØRE SUNNMØRE TINGRETT

Dok 43

Domstoladministrasjonen  
v/Direktør Sven Marius Urke  
Postboks 5678 Sluppen

7485 Trondheim

Berre sendt som e-post

Kopi: Styremedlem i DA sitt styre  
Justisministeren og Justiskomiteen  
Ordførarar i Ørsta, Volda, Herøy, Sande, Vanylven, Ulstein, Hareid, Hornindal, Stryn,  
Eid, Selje og Vågsøy

Deres referanse

Vår referanse

Dato

15-005958ADM-SOSU

06.11.2015

## Alternative løysingar for Søre Sunnmøre tingrett

Søre Sunnmøre tingrett takkar for eit konstruktivt sonderingsmøte med Domstolsadministrasjonen (heretter DA) 22. oktober 2015 i Volda. Vi viser til e-post frå Sven Marius Urke 2. november 2015, og sender med dette vårt forslag til alternative løysingar for Søre Sunnmøre tingrett.

Tingretten vil i det vidare presentere tre alternative løysingar for Søre Sunnmøre:

1. Utvide rettskretsen innafor fylket med å inkludere Ulstein og Hareid kommune
2. Utvide rettskretsen ved å inkludere dei nordligaste kommunane i Sogn og Fjordane, dette gjeld kommunane: Hornindal, Stryn, Eid, Vågsøy og Selje
3. Samlokalisering med Sunnmøre jordskrifterett

Vi vil i det vidare gå nærare inn på desse tre alternative løysingane.

### Bakgrunn for alternativa

Alternativa Søre Sunnmøre tingrett gjer forslag om, har grunnlag i to store vegprosjekt (Eiksundsambandet og Kvivsvegen) som er gjennomført dei siste 8 åra. Desse vegprosjekta førte til ei samanknytning til øyane i ytre, og dei nordligaste kommunane i Sogn og Fjordane. Den norske stat har investert milliardar av kroner på desse vegprosjekta og har med dette danna ein storregion med Volda som naturleg geografisk regionscenter. Ein tingrett med nærleik til brukarane i rettskretsen, er viktig for rettskjensla for regionen, kompetansesarbeidsplassar, raskt sakshandsaming med kjennskap til demografien og geografi, rettstryggleiken og regionen sin heilskap.

Postadresse  
Postboks 85, 6101 Volda

Sentralbord  
70 05 44 40

Saksbehandlar  
Linn Wangen Mork

Bankgiro

Organisasjonsnummer  
974747529

Kontoradresse  
Skjervavegen 10, Volda


Telefaks  
70 05 44 41

Telefon

Ekspedisjonstid  
0845-1500

Internett/E-post  
www.domstol.no  
sore.sunnmore.tingrett@domstol.no

Vi viser til vedlagt kart som viser dei nye vegprosjekta som knyt regionen mellom ytre Søre Sunnmøre og dei nordre kommunane i Sogn og fjordane saman, ferjefritt.



#### Befolkning i rettskretsen til Søre Sunnmøre tingrett per dato

Rettskretsen består i dag av kommunene Vanylven, Sande, Herøy, Volda og Ørsta.

1511 Vanylven	3 388
1514 Sande	2 591
1515 Herøy	8 719
1519 Volda	8 705
1520 Ørsta	10 378
<b>Totalt</b>	<b>33 781</b>

Volda kommune har i tillegg til ovannemnde innbyggjarar, kring 3000 studentar, som ikkje går fram or tala her. Rettskretsen har soleis per i dag over 35 000 menneske.

Søre Sunnmøre tingrett har i dag 1 sorenskrivar, 2 dommarfullmektigstillingar og 4 sakshandsamarstillingar. Søre Sunnmøre tingrett viser til halvårsstatistikken frå DA som viser at auken i saksmengd held seg oppe, samtidig som vi arbeider med restansen. Søre Sunnmøre tingrett har i fleire tiår meldt frå om behovet for ein tingrettsdommar. Behovet har ikkje vorte møtt grunna budsjettsituasjonen i domstolane.



Kartet nedanfor viser rettskretsen slik den er i dag.



## **1. Utvide rettskretsen til Søre Sunnmøre tingrett ved å tilbakeføre Ulstein og Hareid kommune til rettskretsen vår**

Kommunane Ulstein og Hareid høyrde til rettskretsen til Søre Sunnmøre tingrett til og med 1967. Grunnlaget for å føre desse over til Sunnmøre tingrett var sjøvegen til Ålesund, som, på den tida var kortare enn til Volda.

Eiksundsambandet opna 23. februar 2008. Sambandet knytte øykommunane Hareid, Ulstein, Sande og Herøy til fastlandet. Kommunane var tidlegare Noregs største region utan fast vegsamband, og var knytte saman med vegar og bruer, og mot fastlandet med 3 ferjesamband og 1 hurtigbåtsamband. Eiksundsambandet kom som eit viktig grep for å samle regionane til ein større region, og for å, gjennom sambandet, auke øykommunane sin tilgang til offentlege tenestetilbod, som sjukehus, flyplass, høgskule og tingrett. Sambandet opna for eit naturleg regionsamarbeid med kommunane Ørsta og Volda. På dei første fem åra køyrte 4 millionar bilar gjennom sambandet, og sambandet vart bom-fritt 9 år før førespegla tid. Etter det vi kan sjå dobla bruken av sambandet seg etter fjerning av bompengar. Dette viser kor nær øyane no er knytte til fastlandet på Søre Sunnmøre.

Kartet nedanfor viser rettskretsen vår per dato, og korleis det geografisk vil sjå ut ved å også omfatte kommunane Ulstein og Hareid.



#### Reiseavstandar ved utvida rettskrets

Ved å legge til grunn NAF sin ruteplanlegger, ser ein at frå Hareid ferjekai til tingretten i Volda er det 42 minutt med bil, ferjefritt per i dag. Dersom ein tek avstanden frå Hareid ferjekai til Sunnmøre tingrett, vil det til samanlikning ta 1 time og 11 minutt, med atterhald om at du køyrer rett inn på ferja, det ikkje er i rush-trafikken og du finn parkering (til orientering står det på Frostating lagmannsrett sine nettsider under punktet parkering at det er ikkje anbefalt å ta med bil til lagmannsrettsalen i Sunnmøre tingrett grunna lite parkeringsplassar).<sup>1</sup> Vi tillèt oss vidare å legge ved ein link til eit av mange avisskriveri om ferjestrekninga Hareid – Sulesund, og utfordringar som har vore og til dels er, gjengs for ferjesambandet: <http://www.smp.no/nyheter/article10842306.ece>

Når det gjeld vedtaket om Hafast så står det att mykje utgreiingsarbeid før ein kan ta til på det vidare planleggingsarbeidet etter plan- og bygningslova. Per i dag finst det mellom anna ikkje teknologi som er tilfredstillande for fjordkryssinga. Vidare har ein i Vegdirektoratets Riksvegutrening frå 2015 kome med oppdaterte tal som viser at traseen vert vesentleg dyrare enn føreset. Utredninga dreg vidare linjene for kva investeringar som bør gjerast fram til 2050. Det er såleis ikkje noko som tyder på at Hafast vil verte realisert med det første. Dette er difor ikkje noko argument for å slå saman Søre Sunnmøre tingrett med Sunnmøre tingrett, eller til hinder for å utvide rettskretsen til Søre Sunnmøre tingrett med Hareid og Ulstein kommune. Uansett så meiner vi at denne prosessen bør vere avgjort før ein omstrukturerer domstolen i distriktet vårt.

#### Kjelder:

<http://www.smp.no/nyheter/article10756329.ece>

<https://www.stortinget.no/nn/Saker-og-publikasjonar/Sporsmal/skriftlege-sporsmal-og-svar/Skriftlig-sporsmal/?qid=62277>

### Føretukken domstol for brukarane

Søre Sunnmøre tingrett førte i 2013 statistikk over notarialtenester, som ein fritt kan velje kvar vert utført, utført i tingretten vår. Tala viste at 50 % av våre notarialoppdrag i denne perioden kom frå brukarar i Ulstein kommune. Tala stadfestar det inntrykket sakshandsamarane i vår tingrett til dels opplever på telefon, dei får ofte førespurnadar frå Ulstein og Hareid om saker som ligg til Sunnmøre tingrett.

### Folketal

Ei tilbakeføring av Ulstein og Hareid kommune til Søre Sunnmøre tingrett sin rettskrets, vil medføre ein innbyggjarvekst i rettskretsen på kring 13 000 menneske. Noko som igjen må føre til auke i bemanning i tingretten vår, grunna auke i saker. Dette kan gjerast utan vesentleg svekking av Sunnmøre tingrett, som framleis vil ha 8 dømmende årsverk. Ei slik auke i bemanninga i Søre Sunnmøre tingrett vil imøtekome dei behova som DA viser til som grunnlag for omstrukturering på ein mykje rimelegare måte enn ei samanslåing med Sunnmøre tingrett.

Innbyggjartala i Ulstein og Hareid er som følgjer:

1517 Hareid	4 996
1516 Ulstein	7 811
<b>Totalt</b>	<b>12 807</b>

### Politisk arbeid

Volda kommune tok i 2014 opp moglegheita for Ulstein og Hareid kommune til å sokne til Søre Sunnmøre tingrett. Dette vart ikkje avvist. Men kommunane ønskjer å avvente Stortingsbehandling og avventar soleis situasjonen.

Desse to kommunane kan ein tilbakeføre til Søre Sunnmøre tingrett, utan at ein må gjere endringar i lagdøma.

## **2. Utviding av rettskretsen til å inkludere dei nordligaste kommunane i Sogn og Fjordane**

Når ein først skal greia ut samanslåingsalternativ i domstolen, vil det vere naturleg å vurdere om det grunna nye kommunikasjonar er grunnlag for å endre rettskretsane, og i forlenginga av dette, vurdere om Søre Sunnmøre tingrett skal fortsette å høyre til Frostating lagdøme, eller Gulating lagdøme.

### Kvivsvegen

Kvivsvegen vart opna 22. september 2012. Kvivsvegen opna for alvor orienteringa mot Sogn og Fjordane, i hovudsak med dei nordligaste kommunane, Hornindal, Stryn, Eid, Selje og Vågsøy. Det har vore jamn stigning i trafikken gjennom Kvivsvegen, og siste måling i mars 2015 viser ein trafikk på kring 1200 bilar i døgeret, med auke frå 2014 på 19 %.



Kartet nedanfor viser korleis rettskretsen til Søre Sunnmøre tingrett vil sjå ut ved å utvide slik at kommunene Hornindal, Stryn, Eid, Selje og Vågsøy soknar til Søre Sunnmøre tingrett.



### Rettslokale på Eid

Fjordane tingrett set, etter det Søre Sunnmøre kjenner til, rett i rettslokala på Nordfjordeid, ei veke per måned. På Eid er det ei fast 20 % sakshandsamarstilling, og dommarar som kjem til retten den veka det vert sett rett der. Dersom DA, etter samanslåingsprosessen, har tenkt å behalde rettslokalet på Eid, meiner Søre Sunnmøre tingrett at det bør utgreiast om Søre Sunnmøre tingrett bør betene rettslokalet. Grunna Kvivsvegen er det no 35 minutt med ferje frå Volda til Eid og 45 minutt, ferjefritt. Søre Sunnmøre tingrett kan, på bakgrunn av reisetid, setje rett i lokala på Eid kvar dag, om det er saker til det, utan overnatting. Fjordane tingrett har ei reisetid på over 2 timar med 1 ferje, for å kome til Eid.

Nordfjorrådet skal handsame alternativet Søre Sunnmøre tingrett har lagt fram om endring av rettskrets/lagdøme. Dei har møte 9. november 2015, og vil ha ein sjølvstendig prosess rundt spørsmålet i dialog med Fjordane og Søre Sunnmøre tingrett. Kva resultat dei fell på, er førespegla avgjort i løpet av november.

Søre Sunnmøre tingrett har i dag blitt orientert frå Volda kommune om at det truleg vert innleidd samtalar med Hornindal og Stryn, med sikte på mogleg samanslåing til ei storkommune, der også Ørsta er med. Dette talar for ei utviding av rettskretsen til Søre Sunnmøre tingrett mot dei nordligaste kommunane i Sogn og Fjordane.



### To ulike politidistrikt

Forslaget vil innebære at Søre Sunnmøre tingrett vert rettskrets for to ulike politidistrikt. Dette er vi også i dag, sidan Vanylven kommune høyrer til Sogn og Fjordane politidistrikt. Dette er ei ordning som fungerer veldig godt, og vi har berre fått positive tilbakemeldingar frå aktoratet i Sogn og Fjordane.

### Folketal i dei nordligaste kommunane i Sogn og Fjordane

Tabellen nedanfor viser folketal per 2011 i dei aktuelle kommunane i Sogn og Fjordane.

1439 Vågsøy	6 133
1441 Selje	2 830
1443 Eid	5 949
1444 Hornindal	1 214
1449 Stryn	7 048
<b>Totalt</b>	<b>23 174</b>

Kommunane i Sogn og Fjordane vil aleine tilføre kring 24 000 menneske i rettskretsen.

### Alternativ 1 og 2 sett i samanheng

Dersom ein reknar saman innbyggjartala i dei nordligaste kommunane i Sogn og fjordane, samt Ulstein og Hareid, og tek høgde for studentane som er i Volda, vil ein med dette forslaget ha ein rettskrets med over **70 000 menneske**. Alle desse innbyggjarane vil ha reiseavstand til Søre Sunnmøre tingrett på under 2 timar. Ei slik løysing vil i tillegg til økonomiske og miljømessige fordelar, gjere at rettskretsen til Søre Sunnmøre tingrett gir grunnlag for ei minimumsbemanning på 8 dømmende årsverk, som er i tråd med DA sine ønskjer.


Tabellen nedanfor viser innbyggjartalet i rettskretsen til Søre Sunnmøre tingrett, alternativ 1 og 2, summert. Alle folketal er henta frå Statistisk sentralbyrå si folketeljing i 2011.

Søre Sunnmøre tingrett	33 781
Ulstein og Hareid kommune	12 807
Nordligste kommuane i S og F	23 174
<b>Totalt</b>	<b>69 762</b>

Det har i dag vorte framlagt forskning på den effekten Eiksundsambandet og Kvivsvegen har hatt for regionen. Det er ikkje tvil i at sambanda har styrka samarbeidet på kryss av kommune- og fylkesgrenser.

Kjelde: <http://www.smp.no/nyheter/2015/11/06/Stor-vegeffekt-p%C3%A5-S%C3%B8re-11778371.ece>


Kartet nedanfor viser korleis rettskretsen vil sjå ut ved å gjennomføre alternativ 1 og 2.



### 3. Samlokalisering Søre Sunnmøre tingrett og Sunnmøre Jordskifterett

Dersom DA ikkje vil utvide rettskretsen slik alternativ 1 og 2 viser, ønskjer Søre Sunnmøre tingrett og Sunnmøre Jordskifterett uansett å gå vidare med samlokaliseringsprosessen. Vi har framleis tru på at vi kan finne eigna lokale i Ørsta eller Volda. I den samanheng viser vi til at til dømes Statsbygg har gitt tilbod om å bygge eit ekstra kontorbygg på eksisterande tomt, med finansiering gjennom husleige.

Søre Sunnmøre tingrett

  
Ole Ingar Ødegård  
kst. Sorenskrivar



  
Marthe Sleire Vatne  
tillitsvalt

15:08 Spiller inn ny ball i kampen om politimesteren: - Flest offentlige arbeidsplasser i Kristiansund

Tips oss Kundenservice Les eAvis

PLUSS

Logg inn



Meny

ANNONSE

Sjekk pris her




  
 Norled tilbyr ei tredje ferje for sambandet Hareid–Sulesund



FORSIDEN / NORLED TILBYR EI TREDJE FERJE FOR SAMBANDET HAREID–SULESUND

**Samband:** For dårlig ferjekapasitet har i lengre tid ført til lange køer for å kome seg med ferja mellom Hareid og Sulesund. FOTO: TORMOD UTNE

# Norled tilbyr ei tredje ferje for sambandet Hareid–Sulesund

Møre og Romsdal fylkeskommune har fått tilbud frå Norled om ei ferje nummer tre på sambandet Hareid–Sulesund.

NYHETER

Petter Sandvik  
Mobil: 99271144

Publisert: 11.04.2015 07:10

Sist oppdatert: 11.04.2015 07:34

Dermed kan det svært vanskelege kapasitetsproblemet på ferjestrekninga, med stadig fleire attståande bilar, gå mot ei løysing.

Les også: [Risikerer å vente 15.000 timar på feriekaia](#)

ANNONSE

## Har frist innan 1. mai

Seniorrådgjevar Knut Arve Orten Lie i ferjeseksjonen i Statens vegvesen Region Midt opplyser at fylkeskommunen må ta stilling til tilbodet innan 1. mai.

Dersom fylkeskommunen godtek tilbodet frå Norled, vil ferje nummer tre på sambandet kunne vere på plass seinast 1. august.

Knut Arve Orten Lie kan ikkje opplyse kva ferje det er snakk om, om det er ei av Norled sine eigne ferjer eller ei ferje selskapet har fått hand om frå andre selskap, og kor stor den er.



## Løyser utfordringane

– Men ferja det er snakk om vil kunne løyse utfordringane på sambandet, seier han.

Om prosessen vidare, seier Orten Lie at det snarast må leggjast fram ei sak til politisk behandling i fylkeskommunale organ.

Det kan tidlegast skje i byrjinga av neste veke, då fylkestinget er samla i Ulsteinvik frå måndag til onsdag.

Måndag kveld har fylkesutvalet møte, og om nødvendig vil det vere mogleg å samle samferdselsutvalet.

Les også: [-Lag spiker av baliene deira!](#)

## Vanskeleg

På spørsmål om det har vore vanskeleg å finne ferje, svarar Knut Arve Orten Lie ja.

Utfordringane har særleg vore å finne tak i større ferjemateriell.

– Vi har støvsoge heile landet for å finne ei ferje som vil kunne passe. At vi no har fått eit tilbod frå Norled, er eit steg i rett lei, seier han.

## Lang ventetid

Hareid-ordførar Anders Riise (H) fortel om ein svært vanskeleg situasjon både for næringsliv og privatpersonar.

– Eg kjenner til ein person som arbeider nattevakt på sjukehuset og som om morgonen, etter 10 timar på vakt, må vente mellom ein og ein og ein halv time på Sulesund før vedkomande kjem med ferje og kan kome seg heim. Ein slik situasjon kan vi ikkje leve med lenger. Derfor tvingar ei løysing seg fram, meiner Hareid-ordførar Anders Riise.

Mer å lese på smp.no:

Liker 168 personer liker dette. [Registrer deg](#) for å se hva dine venner liker.

5

*Sunnmørsposten ønsker en åpen og saklig debatt. Alle innlegg blir kontrollert etter publisering. Vi forbeholder oss retten til å forkorte, redigere og fjerne innlegg. Ditt fulle navn må enten gå fram av epost-adressen eller oppgis som brukernavn/Facebook-profil*

5 kommentarer

Sorter etter **Topp**



Legg til en kommentar ...



**Margareth Krumavik**  
"Støvsoge". Herregud.

Liker · Svar · 4 · 11. april 2015 05:34



**Hans Brække**  
Captain hos Våringer Seafood A/S

En slik støvsuger hadde også jeg en gang.....

Liker · Svar · 13. april 2015 02:10



**Arnold S. Gjerde**  
Larsnes

NEI til Norled.

Liker · Svar · 3 · 10. april 2015 23:11



**Jan Egil Bortlaug**  
Matros hos Fjord1

Hurra for anbud. Skal det vere billigt, da blir det gamle materiell. Nå

## Hareid-Sulesund

Eit samrøystes fylkesting vedtok i desember i fjor å styrkje kapasiteten på Hareid-Sulesund.

Bakgrunnen var å løyse problema med attståande køyretøy.

Fylkeskommunen har vore i forhandlingar med Norled, og i går fekk dei eit tilbod.

Alternativet har vore å gå ut i marknaden for å kjøpe opp auka kapasitet.



Annonsør: Medox

**Slik bremser du aldringsplager**

Unngå smerter i muskler og ledd.

LESES NÅ:

15:08 Spiller inn ny ball i kampen om politimesteren - Flest offentlige arbeidsplasser i Kristiansund

Tips oss Kundenservice Les eAvis

PLUSS

Logg inn



Meny

ANNONSE

## GJERDEGARDEN

Innholdsrikt og spennende rekkehus sentralt i Langevåg.



Bygd for å vare

FORSIDEN / NYE SJOKKTALL FOR HAFAST



ILLUSTRASJON: Hafast

# Nye sjokktall for Hafast

E39 fra Volda til Ålesund vil koste 64 milliarder kroner. Brua mellom Hareid og Sulesund har fått en ny pris på svimlende 38 milliarder kroner.

NYHETER



Geir Strand  
Mobil: 92498210

Publisert: 16.03.2015 14:40 Sist oppdatert: 16.03.2015 16:41

– Dette er de beste anslagene vi har per i dag, sier fungerende vegdirektør Lars Aksnes.

26

Tallene kommer fram i Vegdirektoratets rykende ferske rapport Riksvegutredningen 2015. Her ser vegekspertene helt fram til 2050 og drar opp bildet av hvilke investeringer myndighetene står overfor for å få landets vegstandard opp på et akseptabelt nivå. 1.000 milliarder kroner er behovet, ifølge Vegdirektoratet.

ANNONSE

Les også: [Hafast kan være tjent inn på tre år](#)

Hafast-leiar: [– Ikkje så dyrt med likevel](#)

Sintef-tall: [Pris sjokk for Hafast](#)

En god del av disse pengene skal gå til ferjefri E39. Ser en bort fra de prosjektene som allerede er i gang, vil det være behov for ytterligere 268 milliarder kroner før E39 står ferdig fra Stavanger til Trondheim.

En god del av disse pengene skal brukes i Møre og Romsdal, dersom Stortinget er villige til å bevilge dem.

## Møreaksen

For det er ikke bare Volda-Ålesund som er kostbar. Møreaksen får også milliardene til å rulle. Tar vi strekningen fra Breivika til Molde er prisen 31,6 milliarder kroner. Da er Molde-ferja borte og du kan kjøre på firefelts-veg hele strekningen.

Summerer vi sammen, vil prisen Volda-Molde, basert på Vegdirektoratets nye anslag, bli på 95,6 milliarder kroner. Da kan du kjøre ferjefritt på firefelts veg fra du kjører opp på Hafast-brua til du er i Molde.

Grunnen til at direktoratet vil bygge firefelts motorveg på hele denne strekningen, er trafikkprognosene.

[Gjør som flere enn 21.000 andre - lik smp.no på Facebook](#)

Slår de prognosene til vil denne delen av E39 om drøye 30 år ha en såkalt årsgogntrafikk på mer enn 12.000 biler. Alle veger med den trafikken skal bygges som møtrefrie firefelts veger.

## Statsbudsjettet

Aksnes erkjenner at en stor del av dette må komme som bevilgninger over statsbudsjettet.

– Det vil selvfølgelig komme bompenger, men med den beregna trafikkmengden vil en betydelig del av dette måtte komme over statsbudsjettet, sier Aksnes.

Totalt vil en ferjefri E39 gjennom Møre og Romsdal fra Volda til Sør-Trøndelag grense komme på drøyt 120 milliarder kroner.

Dette er prisene Vegdirektoratet opererer med på de enkelte strekningene fra Volda til Molde.

Volda - Furene: To-og trefelts veg pris: 800 millioner kroner.

Furene - Hareid: To-og trefeltsveg pris: 21,1 milliarder kroner

Hareid - Sulesund: Firefelts veg pris: 38 milliarder kroner

Sulesund - Vegsund: Firefelts veg pris: 2,2 milliarder kroner

Vegsund - Moa: Firefelts veg pris: 2,2 milliarder kroner.

Breivika - Digernes: Firefelts veg pris: 4,7 milliarder kroner.

Digernes - Vik: Firefelts veg pris: 9,6 milliarder kroner.

Vik - Julbøen: Firefelts veg pris: 12,3 milliarder kroner.

Julbøen - Molde: Firefelts veg pris: 5 milliarder kroner.

Mer å lese på smp.no:



66 hus i Ålesund blir tatt av flodbølga



Har du sett denne?



Gamle ferjer – er det noko problem?

HAFAST KAN VÆRE TJENT INN PÅ MINDRE ENN TRE ÅR

– IKKJE SÅ DYRT MED HAFAST LIKEVEL

STÅR FAST PÅ HAFAST

The video could not be loaded, either because the server or network failed or because the format is not supported.

ANNONSER



Annonsør Medox

**Slik bremser du aldri plager**

Unngå smerter i muskler og ledd.

LESES NÅ:



20 millioner

LES MER



66 hus i Ålesund blir tatt av flodbølga

LES MER



– Korleis blir det å få folk til å bruke fritida si på slik verv no?

LES MER

Likar 456 personer liker dette. [Registrer deg](#) for å se hva dine venner liker.



# Skriftleg spørsmål fra Fredric Holen Bjørdal (A) til samferdselsministeren

Dokument nr. 15:765 (2014-2015)

Innlevert: 17.03.2015

Sendt: 17.03.2015

Svart på: 25.03.2015 av samferdselsminister Ketil Solvik-Olsen



## Spørsmål

Fredric Holen Bjørdal (A): Eg viser til Riksvegutgreiinga for 2015, som vart lagt fram 16. mars. Denne viser at strekninga E39 Volda-Ålesund vert særleg krevjande og dyr når ho skal gjerast ferjefri. Regjeringa har avgjort at E39 her skal gå via Hareidlandet, det såkalla Hafast-alternativet. Berre strekninga Hareid-Sulesund er anslått å koste 38 milliardar kroner.

Vil statsråden utgreie og vurdere andre traséalternativ, eller skal Hafast byggjast uansett pris?



## Svar

Ketil Solvik-Olsen: Bygging av ferjefri E39 er eit stort og viktig prosjekt, som har lokale, regionale og nasjonale dimensjonar. På grunnlag av ei konseptvalutgreiing der ulike korridorar er utgreidde, lokal høyring og ekstern kvalitetssikring av utgreiinga, har Regjeringa vedteke at det såkalla Hafast-alternativet skal leggjast til grunn for vidare planlegging av E39 på strekninga Volda – Ålesund.

Det har frå første dag vært kjent at det ville være store tekniske utfordringar ved å gjennomføre dei planlagde fjordkryssingane på strekninga. Følgjeleg står det att mykje utgreiingsarbeid før det kan setjast i gang vidare planlegging etter plan- og bygningslova. Det jobbast også med store teknologiprojekt rundt prosjektet. I første omgang er Statens vegvesen derfor bedt om å gjere vidare vurderingar av aktuelle bruløysingar for kryssing av Sulafjorden. I tillegg skal det gjerast vidare vurderingar av løysingar for sambandet til Hareidlandet. Det er også svært viktig at man ser etter løysningar og tilnærmingar som kuttar kostnader. Deretter vil Samferdselsdepartementet ta endeleg stilling til kva løysingar som skal leggjast til grunn for vidare planlegging.

Riksvegutgreiinga til Statens vegvesen er ein del av grunnlaget for arbeidet med Nasjonal transportplan 2018-2027, som etter planen skal leggjast fram tidleg i 2017. Her er utfordringar og langsiktige behov for utvikling av riksvegnettet fram mot 2050 analyserte. For fleire strekningar er det lagt til grunn vesentleg høgare kostnader enn



tidlegare, mellom anna for strekninga Hareid – Sulesund. Dette skuldast i hovudsak at det i riksvegutgreiinga er lagt til grunn bygging av firefelts veg, dvs. vesentleg høgare standard enn i konseptvalutgreiinga. I tillegg er det i Riksvegutgreiinga også rekna med meirverdiavgift. Dette var ikkje med i konseptvalutgreiinga då det var momsfrítak for vegutbygging på dette tidspunktet.

Arbeid kring ferjefri E39 er omfattande. Det er mange utfordringar som skal finne løysningar. I forarbeida er det gjort grundige utredningar av en rekke traséalternitiv. Eg finner det lite produktivt om man nå skal byrja å utrede disse traséalternativene på nytt, slik representanten Hølen Bjørdal utfordrar meg på.

ANNONSE

**PRØV GRATIS!** **KLIKK NÅ >**

Intuition Networks

FORSIDEN / STOR VEGEFFEKT PÅ SØRE



Forskar Kjersti Straume ved Møreforsking har analysert effekten av Eiksundsambandet og Kvivsvegen.

# Stor vegeffekt på Søre

Eiksundsambandet og Kvivsvegen skaper stadig tettare band mellom folk på Søre Sunnmøre og i Indre Nordfjord, viser ei analyse frå Møreforsking.

**NYHETER**



Svein Aam  
Mobil: 902 01 232

Publisert: 06.11.2015 12:54

Sist oppdatert: 06.11.2015 13:14

Det er Sparebank 1 Søre Sunnmøre som har bestilt analysen.

- Dei to nye vegsambanda har påverka samfunnsutviklinga på mange område. Det er grunn til å tru at sjølv om det er sju år sidan opninga av Eiksundsambandet, så er integreringa mellom dei to sidene i sambandet framleis pågåande, konkluderer forskar Kjersti Straume i Møreforsking.

Ho viser mellom anna til at det har vore sterk og vedvarande auke i trafikken gjennom Eiksundtunnelen.

Dette er ei oppfølging av ei tilsvarande analyse og spørjegransking som vart gjort i 2011. Sidan den gong har Kvivsvegen blitt ferdig. Dermed er det først og fremst effekten av dette sambandet som kjem fram i årets analyse. Ikkje uventa har vegen ført til auka samkvem mellom først og fremst Hornindal/ Stryn på eine sida og Volda/Ørsta på den andre sida.

ANNONSE



The video could not be loaded, either because the server or network failed or because the format is not supported.

ANNONSE

- Det er grunn til å tru at denne auka mobiliteten vil skape ein stadig sterkare integrasjon inn mot Den Nye Regionen, men det er enno for tidleg å vurdere den fulle effekten, står det i analysen.

Flyplassen i Ørsta/Volda er den institusjonen som klarast har blitt påverka av dei nye sambanda, med stor trafikkvekst. Men også sjukehuset i Volda har blitt styrka. 74 prosent av dei spurde i Hornindal, og 34 prosent av dei spurde i Stryn ser på Volda som sitt lokalsjukehus. Lokalsjukehuset i Volda har og styrka si stilling i fleire av øykommunane på ytre sørø Sunnmøre, spesielt i Hareid.

[Gjør som flere enn 23.000 andre - lik Sunnmørsposten på Facebook](#)

Mer å lese på smp.no:



**Siktede etter Åndalsnes-dødsfallet er løslatt**



**Skibyen Ålesund:**



**Gamle ferjer - er det noko problem?**

Liker 9 personer liker dette. [Registrer deg](#) for å se hva dine venner liker.

0

*Sunnmørsposten ønsker en åpen og saklig debatt. Alle innlegg blir kontrollert etter publisering. Vi forbeholder oss retten til å forkorte, redigere og fjerne innlegg. Ditt fulle navn må enten gå fram av epost-adressen eller oppgis som brukernavn/Facebook-profil*

0 kommentarer

Sorter etter



Legg til en kommentar ...

Facebook Comments Plugin



Annonser: Medox

**Positivt overrasket av kosttilskudd**


- Nå har jeg mye mer energi, sier Kathe (43).

LESES NÅ:



**Tore Ulstein:**

[LES MER](#)



**- En stor opplevelse**

[LES MER](#)



**Innbrudd i leilighet**

[LES MER](#)



**Frykter for jobbene til kollegaer ved Vard-vertene**

[LES MER](#)